

# DEI SJØLVRÅDIGE

Ei dissentarrørsle i eit fleiretnisk samfunn,  
Balsfjorden i Troms

Kåre Strøm

Hovudfagsoppgåve historie  
hausten 2001

Historisk institutt, Universitetet i Bergen

## Føreord

Nettutgåva av denne hovudfagsoppgåva er i all hovudsak den same som papirutgåva. Nokre små endringar er likevel føretekne. Det viktigaste her er at ein del feil i notetilvisingar er korrigerte. Når tekst vart flytta i den siste omredigeringa før innleveringsfristen, endra ein del noter rekkefølgje, og somme notetilvisingar kom difor til å nytta feil notenummer. Slike feil er altså retta opp i nettutgåva. I note 146 er siste periode stroken. Dessutan er somme skrivfeil korrigerte. I sjølve innhaldet er det sjølv sagt ikkje gjort endringar.

Det er dessutan teke med eit ekstra vedlegg i nettutgåva, eit oversyn over korleis persondata-basen er organisert og kva type opplysningar som finst i den. Persondatabasen er grunnlaget for dei fleste tabellane som omhandlar medlemene i friforsamlinga. Dette vedlegget var ikkje med i oppgåva opphavleg.

Når eg no i denne samanhengen skriv eit føreord, kan eg ikkje unngå å reflektera litt over prosessen som leia fram til at hovudoppgåva til slutt var ferdig hausten 2001. Det var eit langdrygt deltidssstudium ved sida av full jobb, men rettleiaren min det meste av denne tida balanserte tolmod og forventningar, utfordringar og inspirasjon på ein førebileteleg måte. Så hjartans takk til Astri Andresen ved Historisk institutt, Universitetet i Bergen, for all støtte og god hjelp til å dra det heile i land!

Os den 15.02.2003

Kåre Strøm

## **INNHOLD**

INNLEIING - PERSPEKTIV OG PROBLEMSTILLING	s. 1
KJELDER OG SENTRALE OMGREP	s. 4
TEORETISK PERSPEKTIV	s. 10
Folkelege rørsler generelt - teoretisk perspektiv	s. 10
Balsfjordvekkinga - tidlegare forskningsresultat	s. 18
MELLOM TO SAMFUNNSFORMASJONAR	s. 22
BEFOLKNINGA I BALSFJORDEN –	
FOLKETALSUTVIKLING OG ETNISK SAMANSETNAD	s. 32
DEN FRIE APOSTOLISKE FORSAMLINGA I BALSFJORDEN	s. 40
Kven var dei? Sosiale særkjenne ved forsamlingsmedlemene	s. 46
Kvar stod dei? Frendar, forsamlinga og fellesskapet	s. 69
Kor gjekk dei? Menneske i rørsle - på fleire vis	s. 80
ANDRE TIDLEGE RØRSLER OG ORGANISASJONAR I BALSFJORDEN	s. 90
FRIAPOSTOLISKE FORSAMLINGAR I REGIONEN	s. 99
SAMANFATNING - OPPBROT OG INTEGRASJON	s. 104
KJELDER OG LITTERATUR	s. 120
OVERSYN OVER TABELLAR	
VEDLEGG:	ORGANISERING AV PERSONDATABASE
	KART OVER BALSFJORDEN

## Innleiing - perspektiv og problemstilling

1800-talet var eit hundreår med mange grunnleggjande omveltingar og endringar i Norge som elles i Europa. For å nytta eit velkjend uttrykk frå norsk historisk terminologi - det var prega av *hamskifte* på ei rad område; økonomiske, sosiale, politiske. Hamskiftet er altså prosessen som formar overgangen mellom ein hushaldsbasert produksjon i ein privilegiebasert økonomi på den eine sida og den veksande kapitalismen på den andre - om ein vel perspektivet *økonomisk organisering*. Med perspektivet *sosial organisering* er hamskiftet overgangen mellom to samfunnsformasjonar, standssamfunnet og klassesamfunnet. Men hamskiftet tyder også ei endring frå eit hierarkisk elitestyre dominert av embetsmenn til meir demokratiske styringsformer ved at dei andre - og dels nye - samfunnsklassane etter kvart fekk større makt. Då er perspektivet den *politiske organiseringa*.<sup>1</sup>

Det 19. hundreåret var også tida då ei mengd ulike friviljuge organisasjonar voks fram, frå vekkingsrørsler til fagforeiningar, frå einskilde assosiasjonar til landsfemnande masseorganisasjonar. Innanfor alle dei tre hamskifteperspektiva spela organisasjonane ei viktig rolle. Dei både uttrykte og var uttrykk for endra medvit både i sjølvforståing og samfunnsforståing, og dei var viktige element i folk si tilpasning til endra økonomiske, sosiale og politiske vilkår.

I Nord-Norge såg ein same utviklinga som elles i landet. Kanskje var ikkje organisasjonsfloraen så rikhaldig som sørpå, og gjennomslaget for ein del organisasjonar kom noko seinare.<sup>2</sup> Men om rammevilkåra for organisasjonsutviklinga hadde sine særmerke, ser likevel mange grunnleggjande drag ut til å vera sams anten ein ser utviklinga i nasjonalt perspektiv eller i eit enno vidare. Eit vidare perspektiv er sjølvsagt også føresetnaden for å sjå kva som måtte vera særmerkt i nordnorske vilkår og utviklinga i dette området. Det etniske mangfaldet er elles mellom dei meir iaugnefallande draga som skil mange nordnorske lokalsamfunn frå sørnorske.

## Tema, problemstilling og avgrensingar.

---

<sup>1</sup> Hamskifteomgrepet er jamleg debattert. Mindre er det usemjø om det var eit vesentleg omskifte i t.d. den agrare økonomien, meir om forløp, omfang, tidspunkt etc. t.d. i dikotomiar som brot/kontinuitet.

<sup>2</sup> Jmfr. Caulkins 1977 s.400ff, Try 1986 s.24. Manglande gjennomslag nordpå hadde td: Thranerørsla, Pryser 1985 s.326,343. Seinare gjennomslag gjeld td for: sparebankrørsla, bondevenene, grunnlovsforeiningane (Høgre), Nerbøvik 1986 s.67,131,141; Try 1977 s.51.

Hovudsiktemålet for denne oppgåva er å utforska samanhengar mellom den sosiale og økonomiske utviklinga både lokalt og regionalt og framvoksteren av ei folkeleg rørsle i eit utvald nordnorsk lokalsamfunn. Det aktuelle lokalsamfunnet er Balsfjorden i Troms.<sup>3</sup>

Først og fremst vil fokus verta retta mot ei av dei sentrale nordnorske vekkingsrørlene på 1800-talet, den friapostoliske, slik den i gjennombrotsåra manifesterte seg i Balsfjorden. Denne dissentargruppa stod sterkt i store delar av Troms allereie frå 1850-åra av. Av særleg interesse vil det vera å prøva å klårgjera kvifor ei slik rørsle fekk så sterk tilslutning i ei bygd som Balsfjorden, nærmast på tvers av hovudtendensane.<sup>4</sup> I undersøkinga av sosial rekruttering vil eg også sjå nærmare på dei ulike etniske gruppene og kva innverknad den etniske faktoren hadde på samansetnad og utvikling av dissentarforsamlinga.

Som den første sterke folkelege rørla i Balsfjorden vil framvoksteren og den tidlege utviklinga av den friapostoliske forsamlinga ha den sentrale plassen i denne framstillinga. Dels er dette ei naudsynt praktisk avgrensing av omfanget, i nokon mon også eit resultat av kjeldesituasjonen. Undersøking spesielt av ei dissentarforsamling kan likevel vera av særleg interesse av fleire grunnar. Det var ei særstak radikal handling å bryta med statskyrkja, og omfanget av dissentarrørla kan såleis vera ein indikator på styrken i den ideologiske og sosiale nyorienteringa som dei folkelege rørlene stod for. Omtalen av andre rørsler og organisasjonar i Balsfjorden vil vera kortfatta, men samstundes ein del av bakgrunnen for å sjå den friapostoliske forsamlinga i eit noko breiare lokalt perspektiv.

I denne innleiande målformuleringa ligg allereie ein sentral premiss: dei mest interessante samanhengane, også årsaker til den folkelege mobiliseringa, er knytte til den sosioøkonomiske utviklinga. Ei nærmare grunngjeving for dette vil eg koma attende til. Dette tyder likevel ikkje at andre moglege årsaker av langsiktig eller utløysande karakter vert rekna som uvesentlege og såleis vil verta ignorerte. Men hovudperspektivet vil altså ta utgangspunkt i den sosioøkonomiske utviklinga.

Oppgåva set fokus på det geografiske området Balsfjorden og på tidsrommet kring midten av 1800-talet. Balsfjorden vart først i 1850-åra ei eiga administrativ eining.<sup>5</sup> Som administrativ

---

<sup>3</sup> Eg nyttar i all hovudsak nemninga Balsfjorden for det aktuelle området. Det tilsvrar no Balsfjord sokn i noverande Balsfjord kommune som også omfattar Malangen. Ein del av undersøkingsperioden var Balsfjorden eige sokn, til dels også eige herad. 1852-1856 var Balsfjord og Malangen eigne sokn i Tromsø prestegjeld, frå 1856 eige prestegjeld med Balsfjord som hovudsokn. I 1872 vart Malangen og Balsfjord eigne herad, noko dei var fram til samanslåinga i 1964.

<sup>4</sup> Det var fremst eit by- og tettstadsfenomen (Slettan 1995:179; Knudsen 1986:159,166; Svebak 1986:30,44) og i stor grad koncentrert til Sør-Austlandet (Døssland 1986:173; Knudsen 1986:155). I den mon ein kan snakka om ein frikyrkjeregion i Nord-Norge også, var dissentarrørla der dels eit byfenomen, dels eit kystfenomen (Svebak 1986:30,56-59). Såleis vert området Balsfjorden, som fjordbygd i nord, eit unnatak frå alle hovudreglar.

<sup>5</sup> Formelt frå 1852, reelt noko meir suksessivt. Jmf. elles note 3.

eining vart soknet også ei geografisk ramme for dissentarforsamlinga i Balsfjorden etter som så å seia alle dei første medlemene i byrjinga budde innafor soknegrensa. På den andre sida er det ikkje innlysande at området på den tida også fungerte som ei naturleg sosial eining, som eit *lokalsamfunn*. Fjorden som viktigaste ferdselsåre på 1800-talet hadde i alle høve ein viss samlande og avgrensande funksjon. I nokon mon vil det også vera eit regionalt perspektiv i framstillinga. Dette gjeld så vel generell sosioøkonomisk utvikling som jamføringar med andre område med dissentarrørsler.

I tidsavgrensinga er det naturleg å ta utgangspunkt i at både dissentarrørsla og andre tidlege organisasjoner i Balsfjorden først kom på 1850- og 1860-talet. Men ei framstilling som ikkje berre vil undersøkja den sosiale samansetnaden til ei rørsle, men også vil sjå på funksjonar og leita etter årsaker, lyt dessutan setja søkjelys på nokre tiår framfor. Skildringa av sjølve friforsamlinga dekkjer ein tjueårsperiode, men med størst vekt på gjennombrotsåra. Tidsavgrensinga i etterkant er dels ei praktisk avgrensing for å halda framstillinga innafor eit rimeleg omfang, men er ikkje heilt tilfeldig. I nokon mon innleia 1870-åra eit sosialt og økonomisk omskifte.<sup>6</sup> Frå 1870-åra kom også mange nye organisasjoner til. Baptisteane vart den leiande rørsla blant dissentarane, medan den friapostoliske forsamlinga i Balsfjorden for ei tid reduserte aktiviteten sterkt. Eit breiare spekter av religiøse og sekulære organisasjoner voks fram. Dei peika framover mot ei enno meir markant endring i tida kring hundreårsskiftet.<sup>7</sup>

---

<sup>6</sup> Hauglid nyttar nemninga hamskifte om perioden 1870-1920; Hauglid 1991:s.206f.

<sup>7</sup> Samstundes med nye former for økonomiske endringar ved århundreskiftet, t.d. innan fiske og jordbruk, slo også nye typar organisasjoner gjennom med arbeidarrørsla og ymse økonomiske organisasjoner.

## Kjelder og sentrale omgrep.

**Omgrep og kategoriar mellom kjelder og teoriar.** Eg finn det naturleg å handsama dei to områda vurdering av kjelder og forståing av sentrale omgrep under same overskrift. Kjeldene med dei ulike begrensningane dei har, vil ofte vera med på å definera innhaldet i sentrale kategoriar som t.d. ulike grupperingar av individ. Det er vanskeleg å gå heilt på tvers både av implisitte premissar i kjeldene og den faktiske forståinga dei gjev rom for. Torkel Jansson gjev uttrykk for dette i eit hjartesukk om dilemmaet i ideelt å skulla kategorisera dei sosiale klassane i eit svensk landsbygdssamfunn på 1800-talet i samsvar med eit historiematerialistisk syn, medan det praktiske resultatet vart sterkt prega av det kjeldematerialet som låg føre.<sup>8</sup>

På den andre sida kan ein heller ikkje lausriva dei sentrale omgrepa frå teoriutviklinga. Somme omgrep er rett nok reine konstruksjonar, slik som t.d. push- og pullfaktorar i migrasjonsteoriar, men samstundes må dei forholda seg til konkrete historiske tilhøve om dei skal ha noka mening. Andre omgrep kan ha meir eller mindre motsvarande historiske ekvivalentar, slik som vår etniske kategori "same" med tilsvarande historiske omgrep "finn" eller "lapp". Problemet er ikkje berre at det kan liggja ulik forståing av etnisitet i omgrepa, men også at omgrep som *finn* kan ha ulikt innhald ulike stader til ulike tider. Vi skal heller ikkje gløyma at også i dei historiske kjeldene er *finn* som omgrep ein abstraksjon, sjølv om menneska er konkrete nok. Ivar Bjørklund har eksemplifisert både det fleksible og det relative i etnisetsomgrepet i ein artikkel om skifte av etnisk identitet som strategi andsynes styresmaktene i økonomisk tilpasning.<sup>9</sup>

Det å definera omgrep vil såleis i nokon grad handla om å avklåra for seg sjølv kva for omgrepsinnhald som både kan samsvara med spelerommet kjeldematerialet gjev, og trongen for oversyn og samanhengar som teoriar og hypotesar skal stetta. Somme klårgjeringar og avgrensingar av omgrep og kategoriar kan naturleg knytast til konkrete samanhengar der dei vert nytta. Men på somme felt er det tenleg å presisera avgrensingar alt no.

**Foreining, organisasjon, rørsle.** Eg nyttar litt om kvarandre omgrep som organisasjon, friviljug organisasjon, foreining, rørsle og (religiøs) vekkingsrørsle, dei tre første til tider til-synelatande synonymt. Heilt slik er det ikkje. Meir er det tale om ei overlapping. *Foreining* og også *vekkingsrørsle* går båe inn i omgrepet *organisasjon* (eller *friviljug organisasjon*) som her altså vert nytta i ei noko vidare tyding enn foreining. *Mobilisering* syner fremst til aspektet av prosess og rørsle.

---

<sup>8</sup> Jansson 1982 s.257.

<sup>9</sup> Men sjølv om kvenar i ein kontekst framstod som samar, var ikkje medvitet om kvensk herkomst borte. Med endra juridisk-økonomiske føresetnader vart det grunnlag for den kulturelle dugleiken som var knytt til kvensk identitet, både for kvensamane og nyinnflytta kvenar. Bjørklund 1983:s.161-169.

I svært mange høve vil ei vekkingsrørsle ha så mange drag av formell organisasjon at den utan vidare kan gå inn under omgrepet *foreining*. Men i ein del høve hadde ikkje den religiøse rørsla, slik verksemda var organisert lokalt/regionalt, ei klår formell organisering slik det er vanleg å nytta som kriterium.<sup>10</sup> Dei hadde likevel mange sams drag med formelt organiserte foreiningar. Dei hadde leiarskap, og det var klårt nok både innetter og utetter kven som var med og kven som ikkje var med. Til dømes var den læstadianske rørsla laust organisert, men det er likevel uråd å gje eit rett bilet av det religiøse organisasjonslivet i mange nordnorske lokalsamfunn utan å ta læstadianarane med.<sup>11</sup> På den andre sida er det naudsynt å understreka at omgrepet organisasjon her vert nytta i tydinga friviljug organisasjon, og ikkje i den langt vidare tydinga i t.d. sosiologisk litteratur. Dette tyder også ei avgrensing i høve til korporative og paternalistiske organisasjonsformer i det "gamle samfunnet".<sup>12</sup>

Ei dissentarforsamling er den sentrale organisasjonen i denne oppgåva. I ei dissentarrørsle vil det vera mogleg å identifisera einskildindivid sjølv om det ikkje vart organisert ei forsamling eller dissentarkyrkjelyd. Utmeldinga av statskyrkja skilde dei ut i seg sjølv. Ei forsamling organisert etter dissenterlova hadde heilt klåre foreiningsdrag. Men også her kan ein finna meir uformelle grupper som likevel hadde drag av foreining.<sup>13</sup>

**Etnisitet.** Etnisitet vil vera ein sentral variabel i fleire samanhengar i denne oppgåva. Eg har allereie peika på ein del problematiske sider ved somme historiske omgrep og kategoriar, spesielt i høve til etnisitet. Slik gruppene kvenar, samar og nordmenn framstod på 1800-talet i Troms er det likevel ingen tvil om at dei må oppfattast - og vart oppfatta - som rimeleg klårt skilde etniske grupper, i alle høve som hovudkategoriar. På individnivå kunne det verta noko meir problematisk.

---

<sup>10</sup> Jmfr. Try 1985 s.20ff, Stenius 1987 s.32f,36,190, Clemmensen 1987 s.11 og Åberg 1978 s.83-86. Dei mest sentrale kriteria er friviljug tilslutting og formelt sjølvstende i høve til staten. Desse er også vanlege i definisjonar av det anglosaksiske/internasjonale omgrepet *voluntary associations*. I internasjonal forsking er det elles vanleg å skilje ut religiøse rørsler slik at *church-sect* vert ein eigen kategori. Dessutan vil ein også finna overlapping til omgrepet *social movements*. For eit oversyn over bruken av dei ulike termene sjå Lundkvist 1977 s.17-25. Tilhøvet rørsle/organisasjon vert kommentert i Jansson 1982 s.31 og Burke 1992 s.88ff. Noko ulik terminologi i Norden (m.a. termen *folkrørelse*) vert kommentert i Jansson 1988 s.323.

<sup>11</sup> Det var inga formell registrering av medlemer/tilhengarar. Men dei læstadianske gruppene hadde eit etablert lokalt leiarskap av eldste, innvigde predikantar, og kvar fraksjon hadde ei leiring. Jmfr. Aadnanes 1986 s.67,77 og Havidal 1977 s.97f. Også i lekmannsrørsla elles var det ofte ei viss motvilje mot stram organisering, jmfr. Døssland 1977 s.408.

<sup>12</sup> Det er også viktig å kunna skilje mindre formelt organiserte vekkingsrørsler og samanslutningar frå organisasjonsmåtar med delvis horisontalt og friviljug preg i "det gamle samfunnet". Jmfr. organisasjonsmåtar nemnde i Seland 1988 s.43-47, Stenius 1987 s.283f.

<sup>13</sup> Baptistane i Balsfjord var frå 1870-åra til 1901 medlemer av baptistforsamlinga i Tromsø, men "venneflokken" i Balsfjord fungerte samstundes som eit mindre formelt organisert fellesskap innan den større organisasjonen. Stiansen 1922:s.21ff.

Samar og kvenar stettar elles som grupper ei rekkeje av dei vanlege kriteria for etniske minoritetar.<sup>14</sup> I avgrensinga mellom gruppene er det like fullt vesentleg kva kriteria som vert nytta. Her vil kjeldene setja ein del rammer, primært folketeljingane frå 1865 og 1875 som oppgjev individuell etnisitet.

Ein møter i og for seg tre ulike typar problem når ein nyttar desse teljingane. Det første er problemet med kriteria. Nyttar teljingane same kriteria, og samsvarar dei med forståinga av etnisitet som eg som brukar av informasjonen vil leggja til grunn? Det andre problemet ligg i at ulike teljarar kunne praktisera kriteria ulikt frå herad til herad, ja frå krins til krins. Det tredje problemet kan vera manglande kunnskap om befolkninga hos einskilde teljarar, regulære forenklingar av føringa og ein og annan gong direkte slurv.

Generelt er det likevel slik at dei nemnde folketeljingane vert oppfatta som rimeleg gode og dekkjande på dette feltet. Dette er også Gunnar Thorvaldsen sin konklusjon etter ei drøfting av ulike synsmåtar og vurderingar, føresett at ein legg eit avstamningskriterium til grunn.<sup>15</sup> For Balsfjorden er dette likevel ikkje openbert. Særleg har folketeljinga frå 1865 ein del manglar. Søsken kunne få ulik etnisitet, og det var ein tendens til at kona fekk mannen sin, ulikskapar i eit hushald kom ikkje alltid fram. Føringsmåten med separate etniske lister kunne nok freista til forenklingar.<sup>16</sup> No kan ei forklaring på "feilsføringar" vera at teljaren faktisk gav att den kognitive eller sosiale etnisiteten, ikkje herkomst eller berre herkomst. I somme høve kan det nok ha vore slik, anten den no uttrykte det individet ville stå fram som, eller oppfatninga i nærmiljøet.

Slik eg nyttar etnisitet som variabel, er både avstamning og sosial etnisitet relevant. Anten ein legg vekt på integrerings- eller assimileringaspektet i endringa av etnisk identifisering, kan ikkje endra etnisitet utan vidare vera eit enkelt steg frå det eine til det andre. Ved midten av 1800-talet i ein situasjon der dei tre etniske gruppene faktisk fanst med til dels svært klåre etniske markørar, er det vanskeleg å tenkja seg anna enn at både einskildindivid og lokalssamfunn var medvitne om herkomst, også ved blanda herkomst eller ved blanda ekteskap. Desse tilhøva kjem eg attende til når etnisk bakgrunn for forsamlingsmedlemene vert drøfta meir konkret seinare. Men det at eg vektlegg medvit om herkomst, gjer samstundes herkomst til ein viktig faktor i etnisitet slik eg nyttar omgrepene. For å supplera folketeljingane frå 1865 og 1875, m.a. når det er manglande samsvar i opplysningsane, har eg også gått til andre kjelder. Somme tidlegare folketeljingar har etnisitetsopplysningar som ofte kan knytast til hushald som let seg identifisera, ein og annan gong

---

<sup>14</sup> Niemi og Salvesen 1987:s.62, Gjerde og Mosli 1985:s.36, Tägil 1987:s.10.

<sup>15</sup> Thorvaldsen 1995:s.45f. Avstamningskriteriet vert nok klårare i ft1875 av di etnisiteten er oppgjeven for kvar av foreldra. Samstundes er "herkomst" eit eksplisitt uttala kriterium i ft1865, jmfr. Torp 1986:s.71,76.

<sup>16</sup> Hauglid peikar på varierande kvalitet av språkopplysningar, Hauglid 1991:s.52,81. Han gjev også ein del døme på manglande samsvar mellom ft.1865 og ft1875, t.d. Hauglid 1991:58f.

også til individ.<sup>17</sup> Det er også nytta informasjon om etnisitet, direkte eller indirekte, i t.d. kyrkjebøker, rettsreferat og militære manntal. At personar var fødde i Sverige, vert oppfatta som stadfesting på kvensk etnisitet når det elles er indikasjonar på det.<sup>18</sup>

Dei *etniske nemningane* eg nyttar er altså samar, kvenar og nordmenn. Inngruppenamnet same er no allment i bruk i dei nordiske landa med samisk folkesetnad. Den samiske folkegruppa vart tidlegare kalla finnar eller lappar, nemningar som har hatt ein nedsetjande valor. Nemninga kven eller kvæn har m.a. av tilsvarande grunn vore omdiskutert. I Nord-Norge har nemninga i fleire hundre år vore nytta om finske innvandrarar og etterkomarane deira, anten dei kom frå noverande Finland eller Nord-Sverige. Kvenane sine inngruppenemningar har ikkje hatt gjennomslag utetter. I litteraturen har orda finne og finlender også vore brukte, men etter kvart er ordet kven vorte meir akseptert, også av finskætta.<sup>19</sup> Nemninga nordmann er den minst problematiske etter som den er inngruppenemninga til majoritetsbefolkinga.

**Yrke og sosial status i folketeljingane.** Det er ei kjend sak at mange yrkesnemningar og kategoriseringar i fleire av folketeljingane på 1800-talet er problematiske. Også statistikarar i same hundreåret hadde sine kritiske kommentarar.<sup>20</sup> Naturleg nok reflekterer nemningane den sosiale organiseringa av samfunnet på den tida, standssamfunnet om ein vil. Tilhøvet til eigedom var sentralt, og stand var viktigare enn yrke. I store delar av landet var ei økonomisk tilpasning med næringskombinasjonar ofte det normale. For Nord-Norge tyder det at både fiske og ymse binæringer vart lite synlege i mykje av folketeljingsmaterialet. Dette gjeld i nokon grad folketeljinga 1865, men i langt større grad tidlegare teljingar på 1800-talet.<sup>21</sup>

Eg nyttar folketeljingane, spesielt frå perioden 1825-1855, i eit forsøk på å kartleggja somme drag i den demografiske og sosioøkonomiske utviklinga i Balsfjorden. Jamføringer vert i blant vanskelege, dels grunna dei standsprega "yrkesnemningane", dels av di teljingskategoriane i

---

<sup>17</sup> Eit døme frå ft1855 og Kjæmpedalen: Dei to hushalda kring leiglending og kårmann let seg identifisera. Etnisitetsopplysningane må gjelda leiglendingen og kona - M F og Q K Norsk (=Manden Fin og Qvæn, Konen norsk).

<sup>18</sup> Også samiske innvandrarar kunne ha fødestad Sverige eller "Lapmarken".

<sup>19</sup> Niemi og Salvesen 1987:s.61f.

<sup>20</sup> Om manglande registrering av fiskarar heiter det t.d. i innleiinga til 1865-teljinga om kystbøndene (nett her gjeld det sjølveigarar) at dei er "i større eller mindre Grad tillige Fiskere". Det vart òg referert til f.t. 1845, og sjølv om denne hadde særskild rubrikk for fiskarar, vart ikkje resultata rekna som "synderlig brugbare". NOS Æ.R. C1 s.VII, s.XI.

<sup>21</sup> I ft1865 for Balsfjord er det t.d. ein markant skilnad på teljarane i krins 1 og 2. Den første førde gardbrukarar temmeleg konsekvent berre som det. Den andre oppgav tilleggsyrket fiskar når det høvde. Det er svært usannsynleg at det ikkje fanst fiskarbønder i krins 1. Jmfr. elles Pryser 1985:s.68, Thorvaldsen 1995:s.44f. Problem Pryser nemner med dobbelt teljing av personar med to yrke har eg ikkje registrert i Balsfjorden.

nokon mon varierte, og dels ved at same kategoriar kunne ha ulikt innhald i ulike teljingar.<sup>22</sup> Dermed vert det også problematisk å få eit dekkjande bilete av korleis den sosiale strukturen utvikla seg over tid.

Eg nyttar også folketeljingane saman med andre kjelder til kartlegging av individuelle yrke og sosial hierarkisk posisjon når det gjeld medlemene i dissenterforsamlinga i Balsfjorden. Folketeljinga 1855 høver betre enn ft1865 med omsyn til tida for den første dissentaraktiviteten, men er utan namn. Så sjølv om den i hovudsak gjev yrkesopplysingane bruk for bruk, så er det ikkje alltid at den einskilde yrkespersonen kan ettersporast. Eg har også nytta forsamlingsprotokollen, kyrkjebøker og "rettighetsbøker", men det er noko tilfeldig om dei fortel om meir enn "stand og næringsvei".<sup>23</sup> Men når ein gardbrukar vart registrert som død etter drukning på fiske utafor Finnmark, kan ein nok trygt rekna med at han var fiskarbonde - som svært mange. Men ufullstendige opplysningar gjer likevel at eg vel å nytta yrkesoppgåvane med noko varsemd vidare. Sosial hierarkisk posisjon, i bygdesamfunnet knytt til jordeigedom, fortel både om plassering i standssamfunnet, men i nokon grad også om standssamfunnet si klassedeling.<sup>24</sup> Dette kjem eg attende til nedanfor.

**Stand og klasse i eit førkapitalistisk samfunn.** Som eg vil utdjupa seinare, ser eg på Nord-Norge midt på 1800-talet som eit samfunn som framleis i hovudsak var i ein førkapitalistisk fase. Av fleire grunnar kan det vera diskutabelt å nytta klasseomgrepet om eit samfunn i tida før "klassesamfunnet".<sup>25</sup> Folketeljingane er det viktigaste kjeldegrunnlaget for å få eit bilete av statusgrupper og yrkesstruktur i Balsfjorden. Steget vidare til kategorisering i klassar er ikkje heilt ukomplisert. Det er sjølv sagt ikkje innlysande kva kriteria som bør liggja til grunn for ei deling i sosiale klassar. For det første vil kriteria reflektera ei meir grunnleggjande samfunnsforståing i

---

<sup>22</sup> Eit døme kan vera fiskaryrket. I ft1835 vart tydeleg fiskarbønder - og fiskarhusmenn med jord - førde som jordbrukskarar eller husmenn med jord. Ein rubrikk for "Søfarende og Fiskere" vart ikkje nytta. Fiskarar med dette som hovudyrke vart truleg talde som jordlause husmenn og daglønarar. I 1855 var det ikkje eingong rubrikk for fiskarar. Det er for øvrig ei temmeleg samråystes oppfatning at fiskaryrket var underregistrert, jmf. Thorvaldsen 1995:s.44.

<sup>23</sup> Forsamlingsprotokollen er til vanleg svært knapp. Yrkesnemningane er meir som sosiale kategoriar: Husfedrar som Gaardbruger, Husmand, Inderst, elles nemningar som meir siktar på sivil status og plass i husstanden.

"Rettighetsbøker" (Offer og Rettighed) var oversyn over faste inntekter for soknepresten, dels knytte til jordveg, dels til person. For Balsfjord frå 1857 og Tromsø pgj. frå 1844 ordna etter gard og husstand, innehold i blant namn og opplysningar om andre enn hovudperson. Viktigaste kjelde for yrke til ugift dissentarmedlemer kring innmeldingstidspunktet. Dissenterar vart til vanleg spesielt markerte av di dei ikkje skulle betala offer - personavgifta. Dette er mest konsekvent i Balsfjordoversynet.

<sup>24</sup> Omgrepet sosial hierarkisk posisjon har eg lånt frå Thorvaldsen, jmf. Thorvaldsen 1995:s.484.

<sup>25</sup> Ei grundig skildring av dei typiske draga ved standssamfunnet og klassesamfunnet har Pryser 1985:s.19-30,84-91. Try problematiserer bruken av desse omgrepene, og meiner at dei ikkje er like høvelege i alle delar av landet; Try 1987.

termar som t.d. historiematerialistisk, weberiansk eller strukturalistisk klasseforståing. For det andre vil dei reflektera eit val av ståstad i vurderinga av kvar det aktuelle lokalsamfunnet stod i den sosiale og økonomiske utviklinga, t.d. i overgangen frå subsistensbasert økonomi til marknadsøkonomi, eller frå basis i jordbruk og fiske til sterkare innslag av industri og tenesteyting.

For eigen del tek eg utgangspunkt i historiematerialismen og dermed i dei økonomiske relasjonane, utan at eg her har rom til å gå nærare inn på ei generell drøfting av klassesetilhøve og klasseforståing. For å få eit heilskapleg bilet av samfunnsklassane i ein endringsprosess meiner eg at det er naudsynt å sjå på standssamfunnet også som eit klassesamfunn, og då i den historiematerialistiske meinings av omgrepene. Standsinndelinga endra ikkje det faktum at nokre hadde kontroll over produksjonsmidlar og fordelinga av produksjonsresultat, medan andre ikkje hadde det. Det føydale systemet var også eit system for kontroll og fordeling av økonomiske gode, sjølv om kontrollen her var basert fremst på *privilegium*, ikkje berre på eigedom.<sup>26</sup> Eg meiner også at oppleving av urettvise, utnytting eller utbytting ofte må ha vore knytt til klasserelasjonar. Ei anna sak er at standssamfunnet si sosiale organisering gjorde det vanskeleg å gje uttrykk for protest og sjeldan i form av ei klassebasert mobilisering.<sup>27</sup>

I denne samanhengen er det eit viktig spørsmål om og korleis kategoriane i kjeldene kan nyttast til å skildra klassesetilhøve innan eit samfunn som enno var meir prega av standssamfunnet sine strukturar enn det nye som voks fram. Med nokre etterhald meiner eg at kategoriane kan fordelast på ein gardbrukarklasse som kom i ein mellomposisjon, og ein klasse av eigedomslause. Godseigarar og handelsmenn var ikkje representerte i Balsfjorden ved midten av hundreåret, heller ikkje embetsklassen. Eg gjer elles nærare og meir konkret greie for klassesetilhøva i eit seinare kapittel.

---

<sup>26</sup> Om klassesetilhøve i føydalsamfunnet; Elster 1972:s.16,30, Hobsbawm 1972:s.19-26. Om klasserelasjonar i det norske standssamfunnet: Kjeldstadli 1978:s.56f - kritiske synspunkt i Olstad 1980:s.411ff. For tilsvarande tilhøve i Sverige: Winberg 1975:s.35-45.

<sup>27</sup> Paternalismen uttrykte både eit effektivt kontrollsysteem som ikkje gav rom for tvil om kvar makta skulle liggja, men hadde også eit element av redistribusjon som sikra lojalitet. Eg meiner i alle høve at dimensjonen klasse er viktig og relevant for å forstå den økonomiske maktstrukturen i "det gamle samfunnet". Eg ser det difor ikkje som rimeleg å gjera bruken av klassemotivet avhengig av at lagdelinga hadde "psykologisk realitet" (Aubert) eller av eksistensen av eit subjektivt klassemotiv (Thompson). Jmfr. Aubert 1969 s.115f. Pryser nytta historiematerialisten E.P. Thompson (The Making of the English Working Class, 1963) som argument for ei klasseforståing der det subjektive motivet er avgjerande. Pryser 1993 s.179. Tilsvarande synspunkt i Olstad 1980. Kritiske merknader til Thompson i Ahrne m.fl. 1995:s.19f.

## **Teoretisk perspektiv og forskningsoversyn.**

### **Folkelege rørsler generelt - teoretisk perspektiv.**

Historisk forsking om folkelege organisasjonar og rørsler har i særleg grad fått både djupn og breidde i dei tre siste tiåra. Det gjeld i Norge så vel som i ei rekke andre land, dei nordiske inkluderte. Samstundes har det skjedd eit paradigmeskifte - for ikkje å seia fleire. Det mest sentrale her er synet på organisasjonane som ein del av og eit uttrykk for den allmenne samfunnsutviklinga. Ikkje minst har det vore stor interesse for å rökja etter kva rolle organisasjonane og vekkingsrørlene hadde i framvoksteren og utviklinga av det nye kapitalistiske klassefunnet for eitt til to hundre år sidan.

Historisk organisasjonsforsking i Norge før om lag 1970 var i hovudsak anten ein del av lokalhistorisk forsking eller einskildskildringar av landsfemnande eller lokale organisasjonar, eventuelt ei noko breiare skildring av fleire nærskyldne organisasjonar. Omgrep som organisasjon-/foreining var her meir uttrykk for ei praktisk avgrensing enn ein kategori av beslektta fenomen med beslektta funksjonar.<sup>28</sup> I organisasjonssogene vart gjerne dei omtala organisasjonane/rørlene sette inn i ein idéhistorisk eller kyrkjehistorisk kontekst.<sup>29</sup> Men religiøse rørsler vart likevel sjeldan sedde som uttrykk for allmenn organisasjonsmobilisering, og berre dei klårt politiske rørlene vart plasserte i ein samfunnskontekst og eventuelt relaterte til eit samfunn i endring.

Rundt 1970 kan ein sjå ei klår endring i interessa for organisasjonane si historie, både kvantitatativt og kvalitatativt, samstundes som dei vart interessante også som analytisk kategori. Etter kvart kom det ei rad arbeid som i stor mon var prega av eit meir heilskapleg og samfunnsrelatert syn på det organiserte medborgarsamfunnet enn tidlegare.<sup>30</sup> Men ut over det er skilnadene framleis store både i bruk av teori og modellar og i tilknyting til internasjonal forsking. Eit tilsvarande paradigmeskifte som i Norge ser vi i både Finland, Sverige og Danmark på 1970-talet, i dei to siste landa var det rett nok også tidlegare ei forståing for rolla til organisasjonane i samfunnsutviklinga. Men interessa for oppkomsten til organisasjonane knytt til ei meir grunnleggjande samfunnsendring er etter måten ny også i desse landa.<sup>31</sup>

---

<sup>28</sup> Try 1985:s.79. Ein tilsvarande bakgrunn har ein i Finland, jmf. Stenius 1987:s.13, 27.

<sup>29</sup> Unnatak finst, m.a. Sverre Steen sin klassiske artikkel frå 1948, Steen 1948. Jmf. Try 1985:s.79, som óg nemner andre unnatak frå karakteristikken av tidlegare forsking. Om teologisk/apologetisk historieskriving, Slettan 1986:s.350.

<sup>30</sup> På svensk: *medborgarsamhället* som er meir assosiasjonsrikt (medborgare: statsborgar/medborgar/samfunnsborgar) enn det tilsvarande norske ordet som ikkje har fått hevd som omgrep til vidare. Stenius fører omgrepet attende til Hegel, men knyter det også til Habermas sitt omgrep borgarleg offentlegheit. Stenius 1987:s.47-54.

<sup>31</sup> Stenius 1987 s.28f, Jansson 1982 s.23ff og Clemmensen 1987 s.67-72. To større svenske forskingsprosjekt bør nemnast: Frå 1965 *Klassamhällets funktioner: Folkrörelserna*; frå 1976 *Folkrörelserna och samhällsomvandlingen*.

**Oppkomsten av organisasjonane.** Ein ser altså no utviklinga av dei folkelege organisasjonane i nær tilkyting til dei sosiale og økonomiske endringsprosessane i samfunnet. Både sekulære og religiøse rørsler på 1800-talet vert i stor grad oppfatta som uttrykk for den same prosessen i overgangen frå standssamfunn til klasse samfunn, anten ein no vektlegg organisasjonane som reiskapar sosiale grupper hevda interesser gjennom, som middel til å møta nye oppgåver med eller måtar å finna sin plass og identitet på i ein endra livssituasjon.

Om desse hovuddraga i forståinga av organisasjonane er det stort sett brei semje. Eg ser det såleis ikkje som så interessant å gå inn i ei vurdering av dette heilskapssynet, men vel å leggja det som ein premiss for den vidare drøftinga.<sup>32</sup> Her vil eg sjå nærmere både på nokre sentrale forskingsresultat frå dei siste tiåra og somme av dei teoriane som har vore nytta og utvikla. Det gjeld i hovudsak følgjande tre område:

- a. Drivkrefter bak danninga og utviklinga av organisasjonane.
- b. Tilhøvet mellom organisasjonane og den sosiale lagdelinga.
- c. Etniske grupper og mobilisering gjennom organisasjonslivet.

Etter som ei dissentarforsamling vil vera den sentrale gruppa i denne framstillinga, vil mange døme verta henta frå forsking om dei religiøse rørlene sjølv om problemstillingane vil vera generelle. Denne drøftinga vil danna grunnlaget for det vidare arbeidet med kjeldematerialet. Eg vil nytta to innfallsvinklar, ein brei og generell som gjeld organisasjonsutviklinga allment, ein meir lokal og spesiell knytt til undersøkingar om dissentarrørsla i Balsfjorden og området ikring.

**Vekkingsrørlene som vegryddarar.** Det er altså jamt over semje om at også dei religiøse rørlene må sjåast i ein samfunnskontekst, sjølv om det kan vera ulike syn på kva som er særmerkt for dei. Hans Try t.d. ser på dei kristelege foreiningane som ein del av den allmenne framvoksteren av foreiningar. Han peikar spesielt på kor klårt dei går inn i dei same bølgjerørlene og meiner det tyder på sams årsaker.<sup>33</sup>

Både Irma Sulkunen og Vagn Wåhlin meiner at vekkingsrørlene både er eit uttrykk for og spelar ei viktig rolle i utviklinga av ei ny heilskapsforståing i eit samfunn i grunnleggjande endring. Vekkingane føregjekk dei politiske rørlene og gjennombrotet for den industrielle produksjonsforma og var vegryddarar for den nye tida, hevdar Sulkunen. Wåhlin meiner at det er rimeleg å venta at dei første reaksjonane på agrarrevolusjonen, ei grunnleggjande endring i

<sup>32</sup> For ei meir inngående drøfting Clemmensen 1987:s.25-66, Try 1985:s.22-24 mv, Jansson 1985:s.12-17, 238-251.

<sup>33</sup> Try 1986:s.21-24. Noko avvikande er her dissentarrørlene, jmfr. Try 1985:s.24ff og Seip JA 1981:s.49f. Også Lundkvist understrekar sams drag mellom religiøse og andre folkerørsler, Lundkvist 1977:s.21ff,33. Andre legg noko større vekt på særmerke for religiøse rørsler, jmfr. Slettan 1995:s.184, Johansen 1991:s.109,150, Wåhlin 1984:s.3-14, Eriksen:1988 s.258f.

sosioøkonomisk basis, fann stad på det religiøse planet. Trangen for eit nytt eller revidert samanhengande fortolkingssystem "vil ganske naturligt først konkretiseres og bevidstgøres på det samme ideologiske plan, hvoraf den er udsprungen ... dvs i opposition til det hidtil dominerende systems ideologiske institution i statskirken og dens docerede verdensforståelse".<sup>34</sup>

Ein slik funksjon vil dei religiøse rørslene etter mi meining også kunne ha i ein seinare fase, men då oftere i konkurranse med meir sekulære ideologiske uttrykk.<sup>35</sup> Også i den tidlege fasen kunne nok førestellingar om til dømes sosial rettvise koma til uttrykk m.a. gjennom direkte politiske krav og "verdsleg" argumentasjon. Men slike førestellingar kunne i alle høve lettare legitimerast dersom dei på eit vis kunne grunngjenvært innan det sams verdisystemet og med den autoritet tradisjon og religion hadde.<sup>36</sup>

Wåhlin har eit historiematerialistisk utgangspunkt, men strekar under at vekkingsrørslene, som andre rørsler, ikkje er direkte avspeglings av sosioøkonomisk basis. Han opererer med ei faseforskning og hevdar det går lang tid frå endringar på det sosioøkonomiske planet slår gjennom på det ideologiske. Her finst såleis rom både for indre dynamikk og vekslerverknad, t.d. med impulsar utanfrå.

**Økonomiske faktorar.** Sjølv om det langt frå er noka eintydig oppfatning av kva rolle den økonomiske utviklinga spelar for oppkomsten og utviklinga av organisasjonane, er det likevel klårt at denne faktoren vert tillagt vekt. Nokre meiner å sjå direkte samanhengar, andre knyter organisasjonane i større eller mindre grad til sosiale eller sosialpsykologiske tilhøve som direkte eller indirekte er knytte til den økonomiske utviklinga. Blant dei som klårast knyter framvoksteren av dei ideelle folkelege rørslene til industrialiseringa, er Sven Lundkvist. Han har møtt kritikk mellom andre frå Wåhlin og Jansson, som meiner at Lundkvist ikkje har teke nok omsyn til endringane i den agrare strukturen før og under industrialiseringa.<sup>37</sup> Dette er nok rett når det gjeld den tidlege fasen frå ca 1850 då svensk industrialisering enno var i si byrjing.

<sup>34</sup> Sulkunen 1987:s.508f, Sulkunen 1983, Wåhlin:1979 s.129f. Jmfr. "en ny virkelighetsforståelse med vekt på individualiteten og det personlige ansvar og valg." Thorkildsen 1998:s.176f.

<sup>35</sup> Jmfr. også Sulkunen sitt syn på fråhaldsrørsla i Finland; arbeidarane definerte seg ideologisk gjennom den. Ref. i Alapuro 1987:s.138f. Sjå også Wåhlin 1986:s.374.

<sup>36</sup> Jmfr. Hans N. Hauge som argumenterte religiøst for det allmenne prestedømet, kvinnene inkludert, så vel som for å ta opp bynæringer i konkurranse med borgarskapet. Det var samstundes radikale og systemoverskridande idéar i tilhøve til ideologien i einskapskyrkja og standssamfunnet. Jmfr. også Åberg 1978 s.87 om strategiar for opposisjonelle.

<sup>37</sup> Wåhlin 1979 s.119ff; Jansson 1982 s.256-259. Jansson peikar her dessutan på ein annan faktor: Utviklinga av den kommunale økonomien drog også bygdefolk inn i pengeøkonomien. Mjeldheim peikar på at etter som samfunnsomforminga og framvoksteren av folkerørslene var to i tid parallelle prosessar, kan industrialiseringa i mindre grad forklara oppkomsten av rørslene, i større grad utviklinga av dei; Mjeldheim 1978 s.123. Lundkvist nyanserer sjølv, Lundkvist 1977 s.218f.

Try skil noko mellom utviklinga i byane og på landsbygda. I bygdene ser han samanfall mellom assosiasjonsvokster og "ein etter måten hektisk endringsprosess økonomisk". Han nemner endringar i jordbruket, t.d. utskiftingar, og aukande yrkesdifferensiering.<sup>38</sup> Wåhlin skil mellom den agrare omveltinga og den industrielle og meiner at dei hadde ulike organisatoriske utslag. I både Danmark og Sverige tok den agrare omveltinga til lenge før den industrielle. Men også før industrijennomslaget hadde Danmark ein kapitalistisk dominert dobbeltøkonomi, ein agrarsektor og ein bysektor (dominert av København), både sjølvstendige og i vekselspel. Dette førde også til eit dobbelt klassestystem og eit dobbelt ideologisk og kulturelt-organisatorisk system. Bonderørsla vart her ein sterk og sjølvstendig faktor.<sup>39</sup>

Nokre forskrarar har også lagt vekt på dei meir kortsiktige endringane i den økonomiske utviklinga, konjunkturane. Knut Lundby meiner å ha påvist ein klår samvariasjon mellom vekkingsbølgjer og konjunkturbølgjer. Vekkingsbølgjene kjem i forkant av høgkonjunkturane, ved inngangen til betre tider. Dei startar 1-3 år før vendepunktet på nedgangskurven og stagnerer tilsvarende før høgkonjunkturen når toppen. Det er såleis ein samvariasjonen med faseforskuving.<sup>40</sup>

Jon P. Knudsen knyter frikyrkjevoksteren i det kystnære sørlege og austlege Norge på 1800-talet til ei samfunnssendring karakterisert ved stikkorda urbanisering, industrialisering, flytting og kontakt med utlandet. Deprivasjon vert her eit sentralt omgrep, men Knudsen strekar under at deprivasjonen som faktor for religiøs rekruttering må ha både ei sosioøkonomisk og ei eksistensiell side.<sup>41</sup> Ein variant av deprivasjonomgrepet er også sentral for Lars-Erik Nordby som har undersøkt ulike frikyrkjesamfunn i Moss. Nordby syner at svært mange av dissentarane var tilflyttarar, spesielt utgjorde dei svenskfødde ei stor gruppe. Med sterkt industrialisering og ekspansjon fekk Moss ein periode sterkt folkeauge, fremst gjennom innflytting frå landsbygda. Desse framandgjorte og rotlause innflyttarane fekk gjennom dissentarrørla høve til sosial reintegrering som kunna erstatta den sosiale tryggleiken frå landsbygdsamfunnet.<sup>42</sup>

### **Sosiale grupper og rekruttering.** Eit sentralt spørsmål er kva for sosiale grupper dei ulike

---

<sup>38</sup> Try 1985 s.40,42f. Oppbrytinga av dei gamle gardssamfunna får eit synleg uttrykk i utskiftingane. Som moglege årsaker nemner han auke i folkemengd og gardsbruk, nye jordbruksmetodar og endra haldningar og individualisme. Jmfr. Try 1977 s.45-49.

<sup>39</sup> Wåhlin 1979 s.119-123,134f.

<sup>40</sup> Lundby 1980 s.8-16. Lundby avviser likevel økonomiske forklaringar og opererer med eit heller indirekte samband med kristen samhandling. Nordby knyter også vekkingsbølgjene til konjunktursvingningar som han ser som ein *utløysande* faktor. Men hovudforklaringa for Nordby er ein deprivasjonsteori. Nordby 1978 s.559ff.

<sup>41</sup> Knudsen 1986 s.168ff. Også for baptistar ymtar Eidberg om deprivasjon som forklåring; Eidberg 1981 s.58.

<sup>42</sup> Nordby 1978:s.558ff. Også Eidberg påviser svært mange innflyttarar i baptistforsamlingar; Eidberg 1981:s.56f. Likeins var det høvesvis mange innflyttarar blant frikyrkjemedlemer i Sverige; Lundkvist 1977:s.99f.

organisasjonane henta tilhengarane sine frå.<sup>43</sup> Tore Pryser meiner at dei nye organisasjonane fremst var reiskapar for mellomlaga i bygd og by, og mellomgruppene gjorde seg særleg sterkt gjeldande i leiarskapet. Mellomlagsbasisen vert også klårt understreka av Try, sjølv om assosiasjonane til å byrja med var eit typisk borgarleg byfenomen.<sup>44</sup> Medan Haugerørsla bygde på dei etablerte bondene - og mellomlaga i byane, så ser andre lekmannsrørsler med sterkare sektpreg ut til å ha hatt større innslag av bygdeunderklasse.<sup>45</sup> Den sterkt statskyrkjekritiske læstadianismen i Nord-Noreg stod også sterkt blant småkårsfolk i følgje Pryser.<sup>46</sup> Pryser peikar i ein annan samanheng på at rørsla fekk tilhengarar blant "fattige samar, som attåt den økonomiske situasjonen også stod i ei særstilling kulturelt". Pryser meiner også at Læstadius hadde kritiske politiske synspunkt og "såg forholda gjennom auga til dei låge i samfunnet".<sup>47</sup>

I Sverige var hovudtendensen, slik Sven Lundkvist oppsummerer *folkrörelse*-prosjektet, at alle tre hovudrørlene rekrutterte frå dei same sosiale gruppene. Til fagrørsla slutta seg fremst den øvre delen av arbeidarklassen, som saman med den lægre middelklassen i bygd og by også var grunnlaget for vekkingsrørsla og fråhaldsrørsla. Til ei byrjing var innslaget av underklasse større i vekkingsrørsla, men etter kvart kom t.d. jordbrukarane i store skarar. Eit særdrag var likevel at dei mange kvinnene gjennomgåande kom frå lægre sosiale sjikt enn mennene. Frikyrkjene stod også sterkt i Sverige, men skilde seg ikkje vesentleg frå vekkingsrørlene som heilskap. I den tidlege perioden rekrutterte baptistane likevel mest frå unge eigedomslause. Også seinare var innslaget frå arbeidarklassen større blant baptistar og metodistar enn i misjonsforbundet og klårt større enn i den kyrkjelege rørsla Evangeliska fosterlandsstiftelsen.<sup>48</sup>

Dissentarane i Norge var etter måten få dei første åra etter dissentarlova. I 1865 stod vel 5100 personar utanfor statskyrkja. Kring 1850 gjorde mormonar og metodistar seg gjeldande i ein del byar i det ytre Oslofjordområdet. I følgje Pryser ser dei ut til å ha fått størst oppslutnad blant ar-

---

<sup>43</sup> I denne delen vil bruken av omgrep klasse, lag og sjikt ikkje heilt samsvara med det synet på klassar eg elles gjer gjeldande. Grunnen er at eg tar utgangspunkt i terminologien dei refererte forfattarane sjølv nyttar utan her å drøfta kva som meir konkret ligg i omgrep.

<sup>44</sup> Pryser 1985:s.358f; omgrep middelklasse, mellomlag og mellomsjikt vert nytta. Try 1986b:s.436ff.

<sup>45</sup> Lekmannsrørsler som dei sterkttruande og feigianarane. Referanse i Pryser 1982:s.169f og Pryser 1985:s.321 til Aage Skullerud: Bondeopposisjonen og religionsfriheten i 1840-årene, 1971.

<sup>46</sup> Pryser 1985:s.59,64. Jmfr. Niemi 1974:s.3. Statskyrkjekritikken var så markant at finske prestar så seint som på 1880-talet rekna læstadianarane som sekteristar og separatistar på line med dei frikyrkjelege; Strömberg 1983:s.25f.

<sup>47</sup> Pryser 1982:s.154f,170. Lorenz har liknande synspunkt; Lorenz 1991:s.54ff.

<sup>48</sup> Lundkvist 1977:s.104-107,115-122,218f. I Finland var fråhaldsrøsla dominert av arbeidargrupper og utgjorde eit förskede inom arbetarrörelsen; Sulkunen ref. i Alapuro 1987:s.138f.

beidarar og eigedomslause, sjølv om leiarane ofte var frå småborgarskapet.<sup>49</sup> På grunnlag av ei undersøking av dissentargrupper i Moss på slutten av 1800-talet kjem Nordby i hovudsak til same konklusjon. Sosial status til dei som var utmelde av statskyrkja, var noko lægre enn vanleg, men i ein typisk industriby var det heller ikkje overraskande med stor tilslutnad frå arbeidrarar og handverkarar. Leiarsjiktet derimot var sterkt prega av borgarskapet.<sup>50</sup>

**Etnisitet og mobilisering.** Mobilisering på etnisk grunnlag kom seint i nordnorsk organisasjonssoge, i alle høve om ein avgrensar seg til organisasjonar og rørsler som i t.d. formelle mål og kriteria for medlemskap relaterer seg til ei etnisk gruppe. I Einar-Arne Drivenes og Regnor Jernsletten si framstilling av religiøs, politisk og etnisk mobilisering i nord kjem den etniske først som tredje fase frå byrjinga av 1900-talet. Det var då som ei gryande mobilisering som veikna att etter eit par tiår.<sup>51</sup>

Det kunne i og for seg ha vore grunnlag for mobilisering av dei nordnorske minoritetane alt på 1800-talet. Stikkord kan vera: alt hardare fornorskingspolitikk, forsterka press som del av tryggingspolitiske tiltak, politisk og økonomisk integrasjonspress sørfrå.<sup>52</sup> Den økonomiske utviklinga i regionen, som gruvedrift og jordbrukskolonisering, leia til interessekonfliktar med samiske grupper. Samane var også involverte i den auka spenninga mellom fiskarar og handelsmenn, ikkje minst i Nord-Troms.<sup>53</sup> Heilt passive til utviklinga har ikkje samane og kvenane vore. Det var reaksjonar både på fornorskingspolitikken og på inngrep i tradisjonelle rettar.<sup>54</sup> Men desse reaksjonane nedfalte seg ikkje i varige, organiserte former.

Det har vore gjort spreidde forsøk på å forklåra dette. Hætta meiner at samane mangla både

<sup>49</sup> Pryser 1982 og Pryser 1985:s.321f. Jmfr. Slettan 1986:s.353f. Eidberg konkluderer med at baptistane vart rekrutterte frå lægre sosiale sjikt, handverkarane innrekna her; Eidberg 1981:s.58. Også metodistane kom på 1800-talet frå dei lægre sosiale laga i følgje Hansen, medan Hægeland syner at frikyrkja i Brunlanes var sosialt breitt samansett; både refererte i Try 1985:s.58,60. Også i Volda var dissentarane vanlege gjennomsnittsmenneske med omsyn til sosial status og yrke; Døssland 1986:s.177,188.

<sup>50</sup> Nordby 1978:s.557f,s.563.

<sup>51</sup> Samisk mobilisering kom mellom anna til uttrykk gjennom avisdrift og samepolitisk arbeid gjennom Finnmark Arbeiderparti. Sørsamane organiserte seg næringspolitisk like etter århundreskiftet, både på svensk og norsk side. For kvenane var det større problem, og alle forsøk på mobilisering vart sterkt motarbeidde. Drivenes og Jernsletten 1994:s.248-257. Jmfr. Hætta 1994:s.151-155 og Otnes 1970:s.107-141.

<sup>52</sup> Bratrein og Niemi 1994:s.186ff, Lorenz 1991:s.75-81 (nasjonsbygging og assimilering); Eriksen og Niemi 1981:s.26-86 (storpolitikk); Drivenes og Jernsletten 1994:s.212,247 (periferimobilisering); jmfr. også Suolinna 1985:s.170f,177f, *Laestadianismen föddes för att uttrycka Nordkalottens periferiproblem*.

<sup>53</sup> Otnes 1970:s.89-101, Drivenes og Jernsletten 1994:s.247.

<sup>54</sup> Nokre døme: Otnes 1970:s.130f (reaksjon på fornorskning); Niemi 1977:s.158 og Jernsletten 1986:s.44f (aviser på finsk og samisk på 1870-talet i Vadsø); Pedersen 1988:s.14-17 (kamp for fiskerettar i Karasjok).

organisatorisk røynsle og forståing for foreininga som organisasjonsform. Det var også aktiv motarbeiding frå både norske og svenske styresmakter.<sup>55</sup> Det er heller ikkje tvil om at samane, og kvenane med, var lågstatusgrupper med ekstra høge barrierar mot deltaking i organisjonssamfunnet. I tillegg skulle ein beherska både norsk språk og kulturelle kodar for å føra effektiv interessekamp andsynes storsamfunn og styresmakter.<sup>56</sup>

**Læstadianismen som etnisk mobilisering?** Tyder dette at minoritetane sine interesser på 1800-talet berre kom fram gjennom individuelle protestar og kortvarige einskildaksjonar? Her er synet på læstadianismen sentralt. Kan ein sjå på den læstadianske rørsla også som eit uttrykk for mobilisering av samiske og kvenske interesser, eller fekk rørsla tilfeldig den funksjonen å støtta opp om samisk og/eller kvensk identitet? I nokon grad er denne diskusjonen vevd inn i om og korleis ein oppfattar læstadianismen som allment uttrykk for sosial protest frå lågstatusgrupper.

At læstadianismen i Norden har hatt sterkt tilknyting til dei samiske miljøa, er det ikkje tvil om. At rørsla også har hatt stor tilslutting frå kvenar og i nokon grad også nordmenn (og svenskar), er også kjend. I nordisk - og nordamerikansk - perspektiv må ein dessutan seia at rørsla er like typisk finsk som samisk.<sup>57</sup> Påstanden om at læstadianismen er ei samisk kristendomsform er såleis både innlysande rett og innlysande feil, avhengig av kva ein legg i utsegna.<sup>58</sup>

Meir interessant er det å sjå på spørsmålet om læstadianismen sin funksjon i relasjonen mellom minoritet og majoritet. Læstadianismen som vern mot fornorsking vert peika på både i samisk og kvensk kontekst.<sup>59</sup> Gutorm Gjessing meiner at læstadianismen også fungerte som ei nasjonal frigjeringsrørsle. Den gav samane større tiltru til sin eigen kultur, og dermed til seg sjølve. Han dreg parallellear til revivalistiske, messianske rørsler som reagerte på presset/undertrykkinga frå den vestlege sivilisasjonen i ulike delar av verda.<sup>60</sup> Også Nellejet Zorgdrager peikar på haldningane i det norske storsamfunnet andsynes samane, og ser på læstadianismen som eit høve til å kvitta seg med eit mindreverdsigma. Kritiske drag i Læstadius si forkynning retta mot styresmakter og

<sup>55</sup> Hætta 1994:s.151. Andre forklăringer: interessekamp med aksjonspreg (Otnes 1970:s.36f), tilbaketrekking som strategi (Gjessing:1973 s.99).

<sup>56</sup> Jmf. også grunngjeving for tidleg organisering blant svenske sørsamar; Otnes 1970 s.107ff, Hætta 1994 s.151. Jernsletten nemner noko indirekte faktorane opplysnings og utdanning, Jernsletten 1986 s.45,78.

<sup>57</sup> Om breidda i tilslutning i Norge; Svebak 1986 s.79-89. Finske historikarar legg lite eller inga vekt på det etniske aspektet, heller ikkje der læstadianarane faktisk inngår i ein etnisk minoritet; jmf. Raittila 1982, Suolinna 1985.

<sup>58</sup> Aadnanes har ei grei oppsummering av nett denne diskusjonen; Aadnanes 1986 s.86ff.

<sup>59</sup> Hætta 1994 s.45, Paine 1965 s.9, Niemi 1974 s.7ff,12, Eriksen og Niemi 1981 s.340.

<sup>60</sup> Gjessing 1973 s.85-88,96f. Også andre dreg parallellear til messianske/millenaristiske rørsler; Bjørklund 1978 s.99-105, Otnes 1970 s.77f.

utbytting frå handelsmenn vann også etterklang hos samane.<sup>61</sup>

Ivar Bjørklund ser læstadianismen som eit religiøst-ideologisk svar på økonomisk forverring og kulturell undertrykking av samar og kvenar. Slik hadde den ein politisk karakter som hadde intim samanheng med den religiøse uttrykksforma. Han seier det ved eit høve slik: "[Vi vil] se hvordan læstadianismen som ideologi systematisk formulerer et motangrep mot de krav som det norske samfunn bragte med seg." Bjørklund meiner læstadianismen endrar funksjon og karakter over tid. I den første fasen var den eit samisk forsøk på å rekodifisera sine sosiale relasjonar, ei avvising av den norske bodskapen om økonomisk integrasjon og sosial assimilering. Samstundes markerte rørsla på nokre felt også ein open konfrontasjon med det norske samfunnet. I den andre fasen vart det gjennom læstadianarleiaren og kvenen Raattamaa formulert eit sams samhandlingsgrunnlag for kvenar og samar, og i 1870-80-åra fekk dette gjennomslag for både grupper. Statusane som *same* og *kven* vart underordna det å høyra til *Guds barn*. I kvardagslivet vart det norske verdisystemet reversert og typiske drag ved den samisk/kvenske livsforma vart no døme på "rikdom" medan dei etter norsk standard var uttrykk for "fattigdom". Slik vart t.d. samisk og finsk språk oppvurderte som dei "heilage" språka.<sup>62</sup>

Denne forståinga av læstadianismen samsvarar i prinsippet godt med Wåhlin sitt syn på vekkingsrørsler som forsøk på å forma ei ny ideologisk heilskapsforståing. Såleis er det nærliggande å sjå læstadianismen også som eit vis å uttrykka identitet og sosiale relasjonar på. Eg meiner at Bjørklund sannsynleggjer teorien om det reverserte verdisystemet på ein overtydande måte, også ved å nytta læstadianske utsegner og skildringar.<sup>63</sup>

Drivenes og Jernsletten gjev med etterhald tilslutting til at læstadianismen kunne fungera som motkultur, men er skeptiske til å sjå på rørsla som ein medveten sosial og politisk protest.<sup>64</sup>

### Balsfjordvekkinga - tidlegare forskningsresultat.

Fleire forfattarar har meir eller mindre inngåande vurdert ulike sider av denne lokale vekkingsrørsla som fekk vind i segla på 1850-talet. Vekkingane i Tromsø og Balsfjorden vert gjerne knytte saman, men det er helst sjølve Tromsøvekkinga som får mest omtale. Grunnen er nok at ein har sett Tromsø som sentrum for denne vekkinga. Som møtestad og som impulsspreiar var

<sup>61</sup> Zorgdrager 2000 s.202,199f,204ff. Eit spesielt og dramatisk utslag fekk m.a. denne kritikken i oppreisten i Kautokeino i 1852.

<sup>62</sup> Bjørklund 1985 s.289f, Bjørklund 1978 s.107-129,161, sitatet frå Bjørklund 1981 s.602. Kritisk synsmåtar på m.a. rekodifiseringstesen vert oppsummert i Minde 1996:s.171-174.

<sup>63</sup> Ein liknande synsvinkel kan ein også leggja på andre pietistiske vekkingsrørsler. Puritansk etikk er ofte blitt tolka som eit tidleg uttrykk for kapitalistisk ånd. Den pietistisk/puritanske ideologien kan ein også sjå på som sosial sjølvheving gjennom sin kritikk og avvising av livsstilen og kulturen til borgarskap og embetsstand.

<sup>64</sup> Drivenes og Jernsletten 1994 s.220f.

Tromsø sjølvsagt også svært viktig med sine sentrumsfunksjonar i regionen.

Tromsøvekkinga fekk i utgangspunktet impulsar frå fleire religiøse straumningar, og heldt seg i byrjinga også innanfor dei statskyrkjelege rammene. Men det sterkeste organisatoriske uttrykket fekk vekkinga med dei frie apostoliske forsamlingane i Tromsø og Balsfjorden, og etter kvart med mindre forsamlingar i fleire bygder i Troms.

Sjølv om den friapostoliske rørsla i Balsfjorden er nemnd i fleire artiklar og oversynsverk, er det berre eitt arbeid som drøftar rørsla i noko større omfang. Odd Jakobsen si hovudoppgåve i kristendomskunnskap frå 1981, Kirkeliv og vekkelse, handlar om dei frie apostoliske forsamlingane i Troms og Vesterålen, men legg størst vekt på Balsfjord, Tromsø og Trondenes. Elles drøftar Anders Ole Hauglid somme aspekt av Balsfjordrørsla i bygdebokverket sitt om Balsfjorden og Malangen, likeeins Ingulf Diesen i arbeidet sitt om den lammerske rørsla. Dessutan finst det også interessante synspunkt i andre oversynsverk og artiklar, noko eg kjem attende til i det følgjande. Andre sider av organisasjonslivet i Balsfjorden på 1800-talet er stort sett fråverande i historiske arbeid, bygdebøkene for Balsfjord og Malangen i nokon mon unntake.

**Bakgrunn, årsaker og føresetnader.** Jakobsen sitt arbeid har vel i nokon grad islett av ein teologisk-apologetisk historietradisjon, men dette er ikkje til hinder for at også sosiale og samfunnsmessige faktorar vert tillagd sjølvstendig vekt. Jakobsen stiller spørsmålet om bakgrunnen til at denne rørsla kom til å stå så sterkt i Balsfjorden, men konkluderer heller generelt. Han syner til samband med tidlegare vekkingar og lengt etter åndeleg fornying. Men han viser også til ei generell kritisk haldning til statskyrkja si kontroll i både kyrkjelege og samfunnsmessige spørsmål. Denne kritiske haldninga må ha vore særleg sterk i områda der dei apostoliske forsamlingane fekk gjennomslag.<sup>65</sup>

I det som har vore sett på som standardverket om læstadianismen, har Dagmar Sivertsen også skildra den apostoliske rørsla i Tromsøområdet. Ho meiner at både Bomstad og Tromsøvekkinga i hovudsak var inspirert og prega av læstadianismen og særleg av Kautokeinovarianten, i mindre grad også av andre kyrkjekritiske samtidige. Sivertsen ser eit så sterkt samband til Kautokeinovekkinga at ho nyttar formuleringa "organisk forbindelse mellom de to vekkelser". Samfunnsmessige årsaker til dei to vekkingane har ein perifer plass i framstillinga hennar, om nokon i det heile.<sup>66</sup>

---

<sup>65</sup> Historietradisjon: Jakobsen:1981 s.11, dei to første forklåringsfaktorane. Årsaker m.v: Jakobsen 1981:s12,96f,99f. - problemsstillinga om styrke gjeld både Tromsø og Balsfjord..

<sup>66</sup> Sivertsen 1955:s.75,67-75,265. "Da slo ånden ned hvor man minst kunne vente det", "... en hel befolknings åndelige kamp for den evige frelse ..." Sivertsen 1955:s.39,40. Både sitata om læstadianismen sitt innpass hos samane. Somme samfunnsmessige faktorar vert likevel tilskrivne ein viss innverknad, t.d. sesongfiskeria for spreieingseffekten, Sivertsen 1955:s.45.

Medan Hauglid knyter Bomstad til haugiansk tradisjon, peikar også Kåre Svebak og Pekka Raittila på sambandet med læstadianismen.<sup>67</sup> Diesen legg i praksis hovudvekta på dei religiøse tradisjonane. Som utløysande årsak peikar han på skrifter frå Søren Kierkegaard.<sup>68</sup> Også i somme av dei seinaste arbeida vert det understreka at vekkingane primært var religiøse rørsler. Drivenes og Jernsletten har generelle referansar både til motkulturomgrepet til Rokkan og til inkorporeringsperspektivet til Koht. Om vekkingsrørslene er hovudkonklusjonen likevel at sjølv om ein kanskje kan spora somme drag av sosial protest, dreide både den læstadianske og den frikyrkjelege vekkinga seg om religiøse verdiar og religiøse val.<sup>69</sup>

Dette er eit synspunkt som også Astri Andresen sitt syn eit stykke på veg fell saman med. Ho understrekar den religiøse kjernen, men peikar samstundes på ein tvetydig radikalisme. Ei lekmannsrørsle var i seg sjølv ein kritikk oppetter i standssamfunnet og ei utfordring av "den tradisjonelle makt". Protestfunksjonen vert tydelegare i konklusjonen hennar, mot dei som "hadde økonomisk overskudd og praled med det", så vel som mot ei statskyrkje som hadde vorte "folk for fjern".<sup>70</sup>

Dei refererte arbeida seier i realitetene lite om samfunnsmessige årsaksfaktorar eller føresetnader. Det som seiast, er heller generelt og er i lita eller inga mon spesielt knytt til Tromsø-regionen. Det mest konkrete her er skildringar av korleis det åndelege jordsmonnet var forarbeidd av ymse impulsar, men dei gjeld hovudsakleg verksemnd og påverknad av religiøs karakter. Eit par medverkande utløysande faktorar vert nemnde, t.d. ei mogleg kriseoppleveling i samband med Krimkrigen.<sup>71</sup>

**Sosial rekruttering.** Ei drøfting av den sosiale rekrutteringa til vekkingsrørsla og dei ulike gruppene, kan ha fleire innfallsvinklar. Sosiale særkjenne som t.d. alder, kjønn, sosial klasse og etnisitet kan gje ulike perspektiv og vera interessante variablar. Fleire av dei overnemnde forfattarane kjem inn på kva for sosiale grupper dei friapostoliske forsamlingane henta tilhengrar frå. Ingen av forfattarane drøftar nærmare kriteria for sosial kategorisering, men verkar ta ei tradi-

<sup>67</sup> Hauglid 1991:s.185, Svebak 1977:s.536, Svebak 1978:s.16, Svebak 1986:s.79ff. Svebak 1977 gjev att utdrag frå Pekka Raittilas avhandling, Lestadiolaisuus 1860-luvulla, Helsinki 1976. Hjalmar Westeson hevdar at Bomstad var påverka av Læstadius; Westeson 1922:s.88. Sivertsen omtalar Bomstad som opphavleg haugianar med god kjennskap til læstadianismen; Sivertsen 1955:s.69.

<sup>68</sup> Diesen 1980:s.23ff,90ff. Han omtalar generelt samanheng med idéstraumninga som liberale politiske tankar og bølgjene frå februarrevolusjonen. Industrialismen endra samfunnsstrukturen og leia til rotløyse. Diesen 1980:s.12f. Nærmast ein deprivasjonsteori, jmfr. Nordby 1978:s.558ff.

<sup>69</sup> Drivenes og Jernsletten 1994:s.212,218.

<sup>70</sup> Andresen 1994:s.204,206f,214.

<sup>71</sup> Andresen 1994:s.205; også Ytreberg 1946:s.470f.

sjonell og noko vilkårleg tredeling i over-, mellom- og underklasse som sjølvskrive utgangspunkt. Heller ingen drøfter på kva grunnlag dei plasserer ulike yrkesgrupper og sosiale grupper inn under dei meir omfattande samlekategoriane som klasse eller lag.

Dissentarane i Troms ser i siste del av 1800-talet ikkje ut til å ha vore nokat typisk underklasserørsle i følgje Drivenes og Jernsletten. Midt på 1860-talet var dei tre største apostoliske friforsamlingane i Troms prega av mellomklasse, sjølv om underklasseinnslaget verkar å ha vore større dei første åra på 1850-talet. Det var dei breie laga av folket, truleg den betrestilte delen, som tok steget ut av kyrkja, er konklusjonen til Drivenes og Jernsletten. Så meiner dei også at det her er vanskeleg å spora nokon klår sosial protest. Ein gjennomgang av utmeldingsgrunnar på slutten av hundreåret i Balsfjorden stadfester tvilen om det var tale om ein *medveten* sosial og politisk protest.<sup>72</sup>

Jakobsen derimot meiner at Balsfjordforsamlinga var prega av småkårsfolk, medan friforsamlinga i Tromsø var sosialt breiare samansett, også med innslag frå høgre sosiale lag. Han definerer likevel ikkje kva han legg i t.d. omgrepet småkårsfolk.<sup>73</sup> Diesen har sett på den yrkesmessige samansetnaden i Balsfjorden både på slutten av 1800-talet og den første tredelen av 1900-talet. Han konkluderer med at alle var småkårsfolk. Forsamlinga i Tromsø hadde eit langt breiare sosialt spekter. Diesen omtalar friforsamlingane i Tromsø og Skien som stader der "klasseskillet opplevdes som utvisket".<sup>74</sup>

I ein gjennomgang av stoda i Balsfjorden ved folketeljinga i 1900 finn Hauglid to hovudgrupper av dissentarar og statskyrkjeutmelde: innvandrarar sørfrå og etterkomarane deira, og personar frå det gamle kvenske innvandrarmiljøet, hovudtyngda i både gruppene busette i dei inste delane av fjorden.<sup>75</sup>

## Samanfatning

I det vidare arbeidet vil eg sjå på dissentarrørsla som sosial rørsle med fleire innfallsvinklar og på brei basis. Det er likevel spesielt tre perspektiv og problemstillingar som vil vera sentrale.

Eitt utgangspunkt er teoriane til Sulkunen og Wählins om vekkingsrørslene som vegryddarar

---

<sup>72</sup> Drivenes og Jernsletten 1994 s.216ff. Både kategoriane sjølveigarar og fiskarbønder ser til å vera rekna som mellomklasse her. Utmeldingane gjeld også personar som ikkje slutta seg til friforsamlinga.

<sup>73</sup> Jakobsen 1981 s.44,49. For menn i Balsfjord nyttar han følgjande "yrkesnemningar": gardbrukarar, innerstar, ungkarar.

<sup>74</sup> Diesen 1980:s.264ff. Også gardbrukarane i Balsfjord reknar han openert som småkårsfolk og nyttar presiseringa "egentlig småbruker".

<sup>75</sup> Hauglid 1991 s.508ff. Det går ikkje fram av framstillinga om tilknytinga til det kvenske innvandrarmiljøet bygger på ei nærmare vurdering av individuell etnisitet, kjennskap til slektskap eller på den geografiske tilhøyrsla til Nordkjosenområdet.

og uttrykk for ei ny heilskapsforståing av samfunn og tilvære. Særleg Wåhlin strekar under sambandet med dei agrare strukturendringane. Eit siktet mål vil vera å røkja etter om tilsvarande endringar gjorde seg gjeldande i Balsfjordsamfunnet, men her må dei også vera knytte til ei anna viktig primærnæring, nemleg fiskeria og dei tilhøyrande kjøpmannsrelasjonane.

Eg vil også røkja etter i kva mon rørsla kan ha uttrykt sosial protest, direkte og indirekte. Sosial protest kan koma til uttrykk m.a. i det sosiale grunnlaget for ei rørsle. Frikyrkjene vert dels oppfatta som rørsler med brei folkeleg rekruttering, dels som prega av underklasse. Førebelse undersøkingar av dei friapostoliske forsamlingane i Troms sprikar ein del. Resultata til Pryser, Nordby og Lundkvist syner at i den tidlege fasen hadde fleire frikyrkjerørsler underklassepreg. Desse galdt fremst byar, og eg vil undersøkja om dette preget også galdt ei bygdeforsamling som i Balsfjorden.

Balsfjorden var eit fleiretnisk samfunn, og Bomstad sjølv hadde delvis kvensk bakgrunn. I samband med ei undersøking av etnisitet som rekrutteringsfaktor vil eg også sjå om Bjørklund sin teori om samhandlingsgrunnlag for dei etniske gruppene kvenar og samar kan ha relevans for Balsfjordforsamlinga. Kan forsamlinga i Balsfjorden ha hatt ein tilsvarande mobiliserande og integrerande funksjon? Alternativt er det også mogleg å tenkja seg eit grunnlag der også den norske gruppa var inkludert i ein integrasjonsprosess, jmfr. Svebak si skildring av den læstadianske rørsla i Ofotenområdet.<sup>76</sup>

---

<sup>76</sup> Svebak 1983.

## Mellom to samfunnsformasjonar

Eg vil i dette kapitlet sjå på somme sider av den økonomiske utviklinga i Balsfjorden i eit litt større perspektiv, både i geografisk rom, i tid og ikkje minst i høve til to ulike sosiale og økonomiske system, samfunnsformasjonar. Det geografiske perspektivet vil difor variera noko frå det heilt lokale til Tromsøregionen og den nordlege landsdelen. Tidsperioden er den første delen av 1800-talet.

Siktemålet må heile tida vera å leita etter slike endringar som det einskilde mennesket kunne oppleva som så viktige, kvar for seg eller samla, at dei gav ei oppleving av at grunnleggjande vilkår hadde endra seg. For om det skal vera noko i teorien om vekkingsrørsler og nye organisasjonar som måtar å orientera seg i eit endra tilvære på, så lyt det også ha skjedd ei utvikling i samfunnet som dels skapte uvisse, dels konkret endring av føresetnadene for liv og framtid. Desse endringane må også ha byrja lenge før den meir djuptgåande omforminga av økonomisk og sosial struktur skjedde, hamskiftet, om ein vil.

**Samfunn og menneske i endring.** Det store hamskiftet er eit vanleg nytta uttrykk når ein skal skildra endringane og moderniseringa i det norske samfunnet på 1800-talet. Omgrep som standssamfunn og klassesamfunn vert då gjerne knytte til ulike produksjonsformer; ei forkapitalistisk og ei kapitalistisk. Nemninga forkapitalistisk er ikkje særleg presis, men det skal eg koma attende til.

Det nordnorske 1800-talssamfunnet var på mange vis enno i ein forkapitalistisk fase, langt på veg når vi ser på hundreåret som heilskap, i stor grad om vi held oss til den første halvdelen av perioden. I Troms fanst knapt nokon verksemد av industriell karakter, heller ikkje gruvedrift, før langt ute i hundreåret. I hamskiftedebatten har det òg vore reist spørsmål om det i det heile skjedde grunnleggjande endringar i hushaldsøkonomien på bygdene før tidlegast kring hundreårsskiftet, i alle fall i eit slikt omfang og så djuptgåande at ein kan kalla det eit omskifte.<sup>77</sup> For å få eit klårare og meir nyansert bilet er det sjølvsagt viktig å gjera greie for kva som karakteriserer dei ulike produksjonsmåtane. Det er også naudsynt å sjå på ulike sider av det nordnorske økonomiske systemet og den byrjande vekselsverknaden med ein veksande kapitalistisk sektor.

**Den privilegiebaserte økonomien.** Den enkle hushaldsbaserte produksjonen, gjennom småborgarleg vareproduksjon i byane og subsistensorientert produksjon på landsbygda, var ein

---

<sup>77</sup> Om omgrepet hushaldsøkonomi kontra pengeøkonomi/marknadsøkonomi sjå drøftinga i Pryser 1985:s.135-140. Jmfr. også Drivenes 1985:s.11-15,128f meir direkte knytt til nordnorske tilhøve.

Om omskifte: Fulsås, Gjerdåker og Strand 1994:s.2: "[Vi kan] ikkje fram til 1890 spore nokon grunnleggjande endring i landsdelens økonomi og næringsliv." Drivenes konkluderer også med at "hamskifteprosessen kom seint i gang i Nord-Norge" og antyder indirekte tida kring hundreårsskiftet. Drivenes 1985:s.14f.

viktig del av førkapitalistisk økonomi i Norge.<sup>78</sup> Eit karakteristisk drag i denne samfunnsorganisasjonen og ein sentral del av den merkantilistiske politikken var den privilegiebaserte økonomien. Ulike grupper hadde avgrensa og definerte rettar i produksjonssystemet. Økonomien fungerte innafor eit paternalistisk system av hierarkiske relasjonar. Det var eit system med klassepreg i den meinинг at somme grupper tok hand om ein langt større del av produksjonsoverskotet enn andre. Økonomien var basert på *privilegium*, gjennom tradisjon, lovgjeving eller styresmaktene sine administrative avgjelder.

Sentralforvaltninga representert ved kongemakta balanserte eigne interesser, gjerne definerte som staten sine, mot jordeigarane og storborgarskapen sine. Småborgarskapen i byane var også ein faktor å rekna med etter kvart, ein del av storbøndene også, men likevel klårt underordna dei leiande gruppene.<sup>79</sup> I interesseomsetnadene mellom gruppene vidareutvikla m.a. handelskapitalen dei kapitalistiske draga og vart ein drivkraft i den økonomiske endringsprosessen.

**Overgangen til ein kapitalistisk produksjonsmåte.** Denne prosessen tok i Norge til tidleg på 1800-talet - nokre vil seia før - og fekk gjennomslag på ulike sektorar og geografiske område til ulik tid. Det som er vesentleg, er likevel at den kapitalistiske produksjonsmåten ikkje treng vera gjennomførd 100% for at samfunnsøkonomien skal vera kapitalistisk i den meinингa at kapitalistiske prinsipp er grunnleggjande premissar for mest all produksjon og utveksling av varer og tenester. Til dømes har den enkle vareproduksjonen som var ein del av den førkapitalistiske produksjonsmåten, på eit vis overlevd både det 19. og det 20. hundreåret.<sup>80</sup> Det viser i og for seg både styrken i denne produksjonsmåten, så vel som fleksibiliteten i det kapitalistiske systemet. Kapitalismen sin styrke var at den også vart premissgjevar for andre typar økonomisk verksemd, og innordna dei i stor grad i marknadsøkonomien.<sup>81</sup>

---

<sup>78</sup> Hushaldsbasert økonomi trer i byane i sekundærnæringane fram som småborgarleg produksjon, på landsbygda i primærnæringane som subsistensorientert produksjon med siktet på sjølvberging.

I ein småborgarleg produksjonsmåte eig produsenten produksjonsmidla og tek aktivt del i sjølve produksjonen. Også den øvrige arbeidskrafta vert i hovudsak henta frå hushaldet, den eigne familien og i nokon mon tenrarar/sveinar som er integrerte i hushaldet. Produksjonen går i all hovudsak til ein marknad.

Ein sjølvbergingsprega eller subsistensorientert produksjonsmåte skil seg frå den småborgarlege ved at ein vesentleg del av produksjonen går til eige konsum. Berre det overskytande går eventuelt til ein marknad, om noko er att når skatt, jordleige m.v. er betalt. Samstundes gjev produksjonsmåten få incitament for overskotsproduksjon. Når det gjeld omfattande deltaking i dei marknadsretta fiskeria, trengst kanskje ei nyansering av definisjonen, men også her var hushaldet sine behov ein vesentleg premissgjevar. Jmfr. Drivenes:1985 s.15.

<sup>79</sup> Desse gjekk for øvrig over i kvarandre på fleire vis. Jordeigarane - kyrkja inkludert - representerte også somme foydale reminisensar, men ikkje i same mon som i fleire andre nordiske land. Storborgarskapen, der m.a. bruks- og verkseigarar og handelspatrisiatet hørde med, representerte i nokre aspekt ein spirande kapitalisme. Embetsmannsgruppa som samstundes var kongen sitt maktapparat, ideologisk, militært og økonomisk, fungerte også som ei sjølvstendig interesseguppe, i stor grad med røter i tidlegare maktsjikt.

<sup>80</sup> Jmfr. t.d. Colbjørnsen m.fl. 1987:s.31.

<sup>81</sup> Marknad fanst sjølv sagt også i førkapitalistiske system. Men reglar og rammer for kva som kunne omsetjast på marknaden var annleis, og omsetjinga ville i alle høve handla om ein mindre del av den totale økonomien.

Omskiftet til kapitalisme, hamskiftet, tydde mellom anna at produksjonsresultatet i jordbruket endra karakter frå å vera subsistensmidlar i ein sjølvergingsøkonomi til å verta vare på ein marknad.<sup>82</sup> Produksjonsoverskotet vart også i større grad investert på ein måte som kunne auka produksjonen. Føresetnader for ei slik utvikling var ei omorganisering av produksjonstilhøva, slik at den einskilde brukaren fekk rådvelde og individuell styring over produksjonsmidla, dvs. jord, husdyr, driftsbygningar og reiskapar. Her var rådvelde over jorda det mest sentrale, noko som primært vart nådd dels med utskifting, dels med sjølveige.<sup>83</sup> Samstundes vart mykje av den gamle arbeidsfellesskapen borte, dels av di den kom i konflikt med den nye organiseringsmåten, dels av di det kort og godt ikkje var trong for den på same vis.

**Ressursgrunnlaget.** Korleis var så dei økonomiske strukturane i den nordlegaste landsdelen, spesielt i Troms, ved byrjinga av 1800-talet? Det viktigaste ressursgrunnlaget i første del av 1800-talet knytte seg til ei økologisk tilpasning prega av mangfald og fleksibilitet, ein økonomi med eit samansett næringsgrunnlag. Hushaldet var både produksjonseining og konsumeining.<sup>84</sup> Det hadde ofte fleire bein å stå på, og jordbruk og fiske var dei mest typiske.

Fiskarbonden er eit innarbeidd og ganske dekkjande omgrep, for det nordlege Norge så vel som for Balsfjorden. Det må likevel understrekast at "fiskarbondehushald" ville vera meir presist. Det var ei tradisjonell arbeidsdeling mellom kjønna som gjorde både mann og kvinne til heilt naudsynte partar i produksjonen. Eit normalhushald med gardsbruk trong også meir arbeidskraft enn det eine vaksne paret. Tenestefolk og heimeverande søner og døtrer, vaksne eller barn, var viktig arbeidskraft.

For jordbruket var åkerjord og innmarkseng viktigaste ressursgrunnlaget, men også utslåttar og andre utmarksressursar var viktige. Heimefisket gav eit viktig næringstilskot ut over det jordbruket gav. Sjølv om Balsfjorden ikkje har vore spesielt kjend som nokon god fiskefjord, var nok både heimefisket og fiske i nærområda med på å sikra tilgangen av føde. Dessutan var fjordfisket og tarebeltet å sjå på som ein ressurs også i jordbruksamanheng, ikkje minst med løyplingsgryta i vårnipa.<sup>85</sup>

---

<sup>82</sup> Zerlang peikar på eit vesentleg poeng: Bondehushaldet med sin produksjon av subsistensmidlar vil vera motstandsdyktig mot omstruktureringspresset så lenge det berre er overskotet som får vareform, ikkje det hushaldet treng for sin reproduksjon. Zerlang 1976 s.59f.

<sup>83</sup> Jmfr. Pryser 1985:s.120-124.

<sup>84</sup> Sjølv om ikkje all produksjon vart konsumert i hushaldet, avsetnaden av fisk var t.d. knytt til ein marknad, så tyder ikkje det at hushaldet fungerte i ein marknadsøkonomi i kapitalistisk meinung av ordet.

<sup>85</sup> Både sei og sild var viktige fiskeslag både for heimemarknaden og til eige forbruk; Solhaug 1976:s.243, 341, 396ff; Magelssen og Larssen 1925:s.151. Av sildefangsten i Malangen vinteren 1854-55 gjekk 8% til sal, resten til eige forbruk og til dyrefør; Hauglid 1991:s.111.

Dei varierande klimatiske tilhøva sette stramme grensar for jordbruket, og snevrare for åkerbruket enn for fehaldet. Tilhøva for fisket varierte endå meir. Mest avgjerande var likevel at store delar av 1800-talet var prega av uvanleg rike innsig av fisk, torsk så vel som sild. For balsfjordingane spela sesongfiskeria spesielt i Lofoten og på Finnmarkskysten ei vesentleg rolle. I Finnmark galdt det sommarfiske etter sei, i vårtorskefisket deltok ikkje fiskarar frå Balsfjorden før etter 1855.<sup>86</sup> Fiskeria la grunnlaget for ei tredje viktig næring, handelen, men den var det i all hovudsak ein liten elite av bykjøpmenn og nokre gjestgjevarar som hadde hand om. Allmugen på landsbygda kunne elles finna somme attåtnæringer i t.d. fangst og jakt. I somme område vart også skogen etter kvart nytta til ulike produkt ut over ved til eigen bruk.

**Jordbruket i første del av 1800-talet.** Den tradisjonelle produksjonsmåten, eit hushaldsbasert sjølverbergingsjordbruk, var framleis framherskande i det nordlege Norge, og Balsfjorden var ikkje noko unnatak.<sup>87</sup> Sjølv om det ytre sett ikkje var store endringar i jordbruket i den første halvdelen av hundreåret, var det likevel utvikling å spora. Særleg i åkerbruket var produksjonsauken i landet markant, og det galdt til ein viss grad også nordpå. Poteta var eit nytt og viktig innslag også her og gav ei meir årvisse avling enn kornet.<sup>88</sup>

Lenge var det jord nok i Balsfjorden. I alle høve tok det tid før ein fekk bruksdeling i noko omfang. Anten vart det rydda ny jord i utmarka på eksisterande gardar, eller så fekk ein nyrydding i tidlegare ubygde land.<sup>89</sup> I 1847 var bruka i Balsfjorden i snitt på 0,92 dalar skyld, medan dei var klårt mindre i Malangen og i Tromsø for øvrig. Med ny skyldsetting frå 1838 hadde Balsfjorden auka sin del av samla skyld frå 15% til 36%. Voksteren av jordverdien i Balsfjorden må såleis ha vore langt større enn elles i prestegjeldet.<sup>90</sup> Frå 1838 til 1858 vart det i Balsfjorden skyldsett 64 nye bruk, ein auke på 52%. Meir enn firedeles av desse låg i Storskogens allmenning, og ein god del andre bruk var også nyrydningsar. Ordinær bruksdeling ser ut til å skjedd i størst grad langt ute i fjorden, dels i det norskdominerte området og dels i det samiske på sørssida.<sup>91</sup>

---

<sup>86</sup> Hauglid 1991:s.106f.

<sup>87</sup> Hauglid 1991:s.281. Om fedrift: Magelssen og Larssen 1925:s.136. Noko overskot for sal kan tenkjast, jmf. Hauglid 1991:s.114.

<sup>88</sup> Pryser 1985 s.112-116, Sejersted 1986 s.134f. Sejersted framhever elles husdyrproduksjonen; Sejersted 1991 s.13f. Tromsøregionen hadde ein moderat, men tydeleg produksjonsauke; Andresen 1994 s.145-148. Produksjonen av korn og poteter sikta også på eige forbruk, så langt det rakk; Hauglid 1991:s.115,121f,133f.

<sup>89</sup> Magelssen og Larssen 1925:s.190,196. I skriv frå 1847 seiest om voksteren i folkemengde m.a.: "Denne Tilvekst hitrører ..... for Landdistrikts Vedkommende fra, at en stor Del forhen ubrugt Jord er taget i Besiddelse, fornemmelig i den Del af Sognet der ligger inde i Balsfjorden og Malangen og til Fjelds."

<sup>90</sup> Utrekninga basert på Magelssen og Larssen 1925:s.197 om matrikkelskyld og tal jordbrukarar i dei planlagde sokna Tromsø[sund], Balsfjorden og Malangen.

<sup>91</sup> Basert på Magelssen og Larssen 1925:s.124ff.

Dei aller fleste var leiglendingar. Nokre brukarar ytst i fjorden kjøpte benefisert gods frå 1824 av, men det vara heilt til 1860-åra før det vart sold ut noko av Moursundgodset. Elles ser det ut til at utskifting generelt kom seint i gang i Balsfjorden - med somme unnatak. Fleire av sjøveigargardane ytst i fjorden vart tidleg utskifte, likeeins sjøgardane inst i fjorden frå Slettnes til Holmenes.<sup>92</sup>

Strukturendringane i Balsfjordjordbruket gjekk altså ikkje snøgt, korkje med omsyn til sjøveige eller utskifting. Produksjonen vart i hovudsak drive tradisjonelt, sjølv om det vel kan tenkast at mindre mengder med overskotsproduksjon frå februket fann veg til Tromsø. Ein viss samla produksjonsauke fann stad i åkerbruket med større satsing på poteta.<sup>93</sup> Det mest særmerkte draget var likevel den sterke utvidinga av jordarealet, fremst ved nyrydding i allmenningane.

**Handel og fiskeri.** Fiskeria la grunnlaget for ein sektor prega av handelsøkonomi, og i første del av hundreåret var det nok langt meir dynamikk i denne sektoren enn i jordbruken. Men sjølv om det fanst ein marknad, var det likevel ikkje tale om marknadsøkonomi i eigentleg kapitalistisk mening. Rettane i handelen var strengt regulerte, det galdt ikkje minst kven som kunna driva handel. I høve til vidaresalet i og frå Bergen fungerte nok ein del prismekanismar slik ein kapitalistisk marknad regulerer dei; innan det nord-norske området og andsynes fiskaren vart det inga sjølvstendig prisdaning.<sup>94</sup> Dei einskilde fiskarane var knytte til handelsmenn dei ofte stod i gjeld til. Dei var såleis bundne til denne handelsmannen og måtte berre godta dei prisene han fastsette. Det gav sjølv sagt også ei form for tryggleik, normalt var fiskaren sikra kredit og utreiding.

Då jektfarten og direktehandelen med Bergen vart redusert, skjedde det ei mellombels styrking av nessekongane på handelseta utanfor dei nye bydanningane i nord. Men framleis segla nokre jekter på Bergen, og i tillegg gjorde somme oppkjøparar frå Trondheim og Bergen seg direkte gjeldande ved fangstfelta. Som den einaste av dei nye byane voks Tromsø snart fram som ein reell konkurrent.<sup>95</sup> Sist, men ikkje minst vart pomorhandelen både legalisert og meir omfattande.

Men dette tydde ikkje utan vidare at den nord-norske fiskaren no hadde fritt val på øvste hylle, og at det vart ein reell priskonkurranse slik at han kunne selja til den som baud mest. Det tok

<sup>92</sup> M.a. Selnes 1822/1845, dei inste sjøgardane 1831-1833, Sørkjøs mogleg unntake. Kor omfattande utskiftingane var, er uvisst. Mappe: Utskifting, Balsfjord bygdebokarkiv.

<sup>93</sup> Medan sjølvforsyningssgraden av korn gjekk noko ned frå 1819 til 1835, skjedde det motsette for poteta. Potetproduksjonen auka også fram til 1855, også pr. person. Hauglid 1981:s.186f, Hauglid 1991:s.122.

<sup>94</sup> Bryggekjøpmennene fastsette ein sams pris for fisken m.a. ut frå marknadssituasjonen lenger sør i Europa; jmfr. Benum 1974 s.4.

<sup>95</sup> Benum 1974:s.6. Jektfarten i Tromsø fogderi gjekk sterkt attende; i 1840 var berre ein jekteskippar att; jmfr. Ytreberg: 1946:s.301. På s.254 nemner han likevel 4 jekter i 1840. I Balsfjord vart det registrert ei jekt ved ft1855, men den var truleg ikkje nytta til Bergensfart.

derimot fleire tiår før ein nådde fram til noko nær ein slik marknadssituasjon. I første omgang var det Tromsøkjøpmennene som styrka stillinga si, og fiskarbøndene var framleis avhengige av utreiding og kreditt.<sup>96</sup>

**Vart fiskarbonden stilt friare?** Sjølv om strukturen i handelen endra seg, vart det ikkje utan vidare noka endring for fiskarbonden. Byttilhøvet for fiskaren vart knapt endra til det betre. Heller ikkje gav meir lokale kjøpmenn lettare kreditt, korkje gjestgjevaren eller bykjøpmannen?<sup>97</sup> Lite tyder på at nessekongane førde noko kvalitativt nytt inn i relasjonen mellom fiskar og kjøpmann. Fiskarane miste etter kvart også mykje av kontrollen med tilverkninga og omsetjinga og vart i større grad reine råvareleverandørar.<sup>98</sup>

Reelle endringar kom først då det gjekk nedover med handelsstadene i andre halvdelen av hundreåret. Handelslovgjevinga vart også liberalisert, og fiskarane fekk etter kvart høve til alternativ kreditt gjennom voksteren av sparebanksystemet. At fiskaren kunne gjera seg nytte av desse, føresette rett nok at han kunne frigjera seg frå kjøpmannsgjelda. Då krovst alternative kontantinntekter, eller så rikt fiske at det gav eit større overskot. Dessutan måtte han faktisk ha så pass med allmennkunnskapar og reknedugleik at han sjølv kunne følgja med i kreditt/debet-stoda og ikkje ta ut så mykje varar at han framleis var bunden. Og rekning var ikkje det faget som var prioritert i den for øvrig svært enkle skuleopplæringa på den tida.<sup>99</sup>

Tromsø fekk eigen sparebank i 1837. Noko av problemet i handelen var mangelen på fleksible betalingsmiddel, særleg kontantar.<sup>100</sup> Det var fremst Tromsøkjøpmennene som nytta banken dei første tiåra. Banken skulle også ha tryggleik for lån, og det var til vanleg spørsmål om fast eigedom.<sup>101</sup> Få balsfjordingar var sjølveigarar, og det var avgrensa kva dei elles hadde å

---

<sup>96</sup> Bratrein 1988:s.100f.

<sup>97</sup> Solhaug tvilar på at den lokale kjøpmannen var meir slepphendt med kreditt enn Bergenskjøpmannen, men han var i det minste lettare å nå. Solhaug 1976 s.673.

<sup>98</sup> Sejersted 1986 s.157ff, Fulsås 1987 s.31f.

<sup>99</sup> I ein rapport frå 1851 om skulevesenet i Tromsø landsokn heiter det m.a. om indre Balsfjorden skuledistrikt: "Nogen egentlig Regneundervisning kan under de nærværende Omstendigheder ikke finde Sted." Med berre to veker skule i året på kvart barn er det klårt at det var lesing i tilknyting til kristendomsundervisninga som vart prioritert. I ytre Balsfjorden var det tre veker skule i kvar rode. Så der fekk vel tredelen skriveundervisning, og 7% av elevane hadde "Tavleregning". Biskopen i Tromsø stift arkivnr. 470: Visitasprotokoll 1837-1851, om Tromsø landsogn 14.6.1851.

<sup>100</sup> For kjøpmennene i høve til allmugen var det også eit maktmiddel og kunne samstundes vera ein måte å auka fortenesta på. Andresen 1994 s. 129, Solhaug 1976 s.121f.

<sup>101</sup> Andresen 1994 s.182. Det verkar ikkje som banklån med pant i garden var vanleg i Balsfjord før Hypothekbanken fekk avdeling i Tromsø i 1882; Magelssen og Larssen 1925:s.123.

pantsetja. Landhandlaren var kanskje eit meir reelt kredittalternativ for fiskarbonden. Men sjølv om handelen vart frigjeven med ny handelslov alt i 1842,<sup>102</sup> tok det tid før landhandlarar etablerte seg i Balsfjordområdet. Ikkje før i 1860-åra kom det lokale handelsmenn inne i fjorden.<sup>103</sup> Direktehandel med russarskutene var mogleg for mange, sjølv om også mykje av pomorhandelen gjekk gjennom Tromsøkjøpmennene.

Fiskaren/fiskarbonden var rett nok bunden til kjøpmannen, men i blant, som ved særskilt godt fiske, måtte fiskaren koma i overskot. Problemet var likevel at han ikkje kunne ta ut dette i reine pengar anna enn unnataksvis. Normalt måtte han ta ut det han hadde til gode, i varer.<sup>104</sup> I den mon fiskaren kunne få kontantoppgjer, stilte det han friare. I Tromsø var kontanthandelen aukande, men langt ut i andre halvdelen av hundreåret var både kreditthandel og bytehandel relativt vanleg.<sup>105</sup>

Handelen var altså i all hovudsak ein bytehandel, i alle høve til nærmere midten av hundreåret. Overskotet kunne fiskaren ta ut i forbruksvarer, eventuelt investera i betre bygningsstandard eller i båt og børnskap.<sup>106</sup> Det må også ha skjedd i Balsfjorden. Ei teljing i 1855 syner at i ein del område var det investert i sildenøter og seinøter, ikkje minst frå det norske sjølveigarområdet ytst i fjorden.<sup>107</sup> Notbruk var for øvrig ikkje noko kvarmannseige, og det var til vanleg berre dei betrestilte i allmugen som hadde råd til slike investeringar. På ulike vis har nok framgangen i fiskeria leia til noko betring for den einskilde fiskarbonden, ikkje berre til å brødfø den veksande folkemengda.

**Mot midten av hundreåret - ei byrjande omdaning av samfunnet.** Vi kan seia med rimelig stor visse at den første delen av det 19. hundreåret ikkje baud på grunnleggjande endringar i det økonomiske **systemet** for befolkninga i Troms og heller ikkje i Balsfjorden. Likevel var samfunnet langt frå å vera statisk.

Eigedomsstrukturen i fjordområda vart ikkje avgjerande endra. Byggel bruk var framleis det

---

<sup>102</sup> Prosessen hadde alt byrja, t.d. med lova av 1839 om handel i Nordlanda. Utviding av frihandelen kom med handelslovene av 1857 og 1866. Pryser 1985 s.182ff.

<sup>103</sup> Magelssen og Larssen 1925 s.245f.

<sup>104</sup> Sejersted 1986 s.153. Dette galdt til ein viss grad også tilreisande oppkjøparar som etter reglane skulle handla kontant. At dei likevel ønskte varebyte, hadde dels med setelmangel å gjera, dels med høgre forteneste. Solhaug 1976 s.121f,289. Bytesystemet var ikke noka særordning for fiskarane, også bybuarane hadde same avhengige og gjeldsskapande tilhøve til kjøpmannen, jmfr. Andresen 1994 s.128-131.

<sup>105</sup> Andresen 1994 s.183, 261.

<sup>106</sup> Ytreberg 1946 s.295.

<sup>107</sup> Av større båtar og nøter var registrert 42 fembøringar, 57 åttringar, 5 sildenøter og 22 seinøter; ft1855. Det er berre i den nordaustlege halvdelen av fjorden ein kan sjå fordelinga meir detaljert.

vanlege. Teigblanding og leiglendingssystemet har t.d. vore rekna som eit hinder for utviklinga av landbruket.<sup>108</sup> I Troms som heilskap vart det nok ein god del fleire sjølveigarar, men i Balsfjorden var det framleis svært få. På bygselgardane var det heller ikkje vanleg med utskifting enno. Folkeauken leia også til større press på tilgjengelege ressursar. Ei formannskapssak i Tromsø landsokn i 1845 tyder på at vilkåra for leiglendingane var blitt skjerpa. Jordegodseigarane fekk kritikk for å ha tilsidesett lovlege grenser for "Bygselen og den aarlige Avgifts Størrelse".<sup>109</sup> Men innafor det tradisjonelle systemet skjedde det ei utvikling. Fornying av driftsmåtane litt etter litt auka avkastninga av åker og fehald. Om det var litt overskotsproduksjon, kunne den avsetjast i Tromsø.

Den viktigaste næringa utanom var fisket, og for ganske mange vart det óg hovudnæringa. Kor mange som faktisk tok del i fiskeria, er ikkje så lett å talfesta. Folketeljingane gjev mangelfulle opplysningar. På grunnlag av Solhaug sine data frå perioden 1840-1865 kan ein rekna ut at 10-12% av folkesetnaden i noverande Troms tok del i Lofotfisket. Med ein tilsvarande del frå Balsfjorden kan det i 1855 ha vore tale om 200 balsfjordingar eller vel det. Ikkje alle var på Lofoten, så å rekna eit snitt på ein fiskar pr. hushald i Balsfjorden på 1850-talet, er truleg ikkje urealistisk.<sup>110</sup>

Særleg første del av 1840-åra var ei oppgangstid for fisket.<sup>111</sup> Fiskaren og fiskarbonden fekk etter kvart fleire kanalar til avsetjing av fisken, sjølv om det kan vera usikkert kor mange som reelt var i stand til å nytta seg av dette på denne tida. Kreditt som var uavhengig av oppkjøpar, var nok framleis ein utopi for dei fleste.<sup>112</sup> Oppsvinget i fisket gav likevel høve til fleire individuelle val. Det gav næringsalternativ til den jordlause innersten og husmannen så vel som til ungkaren som ikkje ønskte å gå i teneste. Ein del må også ha greidd å betra den økonomiske posisjonen sin.

Ein lokal handel med ymse produkt var også i utvikling. Eit visst jordbruksoverskot var tradisjonelt seld på lokale marknader som det på Skibotn og via lokale handelsmenn.<sup>113</sup> Men det må

<sup>108</sup> Pryser 1985 s.121ff. Andresen nemner kjøpmannsgjelda til sjølveigaren som stimulans til auka avkastning. Andresen 1994 s.145.

<sup>109</sup> Referert i Hauglid 1991 s.174.

<sup>110</sup> Det vil i så fall seia godt over 300 fiskarar i 1855; jmfr. elles Hauglid 1991:s.96ff. Båtteljinga i 1855 syner at det var 99 åtringar og femböringar i Balsfjord, meir enn nok for eit slikt tal med ei snittbemannning på 4-5 mann. Utrekninga til 200 er basert på at 20% av lofotfiskarane var frå Troms, også før 1860-åra, noko som truleg ikkje er høgt rekna. Jmfr. tabellar og tekstopplysningar i Solhaug 1976:s.98ff,178,310f,742.

<sup>111</sup> Ytreberg 1946 s.300. Solhaug 1976 om Lofotfisket i 1840-åra s.100,134; om Finnmarksfisket s.270; om sildefisket s.394f.

<sup>112</sup> Fulsås m.fl. skildrar relasjonen mellom handelsmenn og fiskarbønder meir positivt og karakteriserer den som eit "oppkjøpssystem". Sjølv om kredittbanda gjorde bønder (og kjøpmenn?) noko avhengige, ser forfattarane fremst på fiskarbøndene som formelt sjølvstendige med kontroll over produksjonsprosessen. Fulsås, Gjerdåker, Strand 1994 s.1. I Fulsås 1987 kjem atterhalda meir fram, jmfr. note 98.

<sup>113</sup> Skibotnmarknaden var fremst ein marknad for reindriftsprodukt og jordbruksprodukt frå svensk lappmark;

lenge ha vore av marginal tyding. Tromsø by var i snøgg vokster frå 1820-åra, og etter kvart måtte også Balsfjorden verta inkludert i det aktuelle omlandet, i nokon mon alt før 1840.<sup>114</sup> Vedforsyningar må ha vore viktige, men leiglendingane hadde til vanleg ikkje høve til å ta ut korkje ved eller tømmer for sal. Men avsetnad var det i Tromsø for både ved, bord og tømmer. Ekspansjonen og nybygginga i byen spesielt frå 1820-åra og fram til om lag 1850, kravde bord- og tømmerleveransar frå distrikta. Av matvarer må det ha dreid seg om smør og kjøtt, eventuelt også ost og poteter, og frå utmarka bær og vilt.<sup>115</sup> Fjorden låg for langt vekk til å vera aktuell som leverandør av ferskmjølk.

Men dette var også eit transportspørsmål. I 1857 drøfta kommunestyret spørsmålet om eventuell handelsstad inst i Balsfjorden. Kommunestyret var samd om at det ville vera tenleg å ha ein handelsmann her "da mange boer til Lands og saaledes have Besværlighed ved at bringe sine Varer til Byen". Dette tyder på at det på dette tidspunktet var ein viss, kanskje betydeleg handel med Tromsø by, og at denne handelen etter alt å døma har omfatta også den indre delen av Balsfjorden. Ikkje minst må ymse skogsprodukt ha vore viktig i dette området.<sup>116</sup>

Den privilegiebaserte handelen hadde enno ikkje heilt utvikla seg til ei reit kapitalistisk næring, korkje i høve til marknad eller prisdanning.<sup>117</sup> Sjølv om ny handelslov, sparebank m.v. bidrog sterkt til denne utviklinga allereie før midten av hundreåret, var innhaldet i relasjonen mellom handelsmann og fiskarbonde mindre prega av endringar. Dette tilhøvet var enno prega av tradisjonell bytehandel i ein paternalistisk herre/underordnarelasjon. Samstundes kan situasjonen ha vore prega av meir uvisse, om alt ville verta ved det gamle, eller om nye "patronar" ville stilla nye og kanskje hardare krav? Ja, kanskje nokre også hadde von om ei friare stilling.

Det statlege - og etter kvart kommunale - forvaltningsapparatet stilte også krav som greip inn i ulike delar av tilværet, også med økonomiske følgjer; direkte med skatt m.v., indirekte med t.d. skulepålegg og lovgjeving. Mykje av dette var ikkje nytt, men bygde lett opp under spenningstilhøvet mellom allmuge og embetsverk.

Innafor dei gamle strukturane var det spenningar og rørsle, uro og fornying. For den enskilde fiskarbonden og hushaldet hans var likevel *strukturane* abstrakte. Hushaldet stod midt i

---

Andresen 1994 s.153ff. Men også lokale bønder førde somme varer dit alt så tidleg som i byrjinga av hundreåret, jmfr. Haugelihengarane i Nordkjos, Hauglid 1981:s.289f.

<sup>114</sup> Ein innsendar i Tromsø Tidende i 1840 omtala både Lyngen og Bardu- og Målselvdalen som ein del av opplandet til Tromsø, attgleven i Andresen 1994:s.151.

<sup>115</sup> Andresen 1994 s.149-152, Magelssen og Larssen 1925:s.136,138,152. Tømmer: Ytreberg 1946:s.295.

<sup>116</sup> Magelssen og Larssen 1925:s.146.

<sup>117</sup> Først etter Krimkrigen vart t.d. banda mellom kjøpmennene i Tromsø og Hamburg løyste, Ytreberg 1946 s.269f.

den daglege kampen for levebrødet, der produksjonsmidla låg rett utafor stovedøra, og så var det å gje seg i kast med naturen. Det var ein viktig faktor til; samspel og motspel i ei rad personlege relasjonar, innanfor hushaldet og utetter, dei sosiale og økonomiske samhandlingane som skapte produksjonsresultatet og avgjorde fordelinga, eller omfordelinga. Gjennom desse relasjonane var den einskilde knytt til samfunnet, også dei strukturelle endringane.

## Befolkinga i Balsfjorden - folketalsutvikling og etnisk samansetnad.

Eg vil her sjå noko nærare på noko av den lokale bakgrunnen for dissentarrørsla og sjå på folketalsutvikling og etnisk samansetnad i Balsfjorden i første del av 1800-talet. Som det går fram i det føregåande kapitlet, oppfattar eg endringar i dei sosio-økonomiske tilhøva som dei mest grunnleggjande føresetnadene for sosial mobilisering. Desse står samstundes i ein vekselverknad med demografiske og økologiske tilhøve, og det er ikkje til ei kvar tid utan vidare sjølvsgåt kva som er høna og eget her. Grensene for ressursutnytting er også eit spørsmål om preferansar, organisering og teknologi. Det verkar likeins rimeleg at ein folketalsauke eller store endringar i samansetnaden av befolkninga må verka inn på sosiale og økonomiske tilhøve, også der den ikkje leiar til meir strukturelle endringar. Men også kulturelle faktorar vil eg tilleggja vekt. Eg ser ikkje utan vidare den kulturelle overbygninga som noko direkte og automatisk resultat av dei overnemnde basistilhøva, men som eit tilhøve prega av vekselverknad.<sup>118</sup> Her kan til dømes verdiar og preferansar med utgangspunkt i kulturane til ulike etniske grupper gjera seg gjeldande.

### **Demografisk utvikling.**

Balsfjorden var eit område der folketalet var i sterkt utvikling på 1800-talet. Dette var ikkje særmerkt for Balsfjorden, dette tilhøvet galdt i heile Norge, i alle høve i første halvdelen av hundreåret, og i særleg grad Nord-Norge. Det er til dels ulike kjelder for talmaterialet som er nytta i den følgjande tabellen for Balsfjorden<sup>119</sup>, Tromsø landsokn<sup>120</sup>, Troms landdistrikt<sup>121</sup> og heile landet<sup>122</sup>.

Sjølv om folketalet for Balsfjorden i 1815 er noko usikkert, er det likevel tale om ein tydeleg folkeauke i fjorden også frå 1801 til 1815. Også auken i det neste tiåret er langt større enn i

---

<sup>118</sup> Faktorar som kan verka inn, kan vera så vel spesifikke etniske verdiar/kulturdrag som delkulturelle og subkulturnelle. Om tilhøvet basis/overbygning jmfr. Wåhlin sitt omgrep faseforskuva vekselverknad og Sandlund sitt syn på den kulturelle/ideologiske overbygninga som ei spegling av den tidlegare sosio-økonomiske stillinga til (den etniske) gruppa. Wåhlin 1984 s.9f, Wåhlin 1985 s.52ff, Sandlund 1976 s.137ff,145.

<sup>119</sup> I dei aktuelle teljingane fram til og med 1855 inngjekk Balsfjorden i ei større eining, landdistriktet i Tromsø prestegjeld. Eg har teke utgangspunkt i grensene for Balsfjord sokn ved utskiljinga til eige prestegjeld i 1856.

<sup>120</sup> Av omsyn til jamføringa inkluderer tala, i tillegg til Tromsøsund i 1855 og 1865, også Balsfjord/Malangen som då var utskilde, først som eigne sokn, så som eige herad og prestegjeld. Kjelde: NOS C.Nr.1 Åldre rekke. DEL: Summariske Opgaver over Folkemængdens Bevægelse m.v. i Aarene 1856-1865. Tabell no 9. s.192.

<sup>121</sup> Noverande Troms fylke utanom Tromsø bykjerne samsvarar i hovudsak med tidlegare Senjen og Tromsø fogderi i Finmarkens amt, Tromsø amt frå 1866. Tal frå Solhaug 1976: Tabell 1 s.742 samsvarar med Helland 1899a:-s.493.

<sup>122</sup> NOS C.Nr.1 Åldre rekke. Del: Summariske Opgaver over Folkemængdens Bevægelse m.v. i Aarene 1856-1865, innledn. s.IX.

nærregionen og i landet som heilskap. Den store auken 1815-1825 kompenserte nok - også i Balsfjorden - for ein mindre vokster i dei vanskelege åra før. Totalt sett var den gjennomsnittlege årlege voksteren i Balsfjorden i heile perioden 1801-1825 på 2,1%.

### **Tabell 1: Folketalsutvikling i Balsfjorden 1801-1865 med jamføringar.**

Folketalet i ymse område 1801-1865 med prosentvis årleg auke i føregående periode.

	Balsfjorden		Gml. Tromsø landsokn		Troms landdistr.		Norge	
	folke-tal	% auke	folke-tal	% auke	folke-tal	% auke	auke i %	pårekna/tald
1801	703		2940		19204			
1815	817	1,1	3009	0,2	17711	-0,6	0,26	0,02
1825	1161	3,2	3703	2,0	21161	1,7	1,44	1,63
1835	1361	1,6	4286	1,5	25431	1,9	1,27	1,29
1845	1648	1,9	4757	1,0	29340	1,4	1,00	1,06
1855	2034	2,1	5697	1,8	35308	1,9	1,17	1,15
1865	2228	0,9	6242	0,9	41265	1,6	1,26	1,34

Sjå merknader om utrekning av årsvokster 1801-1815 og 1815-1821,<sup>123</sup> generelt om årsvokster<sup>124</sup> og om folketalet i Balsfjorden 1815.<sup>125</sup>

Vi ser vidare at det i Balsfjorden var ein ganske jamn folkeauke frå 1825 til 1855. Den var også litt akselererande, noko sterkare i slutten av perioden enn i byrjinga. Voksteren var i snitt også noko høgare enn i nærregionen, både i det opphavlege Tromsø landsokn og i noverande Troms

<sup>123</sup> Mellom ft1801 og ft1815 var det 14 år 3 månader. Med berekna årsvokster basert på 14 år kan ratane verta litt for høge, men feilmarginen vil vera høgst minus 1 på siste gjeldande siffer.

Tida mellom ft1815 og ft1825 er 10 år 7 mnd. Det er nyttा interpolering mellom verdiane av årleg vokster rekna ut frå 10 respektive 11 år. For Balsfjorden er talet i alle høve noko usikkert, jmfr. merknad til 1815.

<sup>124</sup> Tala for årleg vokster for heile landet er henta frå off. statistikk, sjå aktuell note. Dei øvrige er rekna med to gjeldande siffer (ein desimal), noko som vil gje rimeleg signifikante verdiar for ein mindre populasjon sjølv om folketalsoppgåvene kan variera litt. For Balsfjorden t.d. opererer Hauglid med delvis andre folketal, mellom anna p.g.a. at soknegrensene seinare i hundreåret er utgangspunktet. Ei kontrollrekning på desse tala gjev likevel små eller ingen avvik når resultatet vert gjeve med to gjeldande siffer.

Ratane for årsvokster er berekna på grunnlag av heile år med eitt unnatak; sjå førre note. Etter som folketeljingsdatoane kunne variera, kan dette gje små feil, men maksimalt ein tidels prosent.

<sup>125</sup> Folketalet i 1815 for Balsfjord er basert på eit sjeleregister for Tromsø landsokn påbyrja i 1815, ikkje på folketeljinga, der Balsfjorden vanskeleg let seg skilja ut i det summariske talmaterialet. 817 er pårekna tal individ oppførde frå byrjinga av perioden. Eit visst skjøn har vore naudsint. Uvissa gjeld tidspunktet for avgang av strokne eller tilkomst av pårekna nyoppføringer. Teoretisk kan folketalet liggja mellom 813 og 832, truleg 817+/-4.

(dvs. Senjen og Tromsø fogderi). At folketalsauken i heile Tromsø landsokn var mindre enn i Balsfjorden, kan mellom anna ha som årsak at dei mest bynære delane avgav meir av befolkningsoverskotet til det veksande Tromsø.

I perioden 1855-1865 snudde utviklinga seg tydeleg i Balsfjorden. Det var framleis vokster, men med langt lågare årleg auke enn tidlegare. Slik var det også i Tromsødistriktet, medan nedgangen i voksterrate var liten for Troms som heilskap. I landet som heilskap var raten aukande. I Tromsø by var det heller ikkje store endringar, litt veikare vokster enn før, men den var framleis etter måten høg. Så årsakene låg nok mindre i regionen enn i sjølve Balsfjorden. Ein grunn kan vera at mangelen på jord no vart tydelegare. Dei tilhøva som verka inn på folkeauken, hadde nok også byrja å gjera seg gjeldande noko før 1855. Dei kan tenkjast vera ein del av rammeføresetnadene for dissenterrørsla i 1850-åra.

Folkeauken er ikkje i seg sjølv eit teikn på ein endringsprosess. Meir avgjerande er kva sosiale og økonomiske mekanismar det var i lokalsamfunnet for å møta folkeauken. Det er i relasjonen mellom folketalsutviklinga, ressursgrunnlaget og fordelinga av produksjonsresultatet det viktigaste spenningstilhøvet ligg. Utviklinga kan også ha vore ulik i ulike delar av Balsfjorden. For å kunna sjå nærmere på dette, spesielt for tida fram mot midten av hundreåret, har eg delt Balsfjorden opp i mindre område og sett på folketalsutvikling, yrkesgrupper m.v. Ein del av områdegrensene svarar til grenser mellom skulekrinsar og teljingskrinsar i folketeljingane, dels byggjer dei på gamle gardseiningar. Eg har også teke omsyn til at inndelinga skulle gje høve til å få fram eventuelle særdrag ved etnisk dominans, sjølveige og nyrydding. For å kunna gjera jamföringar på statistisk truverdig grunnlag må heller ikkje områda vera for små eller for ulike i storleik. (Tabellen neste side)

Her ser vi at folketalsutviklinga i perioden 1801-1835 skil seg frå perioden 1835-1855 på fleire vis. I 1801-1835 steig folketalet til nærmere det dobbelte, og i mest alle områda var det klår auke. Berre i område 4, inst i Nordkjosen, var det mest stillstand, og andelen av samla befolkning vart sterkt redusert. Men elles er tendensen klår. Folkeauken var minst lengst ute og på nordsida av fjorden (område 1 og 2), sørsida heldt gjennomsnittet (område 8), medan største tyngda låg i indre del av fjorden der alle dei sjønære områda - unntake område 4 - låg godt over gjennomsnittsauken. Men aller høgast låg område 6 som omfattar Storskogen. Her hadde nyryddinga byrja, for lengst kring Sagelvvatnet, etter kvart lenger inne i allmenningen.

I 1835-1855 endra dette biletet seg noko. Framleis var det inst i fjorden den største voksteren var. Nordkjosen (område 4) hadde no stabilisert seg og hadde folkeauke om lag på gjennomsnittet, men klårt over i den siste halvparten av perioden. Elles sprikar biletet av utviklinga noko. I den inste delen av fjorden hadde område 5 så å seia stillstand, også i absolutte tal. I områda 6 og 7 med dei største nyryddingsområda auka folketalet framleis sterkt, men med noko redusert vokster.

**Tabell 2: Folketalet i Balsfjorden 1801-1865 i ulike område.**

I absolutte tal og prosentvis del av samla folketal.

Område \ År	1801	1815	1825	1835	1845	1855	1865
<b>1. Sletta-Selnes-Svartnes</b>	125 17,8%	143 17,5%	196 16,9%	195 14,3%	209 12,7%	278 13,7%	304 13,6%
<b>2. Laksvatn-Tomas-jord</b>	122 17,4%	136 16,6%	172 14,8%	172 12,6%	219 13,3%	260 12,8%	268 12,0%
<b>3. Seljelvnes-Hamnes-Vollan</b>	51 7,3%	88 10,8%	89 7,7%	130 9,6%	175 10,6%	191 9,4%	204 9,2%
<b>4. Bomstad-Tamok-dalen-Slettnes</b>	90 12,8%	48 5,9%	93 8,0%	103 7,6%	119 7,2%	170 8,4%	185 8,3%
<b>5. Lodbukt-Sagelv-Strupen</b>	90 12,8%	89 10,9%	131 11,3%	202 14,8%	196 11,9%	221 10,9%	274 12,3%
<b>6. Storskogen-Storsteinnes-Holmenes</b>	43 6,1%	82 10,0%	158 13,6%	182 13,4%	296 18,0%	353 17,4%	381 17,1%
<b>7. Josefvatn-Skjæret-Sandøyra</b>	74 10,5%	114 14,0%	133 11,4%	172 12,6%	231 14,0%	309 15,2%	324 14,5%
<b>8. Hamran-Malangs-eidet-Kvitnes</b>	108 15,4%	117 14,3%	189 16,3%	205 15,1%	203 12,3%	252 12,4%	288 12,9%
<b>Balsfjord sum</b>	<b>703</b> <sup>126</sup>	<b>817</b>	<b>1161</b>	<b>1361</b>	<b>1648</b>	<b>2034</b>	<b>2228</b>

Dei fire områda med størst nryddingspotensiale hadde den jamnaste voksteren frå 1825 og utetter, medan dei andre (1,2,5 og 8) alle hadde ei utflating i vokster i heile eller delar av perioden 1825-1845. I perioden 1835-1855 var dei relative endringane mellom områda små. Men i heile Balsfjorden, med unnatak av område 5, var folkeauken stor også i denne 20-årsperioden. I tiårsperioden fram mot 1855 var den størst i Nordkjosen (område 4), Tennesområdet (område 7) og lengst ute i fjorden (område 1). Dei to første var mellom dei områda der dissentarane i byrjinga kom til å stå sterkest. I eit femtiårsperspektiv er det tydeleg å sjå kvar utviklinga har vore sterkest.

Vi ser av tabell 3 at den sterkeste forskuvinga altså fann stad før 1835. Dei neste 20 åra stadfestet denne tendensen til større vokster i dei inste og sørlegaste delane, men ikkje lenger så markant. No var også Nordkjosenområdet stabilt med ein litt aukande andel fram mot 1855. Dei neste ti åra var dei høvesvise endringane heller små.

**Tabell 3: Folketalet i Balsfjorden 1801, 1835, 1855 og 1865 i tre hovudområde.**  
 Prosentvis del av samla folketal.

---

<sup>126</sup> Iflg. Hauglid skal 5 familiar førde under Balsnes i 1801 høyra til Balsfjorden, Hauglid 1981:s.547. I 1815 finn vi dei under Slettagardane. Dei er følgjeleg tekne med under område 1.

Område	1801	1835	1855	1865
Ytst i fjorden (1,2,8)	50,6%	42,0%	38,9%	38,6%
Inst og nord/aust (3,4)	20,1%	17,2%	17,8%	17,5%
Inst og sør/vest (5,6,7)	29,4%	40,8%	43,5%	43,9%

Den neste tabellen seier ikkje noko om styrketilhøvet mellom dei ulike etniske gruppene i og for seg, men meir om utviklinga i kjerneområda og blandingsområda.

**Tabell 4: Andel av samla folketal 1801-1835-1855-1865 for områda grupperte etter etnisk dominans.** Prosentvis del av samla folketal.

Etnisk dominans i områda	1801	1835	1855	1865
<b>Klår samisk overvekt (2,8)</b>	32,8%	27,7%	25,2%	25,0%
<b>Blandingsområde (4)<sup>127</sup></b>	12,8%	7,6%	8,4%	8,3%
<b>Blområde norsk overvekt (3,5)</b>	20,1%	24,4%	20,3%	21,5%
<b>Klår norsk overvekt (1,6,7)</b>	34,4%	40,3%	46,2%	45,3%

Litt lenger ute oversyn over etnisk samansetnad av dei åtte områda i inndelinga.

Både kjerneområde og blandingsområde hadde respektive preg i heile perioden - i nokon mon med eitt unnatak - område 4 Nordkjosen. Vi ser at dei samiske kjerneområda gjekk noko attende i høve til dei øvrige, men likevel mindre i siste del av perioden. Alle dei norskdominerte områda auka fram til 1835, deretter fremst dei sterkest norskdominerte. Endringane det siste tiåret fram mot 1865 var heller små for alle områda.

### Etnisk fordeling av folkesetnaden.

Det norske landnåmet frå kysten innover i fjorden hadde teke til allereie på 1700-talet. Denne var dels eit resultat av at den norske befolkninga lenger ute mot kysten no ekspanderte, dels av ei større flytterørsle frå norske bygder i Nordland og Trøndelag. Med den meir organiserte flyttinga spesielt til Målselv og Bardu kring sekelskiftet kom også innflyttarar frå Austlandet, etter kvart ein del med bygdene sør for Balsfjorden som mellomstasjon. Den økonomiske ekspansjonen nordpå ut over 1800-talet leia også mange sørnorske migrantar nordover.

Samane har truleg vore i mindretal allereie i byrjinga av 1800-talet, og den samiske

<sup>127</sup> Varierande samansetnad. I 1801 ein del kvenar og samar, i 1845 registrert som norskdominert. Frå midten av hundreåret sterkt preg av blandingsområde. I 1865 var kvenane den største folkegruppa og nordmennene i mindretal.

folkegruppa fekk etter alt å døma konkurranse med norske rydningsmenn i store delar av fjorden, alt før det var etablert ein fast samisk busetnad i tradisjonelle bruksområde. Midt på 1800-talet var Balsfjorden norskdominert, men likevel klårt eit fleiretnisk område der også den samiske gruppa var betydeleg. Kvenane verka heller fātalige, men langt fleire hadde kvenske rōter enn dei som vart registrerte som kvenar. Sjølv om det var ei etnisk samansett befolkning, var truleg grensene mellom dei etniske gruppene likevel rimeleg klāre - enno. Det kan vera uvisst kor mange som hadde blanda opphav, og vi må nok rekna med ei viss underregistrering når blandingskategoriane skulle teljast med.

Men sjølv om dei ulike etniske gruppene budde spreidd ut over heile Balsfjorden, ser det ut som det var etter måten klāre skilje mellom samiske og norske grender. Ein og annan same kunne nok bu midt mellom nordmenn og omvendt, men hovudmønsteret var at samisk og norsk busetnad skilde seg frā kvarandre. Kvenane budde nok litt meir spreidde, men også dei var fleire i somme område enn andre. Tabellen nedanfor syner rimeleg godt korleis samar og nordmenn var fordelt i bygda, og dette mønsteret har nok i hovuddraga vore rimeleg stabilt over store delar av 1800-talet.

Opplysningane for 1860 er henta frā J.A. Friis sitt etnografiske kart.<sup>128</sup> Av tabellen kan det sjā ut som om den norske andelen i perioden 1845-1865 har vorte noko redusert, medan den samiske har vore stabil eller litt aukande. Det er i 1845 eitt område som spesielt skil seg ut med sterkt manglande samsvar med seinare registreringar. I område 8 har 1845-teljaren registrert heile strekninga Hamran-Malangseidet som norsk. Det høver korkje med Friis eller folketeljinga 1865. Går vi ut frā at det her er ei feilregistrering, og at andelen norske i 1845 var om lag som i 1865, så kan vi korrigera tala for etnisk fordeling i dette området.<sup>129</sup> Tilsvarande vert tala for heile Balsfjorden i 1845 korrigerte til 68,2% nordmenn og 30,8% samar, noko som likevel ikkje endrar så mykje på totalbiletet. Er dette rett, går samane litt attende på dei tjue følgjande åra, men andelen av befolkninga i Balsfjorden må likevel seiast å vera rimeleg stabil.

Kvenar kan vera noko underrepresenterte, men mange flytta også inn på 1850- og 1860-talet. 1845-teljinga registrerte i prinsippet etnisiteten på individnivå. Likevel kan det nok tenkjast at ein del kvenar i t.d. blanda ekteskap vart rekna som norske. Andre- og tredjegenerasjonskvenane vart kanskje rekna som nordmenn i alle høve. På Markenes og Russenes var det i 1845 ikkje registrert ein einaste kven, men dei av folket der som var av kvensk ætt, var blanda med norske etter kvart.

#### **Tabell 5: Folketeljinga 1845 - etnisitet og lokal fordeling.**

---

<sup>128</sup> Kopi av kart i Hauglid 1991, fargepl. II og kommentarar s.42-44.

<sup>129</sup> I 1865 var 22% av busetnaden Hamran-Middagsnes norsk, etter 1845-teljinga 48%! Så seint som i 1875 var området samiskdominert med unnatak av Malangseidet. Ei undersøkjing av hushaldsstorleik og husdyrhald m.v. i høve til etnisitet i Balsfjorden i 1845 stadfester også at området Hamran-Middagsnes skilde seg ut. Det var sterkt avvikande frā det norske gjennomsnittet, men låg derimot ganske nær snittet for samiske bruk.

Område	Etnisk fordeling: nordmann/same/kven i %			Samiske koncentrasjoner	Samsvar Friis 1860	Samsvar f.t. 1865
	no	sa	kv		hushald	individ
<b>1. Sletta-Selnes-Svartnes</b>	96%	4%	0%	(Svartnes i.)	samsvar	
<b>2. Laksvatn-Tomasjord</b>	17%	83%	0%	Mest heile	samsvar	
<b>3. Seljelvnes-Hamnes-Vollan</b>	71%	29%	0%	Jernberget-Vollabk.	i stor mon	
<b>4. Bomstad-Tamokdalen-Sletnes</b>	84%	11%	5%		i stor mon, men fl. kvenar	ein del kvenar
<b>5. Lodbukt-Sagelv-Strupen</b>	75%	24%	1%	Strupen + Sørkjosen	samsvar	
<b>6. Storskogen-Storsteinnes-Holmenes</b>	92%	5%	3%		samsvar	nokre kv. v/Sagelvvatn
<b>7. Josefvatn-Skjæret-Sandøra</b>	87%	13%	0%	Olsborg-Petersborg	samsvar	
<b>8. Hamran-Malangseidet-Kvitnes<sup>130</sup></b>	35%	65%	0%	Middagsnes-Kvitnes	Norsk i Malangseidet, elles samisk	Samsv. m/Friis + nokre svenske samar ytst
<b>8. Hamran m.v. stipulert</b>	18%	82%	0%	Mest heile		
<b>Balsfjord samla i %</b>	70,3	28,6	1,0		65,7/28,3/5,9	63,1/29,9/7,1
<b>Balsfjord: Korrigert resultat, stipulert i %</b>	68,2	30,8	1,0		65,7/28,3/5,9	63,1/29,9/7,1

Folketeljinga i 1855 hadde også opplysningars om etnisitet, men resultata i denne teljinga høver dårleg både med 1845-teljinga og 1865-teljinga, jmf. kommentar til neste tabell. Det er fremst fordelinga mellom nordmenn og samar som det kan vera grunn til å setja spørsmål ved. Andelen nordmenn var på 70,7%, i tillegg kom norsk innslag i blandingsgrupper. Ut frå auka innvandring er det rimeleg å venta fleire kvenar, så den skilnaden frå 1845 er ikkje overraskande.

Ft1855 har med blandingskategoriar, og dei er interessante. Det er eit påfallande sterkt innslag av kvenar i blandingskategoriane, ikkje minst ut frå at dei utgjorde så liten del av befolkninga elles. Kvenane blanda seg også i stor grad med både dei andre folkegruppene. Det var likevel høvesvis få nordmenn og samar i blandingskategori. Av alle med heilt eller delvis samisk opphav, utgjer blandingsgruppene 13%. Tilsvarande tal for nordmenn var 5% og for kvenane 51%!

<sup>130</sup> Knapt korrekt for området Hamran-Middagsnes, sjå kommentar i teksten før tabellen. Pårekna meir korrekte tal i neste tabelline.

Samordnar vi no tala frå dei fire registreringane 1845-1865, får vi følgjande resultat:<sup>131</sup>

**Tabell 6: Etnisk fordeling i Balsfjorden 1845-1865 i prosent og tal.**

Årstal og etn. gruppe	ft 1845 (stipulert)	ft 1855	1860 Friis	ft 1865
<b>nordmenn</b>	68,2% 1159	72,6% 1477	65,7%	63,1% (1406)
<b>samar</b>	30,8% 472	22,0% 448	28,3%	29,9% (666)
<b>kvenar</b>	1,0% 17	5,4% 109	5,9%	7,1% (158)

Her har ft 1855 ei klårt avvikande fordeling mellom dei etniske gruppene, både jamførd med folketeljingane før og etter og med Friis. Sjølv om heller ikkje den synkande andelen av den norske befolkninga er lett å forklåra, bryt tala frå ft 1855 heilt markant med dei utviklingslinene vi elles kunne dra.<sup>132</sup>

Hovudbiletet er altså ein stabil befolkningsandel på kring 30% for samane, ein norsk majoritet med 2/3 av folkesetnaden og ein aukande andel kvenar. I den mon det fanst blandingsgrupper, var det fremst kvenane som braut dei etniske grensene.

<sup>131</sup> I ft1855 er dei blanda gruppene høvesvis fordelte på dei tre hovudkategoriane. Tala for 1845 er dei korrigerte tala, jmfr. førre tabell. Folketalet i kvar gruppe i 1865 er utrekna på grunnlag av prosenttalet i Hauglid 1991:s.44.

<sup>132</sup> Det kan vera fleire grunnar, m.a. kan det ha vore manglande lokalkunnskap hos teljarane. Dei to skulelærarane med norsk bakgrunn var tilflytta, truleg tilsette etter 1853. Knapt nokon av dei hadde på førehand kjennskap til samisk og kvensk språk og kultur. Både registrerte langt færre ikkjenorske enn ein skulle venta ut frå teljingar før og seinare, men mest utprega galdt det Erlandsen frå Åmot.

## Den frie apostoliske forsamlinga i Balsfjorden.

**Ei rørsle gror fram.** Som eg alt har peika på, var oppkomsten av ei sterk dissentarforsamling i eit lite bygdesamfunn i Nord-Norge på 1850-talet ei heller uvanleg hending. Generelt skulle ein på 1800-talet over ein svært høg terskel for å melda seg ut av statskyrkja, og ved dette høvet var det ikkje meir enn om lag ti år sidan dissentarlova var komen. Når Bomstad mange år seinare fortel at han først varsla presten om at han ville melda seg ut, slik at presten fekk høve til å åtvara andre, så er det truleg ikkje etterpåtrong til å dramatisera litt ekstra som skin gjennom. Det Bomstad indirekte seier med dette, nær 30 år etter, er nok at han opplevde utmeldinga som så dramatisk at han ikkje ville leia folk inn i noko som dei ikkje fullt og heilt kunne stå for sjølve.

At det var eit svært alvorleg steg, vitnar også Ole A. Larsen si skildring av utmeldinga si om. Presten, truleg B.C. Støp i Balsfjord, lyste forbanning over far og son som i følgje presten var på veg til helvete. Soknepresten Ole Pedersen Kjelland i Karlsøy tok også kraftig i når han på ein utmeldingsattest kunne skriva følgjande: "Da dette Menneske saaledes haardnakket vedblive at forkaste de hellige Sandheder" [er han] "efter eget Ønske udslettet af Menigheden og overgiven Vildfarelsen." Kanskje ikkje overraskande at han let vera å ta betaling for attesten, men førde på merknaden "Dette document er ikke betalt". No lyt det også seiast at heller ikkje dissentarane nytta milde ord i kritikken sin. Bomstad skal direkte ha truga prost Leonhard Holmboe med helvete dersom han ikkje omvende seg, og ei vanleg nemning på statskyrkja mellom dissentarane var Satans synagoge.<sup>133</sup>

Ei sterk dissentargruppe på landsbygda var altså uvanleg nok, men også jamfört med område som tradisjonelt har vore rekna som meir typiske frikyrkjeområde, kom Balsfjorddissentarane til å stå sterkt. Ved utløpet av 1860 utgjorde medlemene av den frie apostoliske forsamlinga i Balsfjorden om lag 9% av den vaksne befolkninga, d.v.s. personar over 19 år, som var grensa for å vera religiøst myndig.<sup>134</sup> I tillegg kom ein del uavhengige dissentarar. I alt stod såleis 10-11% av den vaksne befolkninga i Balsfjorden utafor statskyrkja etter knapt fem år med dissentarverksemd.

I Balsfjordvekkinga og i oppbygginga av den frie dissentarforsamlinga er det heilt klårt at

---

<sup>133</sup> Bomsta 1884 s.1 - Tromsø Stiftstidende. (Også i Tromsøposten 20.2.1884, jmfr. Stiansen 1922 s.8.) Ole A. Larsen sitert i Stiansen 1922 s.9f. Ole Pedersen Kjelland i attest av 12.4.1859 som vedlegg til notarialprotokollen 1855-1916 for Tromsø sorenskriveriembete i høve vigsel 18.5.1860. Understrekning og uthaving var ved Kjelland sjølv. Jmfr. også Bratrein 1989-94:10.08.s15f,23. Bomstad sitt trugsmål sitert frå O.A. Larsen i Stiansen 1922 s.7; omtalen av statskyrkja etter Jakobsen 1981 s.5 og Rognestad 1955:s.18.

<sup>134</sup> Medlemstalet ved utgangen av 1860 var på 94. I tillegg var minst 16 personar utmelde av statskyrkja utan å vera medlemer av forsamlinga.

I 1855 var 954 personar 20 år eller meir. Talet 19-åringar er stipulert som tidelen av summen personar i aldersklassane 15-19 og 20-24. Stipulert tal personar på minst 19 år i 1855 vert såleis 990. Gjennomsnittleg årleg vokster - for heile befolkninga rett nok - var i perioden 1855-1865 på 0,9%. Talet på vaksne innbyggjarar i slutten av 1860 kan såleis stipulerast til om lag 1035.

gardbrukaren Johan Andreas Johannessen Bomstad var sentral. Men han har ikkje vore åleine. Rett nok må Johan A. Bomstad ha vore ein viktig pådrivar, både organisatorisk og som forkynnar. Men han hadde viktige støttespelarar som både må ha vore sterke i trua, hatt sjølvtillit og også hatt respekt i bygdesamfunnet. Mellom desse finn vi Johan Adrian Johannessen og Lars Esaias Olsen på Sandøyra, båe t.d. med kommunale ombod. Johan A. Bomstad var heller ikkje den aller første i Balsfjorden som melde seg ut av kyrkja i 1856, slik fleire har hevda, men derimot Johan Adrian Johannessen og familie på Sandøyra saman med Sedevard Nilsen frå Storsteinnes.<sup>135</sup> Desse to vart også valde til eldste då friforsamlinga vart stifta litt seinare på året.

No kom nok ikkje denne vekkinga med påfølgjande utmeldingsbølgje heilt brått på, sjølv om somme skildringar kan gje inntrykk av at Balsfjorden låg i totalt åndeleg mørkre før midten av femtiåret. Ole A. Larsen har fortalt om den personlege krisa til Bomstad i 1855, den som tydeleg også Jakobsen reknar som omvendingshendinga.<sup>136</sup> Men Bomstad må ha vore religiøst engasjert lenge før dette. Sjølv skriv han at tankane om ei apostolisk forsamling ved utmeldingstidspunktet hadde mognast i om lag 6 år.<sup>137</sup> Westeson skriv at den seinare læstadianarpredikanten Antin Pieti hørde Bomstad preika og fekk løysingsord i Balsfjorden sommaren 1845.<sup>138</sup> Ein læstadiansk tradisjon omtalar Bomstad som ein læstadianarpredikant som seinare for vill.<sup>139</sup>

Det er heller ikkje urimeleg å tenkja seg at Bomstad både var medveten om og påverka av dei haugianske røtene sine, noko også Hauglid er inne på.<sup>140</sup> Farfaren med to av søskna var å rekna mellom dei høvesvis fåtalige tilhengarane av Hans Nielsen Hauge i Balsfjorden. Også gjennom andre delar av familien kom det kan henda religiøse impulsar, t.d. kom brorkona frå Kengis (i Pajala) i 1853 med attest frå presten Lars Levi Læstadius, opphavsmannen til den læstadianske rørsla. Johan A. Bomstad sjølv og andre familiemedlemer fekk ektefellar frå Tornedalen, så det er tydeleg at slekta heldt nær kontakt med det opphavlege kvenske miljøet sitt.<sup>141</sup> Det er såleis rimeleg å tru at

<sup>135</sup> Balsfjord kb 1 folio 304. Hauglid nemner J.A.J. Bomstad som den første [i Tromsøområdet?] med bispinne Henriette Gislesen som referanse; Hauglid 1991 s. 185. P. Stiansen skriv at J.A. Bomstad var den første i Nord-Norge som gjekk ut av statskyrkja; Stiansen 1922 s.7f. Jakobsen ser ut til å vidareføra denne opplysningsa; Jakobsen 1981 s.42.

<sup>136</sup> Larsen referert i Stiansen 1922 s.6; Jakobsen 1981 s.42.

<sup>137</sup> Innlegg i Tromsøposten 20.2.1884, attgjeve i Stiansen 1922 s.8.

<sup>138</sup> Westeson:1922 s.88. Årstalet er ikkje nemnt eksplisitt, men ut frå samanhengen må det vera 1845. Boreman referer ei tilsvarande hending, men tidfest til 1853; Boreman 1953:s.130. Men dette verkar mindre sannsynleg, av di Pieti då allereie var etablert som predikant, i Norge alt i 1848 iflg. Svebak 1983:s.261. Sivertsen nemner kontakt mellom Bomstad og Pieti i 1847, men referansen her er ei munnleg kjelde så seint som frå 1954; Sivertsen 1955:s.69.

<sup>139</sup> Svebak 1977:s.536.

<sup>140</sup> Hauglid 1991 s.185.

<sup>141</sup> Språkdugleiken var i alle høve ikkje til hinder. Det er dokumentert at J.A.J. Bomstad hadde god kjennskap til

Bomstad var godt orientert om den læstadianske vekkinga, også av den grunn. Det er vidare sannsynleg at det har vore ein viss kontakt med det haugianske miljøet i Målselv.<sup>142</sup> Haugianaren Ole Iversen Voss, som fekk ein viss katalysatorfunksjon i Tromsøvekkinga, budde for øvrig lenge i Storskogenområdet i Balsfjorden, på Myrvang inn mot grensa til Målselv.

Vi må rekna med at det over fleire år har bygd seg opp ei gruppe kring Johan A. Bomstad og den nærmeste krinsen hans. Hauglid framstiller slekt og grannar i Nordkjosenområdet som basen til friforsamlinga så seint som kring 1900. Bomstad sjølv refererte til broren Abraham og venen Johan Adrian Johannessen som nære samarbeidspartar.<sup>143</sup> Venen Johan Adrian var også ein slekting, nemleg søskjenbarn. Men rørsla rekrutterte ikkje berre nokre slektingar og grannar frå Nordkjosenområdet. Dette kjem vi attende til seinare.

Trass i ein viss tradisjon og ymse impulsar på det religiøse området så ville heller ikkje dei ha leia til ei så omfattande rørsle om det ikkje hadde vore grorbotn. Religiøse tradisjonar eller impulsar høyrer med til føresetnadene for ei religiøs vekking, men dei meir grunnleggjande årsakene meiner eg ligg i samfunnsendringane. Her snakkar eg sjølvsagt om ei vekking som sosial ytringsform, som sosial organisasjon. Uansett religiøs kjerne ytrar ei religiøs rørsle seg i ein sosial kontekst, og ytringsformene reflekterer både ei heilskapsforståing og ei sjølvforståing som må relatera seg til samfunnet ikring. Det er slike samanhengar det er siktemålet mitt å seia noko om.

**Stiftinga av friforsamlinga i Balsfjorden.** Fleire tilhøve tyder på at vekkingane i Balsfjorden og i Tromsø i utgangspunktet var heilt uavhengige av Skienspresten Gustav Adolph Lammers, sjølv om dei seinare vart knytte til Lammersrørsla. Bomstad slår dette fast sjølv, og det vert indirekte stadfesta av Lammers.<sup>144</sup> Jakobsen syner til fleire argument for sjølvstendesynet, eit par av dei rett nok litt spekulative. Korleis har så tilhøvet vore mellom vekkingane i Tromsø og Balsfjorden? Svebak ser på Balsfjordrørsla som sprungen ut av Tromsøvekkinga. Det ser heller ut til at desse to vekkingane i Troms har utvikla seg parallelt og samstundes, og truleg med ein viss gjensidig påverknad. Det er lite sannsynleg at ein allereie i 1856 skulle ha så mange dissenterar i Balsfjorden om rørsla fremst var å sjå som effekt av spreiing frå Tromsø. Rett nok hadde Tromsøforsamlinga

---

kvensk; i 1854 var han nytta som tolk ved eit rettsleg forhøyr. (Ekstrarettsprot. sakssamandrag 1841-1865 s.103B. BB-arkiv i Balsfjord kommune.) Svebak nemner også dugleiken i finsk i samband med ein tradisjon om at Bomstad skapte uro blant læstadianarar i Torneådalen; Svebak 1977:s.536.

<sup>142</sup> I følgje Heggtveit:Norsk kirkeshistorie kom også einskilde gonger folk frå Balsfjord til samlingane hos Lars Iversen Kjeldmo i Balsfjord; attgjeve i Sæter 1926:s.266f. Henrik Mathisen - haugianar i Trondheim, opphavleg frå Nordkjosen i Balsfjord - skal ha forkyst i Målselv i 1817 saman med Lars Kyllingen. Det er vel ikkje usannsynleg at han også har vitja heimbygda når han først var så nær. Kiil 1981:s.87.

<sup>143</sup> Bomsta 1884 s.1.

<sup>144</sup> Bomsta 1884, Lammers referert i Stiansen 1922 s.8f.

nær dobbelt så stor tilslutning i høve til befolkninga som forsamlinga i Balsfjorden. Men i eit lite fjordsamfunn med spreidd busetnad var 56 menneske ein rimeleg stor flokk. Ved slutten av 1860 hadde dei to forsamlingane mest like stor i andel av befolkninga. Den klårt større voksteren i Balsfjorden tyder på at forsamlinga der voks av eigen kraft. Utmeldingane i 1856 starta også fire veker før dei tok til i Tromsø.<sup>145</sup>

Utmeldingane i Balsfjorden tok til 21. april 1856. Dei må i praksis hadde skjedd i Tromsø på prost Holmboe sitt kontor, av di eigen prest for Balsfjorden og Malangen ikkje vart tilsett før i 1857. Det har såleis ikkje vore særleg lettvint å melda seg ut reint praktisk heller, ein Tromsøtur var ikkje nokon kvardagssak. Alt ved første utmelding førde prosten inn eit namn på den påtenkte dissentarforsamlinga - "et nyt Samfund som de kalde det Apostoliske".<sup>146</sup> Bomstad hevda i 1884 at forsamlingane i nord var ordna i juni; det må då vera Tromsø og Balsfjorden han har tenkt på. Det formelle i høve til styresmaktene var i alle fall ikkje i orden på den tida, og for Balsfjordforsamlinga tok det fleire månader til. Ei sak var den interne organiseringa, ei anna tilhøvet til lovverket og styresmaktene. Kjøpmann Nicolay Berg i Tromsø hadde truleg i august kontakt med amtmannen for å klårlegga vilkåra for godkjenning. Svaret frå amtmannen er datert 25.8.1856. Allereie dagen etter hadde Tromsøforsamlinga det formelle stiftingsmøtet sitt.<sup>147</sup> I distriktet trong ein nok meir tid til å samla folk. Det formelle stiftingsmøtet i Balsfjorden fann stad 14. september 1856 på Sagelv, og amtmannen si godkjenning har truleg lege føre i oktober. Forsamlinga i Balsfjorden rekna seinare 22. oktober som stiftingsdato, og Diesen meiner at det må ha vore dato for godkjenning frå styresmaktene. Men godkjenninga hadde faktisk funne stad noko før. Det går fram av eit brev frå amtmannen der fogden i Senja og Troms vart orientert "Ang. at Johan A. Bomstad er Forstander for den fri Apostoliske Menighed i Balsfjord" og elles om at krava for godkjenning var stetta. Dette skrivet er datert 9. oktober, og det er vel temmeleg truleg at Johan A. Bomstad har fått melding samstundes.<sup>148</sup> Når 22.10.1856 seinare vart oppfatta som stiftingsdato, heng nok det heller saman

<sup>145</sup> Svebak 1986:s.30,44. Diffusjon frå Tromsø er ikkje innlysande når det gjeld Balsfjord, heller ikkje for dei andre friforsamlingane i Lyngenområdet rundt 1860. Jmfr. Jakobsen 1981 s.3,41f, Hauglid 1991 s184ff. Ved utgangen av år 1856 hadde forsamlinga i Tromsø 178 medlemer, av desse 151 heimehøyrande i sjølve byen; Jakobsen 1981 s.48. Dei utgjorde 5,1% av folkesetnaden i byen (1855-teljinga). Tilsvarande tal for Balsfjorden var 2,7%. Ved slutten av 1860 var talet for Tromsø nede i 4,7% (føresett at alle registrerte medlemer budde i byen - Ramfjord og Sandvær var i alle høve eigne forsamlingar no), medan Balsfjorden hadde 4,4%. (Basert på folketal i 1860 stipulert som snittet 1855/65.)

<sup>146</sup> Balsfjord kb.1 fol. 304a. Protokollen vart truleg overdregen til ny sokneprest i juli 1857, jmfr. autorisasjon fol. 307a. Opplysningsa om namnet på forsamlinga treng likevel ikkje vera frå april. Innførsla av utmeldingane kan teoretisk ha skjedd noko seinare. Men innføringsmåten tyder likevel på at dei fem første utmeldingane er innførde seinast medio mai.

<sup>147</sup> Brevet til i Berg i Finmarkens Amts Copibog nr.23 j.nr.1464/1856 i SiTø Fylkesmannen i Finnmark katalog nr.76 Kopibøker. Referanse til stiftingsdokument for Tromsøforsamlinga i Diesen 1980:s.92f.

<sup>148</sup> Finmarkens Amts Copibog nr.23 j.nr.1777/1856 til Foged Drejer - i SiTø Fylkesmannen i Finnmark katalog nr.76 Kopibøker. Sitatet er formuleringa i registeret til kopiboka, prot.422 Register til Copibogen 1850-64 fol.42B.

med at dei første innføringane av medlemer i forsamlingsprotokollen i stiftingsåret er daterte 22. oktober. Når Tromsø Tidende oppgjev stiftingsdatoen til 9.10.1856, er dette etter alt å døma rett dersom det er endeleg offentleg godkjenning som er utgangspunktet.<sup>149</sup>

Namnet på forsamlinga vart noko nær det som var signalisert i april; Den frie apostoliske christelige Menighed i Balsfjorden. Ordet apostolisk var det sentrale. Ein skulle realisera eit kristenliv med dei første kristne forsamlingane som førebilete, slik det vart tolka og forstått med eit tidsperspektiv på 1800 år. I denne forsamlinga var det tydeleg ikkje berre å melda seg inn; det var ei grundig prøving av omvending og tru framfor ein komité, skildrar Larsen.<sup>150</sup>

I løpet av 1856 kom det 63 utmeldingar frå statskyrkja i Balsfjorden. I tillegg vart også ein del barn utmelde saman med foreldra. Religiøst myndig var ein ved fylte 19 år. Dei aller fleste av dei utmelde slutta seg til den frie apostoliske forsamlinga. Medlemene av denne vart elles ofte kalla "dissentarane" i det meste av hundreåret; dei var dei første, og nemninga dissentar vart fremst nytta om denne gruppa.<sup>151</sup> Ein god del nye utmeldingar kom dei følgjande åra med noko varierande tal pr. år, men ved utgangen av 1859 hadde 110 personar meldt seg ut i Balsfjorden og 4 frå Kvalnes som då hørde til Malangen. Berre to av desse gjekk snart attende til statskyrkja att i følgje merknad i kyrkjeboka.<sup>152</sup> Ser vi på dei fem første åra, 1856-1860, fekk friforsamlinga i Balsfjorden i denne perioden 100 medlemer.<sup>153</sup>

---

**Den undersøkte gruppa.** Desse 100 første medlemene, alle i byrjinga heimehøyrande i Balsfjorden, har eg samla ei rad opplysningar om. Forsamlingsprotokollen er rimelegvis ei viktig kjelde, men svært mykje informasjon er henta frå andre kjelder, supplert, sett opp mot kvarandre og vurdert for å få mest mogleg korrekte data om personane på ei rekke område.<sup>154</sup> I det følgjande

Noko skriv til J.A. Bomstad har eg ikkje funne i kopiboka til same tid, heller ikkje noka tilvisning i registeret.

<sup>149</sup> Opplysningsane om datoan 22.10 kjem frå den andre forsamlingsprotokollen til forsamlinga i Balsfjord, 1893-1936; både denne og opplysningsa frå Tromsø Tidende referert i Diesen 1980:s.102.

<sup>150</sup> Attgjeve i Stiansen 1922 s.10. Eg kjem seinare attende til krava m.a. gjennom praktiseringa av forsamlingsstukt.

<sup>151</sup> Magelssen og Larssen 1925 s.253. *Disenter* o.l. er også nytta i folketeljinga 1865 for Balsfjord. I folketeljingane finn vi elles nemningar som Frimenigheden, Friapostoliske, Apostolisk Christelig, Apostolisk Frimenighed m.v. I denne framstillinga nyttar eg sjølv ordet *friforsamling* som nærmest tilsvavar "Frimenigheden", ender og gong den *friapostoliske forsamlinga*.

<sup>152</sup> "Snart" tyder her i praksis året etter utmeldinga, men desse to vart heller ikkje medlemer av forsamlinga. Ein ikkjemedlem til gjekk attende til statskyrkja, men melde seg ut att - og inn i forsamlinga. Fire av dei øvrige utmelde gjekk attende til statskyrkja i 1865-66, to av dei etter flytting til Tromsøysund. Dei utmelde frå Kvalnes vart knytte til friforsamlinga i Tromsø.

<sup>153</sup> Ved utgangen av 1860 hadde forsamlinga 94 medlemer. Differansen kjem av tre dødsfall og tre utestengingar.

<sup>154</sup> Sjå vedlegg for oversyn over dei viktigaste kjeldene og for fullstendig oversyn over organisering av informasjon i databasen. Det finst opplysningar på desse områda: 1. Listenr. 2. Førenamn og etternamn, 3. Sosial og hierarkisk

vert dette materialet analysert for å fram noko av det som karakteriserte dei første medlemene av den apostoliske friforsamlinga, og kva dette om mogleg kan fortelja om funksjonane til vekkinga og drivkrefter bak den. Det talmaterialet eg får fram, er knytt til etter måten få personar som vart medlemer innanfor eit temmeleg kort tidsrom på knappe fem år. Dette var dei viktigaste voksteråra til forsamlinga. Også dei neste par åra kom det nokre nye medlemer, men samstundes byrja avtappinga med fleire varige utmeldingar og med utvandring.

Undersøkinga konsentrerer seg altså fremst om dei første medlemene, men materialet om dei dekkjer ein større tidsperiode, til dels langt attende i tid og jamt over minst fram til 1875. Mykje av den vidare drøftinga vil ta utgangspunkt i resultata av ein kvantitativ analyse av det omtala materialet.<sup>155</sup> Sjølv materialet om kvar person inneheld eit breitt spekter av data, men populasjonen er altså liten. Den statistiske handsaminga er i og for seg lite komplisert, men når talet på personar alt i alt er så lite, føreset det varsemd i tolkinga av resultata, særleg når undergruppene vert små.

Eg vil ha tre hovudperspektiv i det vidare arbeidet med materialet, og vona er altså at dei på ulike vis skal få fram viktige drag ved medlemene i friforsamlinga, drag som på ulike vis kan setja dei inn i ein samanheng. For det første: Kven var dei og kvar kom dei frå? Her vil eg prøva å få fram kva sosial bakgrunn dei hadde, kva som karakteriserte dei som individ - og grupper av individ. For det andre: Kvar stod dei? Her vil det dreia seg om sosialt samspele og nettverk - om familienettverk og fellesskapet i forsamlinga. For det tredje: Kven vart dei og kvar gjekk dei? Denne delen vil handla om forsamlingsmedlemene og sosial og geografisk mobilitet.

## Kven var dei? Sosiale særkjenne ved forsamlingsmedlemene.

Denne delen vil handla om eit vidt spekter av sosiale kjenneteikn, men eit gjennomgåande spørsmål i samband med alle variablane vil vera kor representative forsamlingsmedlemene var i høve til befolkninga elles.

**Geografisk rekruttering.** Dei åtte områda som tidlegare er nytta i skildringa av den demografiske og økonomiske utviklinga i Balsfjorden, vert også no nytta for å sjå kvar i Balsfjorden medlemene var heimehøyrande ved innmeldingstidspunktet. Vi får då følgjande oversyn.

---

status. 4. Yrke. 5. Sivil status. 6. Bustad/oppaldsstad. 7. Alder ved utgangen av innmeldingsåret. 8. Kjønn. 9. Fødestad. 10. Etnisitet. 11. Innmeldingsår. 12. Avgang. 13. Eventuell stiftar. 14. Relasjonar til andre medlemer. 15. Ekteskap, barn. 16. Andre opplysningar.

<sup>155</sup> Samstundes låg det inngåande kvalitativ vurdering bak mykje av informasjonen før den var kategorisert slik at den kunne handsamast statistisk. Plassering i aldersgrupper har t.d. vore stort sett uproblematisk når eg langt på veg har nytta kyrkjebökene til kontroll av aldersoppgåvane i forsamlingsprotokollen og folketeljingar. Etnisitet, yrke og sosial status er langt meir problematiske å kategorisera.

**Tabell 7. Geografisk fordeling av forsamlingsmedlemer 1856-60.**

Den frie apostoliske forsamlinga i Balsfjord

Område \	%-del ved ft 1855	Kvinner	Menn	Personar i alt = %
<b>1. Sletta-Selnes-Svartnes</b>	13,7%	6	4	10
<b>2. Laksvatn- Tomas-jord</b>	12,8%	0	2	2
<b>3. Seljelvnes-Hamnes-Vollan</b>	9,4%	1	3	4
<b>4. Bomstad-Tamokdalen-Sletnes</b>	8,4%	9	11	20
<b>5. Lodbukt-Sagelv-Strupen</b>	10,9%	5	6	11
<b>6. Storskogen-Storsteinenes-Holmenes</b>	17,4%	11	13	24
<b>7. Josefvatn- Skjæret-Sandøra</b>	15,2%	13	16	29
<b>8. Hamran-Malangseidet-Kvitnes</b>	12,4%	0	0	0
<b>Balsfjord i alt</b>	<b>100,2%</b> (2034 p.)	<b>45</b>	<b>55</b>	<b>100</b>

Vi ser her at dei første medlemene i hovudsak kom frå tre område i Balsfjorden, områda 4, 6 og 7, alle tre inst i fjorden, men også med kvar sine særdrag.<sup>156</sup> Nordkjosenområdet (4), som det mest typiske fleiretniske området, er også mest overrepresentert. Vidare kom det mange medlemer frå det tradisjonelt norskdominerte området sørvest i fjorden (7), særleg frå Sandøra og Tennes. Frå område 6 var det fremst frå Veiskiftet og det på den tid meir etablerte nyryddingsområdet kring Sagelvvatnet medlemene kom, men også ein del frå sjøgardane.

Dessutan var det ein god del som tilslutta seg frå område 5 i fjordbotnen med Sagelv som sentrum. Det ytste norske kjerneområdet var også representert, rett nok litt under snitt. Her kom likevel dei fleste frå Svartnes, fleire frå den inste delen som elles var meir samisk prega. Frå dei

<sup>156</sup> Ein person normalt heimehøyrande på Lodbukt (område 5) var ved innmeldinga registrert i område 4.

Tilsvarande var ein medlem frå område 6 ved innmeldinga førd med opphold i område 7. Sjølv om dette kan vera feilskrivingar i forsamlingsprotokollen, endrar det ikkje totalbiletet av den geografiske rekryttinga. Ein person til var korkje frå eller budde lenge i det området ho oppheldt seg i ved innmeldinga. Dette endrar heller ikkje totalbiletet.

samiske kjerneområda kom svært få medlemer. Kvinner og menn var elles fordelte på same vis med unnatak for det ytste området (1) der kvinnene var i fleirtal.

Dei tre kjerneområda for dissentarane hadde også eit sams drag som skilde dei frå dei øvrige områda. Dei var dei siste 20-30 åra dei einaste som hadde auka andelen av folketalet i Balsfjorden og såleis hatt den etter måten sterkaste voksteren. Når vi skil ut dei to andre mindre rekrutteringsområda, Svartnes og Sagelv, ser vi at også Svartnes klårt hadde sterkare folketalsutvikling enn resten av området ikring. Sagelv var det einaste dissentarområdet som slik sett verkar noko prega av relativ stagnasjon.

Langt på veg går den same geografiske fordelinga av dissentarar att så seint som i år 1900. Den mest markante skilnaden er at Tennes-Sandøraområdet då stod veikare, likeeins ytterområdet. Elles er det geografiske samsvaret stort.<sup>157</sup>

Ser vi på den medlemsgruppa som gjekk i bresjen som stiftarar, vil dei indre delane av Balsfjorden stå som kjerneområde i endå sterkare grad. I sjølve Nordkjosenområdet budde 10 av dei 25 stiftarane, det nærliggjande Jernberget i område 3 er då inkludert. Det andre kjerneområdet var sjøgardane frå Lodbukt til Storsteinnes og like innanfor der 11 av stiftarane budde. Nokre få kom frå Tennes-Sandøra og frå Svartnes i det norske ytterområdet. Dei samiske kjerneområda var ikkje representerte i det heile. Det tyder ikkje at folk med samisk bakgrunn stod heilt utanfor den nye frimenigheten, men dei budde i dei blanda områda. Ei anna sak var likevel at dei var etter måten få. Dette kjem eg attende til.

**Etnisitet.** Balsfjorden var eit etnisk samansett område der nordmenn og samar var dei største folkegruppene med den norske som meir enn dobbelt så stor kring midten av 1800-talet. Den norske befolkninga hadde røter lenger ute mot kysten og tildels i det sørlege Norge. Dei budde spreidd rundt heile fjorden, og dominerte både den ytste og store delar av den inste delen. Men to samanhengande hovudområde var dominert av samar heilt fram mot slutten av 1800-talet, på vestsida av fjorden frå Hestnes innover til Hamran, og på austsida frå indre Svartnes til ytre Tomasdord. I tillegg fanst også mindre lommer med hovudsakleg samisk folkesetnad.

Kvenane ser ikkje ut til å ha utgjort noka stor gruppe etter folketeljingane å døma. Dei tidlege kvenske innflyttarane vart rimeleg snøgt meir eller mindre fullstendig integrerte i dei to andre etniske gruppene ser det ut til - med eitt tydeleg unntak - Nordkjosenområdet. I byrjinga av 1800-talet ser det ikkje ut til å ha vore stort fleire enn tre kvenfamiliar/familiegrupper i Balsfjorden utanom Nordkjosenkvenane; på Markenes, på Veiskifte og på Sandøyra - rekna etter alder og storleik.<sup>158</sup> I alle desse familiene ser det ut til å ha vore eit systematisk inngifte med norske familiar, og særleg for

<sup>157</sup> Hauglid 1991:s.508f.

<sup>158</sup> Alt i alt kan det ha vore opp mot 10% med kvenar i Balsfjord, jmfr. sesjonsmanntalet i 1789; Hauglid 1981:s.131.

Markeneskvenane kan det sjå ut som medveten strategi i å byggja nettverk i høve til dei norske familiene i inste delen av fjorden. Av desse er det også svært få av etterkomarane med ein kvensk besteforelder som ikkje vart rekna som reint norske i 1865 og 1875.

Nordkjosenkvenane skilde seg noko frå dette mønsteret. Her var Bomstadfamilien den mest talrike. I 2. generasjon gifte mange seg rett nok med norske, berre ein av dei sju med ein annan kven. Men dei som vart buande i Nordkjosenområdet, heldt i større grad den kvenske kulturen ved like, språkleg så vel som ved giftarmål. Dei andre kvenfamiliene i Nordkjosen vart dels blanda med samiske familiær frå området, dels med andre kvenske eller norsk-kvenske familiær. Fornorskinga av Russeneskvenane, som Johan Adrian Johannessen hørde til, er såleis langt klårare enn for Bomstadkvenane der Johan A. Bomstad hadde røtene. Somme flytta ut frå Nordkjosen, og for dei ser det ut til at fornorskinga har gått snøggare. Ut etter 1800-talet kom nye kvenske immigrantar til, og spesielt frå 1830-åra var det ein tydeleg auke i innvandringa. Fleirtalet av desse busette seg dels i Nordkjosenområdet, dels i nyrydningsområda sør i Balsfjorden.

Etnisitet er ikkje noko eintydig omgrep. Det syner den konkrete registreringa i folketeljingane tydeleg med alle sine tilsynelatande og reelle inkonsekvensar. Sjølv om dei tidlege folketeljingane opererte med avstamning som det sentrale kriteriet, ser vi i praksis at det ikkje fungerte slik fullt ut. Det er såleis openbertyg at det i tillegg var tale om kulturelle kriteria som i det minste somme gonger var meir avgjerande i praksis. Her må språk ha vore det mest sentrale supplert av andre kjenneteikn som levevis, bumsåte og klesdrakt. Den subjektive oppfatninga av eigen etnisitet har minst tre aspekt. For det første vil det vera tale om ein meir grunnleggjande identitet og kva medvit individet har om den, for det andre om korleis personen kommuniserer og responderer til nærmiljøet og lokalsamfunnet og kva signal det sender om etnisitetsoppfatning. For det tredje gjeld det kva etnisitet individet har ønske om å opptre med, og dette treng ikkje samsvara fullt med dei andre aspekta. Den einskilde si oppfatning av eigen etnisitet er også ei sak, omgjevnadene sitt syn ei anna. Samstundes med ei oppfatning av etnisk oppfav kan vektlegginga av dette opphavet vera avhengig av kva kontekst individet er ein del av i den aktuelle situasjon, ekteskap, nærmiljø etc. Men sjølv der einskildindivid både i eiga og omgjevnadene si oppfatning t.d. var ganske fornorska - i språk som i levevis - kunne det likevel eksistere eit medvit om etnisk oppfav som prega haldninga i somme situasjonar. For Balsfjorden finst det elles talrike døme på at t.d. søskjen vart plasserte i ulike etniske kategoriar, særleg når dei også hadde blanda etnisk oppfav. I tillegg kan vi heller ikkje sjå vekk frå at teljarane i blant både hadde mangelfulle kunnskapar og valde forenkla føringsmåtar.

Kva kan så ulikt etnisk oppfav ha å seia for tilslutning til ulike rørsler? Ein kan i hovudsak tenkja seg innverknad langsetter tre dimensjonar, og den eine treng ikkje å utelukka dei andre. For det første kan det i dei kulturelle eller sosio-økonomiske særdraga til ei etnisk gruppe liggja element som gjev affinitet til den aktuelle rørsla. Rimeleg sjølvsagde døme kan vera næringsinteresser knytte til ei særeigen økonomisk tilpassing. Ein kan også tenkja seg nye religiøse ytringsformer som korresponderer med tradisjonell religiøsitet eller kulturdrag. For det andre vert etniske skilnader ofte

knytte til ulik tilskriving av samfunnsmessig status og verdsetjing. Er også slike statusskilnader store, vil ein kunna sjå dei som stigmatisering av etniske grupper. Tilknyting til organisasjonar kan såleis vera ein strategi for å motverka stigmatisering, anten ved å skapa eit alternativt fellesskap, eller gjennom dei å overskrida grensene mot andre etniske grupper. I både fall kan organisasjonstilknytinga fungera som verkemiddel i ei samfunnsmessig integrering.

Men for det tredje - også der dei etniske ulikskapane ikkje leiar til direkte stigmatisering, kan likevel kulturelle, sosio-økonomiske eller geografiske skilnader vera så markante at dei likevel gjev tydelege skiljelinjer. Opplevinga av å vera ei minoritetsgruppe kan dermed likevel vera der, og såleis også trøngen for ei sterkare integrering. Dette tilhøvet kan også gjelda subkulturar innanfor dei etniske gruppene. Spenningstilhøvet mellom det å vilja vera annleis og samstundes ein del av eit større fellesskap, mellom det å oppretthalda sær preg og likevel unngå avvikarposisjon, kan vera ei viktig motivering til å slutta seg til ymse organisasjonar.

**Etniske grupper i den friapostoliske forsamlinga.** Tilskriven etnisitet er først og fremst gjort på grunnlag av folketeljingane frå 1865 og 1875. Men desse folketeljingane gjev til dels ufullstendige og feilaktige opplysningar. I blant er nok inkonsekvensar meir tilsynelatande av di teljarane ikkje berre nyttar avstamningskriteriet. Eg har såleis også nyttet andre kjelder enn folketeljingane og for mange av medlemene gått minst to generasjoner attende for å finna etnisk opphav. Også for einskildindivid som seinare er rekna som norske, kan det vera relevant å kjenna opphavet, av di blanda opphav likevel i somme situasjonar kan ha prega haldningar og handlingar både hos den einskilde og i lokalsamfunnet. Eg har som tommelfingerregel rekna innslag av minst ein besteforelder med annan etnisitet for å rubrisera ein person som av blanda etnisitet. Her er det eit vesentleg unnatak. Ein del personar med ein kvensk besteforelder, men der dei sjølv, foreldre og søsken både i ft65 og ft75 var rekna som reint norske, har også i mi rubrisering fått etnisiteten norsk. Fleirtalet av desse ætta frå Markeneskvenane. Dette gjeld i alt 12 personar.<sup>159</sup> Somme medlemer, som personleg var registrerte som norske i folketeljingane, er likevel rekna med i blandingsgrupper av di det tydeleg fanst eit medvit i lokalsamfunnet om blanda etnisk opphav.<sup>160</sup>

**Tabell 8: Pårekna etnisitet - fordeling av dissentarane.**

Medlemer av den friapostoliske forsamlinga 1856-60 etter etnisitet og kjønn.

Etnisitet	Menn	Kvinner	Tal personar	Fordeling i prosent
-----------	------	---------	--------------	---------------------

<sup>159</sup> To av desse hadde 3/8 kvensk innslag, dei øvrige 1/4.

<sup>160</sup> Dette ser ein av at andre i den nærmaste familien vart registrerte som blanda/ikkjenorske. Ei nærmare gransking av opphavet stadfester dette. Dette gjeld fem personar i den kvensk-norske gruppa, ei med norsk-samisk opphav.

<b>nordmenn</b>	21	26	47	48%
<b>nordmann/kven</b>	13	7	20	20%
<b>kvenar</b>	3	4	7	7%
<b>kven/same</b>	5	2	7	7%
<b>samar</b>	6	3	9	9%
<b>andre blanda grupper</b>	5	3	8	8%
<b>Sum</b>	53	45	98	99%
<b>uviss etn.</b>	2	0	2	/

Ei vekta fordeling av blandingsgruppene på dei etniske hovudkategoriane gjev fordelinga 62% norsk, 16% samisk og 22% kvensk.<sup>161</sup> I høve til fordelinga i folkesetnaden som heilskap elles er samane ganske underrepresenterte, medan nordmennene ligg noko under høvesvis fordeling. Hovudavviket her ligg i den kvenske befolkninga, som er langt sterkare representert enn andelen av befolkninga skulle tilseia. No kan ei forklåring nok vera at den pårekna etnisiteten ikkje i same mon er reflektert i folketeljingane. Også i befolkninga elles kan det vera eit større innslag av kvensk bakgrunn enn det som kjem fram gjennom kategoriseringa i folketeljinga.

Som ein kontroll har eg også sett nærmere på dei av forsamlingsmedlemene som levde og budde i Balsfjorden ved dei to følgjande folketeljingane. Kva etnisitet vart dei faktisk registrert med, og korleis var fordelinga i tilhøve til folkesetnaden som heilskap?

**Tabell 9: Etnisitet ved folketeljinga 1865 - dissentarane.**

Medlemer av den friapostoliske forsamlinga 1856-60 etter registrert etnisitet og kjønn.

Etnisitet	Menn	Kvinner	Tal personar	Fordeling i prosent
<b>nordmenn</b>	15	21	36	58%
<b>nordmann/kven</b>	2	0	2	3%
<b>kvenar</b>	8	3	11	18%
<b>samar</b>	7	4	11	18%
<b>andre blanda grupper</b>	2	0	2	3%

<sup>161</sup> Vektig tyder her ei fordeling som tek omsyn til den konkrete etniske bakgrunnen til einskildindividia med blanda etnisitet. I dette høvet er det kjend avstamning som tel.

<b>Sum</b>	34	28	62	100%
<b>døde/utflytta</b>	21	17	38	/

Fordelinga for einskildindivid har ein god del avvik frå pårekna etnisitet, men hovudfordelinga samsvarar rimeleg godt trass i somme avvik. Som venta er det få i blandingskategori i 1865-teljinga, og hovudkategoriane vil såleis rimelegvis verta større. Det mest vesentlege er likevel at det store innslaget av kvenar kjem klårt fram også her. Ein kontroll av om denne gruppa av attverande forsamlingsmedlemer er representativ for 100-gruppa, syner svært godt samsvar for to kontrollfaktorar, brukande for ein tredje.<sup>162</sup>

Også etnisitet etter 1875-teljinga stadfester dette mønsteret. Den opphavlege medlemsgruppa er no enno meir redusert, men framleis nokolunde representativ. Kvinneavgangen har vorte høvesvis større. I 1875-teljinga vart blandingskategoriar nytta i stort omfang, og det vert reflektert her også.

**Tabell 10: Etnisitet ved folketeljinga 1875 - dissentarane.**

Medlemer av den friapostoliske forsamlinga 1856-60 etter registrert etnisitet og kjønn.

Etnisitet	Menn	Kvinner	Tal personar	Fordeling i prosent
<b>nordmenn</b>	9	11	20	45%
<b>nordmann/kven</b>	2	3	5	11%
<b>kvenar</b>	3	1	4	9%
<b>samar</b>	6	1	7	16%
<b>andre blanda grupper</b>	7	1	8	18%
<b>Sum</b>	27	17	44	99%
<b>døde/utflytta</b>	28	28	56	/

Ei høvesvis fordeling av blandingskategoriar på hovudkategoriane kan gjera det lettare å jamføra dei ulike kategoriseringane av medlemsgruppa både med kvarandre og med resultatet av folketeljingane for heile befolkninga i Balsfjorden, jmfr. tabell 11.

Det vert altså heilt klårt stadfest at innslaget av kvenar i forsamlinga var høvesvis stort, korleis

<sup>162</sup> På kjønn og alder (over og under 30) var fordelinga så å seia nøyaktig den same. Med omsyn til busettingsområde var det i 65-teljinga høvesvis litt fleire frå blandingsområda og noko færre frå dei norskdominerte. Avvika var likevel moderate, t.d. hadde områda 6&7 ein reduksjon frå 53 til 48%. Hovudgrunnen er truleg liten avgang av samar i blandingsområda, dermed auka desse områda sin andel noko. Slik vert også samane noko overrepresenterte, noko som slår sterkare ut i 1875-oversynet.

eg no kontrollerer og kryssanalyserer materialet. Innslaget av samar var etter måten lite, men heller ikkje ubetydeleg. Og til sjuande og sist var nordmennene den største gruppa korleis ein reknar. Det mest påfallande er utan tvil den store gruppa med kvensk innslag. Nokre av desse framstod som så fornorska at dei einskilde individua var rekna som norske både i 1865 og 1875. Men ein eller fleire i den nærmaste familien var likevel registrert med blanda etnisitet i minst ei av teljingane. Det tyder på at det fanst eit medvit hos individua og/eller lokalsamfunnet om dette. Fleirtalet av dei med pårekna blanda etnisitet framstod likevel også individuelt som blanda i minst ei av teljingane, i somme høve også som reine kvenar eller samar. I tillegg kjem som nemnt over, tolv individ som trass kvensk innslag på opp til 3/8, likevel er rekna med pårekna etnisitet som norske i oppsettet mitt. Det reelle talet på personar med kvenske røter i besteforeldregenerasjonen på minimum ein firedel kjem såleis opp i minst 48 personar, altså nær halvdelen av forsamlinga.

**Tabell 11: Etnisitet hos forsamlingsmedlemer jamførd med folketeljingar.**

Pårekna og registrert etnisitet hos medlemer, registrert etnisitet i Balsfjorden ved folketeljingane - rekna i prosent.

Etnisitet	norsk	samisk	kvensk	blanda	sum %	N:
F.t. 1855	70,7	20,6	3,5	5,2	100,0	2034
Friis 1860	65,7	28,3	5,9		99,9	286 husst.
Medl. på-rekna etn.	62	16	22	<sup>163</sup>	100	98
F.t. 1865	63,1	29,9	7,0		100,0	2244
Medl. reg. etn. 1865	58	18	18	6 <sup>164</sup>	100	62
F.t. 1875	60,4	26,0	2,6	11,0		2508
Medl. reg. etn. 1875	45	16	9	29	99	44

Tala for Friis 1860 byggjer på Hauglid 1991:s.44. Ft1865 Etnisitet berre i hovudkategoriar.<sup>165</sup>

<sup>163</sup> Blandingsgruppene er her fordelt på hovudkategoriane for å letta jamføringa med Friis 1860 og ft 1865 som med sin føringspraksis ikkje innbyr til registrering av andre blanda grupper enn barn i blanda ekteskap.

<sup>164</sup> Dei 4 personane med bakgrunn no/kv og no/sa var alle føerde på den norske lista (hovudkategori).

<sup>165</sup> Tala for ft 1865 byggjer på Hauglid 1991:s.33,44. Befolkinga var i teljinga fordelt på dei tre hovudkategoriane i ulike etniske lister. Somme individ med blanda opphav var likevel registrerte. Magelssen og Larssen 1925:s.117 oppgjev 82 personar av blanda opphav, flest no/kv, av ei befolkning på 2258, d.v.s. 3,6%. Det var nærmare 120 dersom ein også reknar med barn frå blanda ekteskap, der det ikkje var nokon merknad om etnisitet for barna. Langt dei fleste barn (og vaksne) av blanda delvis norsk opphav er for øvrig føerde på norsk liste.

84% av medlemene kom frå den inste delen av Balsfjorden frå Nordkjosen til Sandøyra, medan berre drygt halvdelen av befolkninga i soknet var heimehøyrande der i 1855. 73% av medlemene kom frå tre område med berre 41% av folkesetnaden. 1845-teljinga gjev høve til å sjå på den etniske fordelinga i kvart einskild område. Resultata frå ft1845 ser også ut til å samsvara rimeleg godt med Friis 1860 og folketeljinga 1865. Den mest vesentlege endringa er at den kvenske andelen etter kvart var aukande, og tilsvarende vart dei andre gruppene noko reduserte, mest den norske! Ft1845 bør likevel gje ein rimeleg god indikasjon på den lokale etniske fordelinga ti år etter. Tabell 12 syner den etniske samansetnaden i dei viktigaste rekrutteringsområda i 1845.

Alle registrerte kvenar i 1845 hørde for øvrig til i desse indre områda av Balsfjorden. Jamfør med både Friis 1860 og ft1865 er det berre ein liten nedgang i den samiske andelen i Balsfjorden som heilskap, og om vi i all hovudsak kan rekna med at dette også gjeld for dei indre områda, kan vi truleg rekna med at andelen i slutten av 1850-åra i alle høve er på minst 10%. Den kvenske hadde nok auka klårt, og 10-12% kvenar er ikkje noko urimeleg anslag om ein ser på andelen kvenar i området i 1865. Knapt halvparten av samane i forsamlinga kom frå denne inste delen i tillegg til nokre av blanda og delvis samisk opphav. Det samiske innslaget i forsamlinga kan her seiast å utgjera minst 10%. Ytterlegare tre samar sokna nærmast til Nordkjosenområdet, sjølv om dei er registrerte i område 3. I det indre området er samane såleis representerte i forsamlinga om lag i høve til andelen av befolkninga elles, men truleg med ei overvekt på blandingskategoriar.

**Tabell 12: Etnisitet i dei viktigaste rekrutteringsområda i 1845.** Resultat i prosent.

Område Etnisitet >	norsk	samisk	kvensk	N:
4. Bomstad-Slettnes	84%	11%	5%	100+13+6=119
5. Lodbukt-Sagelv-Strupen	75%	24%	1%	147+48+1=196
6. Storskogen-Holmenes	92%	5%	3%	272+14+10=296
7. Skjæret-Sandøyra	87%	13%	0%	202+29+0=231
Sum 4-7	85,6%	12,4%	2,0%	721+104+17=842

**Sosiale grupper i Balsfjorden.** Den sosiale strukturen i Balsfjorden hadde føresetnadene sine i det privileiebaserte standssamfunnet, der økonomien på landsbygda både var hushaldsbasert og subsistensorientert. I Balsfjorden på 1850-talet budde berre folk av allmugen. Den første eigne presten frå 1857 var til å byrja med busett i Malangen, og andre embetsmenn, høgre tenestemenn eller handelsfolk fanst ikkje enno i bygda.

Var det likevel klassekilje innanfor allmugen? Det var ei tradisjonell oppfatning at råderett over jord var eit sentralt skilje, anten ein åtte jorda eller bygsla. Embetsmenn og statleg byråkrati

klassifiserte såleis befolkninga etter formelt tilhøve til jord. Men om dei formelle avgrensingane for leiglendingen var klåre, mot t.d. sjølveigaren på den eine sida og husmannen med jord på den andre, var dei praktiske sosiale skilja ikkje alltid like innlysande. Mange har meint at desse kategoriane gjev inntrykk av større klassekilje enn det reelt har vore, særleg på Vestlandet og i Nord-Norge. Jamfør med Austlandet er dette utan tvil rett, men samstundes står ein i fare for ei forenkling om enn ser skilja som utviska berre av di einskildindivid frå dei ulike sosiale gruppene kan overlappa kvarandre i økonomisk velstand. Her lyt ein også ta høgde for at klassestrukturen var i endring på fleire vis. Ei husmannsnemning kan t.d. løyna eit yrke med tilhøyrande inntekt og status som meir representerte den nye samfunnsstrukturen enn den gamle jordbruksbaserte. At det også har vore ein viss mobilitet mellom dei ulike sosiale gruppene t.d. ved giftarmål kan heller ikkje utan vidare tolkast slik at skilja var uvesentlege.<sup>166</sup>

No var ikkje sjølveigargruppa særleg stor i Balsfjorden før langt ut i siste delen av 1800-talet. Gruppa husmenn med jord var også lenge stort sett ei lita gruppe, og dei var gjennomgåande klårt lågare stilte enn fiskarbøndene.<sup>167</sup> Husmenn utan jord, innerstar og daglønarar omfatta langt større tal, og må ha utgjort underklassen i Balsfjorden. Dei få bygdehandverkarane har truleg ikkje vore særleg betre stilte. Også fiskarane innan denne gruppa må både økonomisk og sosialt ha vore i ein avhengig posisjon. Ungkarsfiskaren - ofte sjølvhaldar - har kanskje likevel hatt ei stilling med ein viss fridom utan forsytaransvar og enno ikkje gjeldstynga. Det er i alle høve klåre teikn på at unge menn heller valde å vera fiskarar i kombinasjon med ymse dagarbeid enn å gå i fast teneste.<sup>168</sup>

Tenarane hadde også ein fleirtydig posisjon. Til dels kunne det vera flytande grenser mellom tenestefolk, innerstar, fosterbarn og familiemedlemer utanom eigne barn.<sup>169</sup> Til dels var det å vera tenar ei aldersrolle knytt til ein spesiell livsfase. Det kan såleis diskuterast om tenaren utan vidare kan klassifiserast som underklasse, av di mange kom frå gard og seinare fekk gardsbruk. Likevel er det teikn på at dei lægste sosiale laga må ha vore sterkest representert.<sup>170</sup> Dessutan var tenaren der

<sup>166</sup> Eit teikn på at skilja var der og var viktige, gjev Try eit døme på når han skildrar konfliktar om sitjepllassar i Øvrebøkyrkja på 1800-talet. I denne sørlandsbygda "med eit etter måten egalitært preg" måtte husmenn, handverkarar og follogsfolk stort sett finna plass på trevet så seint som i 1858. Try 1977:s.41ff.

<sup>167</sup> Eit tilfeldig utval i Balsfjord frå 1865 syner likevel store variasjonar i husdyrhald og utsæd. Einar Furus meiner at avstanden mellom ein småbrukar og husmann i Sand/Bjarkøy ikkje var stor, men peikar samstundes på at det var ei sosial degradering å verta husmann; Furu 2000:s.25,93ff.

<sup>168</sup> 5-årsberetning frå lensmannen i Karlsøy 1851-1855. Også i Balsfjorden syner rettighetsbøkene at mange unge menn var registrerte som sjølvhaldarar.

<sup>169</sup> Variasjonane i tal tenestefolk 1835-1855 (100, 280, 109) og jordlause husmenn & daglønarar (80, 43, 89) kan m.a. tyda på det.

<sup>170</sup> Teneste fremst knytt til husmannsstanden; Pryser 1985:s.27,55,130f. Husmannsbarn flytta ut (tok teneste) i høgre grad; Oldervoll 1980:s.97,104. Sejersted ser teneste som del av normal livssyklus, rett nok etter kvart ut etter 1800-talet med dårlegare utsikt til å kunna disponera jord; Sejersted 1986:s.123f.

og då til vanleg i ein klårt underordna og avhengig posisjon.

**Klassar og sosiale lag.** Også i denne samanhengen må hovudkriteriet for ein klassemodell vera fordelinga av økonomisk makt i tydinga fordeling av produksjonsresultat. For å gjennomføra ei vel grunngjeven inndeling av klassar og sosiale lag i eit nordnorsk forkapitalistisk bygdesamfunn, vil det krevja ei grundigare undersøking av økonomi, utbytingsrelasjoner og fordeling enn det eg har hatt høve til. Eg lyt difor vera noko summarisk, og eg trur heller ikkje feilkjeldene vil vera så store, av di fleire av dei problematiske grenseoppgangane vedkjem mindre grupper i Balsfjorden.

I høve til Balsfjorden i første del av 1800-talet finn ein to grupper som representerte eigarklassen, jorddrotten og handelsmennene, dei siste gjennom å kontrollera meirverdien av fiskeria. Ei tredje gruppe var embetsmenn og høgre tenestemenn, som både var representantar for ei strukturell maktutøving og utbyting gjennom statsmakta, og ei relasjonell og direkte gjennom ulike avgifter til det personlege embetet. Desse gruppene representerte til saman overklassen.

I sjølve Balsfjorden budde berre representantar for allmugen heilt fram til 1860-åra. I høve til eigarklassen vil også bygsselbrukaren vera underklasse, formelt klårt i høve til jordeigaren, som fiskarbonde reelt nok i høve til handelsmannen, føresett at han var gjeldsbunden. På den andre sida - i bygdesamfunnet var avstanden liten til sjølveigaren, leiglendingen rådde jamt over sin eigen kvardag og hadde ein rimeleg grad av tryggleik, også i høve til jorddrotten. Han kunne på si side ha eit overordna tilhøve til tenestefolk og daglønarar. I dette perspektivet hørde leiglendingen til ein mellomklasse av fiskarbønder. Dei fleste brukta var rett nok små, under ein skyldsdalar, og må både reknast som småbruk og familiebaserte sjølvbergingsbruk.<sup>171</sup> I eit forenkla oppsett vert såleis alle som disponerte og brukte skyldsett jord, rekna til gardbrukarklassen.

Dei øvrige, husmenn med og utan jord, innerstar, strandsitjarar, daglønarar, sjølvhaldarar og bygdehandverkarar, vert rekna som avhengige tilhøyrande den eigedomslease underklassen.<sup>172</sup> Tenarane reknar eg også med i underklassen av eigedomslease, jmfr. førre underkapittel.<sup>173</sup>

---

<sup>171</sup> Dei få velstandsbøndene på høvesvis store gardar må reknast som eit øvre sjikt. Hos Pryser korresponderer omgrepene småbrukar med skyld under 1 dalar, storgarden var på minst 5 dalar (150 mål), og elles jamne bønder; Pryser 1977b:s.134,138f.

<sup>172</sup> Samsvarar i hovudsak med Bratrein si klassedeling for Karlsøy. Han reknar fiskarbøndene til mellomklassen, men inkluderer også kårfolk i underklassen, båe inngår i "almuesklassen"; Bratrein 1989-94:09.04.s.6f,10.05.s.2f. Jmfr. Thorvaldsen sitt skilje mellom bonde og avhengig, Thorvaldsen 1995:s.486. For den svenske landsbygda på 1800-talet nyttar Winberg skiljet mellom bønder og "obesuttna". Han reknar "sjølvhushållande bønder" som ein klasse uavhengig av eigartilhøve til jorda. Klassen "ej besuttna jordbrukare" svarar til husmenn med jord, og den lægste klassen er dei jordlause. Han har også to øvre klassar, der den nest høgste er jordbrukarar med (stor) overskotsproduksjon. Winberg 1975:s.44f.

<sup>173</sup> Samsvarar med Bratrein, jmfr. referanse i førre note, og Pryser som inkluderer tenarane i husmannsstanden; Pryser 1985:s.27,72.

**Sosial samansetnad i Balsfjorden i første halvdel av 1800-talet.** I midtre Troms på 1800-talet leia den økonomiske og demografiske utviklinga til endra rammevilkår for befolkninga. Stikkord kan vera folketalsauke, ekspansjonen i fiskeria, byvokster. Er det mogleg å sjå ei utvikling og endring for dei viktigaste statusgruppene og yrkesgruppene i Balsfjorden i tiåra fram mot danningsa av friforsamlinga? Eg har tidlegare nemnt problemet med ulike kriteria for avgrensing av ulike yrkesgrupper og statusgrupper. Likevel, gardbrukarane er det rimeleg lett å skilja ut.<sup>174</sup> Dei øvrige vert, med få og marginale unnatak i det subsistensorienterte og førkapitalistiske Balsfjordsamfunnet, å sjå på som den avhengige, eigedomslause underklassen.<sup>175</sup>

**Tabell 13: Brukarar med jordveg i Balsfjorden 1825-1865.**

I absolute tal og i % av tal hushald.

Ft år	Næring > Hus- hald	Sjølveigarar i tal/i %	Leiglendingar, rydn.menn i tal/i %	Gardbru- karar i alt i tal/i %	Husmenn m/- jord i tal/i %
1825	202	5 2%	125 62%	130 64%	3 1%
1835	226	9 4%	113 50%	122 54%	32 14%
1845	277	12 4%	171 62%	183 66%	5 2%
1855	324	15 5%	191 59%	206 64%	23 7%
1865	378	46 12%	167 44%	213 56%	34 9%

Studerer ein tabellen, er stabiliteten vel så påfallande som endringane. Når det gjeld gardbrukarane, var tilhøva rimeleg stabile i perioden 1825-1855. Rett nok gjekk talet på leiglendingar ned ved ft 1835, samstundes som talet på husmenn med jord var spesielt høgt. Men det er openert eit unnatak som kan ha fleire forklaringar.<sup>176</sup>

<sup>174</sup> Heilt klinkande klår er ikkje avgrensinga. Kårfolk hadde inntekter indirekte frå matrikulert jord, men kunne samstundes leva kummerleg og i eit samansett autoritetstilhøve til den nye brukaren. I dei to tabellane nedanfor er kårfolk ikkje talde med, korkje som gardbrukarar eller avhengige. Husmenn med jord sat til tider på like stor rydningsjord som rydningsmenn med formell status. Eg meiner likevel at dei prinsipielle skiljelinene er viktige.

<sup>175</sup> Spennvidda vil likevel vera stor, jmfr. drøfting av kategoriseringa under avsnittet om klassar.

<sup>176</sup> Den sterke nedgangen i talet på husmenn med jord mot 1845, kan koma av at ein del husmenn hadde fått matrikulert jorda si og dermed trødde inn i gardbrukarklassen. Ein kan heller ikkje sjå vekk frå at t.d. rydningsmenn kan ha vorte ulikt kategorisert i 1825 og 1835. Først i 1845 vart rydningsmenn eigen teljingskategori. Men det er også mogleg at talet på gardbrukarar har gått reelt ned. Reduksjonen var spesielt stor i dei to samiske hovudområda der talet på bønder gjekk ned frå 42 til 30 - utan nokon vidare auke i talet på husmenn med jord. I desse to områda var bruksstorleiken i snitt av dei minste i Balsfjorden etter 1838-matrikkelen, og må med det høge brukartalet i 1825 då ha vore enno mindre. Men også i andre delar av Balsfjorden stod brukartalet stilt eller gjekk noko ned, så det kan i

Nokolunde parallelt med auken i folketalet auka også talet på bønder, anten det var nyrydding eller bruksdeling som då vart mest utslagsgjenvande. Mest to av tre hushald i Balsfjorden var gardbrukarhushald. Vi ser i 1855 ein tendens til nedgang, men først i perioden 1855-1865 vert den heilt tydeleg.

**Tabell 14: Eigedomslause i Balsfjorden 1825-1865.**

I absolutte tal og i % av tal hushald.

Ft år	Nær-ing > Hus-hald	Husmenn m/jord i tal/i %	Husmenn u/jord m.v. i tal/i %	Sum ymse ei-gedomslause i tal/i %	Sum gb.+-avh.	Tenestefolk i tal/i %
<b>1825</b>	202	3 1%	69 34%	72 36%	100%	120 59%
<b>1835</b>	226	32 14%	81 36%	113 50%	104%	100 44%
<b>1845</b>	277	5 2%	102 37%	107 39%	105%	280 101%
<b>1855</b>	324	23 7%	98 30%	121 37%	101%	109 34%
<b>1865</b>	378	34 9%	108 29%	142 38%	94%	240 63%

Husmenn u/jord m.v.: M.a. daglønarar, fiskarar, bygdehandverkarar.

Det er større vanskar ved å vurdera utviklinga av dei eigedomslause gruppene enn av gardbrukarane. Teljingskategoriane varierte mykje. Det har difor vore naudsynt å slå saman fleire kategoriar i ei sekkegruppe.<sup>177</sup> For åra 1835-1855 er det heller ikkje fullt samsvar mellom tal "yrkespersonar" og tal husald.<sup>178</sup> Det gjeld også ft1865, men der med motsett utslag.<sup>179</sup> Desse tilhøva gjer at små prosentvise endringar ikkje kan tilleggast stor vekt, dersom dei ikkje samstundes

---

perioden ha vore ein medveten strategi hos jorddrotten å motverka bruksdeling.

<sup>177</sup> Ft1845 er t.d. ganske avvikande i tilhøve til både den føregående og den følgjande, og det gjeld for alle kategoriar. Forklaringa kan liggja i at ulike katgoriar vart nytta, i ulike kriteria for avgrensing og i mangelfull registrering. Ft1845 har registrert fiskarar, her er dei andre tidlege teljingane mangelfulle.

<sup>178</sup> Desse teljingane tek i noko varierande grad med yrkesnemning til bipersonar i hushald. Summen av gardbrukarar og eigedomslause kan då verta større enn tal hushald. Høgste avvik er likevel mindre enn 5%. Ft1845 har slik eit noko høgare tal yrkespersonar enn dei andre teljingane, og det vil fremst gje utslag i talet på "eigedomslause". Det tyder at den lille prosentvise skilnaden på eigedomslause i 1845 og 1855 ikkje er signifikant - heller ikkje av den grunn.

Fattige og kårfolk er ikkje tekne med i tabellane, men er med i talet på hushald når dei er talde som eigne hushald. Tenestefolk er ikkje med i summen av eigedomslause, men kjem i tillegg som eigen kategori. Dei kan ikkje inkluderast i andre avhengige av di dei ikkje utgjorde eigne hushald, og tala varierte også sterkt.

<sup>179</sup> Berre hovudpersonar er med. Hovudpersonar i kårhushald utgjorde dei manglande 6%. I ft1855 ville hovudpersonar i kårhushald utgjera 11% og koma i tillegg til summen på 101%.

er uttrykk for ein klår, langsiktig tendens. Av tabellen er det vanskeleg å spora nokon aukande differensiering og nedgående sosial mobilitet mot 1865. Men her er det likevel slik at oppsettet løynar eit større og truleg aukande omfang av eigedomslause ikring 1860.<sup>180</sup> Dels skjønar vi det av at andelen til gardbrukarane har gått ned. Då må andre kategoriar ha auka den reelle andelen sin. I tillegg til hovudpersonane i hushalda fanst det også ganske mange losjerande. I alt var det eit hundretals vaksne i denne kategorien, og om lag 50 utgjorde ikkje eigne hushald. Dei fleste av desse må reknast mellom dei eigedomslause i underklassen i Balsfjorden.<sup>181</sup> For det tredje var det ei tenargruppe på 240 personar med kvinnene i klår overvekt. Endringane melder seg også ved at ein finn fleire yrkesgrupper med både sekundær- og tertiærnæringer representerte. Det er også eit teikn på endringar og differensiering.<sup>182</sup> Talet på fiskarar som hadde dette som hovud- eller eineyrke, var truleg aukande. I 1845 var det 53 oppgjevne fiskarar, og somme av desse var nok heimeverande søner. I 1865 var det minst 62 eigedomslause hovudpersonar som fremst var fiskarar, og om lag 25 losjerande fiskarar utan eige hushald. I tillegg kom ein del husmenn med jord og talrike gardbrukarar som dreiv fiske.

Ser ein på hovudlina frå 1825, er i alle høve balansen mellom gardbrukarar og jordlause temmeleg stabil, gardbrukarane - eller fiskarbøndene - utgjorde kring 65% av hushalda, dei jordlause 35-40%. Først mot 1865 gjekk gardbrukarandelen tydeleg ned, men framleis var godt over halvparten av hushalda knytte til gardsbruk. No gjev ikkje fordelinga mellom hushald som rådde over jord og dei som ikkje gjorde det, heile biletet av den sosiale strukturen. Innanfor gardbrukarhushalda fanst også ei rekke individ som ofte høyrde til lågstatusgrupper; tenrarar, losjerande, fosterbarn, folk på lægd. Somme av dei kunne ha ein tvetydig posisjon, for i blant dreidde det seg om slektingar. Når Hauglid i eit oversyn over befolkninga i 1865 tilsynelatande kjem til motsett konklusjon om fordelinga mellom gardfolk og eigedomslause enn det eg gjer, så har det mellom anna nett å gjera med måten han reknar inn desse gruppene på.<sup>183</sup>

---

<sup>180</sup> Dels av di tal yrkespersonar ved ft1845 og 1855 var noko større enn tal hushald, medan ft1865 hadde færre. Det er fremst dei eigedomslause som slik vert noko skeivt representerte i ft1865, der berre hovudpersonar er med i tabellen. Det var likevel ikkje noko alternativ å ta alle yrkespersonar med. Ft1865 er ei personliste med så omfattande opplysningar jamført med dei tidlegare listene, at det då ville verta heilt uråd å jamføra den med tidlegare teljingar.

<sup>181</sup> Dei tre ugifte, losjerande skulelærarane var rett nok eigedomslause, men hadde vel større ambisjonar - og samfunnsmessige funksjonar som gav dei ein annan plass enn underklassen. Handverkarane kan ha vore i ei mellomgruppe, men dei fungerte nok meir som fagarbeidarar i bygdesamfunnet enn som representantar for småborgarskapen.

<sup>182</sup> Ofte i kombinasjon med andre næringar, og i tabellane framstår dei t.d. som gardbrukarar. Andre er nemnde som yrke til losjerande utan eige hushald, og kjem ikkje fram i tabellen av den grunn. Det kom også noko fleire handverkarar, frå fem i 1845 til tretten i 1865.

<sup>183</sup> Hauglid får for 1865 i Balsfjord sokn 68,2% eigedomslause, 31,8% gardfolk. Eg er samd i korleis han plasserer lågstatusgruppene, men problemet er etter mitt syn at han blandar ei individbasert og ei hushaldsbasert gruppering. Gardbrukarane er hovudpersonar i hushald, dei eigedomslause er dels hovudpersonar i hushald, dels individuelle bipersonar. Av kvinner kjem dei næringsaktive gifte kvinnene ikkje fram, berre lågstatuskvinner som

Det var altså ein markant folkeauke fram mot 1855, men i Balsfjorden som heile ser det ikkje ut til å ha leia til ein generell sosial nedgåande mobilitet for større grupper. Både nyrydding og bruksdeling ser ut til å ha fungert som motvekt mot ei slik utvikling. Det verkar heller ikkje som det alt i alt var blitt stort fleire tenestefolk, sjølv om tala her varierte svært mykje.

Så kan ein spørja seg om denne skildringa høver for heile Balsfjorden, eller om det her var skilnad på dei ulike områda. Ser ein nærmare på underlagsmaterialet, er det ganske sprikande, men nokre tendensar er det likevel mogleg å sjå. Nordkjosen (område 4) utvikla seg frå eit område med høvesvis mange gardbrukarar, lågt tenartal og få hushald utan jordveg til eit langt meir samansett grenedesamfunn sosialt. Det var likevel lengre ut i fjorden at det var høvesvis flest daglønarar og jordlause husmenn, og der var også tenartalet høgast. Frå 1845 til 1855 var det både område ytst (1 og 8) og inst (6 og 7) som hadde størst auke av avhengige.

Ei jamføring av forsamlingsmedlemene med omsyn til yrke i høve til yrkesfordelinga i ei folketeljing vil vera problematisk. Yrkesfordelinga for medlemene bygger på fleire kjelder og er såleis meir nyansert. For å kunna jamføra med befolkninga som heile lyst eg ta utgangspunkt i grovere kategoriar, og då nyttar eg den statusbaserte inndelinga som og låg til grunn for den klasseinndelinga eg tidlegare har gjort for Balsfjordsamfunnet. Slik vert det lettare å jamføra med folketeljingane, og særleg den av 1855.

**Tabell 15: Medlemer i den friapostoliske forsamlinga fordele på statusgrupper.**  
Tal personar, N=prosent

	Gardbr. hovudp.	Gardbr. fam.	Avhengig hovudp.	Avhengig fam.	Tenar	Andre
<b>Menn</b>	18	14	14	0	0	9
<b>Kvinner</b>	2	24	0	10	9	0
<b>Sum</b>	20	38	14	10	9	9
<b>Område 4</b>	5	7	3	2	1	1
<b>Område 6-7</b>	10	19	8	5	5	6
<b>Øvrige område</b>	5	12	3	3	3	2

Status i tida kring innmeldingstidspunktet. Kategorien avhengig tilsvrar eigedomslause.<sup>184</sup> Ugifte avhengige som

---

tenestejenter og kvinnelege losjerande. Vaksne heimeverande gardbrukarbarn er ikkje med i Hauglid sitt oversyn, og det svekkar gardbrukargruppa vesentleg. Det er også inkonsekvent at folk på lægd er med, men ikkje kårfolk. Hauglid 1991:s.143f.

<sup>184</sup> Omgrepet "avhengig" er lånt av Thorvaldsen, men eg inkluderer til skilnad jordlause lågstatusgrupper; Thorvaldsen 1995:s.486.

tenarar og andre.<sup>185</sup>

Godt over halvparten av medlemene høyrd til gardbrukarhushald, noko fleire menn enn kvinner. Også for avhengige var det overvekt av menn, og der var ingen heimeverande søner eller døtrer i motsetnad til i gardbrukarhushalda. Til gjengjeld finn vi ein god del einslege kvinner som tenarar og einslege menn under "andre". Ser ein på dei ulike områda var tilhøvet mellom gardbrukarhushald og eigedomslause nær det same i alle områdegrupperingane. Lågstatuskategoriane stod litt sterkeare inst i sørvest (6&7), men det skilde seg ikkje mykje frå dei andre område. I sørvestområdet var det ei stor gruppe av unge og ugifte tenarar og sjølvhaldarar, medan Nordkjosen var meir prega av familiefolk.

Både tenarar og sjølvhaldarar er her rekna som lågstatuskategoriar. Tenarposisjonen var i alle høve ein underordna posisjon, og minst halvparten av tenarane i forsamlinga kom også frå lågare sjikt. Heller ikkje gardbrukardøtrene hadde i realiteten noko alternativ til teneste - anna enn giftarmål.<sup>186</sup> Sjølvhaldarane var også i avhengig posisjon i fisket med meir tilfeldig dagarbeid utanom sesongane. Sjølv om halvparten av desse var gardbrukarsøner, var det ikkje noko alternativ å vera heimeverande for nokon av dei. Farsbruket var for lengst overteke av andre enn foreldra, for nokre også av andre enn familie.

Korleis var så samansetnaden i befolkninga som heile? Ei jamføring med folketeljinga av 1855 er mest nærliggande. For å kunna gje eit litt meir detaljert biletet vert også somme undergrupper ført opp i den første tabellen.

**Tabell 16: Folkesetnaden i Balsfjorden 1855 fordelt på statusgrupper. Tal personar.**

	Statusgrupper	Hovud-person	Familie	Andre	Sum
<b>Gardbruka-rar</b>	Sjølveigarar	15	82		97
	Bygselm. Rydn.m.	191	1052		1243
	Kårfolk	35	35		70
	Sum gardbrukarar	241	1169		1410
<b>Avhengige</b>	Husmenn m/jord	23	97		120
	Husmenn u/jord	89	253		342

<sup>185</sup> Omfattar stort sett sjølvhaldarar der eit par kombinerte med handverk, ein uviss (truleg innerst/sjølvhaldar), alle ungkarar.

<sup>186</sup> Tre - truleg fire av dei - har hatt gardbrukarbakgrunn, den eine rett nok som rydningsmann. Ei kunne i teorien budd hos gardbrukande stefar. For dei andre var far død og/eller bruket overdregen til andre.

	Andre avhengige	9	7	37	53
	Tenarar			109	109
	Sum avhengige	121	357	146	624
	<b>SAMLA SUM</b>	362	1526	146	2034

*Andre avhengige* inneheld ymse grupper, jmfr. note.<sup>187</sup>

Bygselbrukarane var heilt dominerande, i alt 178 av 206 brukarar. Dei og familiene deira utgjorde 57,8% av befolkninga i Balsfjorden. Med andre som direkte (sjølveigarar og rydningsmenn) eller indirekte (kårfolk) hadde tilgang til ein jordveg av rimeleg storleik, utgjorde den jorddisponerande delen over 69%. Mellom dei avhengige var husmenn utan jord den største gruppa, og slike husstandar omfatta 16,8% av befolkninga. Her finn ein nok både ein del innerstar og strandsitjarar.

Men skal det vera mogleg å jamføra desse tala frå folketeljinga direkte med kategoriane frå medlemsoversynet, må ein forenkla dei noko.

**Tabell 17: Statusgrupper i friforsamlinga jamførd med folkesetnaden i 1855.**

	Friforsamlinga 1856-60		Balsfjorden 1855			
	Tal per- sonar	I prosent	Tal per- sonar	I pros- ent	Stipulert tal vaksne	Vaksne i % av alle vaks- sne
Gardbr. hp	20	20	241	11,8	241	24%
Gardbr. fam.	38	38	1169	57,5	ca 404	ca 41%
Sum gardbr.	58	58	1410	69,3	ca 645	ca 65%
Ymse avh. hp	23	23	121	5,9	121	12%
Ymse avh. fam	10	10	357	17,6	ca 124	ca 13%
Tenarar+ restgr.	9	9	146	7,2	ca 100	ca 10%
Sum avhengige	42	42	624	30,7	ca 345	ca 35%

Sjølvhaldarane i forsamlinga er her tekne med i *ymse avhengige, hovudpersonar*.

Jamføring utan vidare mellom forsamling og folkesetnad vil likevel verta noko skeiv av di medlemene i forsamlinga alle var over 19 år, medan det i den totale befolkninga var ein stor del

<sup>187</sup> Omfattar 9 handverkarar, av desse 3 med familie. Dei 6 andre handverkarane var einslege og kanskje ikkje rekna som eigne hushald. Somme kan ha vore heimeverande søner i gardbrukarhushald. Ei anna plassering vil likevel ha marginal verknad for fordelinga mellom gardbrukarklassen og avhengige.

Dei øvrige 37 var ei restgruppe som ikkje var nærrare definert, mogleg m.a. ymse fattige.

barn. Spesielt tala for familie vert det såleis uråd å jamføra direkte. Eg har difor også sett opp kolonnar der persongrupper som jamt over må reknast å vera vaksne, vert oppgjevne i pårekna tal og i prosentdel av stipulert vaksen befolkning.<sup>188</sup> Her er det sjølvsagt også usikre faktorar, mellom anna vil sikkert ein del tenarar vera under 19 år. Det pårekna prosenttalet står for ei gissing, der eg reknar med at om lag to tredelar av tenar- og restgruppa var vaksne.<sup>189</sup> Sjølv om stipuleringane for fordeling på vaksen befolkning til dels er noko omtentlege, er dei samstundes grunngjevne og vil etter det eg kan sjå, i det minste gje eit meir korrekt bilet.

Jamførde med dei justerte prosenttala som gjeld vaksen befolkning, syner det seg at avvika i høve til fordelinga jamnar seg ut. Den store overvekta av avhengige i forsamlinga sett i høve til samla folketal vert mindre markant når ein jamfører med talet på vaksne. Tal personar i gardbrukarhushald i forsamlinga er likevel klårt mindre enn i den vaksne befolkninga elles.<sup>190</sup> Særleg er det mange unge og ugifte, menn truleg i hovudsak som fiskarar/daglønarar, kvinner som tenarar. Dei lægre sjiktene i bygdesamfunnet står sterkt i den apostoliske forsamlinga, men likevel ikkje så sterkt at preget av brei og rimeleg representativ allmuge vert borte.

Den sosiale spreininga var størst blant dei kvinnelege medlemene. Tenargruppa blant kvinnene var etter måten stor, og i ymsegruppa av avhengige hørde mest samtlege kvinner til innerstgruppa, medan det blant mennene også var nokre husmenn med jord - og ingen tenarar.<sup>191</sup>

### **Yrkesfordeling i forsamlinga.** Sjølv om det som nemnt over, kan vera vanskeleg å jamføra

<sup>188</sup> I Balsfjord som heilskap var 48,7% av befolkninga eller ca 990 personar i 1855 19 år eller meir, jmfr. note 134. Til frådrag går først hovudpersonar i familiar av gardbrukarar, avhengige og kårfolk slik dei er sette opp i førre tabell, i alt 362. Fleirtalet av gifte menn (307), enkjer og enkjemenn (64) vil truleg vera hovudpersonar i denne samanhengen, som ikkje heilt har svara til hushald. Det bør vera rom for at nokre husstands- eller familiehovudpersonar ikkje var gifte. Føresett at ca 12 utanom dei overskytande 9 (307+64-362) ikkje var hovudpersonar, vil dei, inkludert 307 gifte koner, utgjera i alt  $362+12+9+307=690$  vaksne personar. Dersom 100 personar av tenarar/restkategori var vaksne, står det att 200 vaksne, ugifte familiemedlemer som i hovudsak vil høyra til i gardbrukarhushalda. Dei gifte konene vert høvesvis fordelte på gardsbruk og avhengige som 2:1; av de 21 gifte/førgifte og 200 ugifte vaksne reknar eg med at ca 200 høyrer til på gardsbruka.

<sup>189</sup> For folketeljinga av 1865 har eg nytta RHD sin nettversjon til ei stikkprøve og kontroll. Nemningane *Tjenestedreng/gut/pige* er stort sett nytta i Balsfjord sokn, *Tjener* og i blant *Deres Tjeneste...* i Malangen. I litt omtentlege tal får eg såleis 221 tenestefolk i Balsfjord, av desse 114 under 19 år. Tala for 1865 fortel altså at drygt halvparten av tenarane var under 19 år. Det er ikkje dermed sagt at vi kan nytta same prosent for 1855. Då var det berre registrert 109 tenarar, og det er ikkje sannsynleg at talet på tenarar er reelt dobla på 10 år. Det må også vera ei anna forståing av kriteria. Når 41 tenarar i 1865 var under 12 år, 7 under 6 år, er det meir sannsynleg at det også var tale om barn som var i ein fosterbarnliknande situasjon, ikkje berre i reelle tenartilhøve. På denne bakgrunnen meiner eg at det likevel kan vera rimeleg å rekna to tredelar av tenarane i 1855 som vaksne.

<sup>190</sup> Drivenes hevdar at i 1865 var sjølveigarar og fiskarbønder overrepresentert i dissenterforsamlinga, Drivenes og Jernsletten 1994:s.216. Det gjeld i alle høve ikkje for perioden 1856-60.

<sup>191</sup> Ein sjølvhaldar var tenar i Nordkjosen ei tid før innmeldinga, ein gardbrukarson kan mellombels ha vore i teneste nett på innmeldingstidspunktet.

yrkesfordelinga i forsamlinga med fordelinga i folkesetnaden som heilskap, kan det likevel ha interesse å sjå litt nærmere på yrke blant forsamlingsmedlemene. Yrkesopplysningane som ligg til grunn for tabellen nedanfor er henta frå eit større årsspenn enn statuskategoriane. Føresetnaden er likevel at dei i hovudsak samsvarar med status kring innmeldinga.

**Tabell 18: Yrkesgrupper i friforsamlinga 1856-60**

Etter kjønn og hushaldsstatus. Tal personar er lik prosentvis andel.

Yrke	Menn		Kvinner			Sum N=%
	Hovud- personar	Søner	Hovud- personar	Ektefella r	Døtrer	
Gardbrukar (bygsel)	15	12	2	15	6	50
Gardb.+fiske/fangst	3	2		3		8
<b>Sum gardbrukar</b>	<b>18</b>	<b>14</b>	<b>2</b>	<b>18</b>	<b>6</b>	<b>58</b>
Husmann m/jord	2					2
Fiskar	13			5		18
Handv.+hv/fiskar	3					3
Daglønar div. komb.	5			5		10
Tenar	0			9		9
<b>Sum avhengige</b>	<b>23</b>			<b>19</b>		<b>42</b>
<b>Samla sum</b>	<b>46</b>	<b>14</b>	<b>2</b>	<b>37</b>	<b>6</b>	100

Av tabellen går det fram at 3 gardbrukarar og 13 avhengige dreiv fiske. Dessutan var det to fiskarar i kombinasjon med ymse bygdehandverk, den tredje handverkaren var smed. Men både i daglønargruppe og mellom dei heimeverande sønene har det utan tvil vore ein del som dreiv fiske i periodar. Nokre år etter ved ft1865 dreiv i alle høve 10 av desse personane med fiske. Vi kan nok rekna med at 35-40 medlemer var knytte til hushald der fisket utgjorde ein vesentleg del av næringsgrunnlaget. Ut frå røynsla med ei generell underregistrering i folketeljingane, er nok også dette anslaget i underkant.

Det var ikkje mange handverkarar i forsamlinga, men det var også temmeleg få som vart registrerte i folketeljingane. I 1855 var det 9 i heile Balsfjorden, dei fleste i den inste delen av bygda. Moderniseringsdrag som kjem til uttrykk gjennom meir spesialisert arbeidsdeling og større proletarisering er ikkje utan vidare lette å spora. Det er likevel grunn til å tru at fleire enn før må ha hatt fisket som hovudnæring etter som gardbrukarandelen gjekk ned. Ei alternativ sysselsetjing

kunne også vera ymse husflid og utnytting av ressursar frå skogen som ved, tømmer og tjøre. Slike næringar, eller binæringar, har utan tvil vore i vokster, men sporast ikkje i 1855-teljinga, noko meir i folketeljinga ti år etter.

**Andre sosiale faktorar.** Vi har allereie sett på kjønnsfordelinga i tabell 1 og kan konstatera at mennene var i fleirtal. Slik var det også i dei andre bygdeforsamlingane innan den apostoliske rørsla, medan t.d. byforsamlingane i Tromsø og Skien hadde kvinnefleirtal, til å byrja med i alle hove. Med eitt unnatak var det også eit fleirtal av menn i forsamlinga i alle buområda i Balsfjorden. Heller ikkje i fordelinga på dei sosiale hovudgruppene ser det ut til å ha vore nokre systematiske skilnader. Gardbrukarklassen ser ut til å ha høvesvis like mange kvinner som menn, d.v.s. at mennene nominelt var i eit lite fleirtal også her. Det same galdt følgjeleg klassen av avhengige. Innafor desse to hovudgruppene var det likevel somme skilnader. Det var høvesvis mange gifte kvinner i gardbrukarklassen - faktisk eit knapt fleirtal av gifte - og på den andre sida langt færre heimeverande døtrer enn heimeverande søner. Det var elles berre gardbrukande fedrar som hadde vaksne barn heime. I den lægste klassen var det inga tilsvarande overvekt av gifte kvinner, og heller ingen heimeverande barn, noko det knapt var økonomisk grunnlag for i desse hushalda. Av dei ugifte som ikkje lenger budde heime, var mennene jamt over sjølvhaldarar - eit par i kombinasjon med handverk. Dei unge kvinnene var tenestefolk. For ungkarane var tydeleg ikkje teneste særleg tiltrekkande. Vi ser det også i folketeljinga for 1855, det var over dobbelt så mange tauser som drengar. Men ingen drengar av forsamlingsmedlemene er likevel litt påfallande.<sup>192</sup> Kanskje var grunnen at fleire av dei unge mennene enn kvinnene som ikkje budde heime, kom frå gardbrukarfamiliar, og såleis i høgre grad såg teneste som eit statusfall. Ungkarane hadde også fleire alternativ.

**Sivil status.** Av den samla befolkninga i Balsfjorden i 1855 var 614 kvinner og menn gifte, medan det var 16 enkjemenn og 48 enkjer.<sup>193</sup> Av den vaksne befolkninga, dvs på minst 19 år, utgjorde såleis dei gifte 62% og enkjer/enkjemenn 6%. Det tyder at den ugifte delen av den vaksne befolkninga utgjorde 32%, altså om lag ein tredel. I forsamlinga var dei tilsvarande andelane 59%, 2% og 39%, altså noko færre som var eller hadde vore gifte, og følgjeleg fleire ugifte. Men her er det ein viss skilnad på menn og kvinner i forsamlinga. Av mennene i forsamlinga var 42% ugifte, av kvinnene 36%. Men både kjønna hadde like fullt ein høgre andel av ugifte i forsamlinga enn den

<sup>192</sup> Ein medlem, Andreas Andersen, hadde rett nok vore dreng på Bomstad ei tid før han vart medlem. Ein annan, Peder Kristensen, kan ha vore i teneste medan han for ei kortare tid budde i Nordkjosen ved innmeldingstidspunktet, elles var han heimeverande på Lodbukt.

<sup>193</sup> Det må også ha vore minst to skilde, men om dei er tekne med og korleis, går ikkje fram av oppsamlingsskjemaet i folketeljinga.

vaksne befolkninga elles. Dette tilhøvet kan tenkast vera ein funksjon av alder, men ein kan heller ikkje sjå vekk frå at posisjonen som ugift kunne gje ei oppleving av å vera friare og meir uavhengig av normene i lokalsamfunnet og dermed gjera det lettare å gjennomføra ei protesthandling som ei utmelding av statskyrkja kunne bli oppfatta som. På den andre sida kan ein like gjerne tenkja seg at for nokre ville tilleggsstatusen i det å vera gift og på eit vis meir etablert kunne gje det meir tillegget av sjølvtillit som var naudsynt for ei slik grenseoverskridande handling. No er det likevel grunn til å tru at ingen av desse faktorane har vore spesielt utslagsgjenvande, nett av di den høge andelen av ugifte truleg var aldersbetinga. Ser vi på folketeljinga 1865 og skil ut aldersgruppa 19-43 år for kvinner og 19-47 år for menn tilsvarande alderspenna i forsamlinga, kan vi jamføra.<sup>194</sup> For same aldersgrupper i forsamlinga som i Balsfjorden var skilnadene små og knapt signifikante; for mennene 43% mot 44,4%, for kvinnene 36% mot 38,1%.

**Tabell 19: Sivil status og sosial status.**

Medlemene i friforsamlinga 1856-60. Tal personar=prosent

Kjønn	Sosial status > Sivil status	Gard- brukar- hushald	Ymse avhengige	Sjølvhal- dar	Tenar	Sum N=%
Menn	Ugifte	14	1	8	0	23
	Gifte	18	14	0	0	32
	Sum	32	15	8	0	55
Kvinner	Ugifte	7	0	0	9	16
	Gifte og før- gifte	19	10	0	0	29
	Sum	26	10	0	9	45
Sum	Ugifte	21	1	8	9	39
	Gifte og før- gifte	37	24	0	0	61
	Totalt	58	25	8	9	100

Kan den sosiale plasseringa av dei ugifte gje ein indikasjon? Av ungkarane var 61%

<sup>194</sup> I ft1865 reknast løpende aldersår, såleis 20-44 og 20-48; kjelde digitalarkivet. Ein mann var for øvrig 55, medan fleirtalet av mennene i førtiårsalderen var nærmere 40 enn 50. Heilt presist er det komplisert å gjera ei jamføring. Ein kontroll syner også at andelen ugifte varierte mykje i ulike delar av Balsfjord, særleg for menn. I det mest typiske dissentarområdet frå Nordkjosen/Bomstad til Sandøyra var andelen ugifte klårt høgare enn gjennomsnittet - 48,4% for menn og 41,3% for kvinner i dei nemnde aldersgruppene.

heimeverande gardbrukarsøner på innmeldingstidspunktet eller tida kring innmeldinga. Somme av sjølvhaldarane var opphavleg gardbrukarsøner, om lag 80% av ungkarane - minst - må ha hatt gardbrukarbakgrunn. For "pigene" var gardbrukarinnslaget mindre, 44% var heimeverande gardbrukardøtrer. Tek vi med tausene med bakgrunn i gardsbruk, kjem talet opp mot kring 65%, kanskje meir.<sup>195</sup> Sjølv om eg av grunnar som tidlegare nemnt, reknar både sjølvhaldarar og tenestefolk med i kategorien avhengige, meiner eg samstundes at sjølvhaldarane må ha hatt noko høgre status. Både dette og det høgre innslaget av avhengige i bakgrunn elles, plasserer kvinnegruppa av ugifte lægre i den sosiale stratifiseringa. Ein kan då lesa skilnadene mellom ugifte kvinner og ungkarar på to vis: 1. Det var høvesvis færre ugifte kvinner enn menn av di gjennomgåande lægre status for tenestefolk gav ei høgre barriere mot utmelding. 2. Alder - og giftealder - var meir utslagsgjenvande enn den posisjonen sivil status og eventuelt sosial status gav. Eg reknar det andre alternativet som det meste trulege.

Av alle mennene høyrde litt fleire ugifte enn gifte til gardbrukarklassen, men skilnaden var ikkje stor. Av kvinnene var det høvesvis fleire gifte som høyrde til i gardbrukarhushald, og her var skilnaden markant. Samstundes høyrde etter måten fleire kvinner enn menn til blant dei lågaste sjikta av dei avhengige, gifte som ugifte.

**Aldersfordeling.** Ein alderspyramide for lokalsamfunnet Balsfjorden på 1850-talet ville ha ei meir reell pyramideform enn alderspyramidar frå siste del av 1900-talet, rett nok med brattare stigning mot toppen enn ved botnen, der den også ville vera svært brei. Den ville også vera noko skeiv på grunn av varierande fordeling mellom kjønna. Gjennomgåande vart kvar tiårsgruppe redusert ganske jamt med 25-30% fram til 70-åringane. Det mest vesentlege unnataket var ein særlig sterk reduksjon for 40-åringane.

Det som fell ein i augo med ein gong, er det sterke innslaget av unge folk i forsamlinga. Sjølv om folket i Balsfjorden var ei ung befolkning etter vår målestokk, var forsamlinga i endå større grad prega av unge menneske. Det galdt heilt markant den yngste aldersgruppa, og kvinnene i klårt større grad enn mennene. Også aldersgruppa 30-39 år var klårt større i forsamlinga enn i befolkninga elles, men her var det høvesvis like mange kvinner og menn i forsamlinga. Over 40 år var det dobbelt så stor andel menn som kvinner. Ingen i forsamlinga var over 60, den eldste var 55 i innmeldingsåret.<sup>196</sup>

<sup>195</sup> Det kan vera litt skjøn kva ein vil definera som gardbrukarbakgrunn. Skal ein ha vaks opp på gard, eller er det nok at far, eller stefar, har vore bygselmann nokre år? Eg har i utgangspunktet rekna ein rydningsmann som gardbrukar, men grensene mot husmann med jord er ikkje klåre i praksis. Johan Mattisen i Kjusakdalen vart t.d. avvekslende kalla innerst, husmann og gardbrukar i ulike kjelder innan eit høvesvis kort tidsrom (1857), der truleg vektlegginga mellom "formalitet" og "realitet" var avgjerande for nemninga som vart nytta.

<sup>196</sup> Eit par personar i 60-årsalderen hadde meldt seg ut av statskyrkja, den eine var busett i Malangen og sokna ikkje naturleg til Balsfjord-forsamlinga. Den andre som var Johannes Abrahamsen, far til J.A. Bomstad, melde seg ikkje inn i den apostoliske forsamlinga, men vart ståande som uavhengig dissenter.

**Tabell 20: Aldersfordeling i friforsamlinga i Balsfjorden 1856-60.**  
Jamført med fordelinga av vaksne i heile befolkninga i 1855.

Alder	Menn i % av alle menn		Kvinner i % av alle kv.		Totalt i % av alle	
	Soknet	Forsamlingsa	Soknet	Forsamlinga	Soknet	Forsamlinga
19-29	35,5	45	38,2	56	36,9	50
30-39	25,8	36	24,2	36	24,9	36
40-49	14,0	16	13,3	9	13,6	13
50-59	12,0	2	10,3	0	11,1	1
60-	12,8	0	14,1	0	13,4	0
Sum %	100,1	99	100,1	101	99,9	100
Sum pers.	485	55	505	45	990	100

Alder for medlemene er alder ved utgangen av innmeldingsåret.<sup>197</sup>

Ein mogleg grunn til at det var etter måten fleire unge kvinner enn menn i forsamlinga, kan vera utslaget av at ein del av medlemsmassen bestod av ektepar der kvenna kunne vera ein del yngre. Ein kontroll av materialet med justering for aldersskilnader mellom ektefolk syner at det relative kvinnefleirtalet i den yngste aldersgruppa då jamnar seg ut, 51 mot 49%, ein skilnad som knapt kan seiast vera signifikant. Eit lite kvinnefleirtal vart det til gjengjeld i aldersgruppa 30-39 år.<sup>198</sup> Kvinnedominansen i den yngste aldersgruppa kan såleis ikkje ha kome av at låg alder i seg sjølv hadde større innverknad for unge kvinner enn unge menn. Det må her ha vore lågare ekteskapsalder som har slege ut. Dette vert stadfest av ein gjennomgang av aldersfordelinga for ugifte, der andelen av menn og kvinner i den yngste aldersgruppa var nær den same. For dei gifte med ektefelle utanfor forsamlinga var kvinnene derimot klårt yngre. Det samla talet personar i denne gruppa var likevel så lite at ein lyt vera varsam med konklusjonane. Det ein heilt klårt kan seia, er at dei eldste aldersgruppene frå 40 år manglar hos både dei sistnemnde kvinnegruppene, medan menn har både gifte og ugifte over 40.

<sup>197</sup> Tal 19-åringar er stipulert til 18+18, jmfr. tidlegare merknad.

<sup>198</sup> I alt var det 23 slike parrelasjonar i forsamlinga - her medrekna ein der enkja melde seg inn etter at mannen var død. I 13 høve var ektefellene i same aldersgruppe, i 7 var mannen i den eldste, i 3 kvenna. I 3+3 høve var også skilnaden kvarandre opp, i dei fire resterande vil dei påverka fordelinga på aldersgrupper. Eg drog såleis ut av materialet 4 par der mannen høyrde til ei eldre aldersgruppe enn kona, for å sjå om dette jamna ut aldersskilnaden, eller om kvinnene framleis var yngre.

Men hovudkonklusjonen er altså at sjølv om det er ein tendens til at kvinnene var noko yngre enn mennene, uavhengig av aldersskilnad mellom ektefellar, er det viktigaste resultatet at forsamlingsmedlemene generelt var langt yngre enn den vaksne befolkninga elles i Balsfjorden. Gruppa 40-49 år hadde om lag same andelen i forsamlinga som i befolkninga, medan dei eldre var svært få i forsamlinga.

Kan så dette med den låge gjennomsnittsalderen ha påverka fordelinga i høve til sosial status? Eg har tidlegare synt at medlemsgruppa var rimeleg representativ i høve til dei sosiale hovudkategoriane i Balsfjorden, men med ei viss overvekt av dei avhengige gruppene. Ein kan tenkja seg at fleire unge av meir aldersbetina grunnar var i ein avhengig posisjon, anten som tenarar, daglønarar eller sjølvhaldarar. Dei to siste gruppene var rett nok i ein sosialt noko friare posisjon enn tenaren, men var likevel avhengige av å selja arbeidskraft eller, som sjølvhaldaren, av tilgang til andre sin båt, ein avgjerande produksjonsmiddel. Men var det slik at til dømes dei unge og ugifte var plasserte i den lågaste kategorien i høgare grad enn andre medlemmer? Går vi attende til *tabell 19: Sivil status og sosial status*, vil vi sjå at det ikkje er nokon konsekvent samanheng mellom sivil status og sosial status. Både gifte og ugifte menn, noko som i alle høve til ein viss grad heng saman med alder, hører til gardbrukarklassen i noko mindre grad enn befolkninga elles. Det er ein liten skilnad, dei ugifte faktisk i litt større grad enn dei gifte. For kvinnene er det derimot ein markant skilnad. Her er dei gifte fordelte på gardbrukarklassen og avhengige mest nøyaktig som befolkninga elles, medan dei ugifte er langt veikare representerte. Men her har eg også tidlegare synt til at fleire av desse også opphavleg kom frå underklassen.

## Kvar stod dei? Frendar, forsamlinga og fellesskapet

Eit at dei karakteristiske draga ved organisasjonar og rørsler som vaks fram på 1800-talet, var at dei på ulike vis braut med det gamle samfunnet, standssamfunnet, både i innhald, rekruttering og organisering. Tilslutning var friviljug, og rekrutteringa gjekk ofte på tvers av sosiale skilje i standssamfunnet og primærgruppene som prega den sosiale organiseringa i det.<sup>199</sup> Samhandling bygd på horisontale solidaritetsband mellom menneske i same sosioøkonomiske situasjon vart meir og meir viktig. Samstundes peikar m.a. Pryser på korleis dei nye organisasjonane også kunne byggja på gamle primærgrupper og såleis representera kontinuitet. Det galdt t.d. thranittane der foreiningane til dels kunne fungera som overbygningar på slektskap og grannelagsrelasjoner.<sup>200</sup> Eg vil her sjå litt nærare på nokre slike tilhøve.

<sup>199</sup> Try1985:s.13f; Pryser 1985:s.89ff,217,357.

<sup>200</sup> Pryser 1985:s.335, Pryser 1977:s.147ff.

Medlemene i forsamlinga hadde tilknyting til ulike nettverk der fellesskapen i forsamlinga var av ein prinsipielt annan karakter enn primærgruppene sine band. Samstundes kunne dei vera vevde inn i kvarandre. Å vera fadder var ein del av det gamle sosiale systemet. Fadrane vart ofte henta frå andre primærgrupper, og ordninga kunne fungera både som ei stadfesting av relasjonar og som ein måte å byggja ut nettverket på. For dei vakte vart truleg også den individuelle trua ei viktig side. Ser ein på kven dei som seinare vart dissentrarar, valde som fadrar i åra før utbrotet, får ein klåre indikasjonar på at dei har vore medvetne om det. Eg har sett på tida attende til 1849, og alt på den tida må det ha vore tette relasjonar mellom fleire av dei seinare dissentarane. Nokre få av desse fadrane var allereie i nær familie, men mange av dei var ikkje i slekt, eller så fjernt at dei ikkje utan vidare baud seg fram. Frå den siste gruppen var i snitt ein person fadder ved kvar dåp, både i perioden 1849-51 (0,9) og 1854-55 (1,1). I mellomperioden var det langt færre i alt og fleire nære "dissentarslektningar". Sjølv om den tradisjonelle rekrutteringa framleis ser ut til å ha dominert, er dette i alle høve eit teikn på at eit alternativt fellesskap var i utvikling.

**Familie, slektskap og grannerelasjonar.** Hauglid meiner at friforsamlinga i Balsfjorden så seint som i 1900 bar preg av band til Bomstad gjennom grannelag og familie.<sup>201</sup> Vi har tidlegare sett at den friapostoliske forsamlinga hadde eit av sine sterke feste i Nordkjosenområdet der Johan A. Bomstad sjølv kom frå. Men kor sterkt var festet, og kor sterk var slekts- og familietilknytinga til Bomstad personleg?

I sjølve nærområdet til Bomstad var seks av medlemene ved innmeldinga knytte til J. A. Bomstad som nære slektningar og ved mågskap, altså ikkje langt frå tredelen av medlemene der. Kan fleire ha hatt ei form for personlege band til Bomstad? Ser vi nærmare på einskildpersonar elles og bakgrunnen deira, kjem nokre fleire tilknytingspunkt til Nordkjosenområdet (område 4) fram.

**Tabell 21. Tilknyting til J.A. Bomstad og Nordkjosenområdet - alle medlemer.**

Medlemer av friforsamlinga 1856-60 (utanom JAB) med tilknyting til J.A. Bomstad og/eller Nordkjosenområdet.

Område	Nær fam. av JAB (høgst to ledd)	Anna slekt-/fam. av JAB	Før budd i område 4	Slekt/røter i omr. 4 (- JAB)	Sum (utanom omr.4)
1+3			2	3	5
4.	5	1		(13)	
5+6+7	1	3	1	3	8
<b>Sum (-omr.4)</b>	<b>1</b>	<b>3</b>	<b>3</b>	<b>6</b>	<b>13</b>

<sup>201</sup> Hauglid 1991 s.508.

Det er rekna eitt ledd mellom generasjonar, eitt mellom søskan, eitt ved giftarmål. Anna slekt er avgrensa til tre ledd.<sup>202</sup>

Pårekna tretten personar hadde altså ei form for tilknyting til Bomstad og/eller Nordkjosenområdet av dei 80 som budde i andre delar av Balsfjorden. For desse personleg kan det nok tenkjast at dette tilhøvet har hatt innverknad på standpunktet som dissentar, men det er tvilsamt om det elles er signifikant. Mange i Balsfjorden hadde ei form for tilknyting til Nordkjosen, og det er vanskeleg å seia utan vidare om tendensen var spesielt stor i denne gruppa for å slutta seg til dissentarane. Det kan sjølvsagt diskuterast kor nært slektskap ein skal rekna med for at det skal vera tale om ein tydeleg påverknadsfaktor. Buavstand kan også verka inn. Eg har i alle høve sett bort frå Johan A. Bomstad sine fjernare slektningar i forsamlinga, for dei fleste var beslektta svært langt ute.<sup>203</sup>

I den første kjernegruppa - som vi må rekna stiftingsforsamlinga som - var nok preget av slekt og grannar større. På stiftingsmøtet var det 25 underskrivarar utanom Johan A. Bomstad sjølv.

**Tabell 22. Tilknyting til J.A. Bomstad og Nordkjosenområdet - stiftarar.**  
Stiftarar av den frie apostoliske forsamlinga

Område	Nær fam. av JAB (høgst to ledd)	Anna slekt/fam. av JAB	Andre som bur/har budd i område 4	Har slekt i omr. 4 (-JAB)	Andre	Sum
1 + 3			1	1	3	5
4.	1	1	5			7
5.				2	4	6
6 + 7		2			5	7
<b>Sum</b>	1	3	6	3	12	25

Nokre slektningar var med heilt frå byrjinga, ein bror og tre søskenbarn. Det er sjølvsagt overrepresentasjon av slekt, men likevel ikkje påfallande mange av ein stor slektskrins.<sup>204</sup> Av dei som elles budde i område 4, kunne tre personar seiast å bu direkte i grannelaget. Sjølv om vel halvparten av stiftarane hadde ei form for tilknyting til Nordkjosenområdet, så var den ganske

<sup>202</sup> Det tyder at *nær slekt* i praksis dreier seg om søskan med ektefeller, foreldre, barn, foreldre sine søskan, søskan sine barn. Anna slekt dreier seg i hovudsak om søskenbarn. I ingen høve vert slekt av ektefeller rekna med, sjølv om det vert mindre enn fire ledd. Berre ektefeller frå før innmelding er talde med.

<sup>203</sup> Gjennom mormora hadde han stor slekt i Balsfjorden, alle som ætta frå Markeneskvenane, og dei var mange. Men held ein seg innan tremenningar, kan slektskrinsen i forsamlinga vidgast med tre personar.

<sup>204</sup> Med i biletet hører rett nok også at ei syster og mannen hennar, som samstundes var søskenbarn, var mellom dei første medlemene i friforsamlinga i Tromsø. Dei hadde budd på Bomstad i alle høve fram til 1855. Enda eit søskenbarn var med frå byrjinga i Tromsø.

indirekte for fleire, t.d. for to brør på Lodbukt med søster på Kila og svoger fødd på Bomstad. Ein tredje stiftar budde på Bomstad i 1853, men det ser ut til å ha vore heller kortvarig. Den andre halvparten hadde altså inga som helst band til dette området. Geografisk var Nordkjosen eit kjerneområde for den nystifta forsamlinga. Men vel så viktig var området kring kjosen i sør. Der med Sagelv som sentrum fanst elleve stiftarar, berre ein med slektstilknyting til Bomstad.

I forsamlinga dei fem første åra hadde Johan A. Bomstad nær slekt og familie på i alt ti personar. I Bomstadgrenda var tre av grannane forsamlingsmedlemer - utanom tre frå familien. I 1855 budde 33 vaksne personar i Bomstadgrenda. Tretten personar stod rimeleg nær J.A. Bomstad av 99 forsamlingsmedlemer. Det meiner eg gjev veikt grunnlag for å hevda at friforsamlinga bar preg av slekt og grannelag.

Det var også andre familiekrinsar som gjorde seg gjeldande, både i Nordkjosenområdet og på Sandøyra. Det er heller ikkje urimeleg å venta at folk som var i familie, påverka kvarandre. At eit par søskan eller ektefellar kunne gjera dei same vala, kan ikkje overraska. Meir interessant vert det om det også galdt større familiegrupper. Og på den andre sida - kor mange var det som hadde så godt som ingen nære slektningar i forsamlinga? Kor mange hadde nettverket sitt til dømes berre via ein ektefelle?

Familiekrinsen kring Johan A. Bomstad har nok vore eit naturleg vokstersentrum for rørsla. Men det fanst også andre tydelege familiekrinsar i forsamlinga, og to av dei hadde ei viss tilknyting til Bomstadkrinsen. Den nærmeste geografisk var knytt til Nordkjoselv og Bomstadgardane, og fleire av desse familiemedlemene budde såleis også i grannelaget og det øvrige nærområdet til J.A. Bomstad. Denne familiekrinsen var sentrert kring Oldine og Per Andreas på Smørpundet. Oldine Olsdotter var tremenning av Bomstad, og Per Andreas Larsen hørde til ei talrik kvensk-samisk slekt i Nordkjosen. Denne familiekrinsen utgjorde etter kvart åtte til ni nærbeslektade forsamlingsmedlemer.

Den andre større familiekrinsen med tilknyting til Bomstad, fanst på Sandøyra. Her vart Johan A. Bomstad sitt søskerbarn Johan Adrian Johannessen ved giftarmål knytt til ei søskengruppe der tre vart medlemer av forsamlinga. Hans Hansen, gift med eit søskerbarn av Johan Adrian, var den andre sentrale personen i denne nære familiekrinsen på åtte menneske. Her kan nok Johan Adrian med sin sterke personlegdom ha vore den som introduserte vekkinga. Det har truleg også vore påverknad i tilhøve til ei anna sterkt familiegruppe i grannelaget på Sandøyra. Den var sentrert kring den kvensk-norske Lars Esaias Olsen og kona hans Anne Margrete Sørensdotter og utgjorde ni forsamlingsmedlemer. Ikkje alle personane i desse familiekrinsane budde på Sandøyra, men det er tale om nære familietilhøve i høgst to ledd. Det fanst også andre familiegrupper, men dei var meir avgrensa til søskan, og ingen med noko nær tilsvarande breidde som dei fire nemnde.

Eg har tidlegare peika på at svært mange forsamlingsmedlemer hadde kvenske røter, også av dei som eg har valt å registrera som nordmenn og ikkje kvensk-norske. Mellom dei siste var svært mange etterkomrarar av Markeneskvenane. Samstundes ætta svært mange frå trønder-Anders på

Tennes. Mellom desse to store slektene var det også eit omfattande inngifte. Markeneskvenane var i stor grad inngifte med norske familiar, og så å seia ingen av etterkomarane var rekna som etnisk blanda i folketeljingane 1865 og 1875, sjølv om fleire av dei eldste var halvt kvenar. I teorien kan det vel tenkjast at tilslutninga i det sørvestlege området av Balsfjorden kunne ha med sosiokulturelle faktorar å gjera, t.d. med det faktum at svært mange hadde sams opphav i dei to gjensidig integrerte innvandrarslektene frå 1700-talet. Eg finn ikkje familie- og slektskapstilhøve mellom medlemene som utan vidare tyder på det. For det første var likevel mange medlemer perifere i tilhøve til desse slektene. For det andre ser dei mange einskildmedlemene og søskengruppene ikkje ut til å utgjera noko mønster. Derimot fanst nokre større søskenbarngrupper, to av dei med band til Markenes. Den eine av Jørgensenfolket frå Holmenes omfatta fem søskenbarn og to inngifte. Denne søskenbarnrekka var samstundes barnebarn av ein innflyttar frå Helgeland. Den andre hørde til Veiskiftekvenane, i alt sju personar. Frå Hammerslektta på Sagelv kom ei tredje stor søskenbarnrekke, seks personar fordelt på to søskengrupper. Dei var innflyttarar frå Gudbrandsdalen i andre generasjon.

Dei sju større familiekrinsane og søskenbarnrekjkjene bar med eitt unnatak preg av innflyttarbakgrunn og/eller sterke innslag av kvensk og dels samisk etnisitet. Tre av dei hadde uavhengig av dette band til Markeneskvenane.

Til no har eg fremst sett på tilhøve der det er tydelege familie- og slektskapsband. Men langt frå alle hadde eit tilsvarande nettverk, noko vi skal sjå nærare på. Eg har her konsentrert meg om slekt og familie, sjølv om ei gransking av tradisjonelle samarbeidsnettverk basert på grannelag og arbeidslag også kunne ha gjeve eit interessant supplement.

Ei rekke av resultata i tabell 23 er i og for seg ikkje uventa og har mellom anna med situasjonen til innflyttarar å gjera. Hovudinntrykket elles er eit todelt bilet. Tredelen av forsamlingsmedlemene hadde eit begrensa nettverk, til dels svært begrensa. Dei som ingen familie hadde, var til vanleg også utan fjerne frendar i Balsfjorden - så langt eg veit. Ingen i gruppene med begrensa nettverk hadde altså blodsbeslekta familie i forsamlinga. På den andre sida inngjekk 37 personar i større søsken- og søskenbarnsgrupper, og også andre personar hadde fleire slektingar i forsamlinga. Det er ei viss overlapping her til familiekrinsane, men alt i alt var godt halvparten av forsamlingsmedlemene delar av familie- og slektsgrupper som omfatta minst tre personar. Kor sterkt tradisjonelle sosiale band har prega rekrutteringa, og i kor stor grad det er snakk om sams kulturelle og/eller sosio-økonomiske rammevilkår som har verka inn, er det ikkje utan vidare lett å seia. Når det gjeld dei store familiekrinsane, må det likevel reknast som ganske truleg at tradisjonelle lojalitetar har spela inn.

**Tabell 23: Familienettverk og etnisitet i friforsamlinga 1856-60.**

Etnisitet >	Same	Kven	Blanda etnisitet	Norsk innfl.	Andre nord-	Sum
-------------	------	------	---------------------	-----------------	----------------	-----

Type nettverk			etnisitet	innfl.	menn+	N=%
<b>Ingen e. fjern familie</b>	3	0	0	4	6	13
<b>Berre ektefelle</b>	2	0	3	5	0	10
<b>Berre fam. via mågskap</b>	1	6	1	2	0	10
<b>Sum begrensa nettverk</b>	<b>6</b>	<b>6</b>	<b>4</b>	<b>11</b>	<b>6</b>	<b>33</b>
<b>Familie, men ingen heilt nær</b>	0	0	4	0	7	11
<b>Del av søskenpar</b>	2	0	6	0	8	16
<b>Del av søskengrupper &gt;2</b>	0	0	14	0	13	27
<b>Andre m/familie</b>	1	1	7	0	4	13
<b>Sum sterkare nettverk</b>	<b>3</b>	<b>1</b>	<b>31</b>	<b>0</b>	<b>32</b>	<b>67</b>
<b>Samla sum N=100=100%</b>	<b>9</b>	<b>7</b>	<b>35</b>	<b>11</b>	<b>38</b>	<b>100</b>

Familie/slekt er rekna inn til tre ledd som t.d. søskenbarn, nær familie er her eitt ledd. Kolonne *Nordmann* inneheld også to med usikker etnisitet. Ei søskengruppe frå Malangen er også ført her og ikkje rekna som innflyttarar.

Vi ser også at det var ulikskapar mellom dei ulike etniske gruppene når det galdt nettverk. At kvenske og norske innflyttarar hadde begrensa nettverk er rimeleg. Men også fleirtalet av samane var i denne situasjonen. Dei hadde altså i stor grad gått ut av statskyrkja som einskildindivid utan støtte i familie og slekt. Samstundes tyder det nok også at motivasjonen må ha vore sterk hos desse personane. Blant dei bufaste nordmennene var også ein del utan vidare nettverk, men av det samla talet med nordmenn var likevel 64% blodsbeslektta med minst ein person i forsamlinga, av dei "innfødde" heile 83%.<sup>205</sup> For blandingsgruppene låg denne andelen enno litt høgare og galdt heile 89%, og 94% for dei som var fødde i Balsfjorden. Dette kan ein forstå på to måtar. På den eine sida - familienettverket gjorde det lettare å gå over til dissentarane, eller var i seg sjølv ein pådrivar. På den andre sida - det var ein del sams føresetnader eller bakgrunn i somme grupper for å sympatisera med dissentarane, medan det var meir sekundært at dei også var slektingar. Den eine forståingsmåten treng heller ikkje å utelukka den andre. Kva forståingsmåte det no er rett å leggja mest vekt på, så var den særleg tydeleg for dei etnisk blanda medlemene.

**Dominans i hushald og i ekteskap.** Som vi har sett tidlegare, var det ei overvekt av menn i forsamlinga. Det er lite som er dokumentert om kva rolla kvinnene har spela. I utgangspunktet var det husbonden som rådde i eit patriarchalsk system, og det var enno sterkare i kvensk kulturtradisjon, der også vaksne søner og døtrer fekk underkasta seg "isä" så lenge han fann det for godt. På den andre sida var kvinnene og kvinneinnsatsen ein vel så viktig del av den totale økonomien i

<sup>205</sup> I prosentutrekningane her er dei to med uviss etnisitet haldne utanfor.

fiskarbondehushaldet, og det må ha styrkt posisjonen til kvinnene. Kanskje var det eit teikn på veksande medvit og sjølvakting hos kvinnene då Elen Maria Persdotter frå Sørstraumen i Sørfjorden stilte opp på sorenskrivarkontoret i Tromsø og ville vera vitne og trulovar ved ei dissenteravigsle. Ho vart også godkjend som trulovar, rett nok innførd i notarialprotokollen med tilføyninga "Johan Huos Sørstrømens Kone".<sup>206</sup>

Det er berre to døme på foreldre-barnrelasjoner i forsamlinga i den tidlege fasen. Dei mange unge og ugifte gjekk altså ut av statskyrkja på eiga hand. Dei kan ha hatt støtte hos foreldra for delar av det religiøse engasjementet, kanskje også for kritikken mot statskyrkja, sjølv om ikkje foreldra har handla på same vis. Andre har utan tvil møtt motstand. Svært truleg galdt det dei fire barna av Gulbrand Eriksen i Sagelv. Tre av dei melde seg ut av kyrkja alt første året. Vi kan skjøna at Gulbrand var kyrkja sin mann, for sommaren 1857 var han med i prosessen då to dissenterar valde å melda seg inn i statskyrkja att. Det var ikkje gjort i ei handvending, for innmelding skulle heller ikkje vera nok å lettvinne sak. Saman med både prest og prost og to andre vitne finn vi Gulbrand si underskrift i kyrkjeboka.<sup>207</sup>

Eit teikn på kor sterkt kvinnene stod, kan vi få ved å jamføra gifte menn og kvinner i høve til utmelding av statskyrkja og innmelding i forsamlinga. Av dei første medlemene var det 22 ektepar, to enkjer, medan 15 gifte var medlemer åleine. Så å seia alle desse siste hadde ektefellen i statskyrkja, ei var uavhengig dissenter ei tid. Av 37 ektepar var det altså 38% av para der den eine braut med kyrkja åleine. Det tyder på at mannen som husband hadde begrensa styring over eit slikt val. Men det ser ut til at det likevel var lettare for menn å stå åleine i forsamlinga, to av tre utan ektefelle med i forsamlinga var menn. Sjølv om det var færre kvinner i ein slik situasjon, så let det seg altså gjera, sjølv om det kanskje ikkje var enkelt. Om Johan Susamel på Storsteinnes er det fortalt at han var ein kraftig motstandar av dissenterane og vann alle verbale tvekampar, anten med argument, gudsord eller stemmestyrke.<sup>208</sup> Det denne soga ikkje fortel, er at både ein bror og kona til Johan Susamel var dissenterar, kona var også forsamlingsmedlem allereie i 1857. Så ikkje ein gong Susamel rådde med kona på dette feltet.

Når det gjeld dei 22 ektepara, vil eg sjå nærare på tidspunktet for utmelding av statskyrkja og innmelding i forsamlinga. Følgde menn og kvinner kvarandre i denne prosessen eller ikkje? Om husbanden hadde stor innverknad ut frå tradisjonell autoritet, er det rimeleg å venta stort samanfall. På den andre sida - stort samanfall treng ikkje å tyda at det var mannen åleine som bestemte. Av dei 22 ektepara melde berre åtte seg ut av statskyrkja samstundes. Der ektefellane valde ulikt tempo,

<sup>206</sup> Vigsle i 1863 der brudgommen var frå friforsamlinga i Balsfjorden. Tromsø sorenskriverembete prot. 543:fol.21b, 1855-1916 Notarialvesenet (Prot. tek til i 1847).

<sup>207</sup> Kb 3 Balsfjord 1856-1870 Dagsregister.

<sup>208</sup> Magelssen og Larssen 1925:s.86f.

var det kvinnene som var mest etterhaldne. Mennene gjekk først ut av kyrkja i ti av tilfella, kvinnene berre i tre.<sup>209</sup> Samstundes tyder dette at kvinnene må ha gjort sjølvstendige val. Når dei kom så langt som til innmelding i friforsamlinga, var ektefellane meir samordna og gjekk inn på same tid i 14 av dei 22 tilfella. Det er ein viss tendens til skilnader på etnisk grunnlag. I samlege kvenske og kvensk-norske par melde dei seg ut anten samstundes eller mannen først. Dette var også hovudmønsteret for andre par med blanda etnisitet. Ingen norske par gjekk dei ut samstundes. Dette kan tyda på eit noko større rom for ulike val blant dei norske. Par med meir eller mindre samisk innslag var spreidde på alle tre kategoriane, inkludert to tilfelle der kvenna gjekk ut av kyrkja før mannen. Dei siste tilfella var likevel så fátalige at det ikkje er råd å slutta noko generelt ut frå dei.

**Stabilitet - utmelding og utstøyting.** Det vart sett strenge krav til dei som var medlemer av den frie apostoliske forsamlinga. Eg har tidlegare nemnt at kvar einskild medlem i Balsfjord-forsamling måtte gjera greie for trua si før dei fikk verta medlemer. Ein slik prosedyre vart også ein del av den offisielle forfatninga som vart arbeidd ut av friforsamlinga i Skien. Den vart nok i stor mon utforma av Lammers, og dei fleste friforsamlingane slutta seg til den. Her skulle dei som ønskten opptak i forsamlinga, først grunngje det for forstandaren, så skulle dei eldste drøfta sak og gje ei tilråding. Til slutt var det opp til forsamlinga sjølv å gjera vedtak. I realiteten var truleg eldsterådet si tilråding temmeleg avgjerande, men vi ser likevel konturane av ein demokratisk vedtaksprosess i motsetnad til den elitestyrde statskyrkja. Forsamlingsforfatninga streka også under at medlemene hadde plikt til å underkasta seg forsamlingstukt.<sup>210</sup>

Korleis forsamlingstukta vart praktisert, er det ikkje så mykje dokumentasjon på, men ein del av dei mest alvorlege resultata kjem fram i dei offisielle forsamlingsprotokollane. Var forseinga stor nok, eller syndaren ikkje botferdig nok, kunne utstøyting verta resultatet. Dette galdt ikkje berre i trussaker, men også i saker som galdt personleg moral. Hor vart oppgjeve som grunngjeving i somme høve, utan at det er heilt klårt kva som vart lagt i det. Jakobsen meiner at dei nordnorske forsamlingane var prega av stabilitet dei første tiåra og at det var få utesengingar, noko han meiner var eit uttrykk for samhald og at medlemene opplevde forsamlinga som deira åndelege heim. "Hard menighetsjustis" var såleis ikkje naudsynt.<sup>211</sup>

Høver dette biletet til Jakobsen på Balsfjordforsamlinga? Ytre sett var ikkje stabiliteten alt for påfallande. Både emigrasjon og spenningar i høve til dåpssynet svekka rørsla, i alle fall på noko sikt, både i Balsfjorden og elles i Troms.<sup>212</sup> Like fullt er det utan tvil rett at friforsamlinga vart eit åndeleg

<sup>209</sup> Ved eitt høve er utmeldingsdatoen for kona usikker, difor sum på 21.

<sup>210</sup> Diesen 1980/1994:s.52, Jakobsen 1981:s.81.

<sup>211</sup> Jakobsen 1981:s.79f.

<sup>212</sup> Forsamlinga i Gibostad vingla t.d. att og fram i synet på barnedåpen; Diesen 1980:s.97. På sett og vis var både

samlingspunkt for mange, men også eit sosialt nettverk og ei ny ståstad i møtet med eit samfunn i endring. Det er likevel ei kjensgjerning at forsamlingstukt vart nytta, og at somme medlemer vart utestengde for ei tid eller for godt. Ein del av medlemene vart også førde som utmelde utan at vi får vita nokon grunn. Dei aller fleste vart ståande utanfor statskyrkja, så det er nærliggjande å tru at grunnane kunne vera usemje som anten gjekk på trusspørsmål eller livsførsel. Utmeldingar i denne samanhengen hadde heller ikkje med flyttingar å gjera.

Dei første tre åra ser det ikkje ut til å vore uro som har manifestert seg i utmeldingar eller utestengingar. Om det siste nyttar protokollen gjerne orda "udelukket" eller "udstødte af Menigheden". Men i den neste treårsperioden frå 1859 kom det fem utmeldingar og åtte utestengingar, like mange kvinner som menn.<sup>213</sup> Fem av dei utestengde og to av dei utmelde vart tekne inn i forsamlinga att etter eitt til to år. Dette galdt flest kvinner. Så gjekk det nokre år med eit par einstaka utestengingar før neste "bølgje" kom i 1865-1866 med ni avgangar. Det var truleg flest utestengingar, men for tre av dei var det ikkje oppgjeven grunn til avgang. I denne perioden var det fremst menn som gjekk ut, berre tre kvinner. Fram til 1870 registrerer forsamlingsprotokollen i alt 25 avgangar grunna utmelding eller utestenging. Det galdt 22 personar, 13 menn og 9 kvinner. I tillegg kom utmelding før eller i samband med to tilbakevendingar til statskyrkja.<sup>214</sup> Minst 64% av avgangane var utestengingar, truleg fleire. Dette tyder at meir enn ein femdel av forsamlingsmedlemene ser ut til å ha vore i trus- eller normkonfliktar med forsamlinga. Dei som melde seg ut på eige initiativ, kunne i teorien ha vorte meir utsett for press frå kyrkjetro grannar og familie, enn for konflikt i høve til forsamlinga. Men dei fleste av dei utmelde hadde familie i forsamlinga og stod slik sett ikkje einsame. Det var dessutan ein tendens til små gruppelaningar i avgangane, berre ein gong familie, men ved fleire høve to-tre personar som budde i same område.

To av dei utestengde vart seinare dei første kjende baptistane i Balsfjorden.<sup>215</sup> Både her og ved andre høve kan trusspørsmål ha spela inn. Men det er fleire tilhøve som tyder på at normbrot eller usemje om personleg livsførsel kan ha vore vel så viktige. Martin Zerlang har eit perspektiv på normfokuseringa i den danske vekkingsrørsla, mellom anna på seksualmoralen, som peikar langt vidare enn eit syn på den strenge pietismen som tradisjonell, konservativ moralisme. Zerlang ser mellom anna det skjerpa synet på seksualmoral som ein del av ei ytre og indre disciplinering,

---

kvekarsynet og det baptistiske synet enklare. Tromsøforsamlinga sin protokoll syner at truleg fjorten personar gjekk over til kvekarane i åra 1857-61; St-i-TØ Dissenterprotokollar 1. Mot slutten av 1860-åra tapte dei frie apostoliske medlemer til baptistane, i Skien byrja før øvrig denne konflikten langt tidlegare.

<sup>213</sup> Seks kvinner og seks menn gjekk ut; ein mann utestengd to gonger - difor summen 13.

<sup>214</sup> Det kan ha vore fleire. Eit par utestengingar går berre indirekte fram av forsamlingsprotokollen, og det er openberty somme manglar ved føringa, spesielt ut på 1860-talet.

<sup>215</sup> STØ Dissenterprotokollar: Protocol for Baptistmenigheden i Tromsø 1871-, innmelde i 1871 nr. 74-75.

naudsynt i tilpasninga til endra samfunnsvilkår. Vekkingane var med "til at udforme en ny socialkarakter blandt bønderne, som stemte overens med de nye produktionsforhold, hvor selvdisciplin, markedskontrol og kalkulerende evner var blevet mere nødvendige".<sup>216</sup> Om marknadsutviklinga i jordbruket ikkje var komen særleg langt i Balsfjorden, var det likevel drag ved næringsutviklinga som var prega av det nære geografiske tilhøvet til Tromsø. Det gamle fiskarbodesamfunnet hadde også eit mindre restriktivt syn på seksualitet på fleire område enn det dei nye vekkingane stod for.<sup>217</sup>

Halvparten av dei som gjekk ut var ugifte, altså i klår overvekt. Det kan vera eit teikn på at det er dei unge og opprørske som går ut. Det kan vera knytt til normkonfliktar. For ni av dei elleve ugifte som gjekk ut, flest ungkarar, skjedde det frå to dagar til ti månader i tid frå ei vigslle. Var utesstenginga forsamlinga sin reaksjon på noko den såg på som uakseptabelt? Var utmeldinga ein måte å koma negative sanksjonar i forkjøpet på? I fleire av tilfella var det også andre sider som gjer ei slik forklaring sannsynleg. Ved fem høve var den andre ektefellen statskyrkjemedlem. Ved to andre var brura barn av dissentar i forsamlinga, men var ikkje sjølv medlem. Det siste har nok vore lite ønskt, å gifta seg med ein medlem i statskyrkja truleg utoleg.<sup>218</sup> Ei jente som hadde vore utesstengd, gjekk såleis inn i forsamlinga att elleve dagar før giftarmålet med ein av medlemene. I alle tolv vigslene som var registrerte innanfor forsamlinga fram til 1869, var både ektefellane dissentarar. I ti tilfelle var anten både medlemer i Balsfjorden eller den eine kom frå ei granneforsamling, etter alt å døma medlem der. I den første utesstenginga som truleg var knytt til ei vigslle med ein medlem i statskyrkja, vart ikkje berre den "trulova" jenta utstøtt, men også sørstera, mågen og ei grannejente. At jenta alt ved utesstenginga var med barn, var kanskje ikkje kjend av forsamlinga då, men i det minste tydeleg nokre månader seinare ved bryllaupet. Denne kvinnen vende ikkje attende til forsamlinga, og det gjorde dei færraste av dei som gjekk ut i tilknyting til eit giftarmål.<sup>219</sup> Mest alvorleg var det nok for den noko mogne ungkaren som først fann seg brur i statskyrkja og så vel tre månader etter bryllaupet fekk barn med ei ugift ung kvinne. Handlemåten hans møtte truleg motbør i dei fleste grupper i bygdesamfunnet, ikkje berre i friforsamlinga.

<sup>216</sup> Zerlang 1976:s.149ff. Jmfr. Sanders 1992:s.174 og Nerbøvik si kopling av omgrepene *puritansk* og *sosial oppdrift* i samband med Haugerørsla, Nerbøvik 1986:s.195. Thorkildsen understrekar kontinuiteten i moralsynet, men samstundes elementet av sosial oppdrift, Thorkildsen 1998:s.175.

<sup>217</sup> Jmfr. t.d. presten Brun si skildring frå 1867 sitert i Magelssen og Larssen 1925:s.161f.

<sup>218</sup> Åtaka på statskyrkja som system var sterke, så det ville vera vanskeleg å godta at ein medlem valde eit slikt ekteskap. For dei som allereie hedde ektefellen i statskyrkja, var stoda annleis. Ektefellen kunne ikkje tvingast til rett tru. Det er elles fleire døme på at komande ektefelle melde seg ut av statskyrkja kort tid før vigsla, m.a. i 1863, 1866; jmfr. også Drivenes og Jernsletten 1994:s.218.

<sup>219</sup> Derimot gjekk dei andre utesstengde frå 1859 inn att. Eitt par, utesstengd i 1860, stod både i forsamlinga, så her var kanskje samanfallet med giftarmål meir tilfeldig. Kvinnen gjekk seinare inn att.

## Kor gjekk dei? Menneske i rørsle - på fleire vis.

**Sosial mobilitet generelt.** Ein kan grovt sett operera med tre typar sosial mobilitet, to individorienterte og ein generasjonsorientert. I eit samfunn i endring vil alle tre formene vera vanlege, i eit meir statisk samfunn først og fremst mobilitet innanfor livssyklusen. Eg har tidlegare ganske kortfatta vore inne på denne problematikken. Var til dømes tenarstatusen fremst ein aldersbetinga statusposisjon, eller var den - rett nok framleis ei aldersbetinga yrkesrolle - berre ein annan plass i underklassen sine alternativ for yrkestilpasning?<sup>220</sup> Også i 1800-talssamfunnet kunne røynsle og større dugleik gje avansemant. Ei slik aldersbetinga yrkestilpasning galdt sjølvhaldaren som seinare kunne bli kar, fiskar med full lott, eventuelt også gardbrukar om han spara seg opp noko. Sjølv om både tenaren og sjølvhaldaren, rett nok på ganske ulike vis, var i underordna og økonomisk avhengige posisjonar, kunne statusen i den mellombels posisjonen verta påverka både av bakgrunn og sannsynlege framtidsutsikter.

Men også elles var individuell mobilitet mogleg, både oppetter og nedetter i statushierarkiet. Det kunne skje ved giftarmål, og det kunne skje gjennom dugleik og innsats. Kor vanleg det var, er eit anna spørsmål, men det er ei vanleg oppfatning at skiljelinene innan allmugen i fiskar-Norge ikkje var særleg markante. I alle høve er det slik at auka mobilitet nettopp er eit karakteristisk drag ved samfunn endring.

Den tredje typen mobilitet ser vi i høve til generasjonane. Den kan innebera at heile yrkesgrupper får endra grunnleggjande økonomiske vilkår for yrket eller næringa si, og ved at plaseringa deira i statushierarken endrar seg. Heilt nye yrkesgrupper kan oppstå, og andre meir eller mindre forsvinna.

**Forsamlingsmedlemene og sosial og geografisk mobilitet.** Medlemsskapen i forsamlinga kan i seg sjølv hatt som funksjon å sikra sosial posisjon, eller betra den. Det einskilde individet var elles også ein del av lokalsamfunnet med det statushierarkiet og dei førestellingane om noverande og framtidig sosial status som prega det og som prega dei, som lagnad, vonar, vilje eller vyar. Vekkingsrørsler vert i blant framstilte som konservative og fortidsvende. Korleis stilte medlemene i denne forsamlinga seg til endringane i tida? Heldt bøndene t.d. på det gamle i driftsmåtar og eidegdomsformer, heldt forsamlingsmedlemene på tradisjonelle yrke? Saman med sosial mobilitet høyrer også ofte ein tendens til geografisk mobilitet. Var medlemene meir eller mindre innstilte på å

---

<sup>220</sup> Sølvi Sogner seier at all ungdom tok teneste i konfirmasjonsalderen; Sogner 1990:s.66. Pryser meiner at husmannsbarn laut tidlegare ut i teneste, medan barn av meir velståande bønder budde heime; Pryser 1985 s.128f. Det tyder i så fall at høvesvis langt fleire tenestefolk må ha hatt husmannsbakgrunn enn gardbrukarbakgrunn.

flytta, innan soknet, ut av Balsfjorden, eventuelt emigrera?

**Fleire sjølveigarar.** Frå 1855 til 1865 auka talet på sjølveigande bønder i Balsfjorden frå 15 til 46. Tidlegare var det berre i det ytste norskdominerte området det var selt ein del av kyrkjegodset. No hadde også Moursund teke til å selja ut. Innetter i fjorden var det i 1865 25 nye sjølveigararar, i det gamle sjølveigarområdet kom 6 til. Ingen forsamlingsmedlemer var sjølveigararar då dei vart dissentarar. I 1865 var 5 av dei 31 nye sjølveigarbruka eigmenn av dissentarar, alle inne i fjorden. I tillegg var to medlemer husstandsmedlemer på nye sjølveigarbruk. Ein medlem åtte bruk i Tromsøysund, og to var gifte med sjølveigararar utanbygds. Inkludert aktuelle ektefellar hadde 10 medlemer av 62 såleis heva den sosiale statusen i Balsfjorden, 3 andre etter flytting ut av bygda.<sup>221</sup> Denne andelen med ny sjølveigarstatus ligg godt over dissentarandelen i bygda, men inst i fjorden der dissentarane stod sterkest, svarar likevel andelen meir til faktisk styrke. Slik sett kan ein ikkje seia at dissentarane vart sjølveigarar i større grad enn andre, men definitivt heller ikkje mindre.

Eit par av dei nye sjølveigarane måtte gje frå seg jorda att, eit par borte av andre grunnar, men i 1875 var det komne andre til slik at 12 medlemer var sjølveigararar. 11 av desse brukarane budde i Balsfjorden, og dei 16 medlemene i fjorden som no budde på sjølveigargard utgjorde 36% av dei 44 som framleis var att i Balsfjorden av den første medlemsgruppa.

Sjølveigarane i forsamlinga var i all hovudsak konsentrerte inst i fjorden frå Nordkjosområdet via Sagelv til området kring Sagelvvatn. Det var også eit stort innslag av personar med blanda etnisk bakgrunn. Av dei 16 medlemene som på eit tidspunkt var sjølveigararar, hadde heile ti ikkje-norsk etnisk bakgrunn, dei fleste med blanda etnisitet. Av seks norske var to innflyttarar sørfrå. Dei siste fire er rett nok registrerte som nordmenn, men hadde truleg alle ein kvensk besteforelder. Kan sjølveige for mange av desse ha vore ein strategi ikkje berre for økonomisk tilpassing og generelt høgare status, men også for integrering i det norske samfunnet? Ser ein på heile gruppa av nye sjølveigararar inst i fjorden, var det også her mange av ikkje-norsk etnisk opphav. Nordmennene var rett nok den største einskildgruppa med ni personar, av dei fire sørfrå og tre med ei eller anna form for kvensk tilknyting. Av resten var sju samar, to kvenar og sju av blanda opphav. Dei fleste kom frå den inste norskdominerte delen av fjorden eller frå blandingsområde.

**Gardbrukarane - ei stabil gruppe?** Dei dissentarane som allereie tidleg hadde gardsbruk, var stabile. Somme vart sjølveigarar, andre fekk ymse tilleggsyrke, men gardsbruket heldt dei fram med. Dei heimeverande sönene og døtrene hadde derimot ei meir usikker framtid. Så lenge det var arbeid for dei heime, var dei ofte ein viktig innsatsfaktor for hushaldet. Sönene sikra ofte tilpasninga i fiskarbondeøkonomien med å dra på fiske for faren, døtrene var viktige i gardsstallet og i husfliden. Men før eller seinare vart det aktuelt for dei fleste å gifta seg. Ikkje alle kunne rekna med å ta over garden, eller gifta seg til ein. I forsamlinga var det så pass mange som 20 gardbrukarbarn, 14 menn

---

<sup>221</sup> Talet 62 utgjer dei av medlemsgruppa 1856-60 som framleis levde og budde i Balsfjorden. Det tyder at i 1865 var 38 døde eller utflytta.

og 6 kvinner. Av dei 14 mennene fekk to seg snart eigen sjølveigargard. Fleirtalet av dei andre heldt fram med å leva i avhengig posisjon, somme av dei på farsgarden. I 1875 var fem døde, to emigrerte, ein flytta til Tromsø som arbeidar og fiskar, ein dreiv handel, og dei øvrige fem hadde gard, dei fleste som sjølveigarar. Om dei døde sin sosiale mobilitet var stigande, skal eg ikkje ha sagt noko om, to av dei tre enkjene fekk det i alle høve ikkje så lett med å sikra tryggleik og status. Stoda for dei øvrige som var att, var at alle med eitt unnatak hadde sikra gardbrukarstatus eller tilsvarande.<sup>222</sup>

For dei seks kvinnene var ikkje vedlikehaldet av gardbrukarstatusen like eintydig. Fire sat rett nok på gardsbruk i 1865, ei var emigrert ti år etter. Tre av dei flytta ut av soknet, to til sjølveigarbruk. To var tenestejenter i 1865, og så er dei ikkje til å spora lenger.

**Frå eigedomslaus til gardsbruk?** For ein del personar tydde stigande sosial mobilitet ei utvikling frå posisjon som eigedomslaus og avhengig til gardbrukar, anten det var som bygselbonde eller sjølveigar. Sjølv om det i Balsfjorden sjølvsagt var ei rad individuelle løp som kunne gå mot hovudstraumen, må likevel den generelle hovudtendensen ha gått den andre vegen, kort og godt av di gardbrukarandelen gjekk ned. Rett nok kunne vel ein fiskar i teorien eiga produksjonsmiddel som båt og børnskap, men i praksis var det enno berre høvesvis velståande bønder som hadde midlar nok.<sup>223</sup> Ein må også gå ut frå at dei fleste bygdehandverkarar på denne tida heller ikkje hørde til i nokon mellomklasse. Men ein og annan representant for tertærnæringer fanst, skulelærarar, tenestemenn av ymse slag, handelsmenn. Ofte kombinerte dei likevel den nye næringa/yrket med gardsbruk. Ei sak var å gå frå å vera gardbrukarson til å verta leiglending. Ei anna sak var å byrja frå posisjonen som eigedomslaus. Ei tredje side er spørsmålet om posisjonen som eigedomslaus var annleis når den meir var ein livssyklusposisjon, enn når den også representerte sosial bakgrunn.

Dei 23 mennene som er rekna som eigedomslause då dei gjekk inn i forsamlinga, hadde ulik bakgrunn. Ni av dei var opphavleg gardbrukarsøner, fire husmannssøner og ti hadde ein usikker eller samansett bakgrunn. Fem av dei var innflyttarar. Dei kjem alle i den siste bakgrunnskategorien. Eg har sett på endring i sosial status fram til død, emigrasjon eller ft1875.

**Tabell 24: Sosial mobilitet blant eigedomslause forsamlingsmedlemer 1856-1875.**

Bakgrunn > Mobilitet	Gardsbruk	Husmann- /avhengig	Uviss/- samansett	Sum
-------------------------	-----------	-----------------------	----------------------	-----

<sup>222</sup> *Tilsvarande* tyder her handel. Nokon kakse vart nok ikkje Ole Gulbrandsen der han losjerte hos faren på Sagelv.

<sup>223</sup> Ft 1855 har også teljing av nøter, fembøringar og åtringar. Den delen av teljinga som gjev opplysningar bruk for bruk, syner at det meste av slikt utstyr - med somme unnatak - fanst der det var store og mellomstore sjøvende gardar. Fembøringane på nord- og austsida av fjorden fanst i størst tal på strekninga Stornes-Ørnes, deretter indre Seljelv-Musnes og i Lodbukta.

<b>Stigande</b>	2	2	4	8
<b>Same nivå</b>	5	2	6	13
<b>Stigning+fall</b>	2	0	0	2
<b>Sum</b>	9	4	10	23

Eit klårt fleirtal, om lag to tredelar, av dei egedomslause vart også verande i denne klassen.<sup>224</sup> Ein tredel hadde ein stigande mobilitet, og somme enda som sjølveigarar. Det ser heller ikkje ut til at dei med gardbrukarbakgrunn hadde betre framtidsutsikter enn dei andre gruppene, når dei først var i den avhengige utgangsposisjonen. Innflyttarane greidde seg noko betre. Av dei fem som var fødde sørpå eller i Sverige, hadde tre stigande mobilitet, medan den fjerde valde emigrasjon. Av dei tretten som ikkje betra den sosiale posisjonen, valde fleire å emigrera på eit tidleg tidspunkt, i alt minst fem.

Tenestejentene i forsamlinga hadde noko varierande bakgrunn, to-tre var gardbrukardøtrer, fire frå husmannsliknande tilhøve og resten usikker eller samansett bakgrunn. Her ser ikkje gardbrukarbakgrunn ut til å ha auka sjansen for stigande mobilitet. To av kvinnene var framleis ugifte i 1875, tre var gardbrukarkoner på sjølveigarbruk, og av dei tre siste med kjend lagnad hadde i det minste ei truleg betra den sosiale posisjonen ved giftarmål i Tromsø med ein skreddar, seinare pedell.<sup>225</sup> I hovudsak, halvparten av tenestejentene auka sosial status, dei øvrige blei i underklassen. Også to fiskarkoner med gardbrukarbakgrunn og ektefellar i statskyrkja flytta til Tromsø, men endra ikkje status.

Anten det gjeld menn eller kvinner, anten dei hadde gardbrukarbakgrunn eller ikkje, var dei først i avhengig posisjon, vart fleirtalet verande der. Medan fleire av desse kvinnene flytte til Tromsø, var emigrasjon eit vel så nærliggande alternativ for mennene.<sup>226</sup>

**Dissentarane i nye yrke og næringer.** Ulike handverk kunne representera både noko nytt og gamalt, men den langt høgre graden av spesialisering var i alle høve eit nytt drag. Det er ikkje nemnt fleire enn 9 handverkarar i 1855, 14 ti år etter. Desse tala er utan tvil minimumstal, men syner nok samstundes at det var etter måten få som hadde handverk som hovudnæring. Av dei første dissentarane var minst 3 handverkarar, ein skreddar, ein smed og ein snikkar. I 1865 var det to dissentarar mellom dei 13 registrerte handverkarane, og det er i og for seg ein høg andel med 78

---

<sup>224</sup> Yrke og posisjonar som var aktuelle pr. 1875 var t.d. innerst, strandsitjar, husmann utan jord, fiskar, vedhoggar, tømmermann. Ingen av desse har det vore naturleg å setja i nokon mellomgruppestatus.

<sup>225</sup> Skreddaryrket var likevel eit lågstatushandverk i byane, med mindre ein var meister. Jmfr. Pryser 1985:s.51,191.

<sup>226</sup> Det samsvarar med eit vidare flyttemønster fram til kring 1890, ugifte kvinner helst til byane, menn emigrerte. Nerbøvik 1986:s.28.

registrerte vaksne dissentarar i 1865.<sup>227</sup>

Blant vekstnæringar i Balsfjorden og Troms ved midten av hundreåret høyrd ishavsfangsten. Dei einaste i Balsfjorden i 1865 med nemninga skipper var både mellom dei første ishavsfararane, både var dissentarar, og Johan Adrian Johannessen på Sandøyra var dessutan forstandar i forsamlinga etter at J.A. Bomstad emigrerte. Johan Adrian var ein innovatør og starta både møllebruk og sagbruk i ungdomen, men hadde nok størst lukke med ishavsfangsten. Magelssen omtalar han som ein driftig føregangsmann.<sup>228</sup>

Ei ny næring i bygdesamfunnet var handel, og frå den første handelsmannen i 1860 var det truleg ni personar som prøvde seg i næringa i Balsfjorden fram mot 1875. Fleire av desse dreiv nok handel som del av eit mangesysleri. Tre av dei var dissentarar, Anders Johannessen Hammerbakken, Nikolai Johannessen Bomstad og Ole Gulbrandsen Sagely, sistnemnde truleg som hovudsyssel.<sup>229</sup>

**Flytting og emigrasjon.** Når det gjeld generell sosial mobilitet, kan eg nok som ovanfor registrera somme av rørslene til forsamlingsmedlemene, men vanskeleg jamføra med heile befolkninga utan ei meir omfattande kartlegging som det ikkje er rom for her. Når det gjeld flytterørsler, er det noko enklare, m.a. av di det allereie er gjort eit kartleggingsarbeid av Anders Ole Hauglid og Gunnar Thorvaldsen.<sup>230</sup>

Flytting vert ofte sett på som ei form for vilje til omstilling som også vert knytt til sosial mobilitet. Anten det måtte vera push- eller pullfaktorar som var avgjerande, indikerer dei spesielle måtar å løysa personlege val på i skjeringspunktet mellom objektiv sosial situasjon, eiga oppleving av situasjonen og ambisjonar eller framtidstru.<sup>231</sup> Desse tilhøva vil etter mi mening telja også der pushfaktorane var så sterke at dei nærmast vart opplevde som tvang, i alle høve når det gjeld langdistanseflytting. Tendens til flytting - ut over eit etablert mønster innan eit lokalområde - indikerer såleis eit aktivt tilhøve til samfunnsendringar.

**Tilflytting.** Ein del av forsamlingsmedlemene var fødde utanfor Balsfjorden. Men så mange som 46 av mennene og 30 av kvinnene var fødde i soknet. Ytterlegare åtte av kvinnene kom frå

---

<sup>227</sup> Så få personar gjev ikkje grunnlag for anna enn svært varsame konklusjonar. 2/13 er 15%. 78 vaksne av 1165 gjev 6,7%; vaksne=>20år. Tala frå nettversjonen av ft1865 for 1933 Balsfjord, skulekrins 1-4, i digitalarkivet.

<sup>228</sup> Hauglid 1991:s.370ff, Magelssen og Larssen 1925:s.103f.

<sup>229</sup> Den siste dreiv nok handel på faren sitt løyve. Han har truleg også hjelpt faren med arbeid på bruket han seinare tok over. Ein fjerde handlande var Susamel på Storsteinnes, gift med ein dissentar. Jmfr. Magelssen og Larssen 1925:s.245f.

<sup>230</sup> Mest konkret er Hauglid, og i motsetnad til hos Thorvaldsen let Balsfjord sokn seg skilja frå Malangen i taloppgåvane. Hauglid 1991:s.34-41,46,209-225; Thorvaldsen 1995:s.80-96.

<sup>231</sup> Jmfr. Svalestuen 1980:s.21f,30, Nerbøvik 1986:s.28f.

granneområda i nord og vest, så i alt var 84% av både kvinner og menn fødde i den midtre delen av Troms. For både kjønna var fire personar fødde i det sørlege Norge, tre personar i Sverige/Finland, d.v.s. Tornedalen. To menn hadde ukjend fødestad, men truleg var den eine svenskfødd. Minst 14 av forsamlingsmedlemene var altså fødde utanfor Troms, 8% i Sør-Norge, 6% i Tornedalen. Det ser også ut til å ha vore nokre andregenerasjonsinnvandrarar blant medlemene. Dette har eg ikkje systematisk samla data på, men i det minste femten personar hadde ein av foreldra frå det sørlege Norge eller frå svensk-finsk område.<sup>232</sup> Hauglid har sett på heile befolkninga i 1865 og finn i Balsfjord sokn 61 personar fødde i Sverige, 100 personar fødde i det sørlege Norge, Trøndelag inkludert. Rekna i prosenttal gjev det respektive 2,7% og 4,5%. I forsamlinga var det såleis om lag dobbelt så stort innslag av innflyttarar frå Sør-Norge og Sverige som i befolkninga elles.<sup>233</sup>

**Utflytting.** Så langt har det sett ut som fleire kvinner enn menn i forsamlinga har flytta i nærområda, både til og frå Balsfjorden. Ei meir systematisk jamføring med befolkninga elles er vanskeleg å gjennomføra her. Forsamlingsmedlemene vil ha flytta ut i perioden 1856-1875, og også dei som var døde før 1875, vil vera med i oversynet. Å få eit tilsvarande utval av utflytta frå Balsfjorden vil vera eit svært omfattande og mest umogleg arbeid.<sup>234</sup> Ein indikasjon på at utflyttinga var aukande, gjev Thorvaldsen. Medan han fann 11% utflytta til Troms i 1865, var prosenttalet auka til 14% i 1875. Samstundes var det ein synkande prosent innflyttarar.<sup>235</sup>

Fram mot 1875 vart medlemsgruppa frå dei første fem åra sterkt redusert. Ein del var døde, men hovuddelen av reduksjonen kom av utflytting. Somme budde likevel så nær Balsfjorden at dei heldt på medlemsskapen og framleis hadde kontakt med forsamlinga. Johan Adrian Johannessen var t.d. forstandar også etter at han var flytta til Hungeren nær Tromsø. At dette ikkje kan ha vore særlig gunstig for arbeidet i forsamlinga, er ei anna sak. Tabellen nedanfor syner flyttinga frå Balsfjorden fram mot 1875. *Nærområde* tyder her dei kringliggjande sokna, Tromsø by inkludert.<sup>236</sup> Tabellen omfattar i utgangspunktet perioden 1856-75, men i praksis er den første registrerte utflyttinga frå 1861.

---

<sup>232</sup> Ni av dei femten var frå det sørlege Norge. Frå granneområda kom det også eit femtals personar i foreldre-generasjonen; det var fremst mødrane som hadde flytta til Balsfjorden. Går ein enno ein til to generasjoner attende, vil ein også finna ein del med røter i Lappmarka, Tornedalen, Salten eller Trøndelag.

<sup>233</sup> Som grunnlag for prosentutrekninga nyttar eg det korrigerte folketalet Hauglid nyttar i band 2 av bygdeboka, 2244 personar i 1865. Grensene for Balsfjord sokn er då rekna med utgangspunkt i stoda på eit seinare tidspunkt enn for folketala eg elles nyttar. Hauglid 1991:s.36f.

<sup>234</sup> Rett nok kan ein av dei dataregistrerte teljingane kunna finna kor mange utanfor Balsfjord som har oppgjeve fødestad Balsfjord. Men det vil ikkje gå fram når dei flytta, noko som kan ha skjedd over ein svært lang tidsperiode. Ein fangar heller ikkje opp utflytta som var døde før teljingstidspunktet. For ei jamføring vil desse to faktorane i nokon grad motverka kvarandre, men truleg langt frå utjamna kvarandre.

<sup>235</sup> Desse tala gjeld flytting til andre delar av Troms. Malangen er her inkludert i Balsfjord. Thorvaldsen 1995:s.85.

<sup>236</sup> Nærområda tyder her i praksis Malangen, Målselv, Lenvik, Tromsøysund, Tromsø.

**Tabell 25: Utflytting blant forsamlingsmedlemene i Balsfjorden 1856-75.**

Tal personar og i prosent av medlemer i forsamlinga.

Kjønn > Flytta til:	Menn		Kvinner		Medlemer i alt	
	Tal	i % av menn	Tal	i % av kvinner	Tal	i % av alle
<b>Nærområde</b>	5	9%	11	24%	16	16%
<b>USA</b>	14	25%	10	22%	24	24%
<b>Ukjend</b>	1	2%	2	4%	3	3%
<b>Mellombels</b>	4	7%	2	4%	6	6%
<b>Sum</b>	24	44%	25	56%	49	49%

Mellombels utflytting kan gjelda fleire enn dei seks registrerte, så dette er eit minimumstal. Det mest iaugnefallande resultatet her er det store talet av medlemer som har flytta ut av soknet. Nær halvparten har vore på flyttefot, somme av dei fleire gonger. Sjølv om vi held utanfor dei som kom attende til Balsfjorden og jamfører med dei overnemnde tala til Thorvaldsen, ligg andelen av utflyttarar i forsamlinga om lag tre gonger så høgt som i befolkninga elles.<sup>237</sup> Kvinnene dominerte blant dei som varig eller mellombels flytta i nærområda til Balsfjorden. For dei fleste av kvinnene var flyttinga knytt til giftarmål. Berre sju personar flytta til Tromsø, også her flest kvinner, eit par av dei for å søkje teneste. Eit knapt fleirtal av desse flyttarane i nærområda høyrd til i eller hamna i klassen av eigedomslause, og det galdt så å seia alle byflyttarane.<sup>238</sup>

**Emigrasjon.** Det kom også eit stort tal emigrantar frå forsamlinga, i alle hove 24 personar. I tillegg kan somme av dei utflytta med ukjend mål ha reist til Amerika. Stiftaren, Johan Andreas Bomstad, var sjølv ein av emigrantane og reiste med *Sleipner* frå Bergen til Chicago i 1862. Både Hauglid og Diesen gjev inntrykk av at dissentaremigrasjonen starta det året, men det er berre ikkje heilt rett.<sup>239</sup> Bomstad har nok vore ein leiande person i emigrasjonsplanane, men den første

<sup>237</sup> Her er det ikkje tale om ei eksakt jamføring, men om ein indikasjon. Den er likevel temmeleg eintydig. Prosentalet til Thorvaldsen omfattar utflyttarar innan Troms over eit større tidsrom enn det som gjeld for forsamlingsmedlemene, jmfr. elles note 67. På den andre sida manglar dei som flytta ut av Troms, m.a. dei emigrerte. Før 1875 må emigrantgruppa likevel ha vore etter måten liten, jmfr. påfølgjande kommentar i teksten. Heller ikkje til det øvrige Norge var det stor utflytting av balsfjordingar, med eit lite unnatak for Finnmark som i 1865 hadde 19 personar med fødestad Balsfjord.

<sup>238</sup> Det var vanleg at bygdefolk fekk lågstatusyrke i byene, jmfr. Pryser 1985 s.50f,191. For handverksfaga gjeld ikkje dette heilt i Tromsø iflg. Thorvaldsen 1995:s.157.

<sup>239</sup> Hauglid 1991:s.215f, Diesen 1994:s153f.

emigranten frå friforsamlinga i Balsfjorden var den over femti år gamle snekkaren og ungkaren Johan Nicolai Nykvist. Han emigrerte i 1861. Same år utvandra sju personar frå friforsamlinga i Tromsø.<sup>240</sup> Dei var heller ikkje dei første, alt i 1858 hadde friforsamlinga i Tromsø to medlemer busette i Chicago.<sup>241</sup> Det er ikkje urimeleg å tru at desse har vore dei første kontaktpunkta etter som Bomstad si gruppe først kom til Chicago. Fleire forfattarar har for øvrig retta søkjelyset mot denne utvandringa og stilt spørsmål om den ikkje berre var økonomisk motivert, men også eit uttrykk for tronge vilkår for religiøs fridom.<sup>242</sup> Det var heller ikkje berre frå Balsfjorden at dissentarane emigrerte. Dei sju overnemnde frå Tromsøforsamlinga var berre ein fortropp. Fleire andre forsamlingar i Troms merka utvandringa og vart truleg også svekka av den. Bomstad var t.d. ikkje den einaste leiaren som emigrerte.<sup>243</sup>

Hauglid har estimert utvandringa frå Balsfjorden til Amerika fram til 1924, og ut frå tekst og grafisk framstilling kjem eg til nærmere 140 emigrantar fram til 1875.<sup>244</sup> Talet kan ha vore høgare, men det kan også talet på emigrantar frå friforsamlinga. Somme av dei som vart medlemer etter 1860, utvandra også. Rekna av folketalet i 1865 utgjorde emigrantane frå Balsfjorden vel 6%. Frå friforsamlinga utvandra 24% av medlemene. Sjølv om vi tek omsyn til at både dei første utvandrarane frå Balsfjorden og dei fleste friforsamlingsmedlemene høyrdet til i den inste delen av fjorden, vert skilnaden framleis stor. Tendensen til å utvandra var tre gonger så stor hos dissentarane som i den øvrige befolkninga inne i fjorden.<sup>245</sup>

---

<sup>240</sup> Dissenterprotokollar i statsarkivet i Tromsø, nr.1 og nr.K87 (Fylkesmannsarkivet), del B. Udmeldte af Menigheden. Bomstad hadde nok planlagt emigrasjonen ei tid, kanskje allereie tidleg i 1861, Diesen 1980/1994:s.153.

<sup>241</sup> SiTø: Amtmannen i Finnmark Pk.2896 (Dissentere) dok. 8/59 - oversyn over medlemer i forsamlinga ved utgangen av år 1858.

<sup>242</sup> Hauglid 1991:s.186,216; Andresen 1994:s.306, Aarek 1998:s.21.

<sup>243</sup> Td vart friforsamlingane i Ullsfjord, Ramfjord og Sandvær ramma av stor utvandring; Svebak 1986 s.79; Ytreberg 1946:s.691; Diesen 1980:s.99,106. Forstandarane i Gibostad, Sandvær, Ramfjord, Ullsfjord og Trondenes utvandra, Diesen 1980:s.97ff, 106ff. Thorleif Svendsen har undersøkt emigrasjon frå Tromsø i tida 1860-1925 og registrert ein del dissentaremigrantar frå 1880-åra, men ikkje friapostoliske, som for øvrig delvis kan vera løynd i nemninga "frikirkelig". Han omtalar rett nok utvandring av dissentarar i 1864, men utan talfesting av omfanget. Svendsen 1997:s.80-83.

<sup>244</sup> Hauglid 1991:s.216-222. Teksten tilseier 139, den grafiske framstillinga 131 personar fram til 1874. Ein høvesvis andel for perioden 1875-1879 gjev 4 personar i tillegg for året 1875. Tre personar frå Malangen vert dregne frå. Barn er inkluderte i desse tala. Det verkar elles som Hauglid reknar alle dei 40 personane han kallar "Bomstad og hans folk" frå 1862 som balsfjordingar. Det kan det ikkje ha vore. Men i dei to neste åra reiste også ein del forsamlingsmedlemer som det er uvisst om Hauglid har rekna med. Alt i alt kunne dei nok utgjera bort i mot 40 personar med barn.

<sup>245</sup> Det er då mest rimeleg å jamföra med 1860-åra då hovudtyngda av utvandringa kom frå indre Balsfjord. Om lag 100 emigrantar utgjorde 8,5% av befolkninga inst i fjorden (Nordkjosen-Storskogen-Sandøyra) i 1865. For friforsamlinga vart andelen 22 av 84, d.v.s. 26%.

Her var det også ein viss skilnad mellom menn og kvinner i forsamlinga. Det var høvesvis litt fleire menn, men skilnaden er knapt signifikant. Ein klårare skilnad gjekk på sivil status. Samtlege utvandrarkvinner var gifte, medan fire av dei fjorten mennene var ungkarar. Tre ungkarar var sjølvhaldarar, eit par i kombinasjon med eit handverk. Også ein av dei gifte karane var handverkar, smed. Men elles utgjorde gardbrukarane to tredelar av dei gifte, så dei emigrerande mennene var etablerte i fleire tydingar. Men i alder var dei fleste etter måten unge, berre to av dei var over 41 år ved utvandringa. Ein av dei eldste var smeden Ole Olsen Bolstad, og han hadde også flytta langt før. I 1867 ville han av stad igjen, som ein annan østerdøl i forsamlinga før han.

I alder og sosial status samla sett skilde ikkje dei emigrerande mennene seg vesentleg ut frå forsamlinga elles, slik den sosiale samansetjinga var dei første åra. Men innan gardbrukarklassen var det likevel langt fleire brukarar enn heimeverande søner. Kvinnene frå forsamlinga var derimot alle med eitt unnatak gardbrukarkoner.

**Etnisitet og flytting.** Friforsamlinga i Balsfjorden var karakterisert av eit stort innslag av medlemer med annan etnisitet enn norsk. Særleg var andelen av kvenar og norsk/kvenar høvesvis stort. Det samiske innslaget var derimot noko i underkant av fordelinga elles i befolkninga, men samsvara noko betre med den etniske samansetninga i indre delen av Balsfjorden, der dissenterørsla stod sterkest. Kven var så utflyttarane i friforsamlinga når innfallsvinkelen er etnisitet?

**Tabell 26: Utflyttarane i friforsamlinga i Balsfjorden.**

Tal personar etter kjønn, flytemål og etnisitet.

Kjønn >	Tal menn		Tal kvinner		Sum i % av tal flytta		Etniske gr. i forsamlin- ga i %
	Emigr- ert	Anna fl- ytting	Emigr- ert	Anna fl- ytting	Emigr- ert	Anna fl- ytting	
<b>Etnisitet</b>							
<b>nordmenn</b>	8	5	7	9	63%	56%	45%
<b>nordmann/- kven</b>	4	2	0	3	17%	20%	22%
<b>kvenar</b>	0	0	2	1	8%	4%	7%
<b>samar</b>	0	1	0	1	0%	8%	9%
<b>annan bl. etn.</b>	1	1	1	1	8%	8%	15%
<b>uviss</b>	1	1	0	0	4%	4%	2%
<b>SUM</b>	14	10	10	15	N=24	N=25	N=100

I prosenttala i kolonnane over flytta bør ikkje variasjonar på +/- 5% tilleggast vekt, av di samla tal personar her er lite. Vi ser likevel eit ganske klårt bilet. Det var ei overvekt av nordmenn som

flytta, og heilt klår var overvekta når det var tale om emigrasjon. I både typar flytting var blandingsgruppa kven/nordmann langt på veg representert i høve til samansetnaden i forsamlinga. Når det gjeld flytting i nærregionen, var dei andre etniske gruppene representerte noko i underkant, men skilnaden er ikkje signifikant for nokon gruppe kvar for seg. Sett under eitt må ein likevel kunna seia at desse gruppene var noko veikt representerte. Ingen samar emigrerte, og berre to av annan blanda etnisitet. Den eine var gift med ein nordmann, ein innflyttar frå Målselv, for øvrig ikkje dissentar. Den andre var gift med ei norsk kvinne som alt hadde bror sin i Lake Lillian i Minnesota, der Bomstad og fleire av dei tidlegare emigrantane hadde busett seg. Dei to kvenane som emigrerte, var både gifte kvinner, den eine gift med J.A. Bomstad, den andre med bror hans. At dei kan ha hatt eit ord med i laget, er vel tenkjeleg, men initiativet har dei truleg ikkje teke, sjølv om dei hadde flytta før. Det gjorde det kan henda lettare å bryta opp likevel. Det var nok ikkje heilt tilfeldig at av dei fjorten som var flytta inn frå Sør-Norge eller Tornedalen, var åtte seinare på flyttefot igjen - då ut av Balsfjorden. Fem av dei hamna i Amerika til slutt.

Mange av dei generelle trekka vi kjenner frå norsk emigrasjon går att her. I første fasen var det fremst tale om familieutvandring, ofte barnefamiliar, mange med gardbruksbakgrunn. Men kvifor så mange av dissentarane? Var det nokre sams drag i t.d. dei sosioøkonomiske føresetnadene for å dissentera og emigrera?<sup>246</sup> Eller kom dissentarane som religiøs rørsle i eit så avvikande og konfliktfylt tilhøve til omgjevnadene at det kveikte tanken på emigrasjon og draumen om religiøs fridom?<sup>247</sup> Ei sosialpsykologisk forklåring er også mogleg. Dissentarane hadde allereie brote med tradisjonelle normer, var mentalt meir lausgjorde frå det gamle samfunnet og såleis meir budde for ei avgjerd om utvandring.<sup>248</sup> Noko kan det vera i alle desse forklåringane. Eg kjem attende til det.

---

<sup>246</sup> Jmfr. Pryser om politisk organisering og utvandring som *alternative strategiar* for thranittar og bondevener, Pryser 1985:s.63.

<sup>247</sup> Jmfr. Pryser 1985:s61ff.

<sup>248</sup> Jmfr. Ingrid Semmingsen sitert i Svalestuen 1980:s.26. Semmingsen omtalar rett nok dels "de vakte", dels haugianarane.

## Andre tidlege rørsler og organisasjonar i Balsfjorden

Den frie apostoliske forsamlinga var både som organisasjon og som folkeleg rørsle kan henda den som gjorde seg mest merkande i Balsfjorden i dei to tiåra frå midten av 1800-talet, også frå samtidia sin synsvinkel. Men det er ikkje dermed sagt at den var den einaste og heller ikkje den største. Eg vil i det følgjande prøva å setja friforsamlinga inn i ein samanheng også på dette feltet. Kva fanst det av andre organisasjonar på den tida, korleis var tilslutninga, og kva rolle spela det folkelege versus det elitære i dei?

Eg vil også nytta motrørsleomgrepet til Vagn Wåhlin og Niels Clemmensen som eit perspektiv. Klassar og grupper som risikerte å tapa økonomisk kontroll og/eller politisk og sosialt hegemoni, ville ta initiativ for å forsvara dette. Ulike måtar vart brukte: alternativ organisering, indirekte påverknad gjennom daningstiltak, direkte motkamp osb. I Balsfjorden er det naturleg å sjå på rolla til soknepresten, både som lokal eliteperson og som representant for kyrkja og styresmaktene.<sup>249</sup>

Ein finn altså somme døme på anna tidleg organisasjonsverksemd i Balsfjorden, men kjeldematerialet er mangelfullt både med tanke på å kartleggja omfanget og finna kva grupper av menneske som tok del. Den følgjande skildringa vil såleis meir fungera som bakteppe enn som jamføring. Det ser ikkje ut til å ha vore noka form for organisasjonsarbeid og lite av lekmannsverksemd i Balsfjorden før kring 1850-talet. Frå ei undersøking frå 1840 om tilstanden i fattigvesenet får vi i alle høve vita at det då ikkje fanst organisasjonar i Tromsø landdistrikt, korkje edruskapsforeiningar, sokneforeiningar eller andre nyttige selskap. Heller ingen "fra Statskirken forskjellig Sect vides her at finde sted, uden man dertil vil regne ganske enkelte Haugianere".<sup>250</sup>

**Læstadianismen.** J.A. Bomstad var som tidlegare nemnt, etter alt å døma påverka av den tidlege læstadianismen. Som grannefjord til Lyngen, der denne rørsla kom til å stå svært sterkt, skulle ein tru at læstadianismen også skulle gjera seg gjeldande i Balsfjorden. Men t.d. tidlege visitasrapportar er tause om slik verksemd, og heller ikkje sokneprest Brun si omfattande skildring av Balsfjorden frå 1867 nemner læstadianarane, i alle høve ikkje spesifikt som lokal religiøs gruppe. Seinare tradisjonsstoff teiknar eit bilet av læstadianismen som knytt til dei to større samiske områda, truleg stod rørsla sterkest i Laksvatnområdet. I indre Balsfjorden fekk ikkje rørsla tak, sjølv om det også der var ein del folk av samisk ætt. Det kan vera eit spørsmål om det i det heile var

<sup>249</sup> Clemmensen nyttar termen *modbevægelse*, Clemmensen 1987:s.65, Clemmensen 1988:s.366ff. Wåhlin sitt omgrep er *modmobilisering*, Wåhlin 1979 s.139f. Jmf. også Nerbøvik 1986 s.129. Stenius tek fram omgrepet *repressiv toleranse* for å illustrera integrasjon på overklassen sine vilkår, Stenius 1979:s.178f.

<sup>250</sup> KUD Fattigvesenet nr.1037 Tromsø landsogn sp.m.F6,8,9.

særleg mange læstadianarar i Balsfjorden.<sup>251</sup>

Dagmar Sivertsen hevdar at den læstadianske rørsla kom til Balsfjorden og Malangen kring 1850 og i hovudsak fekk innpass i den samiske befolkninga. For den norske befolkninga vart den berre ein impuls grunna konkurransen med dissenterane. Sivertsen føreset då at Balsfjordvekkinga tidleg i 1850-åra fremst var ei læstadianisk vekking. Ho står seg her på ei utsegn frå 1867 av presten Brun som meiner at "den stærke aandelige Bevægelse blandt Fjeldfinnarne" utan tvil hadde verka inn. Etter som Balsfjorden låg i ein av flyttvegane for svenske fjellsamar, fekk tilhengarane i Balsfjorden jamlege impulsar. Jes Pieti skal her ha vore ein sentral person.<sup>252</sup> Men anten har dei vore svært få eller levd så stillferdig - Sivertsen meiner det siste - at presten både i 1871 og 1874 melde om ro til biskopen. Det var korkje religiøse utskeiingar eller skeive og ukirkjelege synsmåtar i den lutherske kyrkjelyden. Noko omfang å tale om fekk ikkje den læstadianske rørsla seinare heller, og Sivertsen meiner at hovudgrunnane var dissenteriet og ikkje minst mangelen på betydelege lokale leiatar.<sup>253</sup>

Om den læstadianske rørsla kan ha prega Balsfjordvekkinga ei tid, er det ikkje urimeleg å tenkja seg at den tapte noko av grepet på vekkinga etter hendingane i Kautokeino i 1852. Bomstad henta impulsar frå fleire hald, og hadde såleis fleire "åndelege bein" å stå på. Det er elles ingen ting som tyder på at læstadianarane i Balsfjorden gjorde seg mykje gjeldande i siste del 1850-åra og det følgjande tiåret. På den andre sida treng ikkje dissenterane berre å ha vore konkurrentar. Kvar av rørslene fekk svært få tilhengarar i kjerneområdet til den andre rørsla, sjølv om friforsamlinga likevel ikkje var utan samar. Såleis kan rørslene ha komplettert kvarandre.

**Kirkjelege misjonsforeiningar.** Som eit resultat av vekkinga i 1850-åra vart det vekt interesse for ytre misjon, og misjonsforeiningar med fleire misjonskrinsar, eller lesekrinsar, vart stifta i både sokna. Med fleire krinsar må det ha vore ein del medlemer, truleg fremst rekrutterte frå gardbrukarfamiliar. Kristen Hansen Tennes (ca1791-1890) skal ha vore ein lokal drivkraft i misjonsarbeidet i Balsfjorden, og skal også i ein tidleg fase ha samarbeidd med Bomstad. Interessa for dette arbeidet gjekk tilbake ut i 1860-åra, og etter kvart verkar det som det fremst var presten som hadde ansvar for verksemnda saman med formannen i foreininga.<sup>254</sup>

<sup>251</sup> NEG 18980, NEG 18874. I Laksvatnområdet vart det også bygd bedehus, men langt seinare, jmf. NEG 21265. NEG-notata stammar frå 1950-åra, og det er noko usikkert kva tidsrom opplysningsane siktar til. NEG 19702 seier seg i alle hove å formidla tradisjonsstoff m.a. frå 1850-åra og her seiast det eksplisitt at det vart få læstadianar i Balsfjorden.

<sup>252</sup> Sivertsen 1955:s.265f. Også tradisjonsmateriale knyter Balsfjordvekkinga delvis til den læstadianske rørsla, NEG 19718:s.1.

<sup>253</sup> Sivertsen 1955:s.266f.

<sup>254</sup> NEG 19718, Bruun i Magelssen og Larssen 1925:s.160f.

Ein journal for Tromsø Misjonskreds påbyrja i 1864 syner at Balsfjordens Misjonsforening i juni det året hadde sendt inn årsberetning, truleg for 1863. I desember kom ny årsberetning og ein sum på nærmere 7 spd. Etter dette var det ingen innföringar vedrørande Balsfjorden i alle høve dei neste ti åra, medan det i Malangen ser ut til å ha vore aktivitet eit par år til.<sup>255</sup> Heilt dødt har det truleg ikkje vore likevel. Soknepresten heldt lenge årlege misjonsforedrag på ulike stader i den indre delen av bygda. Også somme andre oppbyggingsmøte vart haldne, og i 1864 hadde Brun fleire foredrag om barnedåpen.<sup>256</sup> Kan det ha vore ein del av oppdemminga mot dissentarane? Medan det ser ut som det folkelege engasjementet var sterkt i misjonssaka berre til å byrja med, har tydeleg presten sett det som viktig å halda saka i live. For han var det utan tvil også eit høve til å påverka lekfolk og byggja alternativ til dissenteriet.

**Danning og oppseding.** Eliten tok ofte initiativ til ulike danningstiltak som både kunne ha med moralsk oppseding å gjera og i blant også ha økonomiske og sosiale aspekt. Humanitære foreiningar til dømes kunne vera blant desse. Det var då allmugen som skulle oppsedast ut frå eliten sine ideal. Slike initiativ kom både ut frå ei førebyggande tenking, for å sikra hegemoniet eller også som utslag av interesse for økonomisk framsteg.

Eit døme på det siste var ei *Forening mod Dyrplageri*, stifta av presten Brun i 1865. Den tok særleg sikte på å motarbeida svelteföringa i fehaldet, noko eliten oppfatta som urasjonelt og primitivt jordbruk. Her skulle det nyttast både opplysning og kontroll. Soknepresten var også ordførar, og eit av opplysningstiltaka, eit sirkulært, vart kosta av kommunekassa. Brun tvilte sjølv på frukta av arbeidet, og då han flytta frå bygda i 1870, var ikkje foreininga liv laga lenger.<sup>257</sup>

**Edruskapsarbeid.** For vekkingsrørsla på 1850-talet var tydeleg fråhaldsstandpunktet sentralt. Fleire kjelder legg vekt på både ein omfattande brennevinsbruk før og eit stort omslag med vekkinga, i alle fall før ei tid.<sup>258</sup> Ei sjølvstendig fråhaldsforeining ser likevel ikkje ut til å ha eksistert i Balsfjorden enno i motsetnad til i Malangen. Det kan vera at dissentarrørsle og misjonsrørsle gav tilstrekkeleg uttrykk for haldningane, men også i Malangen hadde misjonsrørsla fått feste. Først i 1879 vart det stifta ei DNT-foreining i Balsfjorden, og ni år etter fekk Nordkjosen eige lag.<sup>259</sup>

<sup>255</sup> Tromsøysund sokneprestembete, prot 73 Journal og Copibog for Tromsø Misjonskreds 1864-.

<sup>256</sup> Misjonsforedrag 1867-1870, Balsfjord kb3 1856-70 Dagsregister.

<sup>257</sup> Magelssen og Larssen 1925:s.142f,249.

<sup>258</sup> Bruun 1867 i Magelssen og Larssen 1925:s.160ff, NEG 19718 s.2, Ole A. Larsen i Stiansen 1922:s.13.

<sup>259</sup> Magelssen og Larssen 1925:s.162, DNT-prot.78 pag.2,32. Også skyttarlag fanst i Malangen alt frå 1864, medan Balsfjord fekk sitt første i 1886; Hauglid 1991:s.526f.

Ei anna sak er jo om edruskapssituasjonen i røynda var så därleg som skildringa i dei nemnde kjeldene kan gje inntrykk av. Her kan vel både fortviling over allmugen sin därskap og generell fordøming av all rusdrykk spela inn. Når Brun heilt konkret skildra brennevinbruken, var det innan heilt spesielle sosiale kontekstar, ikkje som allmenn kvardagsbruk. Lokale styresmakter såg ikkje edruskapssituasjonen som problematisk korkje i 1840 eller 1851, men meinte drikkevondet var avtakande.<sup>260</sup>

**Politisk organisering og kommunalpolitisk arbeid.** Det var enno eit stykke fram til stifting av vanlege politiske parti i Balsfjorden, men ein forløpar fanst ei tid i slutten av 1860-åra. Ei lokal bondevenforeining eksisterte då med Hans Lakkert Nilsen frå Storsteinnes som formann. Han hadde vore politisk aktiv sidan 1840-åra, i periodar både som ordførar og viseordførar. Det er uvisst kva tilslutning den fekk, men levetida verkar å ha vore kort.<sup>261</sup>

Kunne deltaking i kommunale organ vera eit alternativ til friviljuge organisasjonar? Jansson ser samanheng mellom slik aktivitet og det friviljuge organisasjonslivet.<sup>262</sup> Fleire av dei seinare dissentarane hadde kommunale oppgåver ei tid før brotet, men eg har ikkje undersøkt i kva mon dissentrar tok del i kommunalpolitisk arbeid seinare, heller ikkje andre grupper. Det kan likevel gje eit signal om korleis folk oppfatta dei politiske rettane sine, å sjå på kven som var registrerte som røysteføre. Reglane for røysterett tilsa at i Balsfjorden var den i praksis avgrensa til brukarar av matrikulert jord, kårfolk var t.d. utelukka. Ved inngangen til 1860 ser det ut til å ha vore registrert 87 røysteføre av om lag 210 gardbrukarar, altså drygt 40%. Det tyder ikkje at alle desse verkeleg nytta røysteretten, og endå færre var nok politisk aktive. Av dei røysteføre i 1860 var fem dissentrarar registrerte av 17 moglege, dessutan ein uavhengig dissentar. Det utgjer om lag 30%. Om vi ser på kor mange einskildmedlemer i gardbrukarhushald i forsamlinga som hørde til i familiær der husbond hadde røysterett, kjem vi til i overkant av 50% av medlemene i slike hushald. Då var vel å merka fleire av husfedrane i denne samanhengen ikkje dissentarar, men fedrar til dissentarungdom. Avhengige utan røysterett er her haldne utanfor. Alt i alt ser det ikkje ut til at forsamlingsmedlemene i gardbrukarhushald hadde noko meir distansert tilhøve til dei politiske rettane enn andre i gardbrukarklassen. Dei personleg røysteføre dissentarane var likevel høvesvis færre. Etter kvart kom nokon fleire til, men ikkje meir enn fem nye dissentarar fram mot 1875. Dette er i alle høve eit teikn på at kommunalpolitisk arbeid ikkje var eit spesielt interessant felt for

<sup>260</sup> KUD-Fattigvesenet 1840, Tromsø landsogn sp.m. A5. Biskopen i Tromsø stift - nr.470 visitasprot. 1837-1851, Tromsø landsogn 14.6.1851.

<sup>261</sup> Magelssen og Larssen 1925:s.248.

<sup>262</sup> Jansson 1982 s.256ff og Jansson 1988 s.337f. Jernsletten ser det som tenkjeleg, men sjeldan reelt - med referanse til Kvænangen/Bjørklund; Jernsletten 1986 s.38,43.

dissentarane, på den andre sida heller ikkje eit område dei sette seg utanfor. Gardbrukarane elles ser ut til å ha vore heller moderat engasjerte, noko som vel kan ha svara til tilhøva elles i landet.<sup>263</sup> Men her har eg altså ikkje materiale for å kunne vurdera nærmere kva det kommunale sjølvstyret tydde som sosial og politisk arena for gardbrukarklassen.

**Samanfatning og perspektiv vidare.** Vi finn altså ikkje mange organisasjonar og rørsler i Balsfjorden i tida 1850-1870. Dei som hadde eksistert over tid med nokon grad av tilslutning, var religiøse rørsler. Den læstadianske gruppa var truleg fātalig, laust organisert nedanfrå og begrensa til dei samiske kjerneområda i fjorden. Den eldste misjonsrørla i bygda arbeidde for ytre misjon. Dette var arbeid som mange geistlege var positive til. Men arbeidet må ha kome i gang før Brun si tid og delvis vore eit resultat av vekkinga i 1850-åra. Det må ha vore ei rørsle av noko omfang og sosial breidde. Samstundes har den vore så tett knytt til kyrkja at den også i nokon mon kunne fungera som reiskap for soknepresten.

I tilhøve til den tredje religiøse rørla, den friapostoliske, har prestane tydeleg lege i hard strid, ikkje minst Brun. Så var dei også reelle konkurrentar, ikkje berre om sjelene, men også om hegemoni, autoritet og endå til levebrød.<sup>264</sup> Mange dissentarar tydde også lægre innkome for presten. Men spliden prega også folket i fjorden, det var strid ikkje berre om *kva* ein skulle tru på, men også *kven* ein skulle tru på. Mange typar autoritetsband og lojalitetsband kunne losna og jamvel rivna ein slik prosess. "Uroen og Bitterheden på begge Sider er aftaget", skreiv amtmannen i 1858 til departementet.<sup>265</sup> Det kan vel ha vore *noko* i det, men det var mykje att og vara lenge, i alle høve i Balsfjorden. Tradisjonane fortel om splid mellom ulike retningar, mellom grannar og familiær, og ikkje minst mellom lekmann og embetsmann.<sup>266</sup> Striden om bruk av kyrkjegarden er eitt døme, då det vart laga til privat gravplass på Sandøyra, striden om privatskulen til dissentarane eit anna. Brun ønskte å inspirera undervisninga, ikkje berre eksamen, men det sa både læraren og forstandaren nei til. Saka gjekk heilt til departementet, som utforma gradvis mildare svar og enda opp med eit forsonleg og kompromissorientert skriv som i sak gav forsamlinga medhald.<sup>267</sup>

<sup>263</sup> Om to av tre registrerte i Balsfjord nyttar røysteretten, svarar det til landssnittet for landsbygda, 25-30% av dei som kunne få røysterett. I Nord-Norge var det høvesvis mange røysterettskvalifiserte, men få som røysta. Try 1986b:s454f.

<sup>264</sup> Brun skreiv om forgjengaren sin Støp at han hadde vanskar med å få inntektene sine, og knytte det til dissenteriet. Kallsbok 1863- i Series Pastorum fol.25.

<sup>265</sup> KUD-A Pk.nr.305 Dissenterloven Amtmannen 27.3.1858.

<sup>266</sup> NEG 19718, Magelssen og Larssen 1925:s.253.

<sup>267</sup> Om kyrkjegarden: NEG 19718; jmf. Bratrein 1989-94:periodeX/kap.8/s.36. Om skulen: KUD D-304 J.nr.1328 D68, siste svarskriv 27.4.1869.

Uansett siktemål så bidrog konfliktane til å setja spørsmål ved tradisjonell autoritet og til å løysa opp banda i det gamle samfunnet. Når trusstandpunkta utfordra granne- og familiefellesskapen, vart dei i enno høgre grad nøydde til å lita på andre typar fellesskapsband. Etter kvart kom det også fleire organisasjonar med ei stor breidde av formål, nokre organiserte nedanfrå, andre på initiativ av elitepersonar som det etter kvart også vart fleire av i bygda enn presten. Dei laga som kom i den neste fasen fram mot hundreårsskiftet, kom nesten alle i den indre delen av fjorden. Folkelege organisasjonar som DNT og skyttarlaget fekk tilslutning både i den sørlege delen og i Nordkjosenområdet. Eit mangfold av misjonsforeiningar voks også fram, med noko større geografisk breidde.

Den apostoliske friforsamlinga stagnerte og verksemda ser ut til å ha lege i dvale frå 1875 til 1886. Då vart forsamlinga reorganisert med Albert Bomsta som forstandar. Men på det tidspunktet var ei ny dissentarrørsle på offensiven og hadde vore det lenge. Baptistane hadde fått sine første medlemer i området frå tidleg på 1870-talet og hadde no teke til å veksa. Formelt var dei medlemer av baptistforsamlinga i Tromsø, men hadde ei etter måten velorganisert gruppe i Balsfjorden med eiga lokale på Storsteinnes frå 1887. Tomta vart kalla Fredheim i matrikkelen, men ein skal nok ikkje tolka det som nokon historisk kommentar. Framleis vektest det strid kring dissentarane.

Eit særdrag ved Balsfjorden var også dei mange uavhengige dissentarane, som korkje knytte seg til ei spesiell retning eller ei spesiell forsamling, men samstundes valde å bli ståande utanfor statskyrkja. I tal utgjorde denne "gruppa" nær halvparten av alle dissentarane ved folketeljinga i 1900. Denne utviklinga kan også forståast som at det å verta dissentar var meir enn å finna plass for ei alternativ religiøs tru, men også å velja rett til individuell tru innafør eit meir sekulært samfunn.

## Friapostoliske forsamlingar i regionen.

Friforsamlinga i Balsfjorden var mellom dei første og frå byrjinga mellom dei største i Troms, men det kom altså fleire slike dissentarforsamlingar til i løpet av tre-fire år.<sup>268</sup> Friforsamlinga i Tromsø by var den største allereie frå byrjinga. Av dei øvrige låg dei aller fleste i opplandet til byen, Balsfjordforsamlinga som den mest betydelege av desse, elles i Ramfjord og mot nord og aust Sandvær, Ullsfjord og Lyngen, i sør Gibostad. Heilt sør i Troms var det forsamlingar i Trondenes og Kvæfjord, og dei hadde også medlemer i Dverberg på Andøya der det i 1859 vart danna eiga forsamling. I alt hadde dei friapostoliske forsamlingane i Troms 434 medlemer over 19 år ved utløpet av 1860. Tromsø og Trondenes danna sentra i to skilde dissentarområde, som likevel klårt ser ut til å ha sprunge ut av same rørsle. Tromsøområdet var det definitivt største.

Utanom dei friapostoliske fanst ikkje mange dissentarar førebels. Men i Alta var det ein katolsk kyrkjelyd frå 1858, nokre år seinare med ein avleggjar i Tromsø. I og kring Tromsø fanst også ein del kvekarar som ikkje kom så langt som til å danna eiga forsamling. Heilt sør i fogderiet verka i slutten av 1850-åra ein mormonmisjonær Ørstad som fekk somme tilhengrarar. Men mormonane hadde ikkje rettar etter dissentarlova, og særleg forkynnarane deira vart jamleg rettsforfølgde.<sup>269</sup>

Under vekkinga i Balsfjorden først i 1850-åra skal det ha kome folk til Bomstad sine møte frå både Lyngen, Ullsfjorden og Målselv.<sup>270</sup> Det kom seinare friforsamlingar i dei to områda i nord, men ikkje i Målselv. Der var det allereie ein sterk haugiansk tradisjon som ikkje følgde med då delar av Balsfjordvekkinga vart radikalisert. Somme dissentarar var det likevel i Målselv, og fleire høyrd til forsamlinga på Gibostad så lenge den eksisterte. Nokre var tilflytta frå Balsfjorden og høyrd til forsamlinga der.

Eg vil no sjå nærmare på somme av forsamlingane i Tromsøregionen. Fleire av dei låg i etnisk samansette område. Finst det nokre klåre likskapar - eller ulikskapar - mellom bygdeforsamlingane? Er det spesielle drag ved nokre av dei som kan supplera biletet av den friapostoliske rørla i Troms og spesielt i Tromsøregionen? Sjølv om det var eit nært samband mellom vekkingane i Balsfjorden og i Tromsø by, var likevel føresetnadene sosialt og økonomisk svært ulike. Såleis kan det vera meir nærliggjande å samanlikna med andre forsamlingar i regionen.

---

<sup>268</sup> D.v.s. det som no er Troms fylke, var i 1850-åra Senjen og Troms fogderi og ein del av Finnmarkens amt; frå 1866 var Tromsø amt skilt ut.

<sup>269</sup> Avsnitta over byggjer i hovudsak på amtmannen sine innberetningar 1857-1861, KUD-A pk 305.

<sup>270</sup> NEG 19718 og Magelssen og Larssen 1925:s.253. Det spørst likevel om ikkje desse er sekundære kjelder i høve til O.A. Larsen sitert i Stiansen 1922:s.6.

**Friforsamlinga i Ullsfjord.** Denne forsamlinga vart oppretta i februar 1858 og hadde sterk tilknyting til Breivik, men like fullt medlemer frå heile den indre delen av Ullsfjorden og nokre frå Jegervatn. Bomstad eller andre frå rørsla hans skal ha misjonert i Sørfjorden alt frå 1850.<sup>271</sup> Forsamlinga voksnøgt frå 16 medlemer i løpet av det første året til allereie i 1859 å vera den tredje største forsamlinga i Tromsøområdet med 46 medlemer. Som forsamling hadde den ei kort levetid etter som den alt i 1864 vart oppløyst "paa Grund af Forstanderen og en stor Deel Medlemmers Udvandring til Amerika".<sup>272</sup> Bratrein forklårar nedlegginga med at læstadianismen overtok aktiviteten. I alle høve voksnøgt den siste rørsla seg sterke, medan dissentarane gjekk jamt attende i Sørfjorden. I 1865 var det berre 25 voksne dissentarar i Karlsøy, av desse 13 i Sørfjorden.<sup>273</sup>

Det har vore litt forvirring om det var ei eller to friforsamlingar i Karlsøy/Ullsfjord.<sup>274</sup> No var Ullsfjord, eller Sørfjord som soknet først heitte, ein del av Karlsøy, også ei tid etter at det vart eige sokn i 1860.<sup>275</sup> Det fanst også ein del dissentarar i dei ytre områda av Karlsøy, men dei hadde ikkje eiga forsamling. Fleire av dei var medlemer i Tromsøforsamlinga.<sup>276</sup>

Sørfjorden var i hovudsak eit samisk område, og særleg i den indre delen var det mykje kontakt med det samiskdominerte området kring Laksvatn i Balsfjorden. Likevel var ikkje meir enn fem av tretten dissentarar i Sørfjord i 1865 førde som samar.<sup>277</sup> I Breivikområdet var det ein del norske nyryddarar, også sørnorske, og der fanst det både samar og nordmenn mellom dissentarane. Ved folketeljinga 1875 var det registrert 14 dissentarar, men no budde den største gruppa på Svensby og var norske.

Den friapostoliske forsamlinga i Ullsfjord, slik den framstod i 1859, var ei etter måten ung

---

<sup>271</sup> Bratrein 1989-94:10.08.s22,24.

<sup>272</sup> Skriv frå justisdepartementet av 20.3.1865 med referanse til *Amtmannen i Finmarkens Amt*, KUD-A pk.305.

<sup>273</sup> Bratrein 1989-94:10.08.s22-25. Tre av dei registrerte dissentarane i 1865 var også oppførde som læstadianarar. Men dei to "læstadianske" dissentarane på Stakkenes var medlemer av friforsamlinga i 1859. Svært mange var oppførde med spørjeteikn etter dissentarnemninga. Dei som budde i Sørfjorden er kontrollerte mot medlemslista for 1859, og 10 av 13 finst på den. Teljaren har tydeleg vore usikker, så det kan også vera eit spørsmål om alle dissentarar er tekne med i folketeljinga.

<sup>274</sup> Diesen operer, med eit lite etterhald, med to forsamlingar; Diesen 1980 s.100f,106.

<sup>275</sup> I 1867 vart Sørfjord ein del av Lyngen prestegjeld.

<sup>276</sup> Korkje hos amtmannen i Finnmark (pk.2896 1856-65 Dissentersaker) eller i kyrkjedepartementet (KUD-A pk.305 1857-1932 Dissenterloven) er det registrert noka forsamling i Karlsøy, heller ikkje i oversyna, utanom den som vart oppretta i Ullsfjord og også ved eit høve vart kalla Brevig Frimenighed. Friforsamlinga i Tromsø fekk i 1859-60 6 medlemer frå Nordeidet, Gammelgård og Reinsvoll i Karlsøy; SA-Tø Diss.prot.1 Innmelde.

<sup>277</sup> Kontroll ved stikkprøver i ft1875 indikerer at det må ha vore nokre fleire.

forsamling der 80% var under førti år, 41% under tretti.<sup>278</sup> Mennene var i klårt fleirtal. 37% av medlemene var ugifte. Av dei gifte hadde så mange som ti ektefellen i statskyrkja. For *konene* har ikkje medlemslista informasjon om hierarkisk sosial posisjon, men av mennene høyrde tolv av seksten til gardbrukarklassen.<sup>279</sup> Godt halvparten av medlemene budde i Breivikområdet, ein firedel i inste delen av i fjorden. Der budde også forstandaren, gardbrukar Ole Jonsen. Det må både ha vore eit stort norsk og eit stort samisk innslag i forsamlinga. Etter alt å døma må det også ha vore somme medlemer med sørnorsk opphav. Truleg var forstandaren mellom desse. Det kvenske innslaget ser ut til å ha vore lite.

**Friforsamlinga i Lyngen.** Forsamlinga her var nokre månader eldre enn den i Ullsfjorden, stifta i november 1857. Den fekk ei anna utvikling, vokste lite til å byrja med, men var rimeleg stabil og nådde frå 12 medlemer i 1865 til meir enn dobling i 1870-åra.<sup>280</sup> Det tyder likevel ikkje at forsamlinga eksplanderte reelt. Det meste av denne auken kom av at vaksne barn av medlemer etter kvart vart med i forsamlinga. Tyngdepunktet låg heilt klårt på strekninga Pollen-Oksvik på vestsida av fjorden, med nokre få medlemer lenger inn. Konsentrasjonen kring Pollen vart meir og meir utprega med åra.

Medlemene av denne forsamlinga var på fleire vis meir etablerte. Ved utløpet av 1859 var berre to av seksten ugifte, like mange under 30 år. Mennene var også her i fleirtal, men forsamlinga var først og fremst prega av gifte par der både var medlemer. Dei fleste høyrde til gardbrukarfamiliar. Heller ikkje denne forsamlinga slapp utvandring, ein husmann og ein rydningsmann utvandra med sine familiar i 1864.

Som Ullsfjord var Lyngen eit fleiretnisk område, og sjølv om samane dominerte, var også kvenane ei stor gruppe. I forsamlinga var det flest samar, men også fleire med delvis kvensk opphav. Eit lite norsk innslag var det også.<sup>281</sup>

**Friforsamlinga i Ramfjorden.** Ramfjorden er ein fjordarm sør i Tromsøysund sokn nær grensa mot Balsfjord. Forsamlinga her vart stifta i juni 1858. Den fekk som Ullsfjordforsamlinga ei kort levetid. Mange av medlemene vart overførde frå friforsamlinga i Tromsø. Midt inne i fjorden var Fagernes på austsida og Mellomjord på vestsida geografiske sentra. Forstandaren Johan Elias

<sup>278</sup> Rekna av 41 medlemer, dei øvrige fem hadde ikkje alder oppgjeven.

<sup>279</sup> Det gjer for så vidt også ein kårmann. For dei 17 ungkarane og "pigene" fortel ikkje lista om dei er heimeverande, tenestefolk o.s.b. *Pige* kan her også tyda ugift datter.

<sup>280</sup> I så vel 1876 som 1878 syner medlemsoppgåvane 43 medlemer, men i 1878 var 17 av dei under 19 år, så også barn av medlemer var med i dette talet. Fylkesmannen i Troms pk. 1982.

<sup>281</sup> Basert på ft1865. Ft1875 syner fleire i blandingsgrupper med kven.

Gabrielsen og ein god del av medlemene utvandra til Amerika, og justisdepartementet rapporterte i våren 1865 Ramfjord- og Sandværforsamlinga som nedlagde - noko forhasta. Men medlemstalet var kraftig redusert til berre sju i slutten av 1864.<sup>282</sup>

Det høgste medlemstalet hadde Ramfjordforsamlinga like etter stiftinga, 16 medlemer ved utgangen av 1858. Det var då lik fordeling mellom menn og kvinner, høvesvis mange unge, men få ugifte, og andelen gardbrukarar var høg. Ein tredel av dei gifte hadde ektefellen i statskyrkja. Ut frå namnelikskap kan det sjå ut som forsamlinga i stor grad var bygd rundt ein kvensk-samisk familiekrins.<sup>283</sup> Ramfjorden var eit fleiretnisk område med både samar, kvenar og nordmenn, også ein del innflyttarar frå det sørlege Norge. Blant dei friapostoliske i Ramfjorden ved ft1865 var alle kategoriane representerte, kvenar og samar fremst i ulike blandingsgrupper.

**Friforsamlinga i Sandvær.** Ytst og lengst mot nord i Tromsøysund sokn låg ei av dei minste friapostoliske forsamlingane. Den vart oppretta i 1859 og hadde då sju medlemer. Eit par år etter var det seksten, men etter 1864 stagnerte verksemda på grunn av utvandring. Forsamlinga hadde også ein del medlemer i Varvik i Karlsøy.

**Det nordlege området.** Forsamlingane i Ullsfjord, Lyngen og Ramfjord hadde nokre sams drag. Dei låg alle i fleiretniske område med eit til dels stort samisk innslag. I Lyngen og truleg også Ramfjord var forstandaren kvensk-samisk, i Balsfjorden kvensk-norsk. Alle områda hadde også eit visst preg av innvandring; Lyngen av kvenar, Ullsfjord av østerdølar i Breivikområdet, Ramfjord av kvenar og folk frå det sørlege Norge. Kor stor vekt ein kan leggja på desse tilhøva, er ei anna sak. Bortsett frå at kveninnvandringa i Lyngen er rimeleg kjend, har eg ikkje materiale som fortel om spesielt stor innvandring i dei to andre områda. Innvandring i seg sjølv var ikkje noko unikt i Nord-Norge.

I alle desse områda stod også læstadianarane sterkt på eit tidleg tidspunkt.<sup>284</sup> Det er ganske truleg at den første vekkinga tidleg i 1850-åra har vore ei sams rørsle for det som seinare vart to, jamvel tre; ei dissentarrørsle, ei læstadianisk rørsle og somme stader også ei noko meir kyrkjetro lekmannsrørsle, dels knytt til haugiansk tradisjon, dels til ulike misjonsorganisasjonar.

---

<sup>282</sup> Tilvising til amtmannen i skriv frå JD 20.3.1865; KUD-A pk.305. At korkje Ramfjord- eller Sandværforsamlinga var heilt nedlagde, vitnar skriv frå Nicolay Berg om 18.2.1865; Amtmannen i Finnmark pk.2896.

<sup>283</sup> Nikolai Gabrielsen og forstandaren Johan Elias Gabrielsen var i alle høve brør. Truleg var også ein av dei eldste, Andreas Gabrielsen, ein bror. I tillegg var mor, to pårekna søstrer og tre ektefeller med i forsamlinga. Tek vi med ein måg, som også var eldste, og kona hans, kjem vi til 11 forsamlingsmedlemer i familien kring forstandar og eldste.

<sup>284</sup> Larssen 1976:s.230-237; Bratrein 1989-94:10.08.s24ff; Andresen 1994:s.201f.

**Friforsamlinga i Gibostad.** Denne forsamlinga vart oppretta alt i 1857. Den fekk ei heller kort levetid, og som fleire andre stader var dette knytt til utvandring. Forstandar Lorenz P. Øvre reiste til Amerika i 1862, og sjølv om det var ein del medlemer att, var det ingen som kunne eller ville ta opp leiarskapen. Forsamlinga hadde då allereie vore i tilbakegang eit par år, og i 1863 vart forsamlinga oppløyst.

Medlemene var spreidde i eit større område, men Sultindvik-Sandnes i Lenvik, Lunneborg i Målselv og Tømmervik i Sørreisa var stader med 4-7 medlemer ved utløpet av 1858. Desse stadene bar i nokon grad og på ulike vis preg av endringane i tida med ein del innflyttarar, variasjon i yrke og andre næringar enn jordbruk og fiske. Om og i kva mon dei skilde seg ut, har eg ikkje hatt høve til å undersøkja. Forsamlinga hadde ei markant overvekt av menn og av unge. Det var stor spreiing i yrke, tre personar var knytte til handel, m.a. forstandaren, og fleire var bygdehandverkarar og arbeidsfolk. Innslaget av vanlege gardbrukarar var høvesvis lite.<sup>285</sup>

**Friforsamlinga i Trondenes.** Dei forsamlingane vi til no har sett på, låg i opplandet til byen Tromsø. Slik var det ikkje med forsamlingane i Trondenes og Kvæfjord lengst sør i amtet. Det kan likevel vera interessant å sjå litt nærare på den største av desse to, nemleg forsamlinga i Trondenes. Den vart stifta på nyåret i 1857 og fekk snøgt stor tilslutning. Bernt Johannessen, opphavleg frå Verdalen, vart forstandar. Han hadde vore med i vekkinga i Tromsøområdet og budde på Tennes i Balsfjorden då han gjekk ut av statskyrkja i oktober 1856. Forsamlinga i Trondenes hadde sentrum på Aune, men hadde også mange medlemer på Elgsnes og Erikstad. Erikstad var ein del av eit område med byrjande tettstadutvikling som seinare la grunnlaget for bydanninga Harstad.

Forsamlinga i Trondenes var i byrjinga karakterisert ved mange unge medlemer og ei klår mannsovervekt. Granneskapet til ei byrjande tettstadsutvikling vart ikkje direkte reflektert med differensierte yrke i yrkessamansetjinga. Men det var høvesvis mange tenrarar blant medlemene, minst 22%. Ti personar, eller 16%, var fiskarar.<sup>286</sup>

**Samanfatning.** For å få eit noko betre oversyn er ein del data om dei omtala forsamlingane

---

<sup>285</sup> Med tanke på jamföringar med dei andre forsamlingane, er det somme vanskar ved primært å nytta det årlege medlemsoversynet som vart sendt inn til styresmaktene. Oversynet for Gibostad vart ført på eit noko anna vis enn dei øvrige som Nicolay Berg i Tromsø over fleire år ser ut til å ha hatt ansvar for. I desse vart stort sett tradisjonelle hierarkiske posisjonar nytta i staden for eigentlege yrkesnemningar, og stort sett berre på gifte hushaldsoverhovud. Ugifte fekk nemninga pige/ungkarl. Gibostadoversynet har meir reelle yrkesnemningar som kan løyna kombinasjonar med gardsbruk, og det går ikkje direkte fram kven som var ugifte.

<sup>286</sup> Jakobsen 1981:s.58. Somme registrert som *pige* kan også vera tenrarar, men nemninga kan også tyda ugift jente. Det er uvisst kor mange fiskarar som var gifte forsytarar; det er grunnen til at gardbrukarandelen i tabellen nedanfor er usikker.

sette opp samla i ein tabell, der også Balsfjord friforsamling er med til jamføring.

**Tabell 27: Nokre friforsamlingar i Troms - sosiale karakteristika.**

Kategoriar > Friforsamlingar	Menn	Alder <30 år	Ugifte	Gardbrukarar av pårekna gifte menn	Medlemstal
Balsfjord	55%	50%	39%	56%	1856-1860:100
Ullsfjord	57%	41%	37%	75%	1859:46
Lyngen	56%	13%	13%	86%	1859:16
Ramfjord	50%	44%	19%	71%	1858:16
Gibostad	73%	62%	(38%)	(38%)	1858:26
Trondenes	60%	64%	(>44%)	(>38%)	1857:64

Ei viss varsemd er naudsynt i tolkinga av tala, dels av di somme av forsamlingane var temmeleg små, dels av di verdiane i tabellen kan byggja på litt ulike føresetnader eller vera noko usikre.<sup>287</sup> Forsamlingane i Gibostad og Trondenes låg i meir etnisk homogene og norskdominerte område, og dette ser i all hovudsak ut til å prega forsamlingane også. Områda og forsamlingane i nord var etnisk samansette på ulike vis, men alle tre nord for Balsfjorden hadde tydeleg samisk innslag. Generelt ser medlemene i nord ut til å ha vore meir etablerte på fleire vis med noko høgare alder, fleire gifte, høvesvis fleire gardbrukarar. I dette biletet høver også Sandværforsamlinga inn, sjølv om talgrunnlaget frå 1859 er litt for lite. Balsfjordmedlemene kjem på fleire vis i ei mellomstilling mellom dei sørlege og nordlege forsamlingane. Det kan også sjå ut til at familie- eller nærområderelasjonar har spela større rolle i nord. Spesielt verkar forsamlinga i Gibostad etter måten lite prega av slike relasjonar. Her må eg likevel understreka at eg ikkje byggjer på systematiske data, men på det generelle biletet og på inntrykk frå stikkprøver i materialet.

Men alt i alt kan det sjå ut til at sosialt nettverk og etablert status har vore føresetnader i høgare grad lenger nord for å dissentera. Dette kan ha å gjera med ein sterkare tendens i samisk tradisjon for å unnvika konfrontasjonar.<sup>288</sup> Samstundes ser vi at blandingsgrupper var ein del av alle dei nordlege forsamlingane, og leiinga hadde gjerne norsk eller kvensk innslag. Det kan også ha å

<sup>287</sup> Tala i parentes er usikre. For Balsfjord gjeld opplysningane stoda ved innmelding. Dei kan gje litt for høge verdiar for alder og tal ugifte jamførd med somme av dei øvrige. For Gibostad er ein handelsmann og ein sagbrukar tekne med i gardbrukartalet. For Trondenes byggjer tala dels på Jakobsen 1981:s.57f, dels på eigne notat frå Amtm.pk.2896 medlemsoversyn for 1857. Teiknet > tyder minimumstal. Jakobsen har 65 som sum på tal menn og kvinner. Sandvær er ikkje teke med i tabellen p.g.a. for knapt talmateriale.

<sup>288</sup> Gjessing 1973:s.99; jmf. også avsnittet om organisering i teorikapitlet.

gjera med ulikskapar i demografiske og sosioøkonomiske prosessar som har lege til grunn for dissentarrørsla i dei ulike delane av fylket.

Avslutningsvis i dette kapitlet skal vi kort sjå på sider ved den demografiske utviklinga i ulike delar av fylket.

**Tabell 28: Flytting og folketalsutvikling i delar av Troms kring midten av 1800-talet.**

Område	Folketalsutvikling, tiårsperiodar i %			Flytterørsler pr. ft1865		
	1835-1845	1845-1855	1855-1865	Innflytta	Utflytta	Merknad flytting
Balsfjord	21,0%	23,4%	9,5%	17%	19%	m/Malangen
Lyngen	15,3%	26,8%	16,2%	13%	8%	m/Kåfjord, Storfjord
Karlsøy m/Helgøy	3,5%	11,1%	9,5%	15%	15%	m/Helgøy
Tromsø landsbygd	9,3%	9,0%	11,7%	29%	24%	Tromsøysund
Lenvik Hillesøy Målselv	26,6%	41,5%	26,2%	20%	16%	Lenvik
				43%	14%	Målselv m/Bardu
Trondenes m/Bjarkøy	10,7%	14,3%	18,3%	15%	9%	m/Bjarkøy, Skånland
Kvæfjord	12,3%	15,5%	17,0%	17%	6%	Kvæfjord
Troms	17,0%	22,1%	18,5%	23%	14%	

Tromsø landsbygd omfattar ein del meir enn Tromsøysund.<sup>289</sup> Flytteraten for Troms dekkjer også flytting innan amtet.<sup>290</sup>

Voksteren i landdistriktet i Troms låg i underkant av 2% lægre enn i amtet totalt. Auken i Tromsø by drog altså snittet opp, ikkje overraskande. Som vi har sett før, synte Balsfjorden ein sterkt fallande folketalsauke frå 1855, samstundes som utflyttarandelen var større enn innflyttarandelen.

<sup>289</sup> Landsbygda i noverande Tromsø kommune omfattar t.d. det meste av Sørkjorden. Prosentauken her byggjer på tal frå Andresen 1994:s.23,81,299, for Balsfjorden på tabell 1, øvrige prosenttal på Helland 1899:s.495. Sørkjorden må òg vera inkludert i tala for Karlsøy.

<sup>290</sup> Thorvaldsen 1995:s.155f som også gjer greie for berekninga av flytteratene. T.d. gjeld utflytting delvis også kommunar utanfor Troms. Ein del tilpasningar er gjort for områdegrensene, m.a. er Sørkjorden rekna under Lyngen, Thorvaldsen 1995:s.8ff.

Ein finn ikkje ei tilsvarande utvikling i dei andre bygdeområda der det var dissentarforsamlingar. Voksteren vart nok redusert både i Lyngen og Lenvik/Målselv, men den var framleis høg, og det var fleire innflyttarar enn utflyttarar. Tromsøysund hadde store flyttestraumar både ut og inn, og folketalsutviklinga i sjølve soknet var truleg høgare enn tabellen syner.<sup>291</sup> Trondenes og Kvæfjord i sør hadde ein jamt stigande folketalsauke, og Trondenes låg klårt over snittet på landsbygda i Troms. I områda til forsamlingane i sør finn vi altså kring 1860 høg folketalsvokster og tydeleg innflyttaroverskot. Lenger nord er biletet meir samansett, men også der hadde forsamlingsområda innflyttaroverskot. Det er likevel litt uvisse kring Sørfjorden, der tala dels er løynde i Karlsøy, dels i Lyngen. Om demografiske faktorar verka inn på grorbotnen for dissentarrørsla, kan innflyttaroverskot ha vore ein sams faktor, medan tendensar i folketalsauke ikkje er heilt eintydige. I alle høve skil Balsfjorden seg ut.

Men ei jamføring med somme område i Troms utan dissentarrørsle gjer ikkje biletet stort klårare.<sup>292</sup> Folkeauken i desse områda kring 1860 var til dels høg - og langt høgare enn i Balsfjorden, medan det var ulike tendensar i tilhøvet mellom utflytting og innflytting. Kan andelen av langdistanseflyttarar som kvenar og austlendingar likevel skilja dissentarområde frå andre? Heller ikkje dette gjev noko eintydig svar, t.d. hadde Skjervøy stor kveninnvandring. I Målselv var også dissentarane få, sjølv om konkurranse frå den kyrkjetro haugianarrørsla her kan ha vore utslagsgjevande. Tilsvarande kan læstadianismen ha vore eit alternativ i det nordlege Troms. Svebak ser på dissentarrørsla og læstadianismen som alternative strategiar og knyter dissentarane fremst til byane. Dei mange dissentarane i Balsfjorden og Tromsøysund vert forklåra som diffusjon frå Tromsø. Eg vil ikkje utan vidare avvisa teorien til Svebak, sjølv om eg tidlegare har stilt meg kritisk til - delforklaringa om diffusjon. Det var også dissentarforsamlingar i fjernare delar av opplandet til Tromsø, og det er meir sannsynleg at dei utløysande impulsane kom frå Balsfjorden, i den mon dei var avgjerande.

Mogleg kan ein grundigare analyse av den demografiske utviklinga få fram skilje mellom dissentarområde og andre. Så langt er det vanskeleg å sjå slike. Det som klårt var sams for dei, var relativ nærleik til by eller byrjande tettstad.

---

<sup>291</sup> Etter som områda i tabellen er noko ulike, er jamføringa problematisk. Folketalet utvikla seg også ulikt i bynære og byfjerne område.

<sup>292</sup> Ibestad/Salangen, Tranøy/Søreisa/Dyrøy, Berg, Skjervøy/Nordreisa/Kvænangen.

### **Prolog:**

*Det foreligger altså en "systemlignende" livsform bak allmuens forskjellige handlinger, også bak dens avvisningshandlinger overfor skolen. Noe av denne motstand, eller gjenstridighet som jeg kaller den, er ukamuflert og offensiv, men noe av den er kamuflert, strategisk og defensiv.*

*Men det gjenstridige i folk og kultur har like mye vært en reaksjon mot det politiske, økonomiske og samfunnsmessige presset sørfra. Folk nordpå har nekta å la seg forme i andres bilde.*

*Viljekraft uden Dannelse plejer at fremtræde ogsaa som Egenraadighed og Gjenstridighed. Balsfjordingerne besidde ogsaa disse Egenskaber mere end ønskeligt kunde være.<sup>293</sup>*

## **Samanfatning - oppbrot og integrasjon.**

Eg har så langt sett på kven dei første medlemene i friforsamlinga i Balsfjorden var i ein sosial og økonomisk kontekst. Dessutan har eg skissert ulike bakteppe; den byrjande overgangsfasen frå ein samfunnsformasjon til ein annan i regionen, demografisk, sosial og økonomisk utvikling i Balsfjorden og somme drag ved andre rørsler lokalt og ved friforsamlingar i amtet. I eit forsøk på å samanfatta resultata er eit mål for det første å få eit bilet av karakteristiske sider ved dei første medlemene, kven dei var og kven dei vart. Eg ser dette som interessant i seg sjølv og samstundes eit bidrag til den breie drøftinga av kva samfunnsgrupper som rekrutterte dei folkelege rørlene. Eg ser det også som viktig av di ei slik sosial kartlegging også er ein del av drøftinga om kva funksjon denne rørla kan ha hatt i lokalsamfunnet, både i høve til medvitne individuelle val, så vel som til meir utilsikta aspekt av ein samfunnsmessig utviklingsprosess. Ei slik drøfting vil for det tredje også henga saman med spørsmålet om kva som dreiv rørla fram, korleis rørla stod i tilhøve til dei meir strukturelle endringane i samfunnet.

Desse tre perspektiva reflekterer samstundes ulike nivå i analysen. Det første er retta mot individ og ulike sosiale kjenneteikn ved dei. Summen av slike kjenneteikn uttrykt i valde sosiale kategoriar fortel kva som sosialt karakteriserte forsamlinga som gruppe, her gruppe i tydinga summen av individ. Slike særkjenne vert tema i det neste underkapitlet - med stikkord som mobilitet og protest mot paternalismen.

Det andre perspektivet ser på gruppa som eit dynamisk fellesskap, kva trong forsamlinga som gruppe stetta i høve til medvitne og umedvitne sosiale behov hos individ og grupper av individ, og korleis gruppa fungerte i tilhøve til samfunnet ikring. Det tredje perspektivet, dei strukturelle

---

<sup>293</sup> Sitat 1: Edvardsen:1984/1992:s.64. Sitat 2: Drivenes og Jernsletten:1994:s.212. Sitat 3: Brun 1867 i Magelssen og Larssen 1925:s158.

endringane, har region og lokalsamfunn som hovudfokus. Eg ser det siste perspektivet som det overordna som leia til endra livsvilkår for dei einskilde, men samstundes er det eit nært samband mellom dei ulike nivåa. Kor det er naturleg å søkja etter svar, er meir avhengig av spørsmålet som vert stilt. Like fullt må fellesskapen i forsamlinga ha vore det sentrale for individet. Den var uttrykk for sams svar på ei rad grunnleggjande spørsmål. Gjennom den kunne uro og protest koma til uttrykk, men den var også ei hjelpe til å finna tryggleik i eit samfunn under endring. Såleis er det også perspektivet på gruppa, på forsamlinga, som etter mi mening best uttrykkjer samanhengane mellom strukturelle endringar og individuelle val. I framstillinga mi vil nivåa som refererer seg til funksjon og samfunnstruktur til slutt verta drøfta samla, men hovudvekta vil ligga på den integrerande funksjonen til dissentarrørsla.

Eit overordna utgangspunkt for meg er at også ei religiøs rørsle, uansett spesifikk religiøs kjerne, *framstår* i ei form og eit uttrykk som reflekterer den samfunnsmessige situasjonen og utviklinga. Menneska er heile menneske og kan heller ikkje religiøst handla som verda kring dei ikkje eksisterte, det vera seg kulturelle tradisjonar, sosiale tilhøve eller økologiske og økonomiske rammevilkår.<sup>294</sup> For vekkingsrørslene legg eg særleg vekt på den ideologiske funksjonen som vegryddarar, som ein slags fortroppar i utviklinga av ei ny heilskapsforståing i eit samfunn under endring.<sup>295</sup>

### Sosiale særkjenne - kven var dei første dissentarane i Balsfjorden?

Som eg tidlegare har vist, er det ei rimeleg samstemd oppfatning at sosiale drag som prega folkelege organisasjonar generelt på 1800-talet, også i hovudsak var gjeldande for dei religiøse rørslene. Variasjonar går i nokon mon på tvers av omgrep religiøs/sekulær og kan gå på tidsperiode, region, by/land, organisasjonstype, grad av formell organisasjon, formål etc. Når det gjeld rekruttering, finn ein dels organisasjonar som representerer den sosiale breidda i bygdesamfunnet, dels er baserte på mellomsjiktet, gardbrukarklassen. Blant dissentarane i byar har underklasseinnslaget vore tydelegare. Eit par historikarar har meir inngående undersøkt dissentargrupper i bygdesamfunn. Atle Døssland fann at utmelde i Volda på slutten av 1800-talet i stor grad var representative for bygdesamfunnet, men at ein del unge og ugifte gjekk i spissen. Tormod Hægeland fann tilsvarande resultat for ei frikyrkje i Brunlanes i same tidsperiode, rett nok med ei overvekt av kvinner, ugifte og enkjer.<sup>296</sup>

No var nok utmelding av statskyrkja på 1850-talet ei svært radikal handling, i endå større

---

<sup>294</sup> Nokre religiøse eller sterkt ideologiske rørsler har jo på eit vis prøvd separasjonen, men dei tek likevel samfunnet kring med seg, i det minste som negasjonar.

<sup>295</sup> Jmfr. referansar til Sulkunen og Wählins i kapitlet om teoretisk perspektiv.

<sup>296</sup> Døssland 1986:s.176-179. Døssland og Hægeland også omtala i Try 1985:s.59f.

grad enn i slutten av seklet. På eit vis kunne ein venta at dei som hadde minst å tapa, var dei mest radikale: dei eigedomslause, dei unge og ugifte, innflyttarane. På den andre sida kunne det vera ein styrke å vera økonomisk uavhengig og etablert. Førebels undersøkingar om dissentarane i nord har sprikjande konklusjonar, og nyttar til dels upresise omgrep som småkårsfolk og breie lag. Men motsetnadene kan vera tilsynelatande, og det går likevel fram hos alle at gardbrukarane var ei viktig gruppe. Blant allmugen i Balsfjorden kring 1850 var fiskarbondehushald på små og mellomstore bygsselbruk den største gruppa. Dei var samstundes den "betrestilte" delen av breie lag (Drivenes og Jernsletten), men det ville heller ikkje vera urimeleg å kalla dei småkårsfolk (Diesen og Jakobsen).

**Sosial rekruttering i Balsfjorden.** Undersøkinga mi syner at friforsamlinga i Balsfjorden var rimeleg representativ for bygdesamfunnet i Balsfjorden med omsyn på sosiale klassar, i nokon grad også for ulike sosiale sjikt. Gardbrukarklassen var den dominante gruppa, men hadde likevel ein noko lågare andel i forsamlinga enn i befolkninga som heile. Det tyder at også den eigedomslause klassen var sterkt representert, og heilt klårt noko i overkant. I dei andre nordlege forsamlingane i etnisk blanda område, ser det ut som gardbrukarinnslaget har vore sterkare enn i Balsfjorden, motsett i Lenvik og Trondenes. Der har eg likevel ikkje gjort jamsføringar med folkesetnaden som heile.

**Ungdomleg protest mot paternalismen?** Men så sluttar langt på veg den tilnærma representativiteten. I Balsfjorden kom forsamlingsmedlemene frå inste delen av fjorden, eit område som var sterkare prega av folketalsvokster, innflytting, nyrydding og endring i næringar enn det øvrige Balsfjorden. Jamfør med befolkninga elles var forsamlinga prega av fleire menn, langt fleire unge, fleire ugifte - særleg av menn, klårt fleire innflyttarar og langt fleire eigedomslause menn som fiskarar, bygdehandverkarar eller daglønarar. Slik sett likna Balsfjordforsamlinga noko meir på dei sørlege enn dei nordlege bygdeforsamlingane.

Somme av desse draga strekar også under biletet av eit relativt ungdomleg og noko radikalt preg på forsamlinga. Ein kan også merkja seg at det berre unnataksvis var slik at foreldre og vaksne barn var medlemer samstundes. Her låg kanskje eit element av protest, men nett denne kanskje like mykje retta mot det paternalistiske samfunnet representert ved tradisjonelle autoritetar, som mot økonomisk og sosial skilnad. Ein slik sosial protest ser i alle høve ikkje ut til å ha vore retta mot gardbrukarklassen, men i så fall mot ein overklasse som ikkje hadde fastbuande fysiske representantar i Balsfjorden på den tida. Det er også somme teikn på dette, noko eg skal koma attende til. Men det var altså allereie ei viss oppløysing av gamle autoritetsband mellom unge og eldre, og det var mellom anna den økonomiske utviklinga som gjorde det mogleg. Sokneprest Brun klaga i 1867 over "den hærskende Ulydighed og Selvraadighed hos Børn og Tjenere". Alt frå 15-16-årsalderen ville dei rá seg sjølv, skreiv Brun litt moraliserande over både den eine og andre. Men han peika også på det tilhøvet at særleg dei unge mennene gjennom deltaking i fisket var "Familiens

væsentlige Forsørgere", og at dette nærde sjølvkjensla deira.<sup>297</sup> Tenestetvangen var formelt opphevd i 1854, men tilgangen på tenarar hadde lenge vore sviktande mange stader. Lensmannen i Karlsøy klaga i 1856 over dette. Dei unge ville heller driva fiske og supplera med tilfeldig arbeid enn å vera i fast teneste. Dei såg seg "som en udenfor alle Forpligtelser staaende Frimand". For nokre kunne også den veksande byen Tromsø vera eit alternativ, og det galdt også kvinnene.<sup>298</sup> Rett nok ser vi snev av stypesmaktene sin moralisme i nokre av desse sitata, men samstundes reflekterer dei eit omskifte i grunnhaldninga til somme paternalistiske strukturar.

**Menneske i oppbrot - i fleire meininger.** Vi har nett sett på teikn på oppbrotet frå paternalismen, men organisasjonane tydde oppbrot på fleire vis. Bo Öhngren har kalla ei granskning frå Eskilstuna i Sverige for *Folk i rörelse*, og tittelen syner både til samfunnsutvikling, flyttingsmønster og organisasjonar. Her påviser han m.a. eit høvesvist stort innslag av innflyttarar i organisasjonane, frikyrkjene inkluderte, men også av utflytting.<sup>299</sup> Til dei ulike formene for *rörelse* kunne vi også leggja til sosial mobilitet. Ikkje alle typar endringar var like avgjerande, korkje med omsyn til status, eigedom eller makt. Men dissentarane i Balsfjorden bar ikkje preg av å tvihalda på tradisjonelle former, og på somme område var dei meir offensive enn gjennomsnittet. Etter måten mange dissentarar vart sjølveigarar då Moursund tok til å selja godset i 1860-åra. Kor stor statushevinga vart, kan vel diskuterast, men eg har allereie peika på ei meir kritisk innstilling til paternalisme og gamle autoritetsband. Også på dette feltet kunne nok sjølveige vera ei markering av sjølvstende. Samstundes hadde det også økonomiske konsekvensar som full råderett over skog og skogsprodukt. Kva det tydde i moderniseringa av gardsdrifta var nok meir avhengig av andre faktorar, men sjølveige kunne og verta knytt til utskifting.

Eit anna spesielt drag var at fleire av dissentarane prøvde seg som handelsmenn, tre av dei ni første. Dei var også godt representerte mellom dei høvesvis få handverkarane i bygda. Dei to einaste ishavsskipperane vi finn i 1865-teljinga for Balsfjorden, var dissentarar. Den eine var rett nok ikkje medlem av forsamlinga, den andre var til gjengjeld forstandaren. Her kan sjølvsagt det tilfeldige slå ut, men sett under eitt lyt ein seja at dissentarane var godt representerte i nye og veksande næringar i Balsfjorden.<sup>300</sup>

<sup>297</sup> Brun attgjeven i Magelssen og Larssen 1925:s.162.

<sup>298</sup> RA: Femårsberetninga for Karlsøy 1851-1855. Jmfr. også individualisme blant byarbeidarar - mange med bygdebakgrunn, Try 1986b:s.333f.

<sup>299</sup> Öhngren 1974.

<sup>300</sup> Ingen av dei var i og for seg heilt nye næringar, men i Balsfjorden var dei til dels det. Dels var det ein følgje av frigjevinga av handelen, dels var ishavsfangsten i vokster i Tromsø, medan den tidlegare hadde hatt sentrum i Hammerfest. Til sist var fleire med handverk som hovudyrke ein del av ei byrjande yrkesdifferensiering også på landsbygda. Forstandar frå 1862 var for øvrig Johan Adrian Johannessen.

Som eg har vist til tidlegare, har mange peika på det sterke innslaget av innflyttarar blant dissentarar - fremst i byane. Friforsamlinga i Balsfjorden var ikkje noko unnatak frå denne hovudregelen, slik dissentarane i Volda såg ut til å vera. Men endå meir påfallande enn det tydelege innflyttarinnslaget, er den store tendensen til flytting i det heile, omflytting, nærflytting, emigrasjon. Det er flytting ut av soknet eg har registrert. Der har eg også materiale for jamføring, og dette syner at tendensen til utflytting blant dissentarane i Balsfjorden må ha vore uvanleg sterkt. Fleire forfattarar har vore merksame på at mange av friforsamlingane i Troms vart svekka av emigrasjon, men utan å ha konkret talmateriale. For Balsfjordforsamlinga galdt det ikkje berre flytting til Amerika, men også flytting i nærregionen. I løpet av tjue år hadde halvparten av alle medlemene vore på flyttefot. Medan Thorvaldsen fann 14% utflyttarar frå Balsfjorden i Troms i 1875, var den tilsvarende utflyttarprosenten i forsamlinga 21%.<sup>301</sup> Endå meir markant var emigrasjonstendensen. Kvar fjerde forsamlingsmedlem emigrerte til Amerika, fire gonger så mange som elles i Balsfjorden, tre gonger tendensen i indre Balsfjorden fram til 1875. Sjølv om det ligg somme feilkjelder i talmaterialet, kan dei slå ut begge vegar, og vil likevel ikkje endra vesentleg på ein så markant skilnad.

Eg har tidlegare ymta om forklăringer til denne sterke flytte- og emigrasjonstendensen. Eg trur heller ikkje det berre er tale om ei, men om fleire. For det første verkar det vera eit samband mellom organisasjonstilstutning og geografisk mobilitet. Det var truleg dei same samfunnsmessige faktorane som verka inn. At hovudstraumen av emigrasjon frå Balsfjorden generelt, kom frå dei indre områda, styrkar denne teorien. Det var i dei same delane av bygda at dissentarrørsla hadde det sterkeste fotfestet. For det andre er det slik at dei som har flytta før, lettare flyttar igjen. Det ser ein også i friforsamlinga, ein større andel av innflyttarane emigrerte og flytta såleis også langt. Etappeflytting er rimeleg godt dokumentert i andre samanhengar.<sup>302</sup> Langt på veg kan desse faktorane forklåra flyttinga innan regionen. I tillegg var byen Tromsø med nærmeste omegn i sterke vokster, og må ha vore eit openbert alternativ for mange, på same tid som det var tendensar til stagnasjon i Balsfjorden. Samstundes kan dei første to momenta vanskeleg åleine forklåra den sterke emigrasjonstendensen. Denne galdt, som vi allereie har sett, ikkje berre Balsfjorden, men meir eller mindre alle friforsamlingane. I mange høve utvandra både forstandaren og ein god del av medlemene.

Ei tredje supplerande forklåring er såleis aktuell. Var emigrasjonen også eit ønskje om større religiøs fridom, ein reaksjon mot motstand og tronge vilkår for alternativ tru og organisering?

<sup>301</sup> 16% av forsamlingsmedlemene flytta til andre sokn i Troms, men i 1875 utgjorde dei 12 som framleis budde i Troms utanom Balsfjord/Malangen 21% av det samla talet medlemer som framleis levde i Balsfjord i 1875 + dei utflytta i Troms. Dette tilsvasar Thorvaldsen sin berekningsmåte, jmf. Thorvaldsen 1995:s.85. Thorvaldsen har rekna utflytting frå Balsfjord m/Malangen, og flyttetendensen kan ha vore ulik i dei to kommunane.

<sup>302</sup> Jmf. Svalestuen 1980:s.35f, Niemi 1977:s.114-118.

Eg har tidlegare i fleire samanhengar skildra ulike sider av eit konfliktprega tilhøve, både til andre bygdefolk og til lokale styresmakter. Graden av konfrontasjon ser ut til å ha vore svært sterk i byrjinga, ikkje minst andsynes den lokale presten. Kjelland verkar å ha sett det som ei oppgåve å demma opp mot dissentarane i Karlsøy, Brun likeeins i Balsfjord.<sup>303</sup> Heller ikkje den første presten i Balsfjord, B.C. Støp, stod passiv. Det var kamp om å halda på sjelene, og m.a. husbesøk hørde med. Pernille Larsdotter på Svartnes hadde gått attende til statskyrkja, og presten vitja henne nokre veker etter. I dagsregisteret skreiv han nokternt at det skjedde "i Overvær af 3 Dissenter".<sup>304</sup> Så også dissentarane var kampbudde.

Styresmaktene var på vakt mot sosiale protestrørsler og alle tendensar som kunne truga dei gamle maktilhøva. Thrannerørsla hadde vore ein oppvekkar, og Kautokeinodramaet medverka til at dei også var på tå hev andsynes religiøse rørsler. Justisdepartementet og KUD fekk årlege rapportar om stoda, både om medlemsutvikling og stemningar. Styresmaktene, særleg lokalt, følgde nøyne med om dissentarane heldt seg innan lovrammene, og greip snøgt inn når dei såg grunnlag for det. Amtmannen møtte personleg opp på møte i friforsamlinga i Tromsø for å forsikra seg om at dei var opne og elles haldne "med Orden og Sømmelighed".<sup>305</sup>

Men også tilhøva bygdefolk imellom var spende, noko eg også har nemnt døme på. Det var ikkje berre enkelt for alle å skulle velja mellom presten sin autoritet og den heftige overtydinga til småbrukaren frå Bomstad. For somme fekk valet spesielle konsekvensar. Enkja Marta Hansdotter på Sandøyra hadde ikkje livsarvingar, så ho let oppretta eit fond i 1859 for "Balsfjordens fattige". Det kunne vel dei fattige trenga, men grunnen skal vera at ho ikkje "sympatiserte med sine utarvingar".<sup>306</sup> Så dissentaren Johan Adrian fekk nok ta over bygsla, men meir skulle ikkje han og kona få. Denne familien var seinare også i konflikt kring ein privat gravleggingsplass på Sandøyra.<sup>307</sup>

Det er ikkje vanskeleg å finna døme på konfliktar mellom dissentarane og omgjevnadene på ulike nivå. Eg ser det som svært truleg at desse spente tilhøva har verka med til den omfattande emigrasjonen frå ei rekke av friforsamlingane i Troms. Dette skjedde også i ei tid då utvandringa frå Troms berre var i si byrjing. Men når først somme hadde reist og etablert seg på den andre sida,

<sup>303</sup> Bratrein 1989-94:10.08.s23f. NEG 19718:s.3. Det var ikkje berre desse prestane som hadde vanskar med å godta dissentarrørsla, jmfr. Rygnestad 1955:s.17-39, Elstad 2000:s.463-467.

<sup>304</sup> Balsfjord kb3 Dagsregister 1857. I første omgang vann nok presten, men etter to år var Pernille medlem av friforsamlinga.

<sup>305</sup> KUD-A Pk.nr.305 27.3.1858. Etter dissentarlova skulle møta haldast opne med tilgang for alle. Det var også streng oppfølgjing av at aldersgrensa på 19 år for utmelding/innmelding vart halde - med mindre barn følgde foreldre.

<sup>306</sup> Notarialprot. 12.10.1859. Magelssen og Larssen 1924:s.108.

<sup>307</sup> Familien til Johan Adrian Johannessen; Lie [1925]:s.285f.

så fekk ein nok dei same forsterkande ringverknadene som ein elles har sett kring utvandringa.

### **Integrasjon - gjennom konfrontasjon eller samhandling?**

Friforsamlinga var ikkje berre ein sum av individ som til saman hadde somme særdrag. Fellesskapen i forsamlinga hadde religiøse, ideologiske og sosiale funksjonar som direkte og indirekte var prega av dei samfunnsmessige rammene, lokalt og regionalt. Denne avsluttande delen vil handla om tilhøvet til samfunnet ikring, ikkje berre som ei rad individuelle relasjoner, men som eit forsøk på å sjå nokre trådar og samanhengar i og bak dei mange einskildhandlingane. Eg vil først skissera rammeføresetnader med tre ulike innfallsvinklar og så drøfta somme aspekt av forsamlinga sin funksjon i den samfunnsmessige integrasjonen.

**Første innfallsvinkel - strukturar.** Balsfjorden hadde vore eit samfunn i periferien, i nokon mon geografisk, heilt klårt sosialt og økonomisk. Ein stor del av folkesetnaden høyrd Heller ikkje til majoritetsbefolkninga. Likevel hadde ikkje samfunnet stått stille. Det hadde vore sterke vokster i folketalet, særleg i indre område var det rydda mykje ny jord, befolkninga var blanda med innflyttarar frå sør og frå aust. Samstundes vart tilhøva påverka av endringar i samfunnet ikring, utviklinga av fiskeria, omlegginga av handelen, voksteren av byen Tromsø. Balsfjorden vart langsamt også eit oppland for byen, og det var dei indre stroka som på fleire vis vart mest påverka. Samstundes var bygda i ferd med å nærma seg nokre økologiske grenser slik produksjonsmåtar og økonomisk tilpassing var. Folketalsauken målt ved voksterrate må ha fått ein brå reduksjon ut etter 1850-talet. Andelen av eigedomslause tok til å stiga.

**Andre innfallsvinkel - konjunkturar.** I åra fram mot 1850 var det usikre tider. Det må ha vore i slutten av denne perioden at vekkinga fekk tak. Etter ein kort oppgang, kom ein ny nedgangsperiode, meir kortvarig syntet det seg, men vel så alvorleg. Så kom Krimkrigen, og den prega Tromsø på fleire vis. I alle høve vart det vanskelegare å få mjølforsyningar utan russeskutane. Det merkte allmugen. Vekkinga i Balsfjorden fekk ny styrke på den tida.<sup>308</sup> Kanskje vektest også harmen over storfolket som såg ut til å greia seg bra.

**Tredje innfallsvinkel - lokalsamfunnet som arena.** Dei to største dissenterforsamlingane på landsbygda i nord, kom i to fjordar som lenge hadde lege litt i den kyrkjelege periferien, Ullsfjorden og Balsfjorden. Krava om betre kyrkjeleg teneste hadde lenge vore fremja. Det var kanskje ikkje fremst presten sin åndelege leiarskap folk sakna, men t.d. bokstaveleg talt jordnære tiltak som kortare veg til kyrkjegard, i tillegg til andre naudsynte kyrkjelege tenester. Balsfjord vart ei administrativ eining i 1852 og fekk eiga kyrkje fire år etter, men var det likevel eit lokalsamfunn? Grensa utetter i fjorden var ikkje utan vidare ei naturleg grense.<sup>309</sup> Dei ulike etniske gruppene i

<sup>308</sup> Sambandet konjunkturar/vekking korresponderer rimeleg godt; jmfr. Lundby 1980.

<sup>309</sup> Soknet måtte av økonomiske grunnar ikkje vera for lite, og formannskapet opererte i prosessen med ulike

bygda hadde sosiale og økonomiske band i ulike retningar. Avstanden var jamt over stor mellom den norske og samiske befolkninga. Nordkjosen var eit blandingsområde der kvensk kultur stod sterkt, og spesielt i dei inste områda var det mange sørnorske innflyttarar. I ei så fersk og så samansett administrativ eining, er det eit ope spørsmål om folk verkeleg kjende seg som delar av eit lokalsamfunn med sams interesser - bortsett frå ein kyrkjegard eller to. Balsfjorden var nok som lokalsamfunn organisert, men knapt integrert.

**Integrasjon gjennom samhandling.** Bjørklund har hevdat læstadianismen i sin andre fase utvikla eit felles samhandlingsgrunnlag for kvenar og samar, der det reverserte norske verdisystemet samstundes var ei oppvurdering av dei kvenske og samiske livsformene. Det etniske aspektet i eit slikt reversert verdisystem er ikkje lett å sjå i Balsfjorden, m.a. er det mest sannsynleg at norsk språk vart nytta i fellessamlingane.<sup>310</sup> Som i dei pietistisk-puritanske rørlene elles var nok det reverserte verdisystemet meir generelt retta mot verdiar og livsstil i dei øvre laga av befolkninga. Likevel finn eg perspektivet etnisk integrasjon gjennom samhandling som relevant også for Balsfjorden. Her vart også norske inkluderte i integrasjonsprosessen, ikkje minst ei rekke sørnorske innflyttarar i første og andre generasjon.<sup>311</sup> I friforsamlinga fanst eit grunnlag for samhandling og fellesskap som igjen la grunnen for ein samfunnsmessig integrasjon i nokon grad på eigne premissar.

**Friforsamlinga som fleiretnisk samfunn.** Som eg allereie har peika på, stod forsamlinga sterkest i den inste delen av fjorden. Det tyder at dei to store samiske kjerneområda låg utanfor, så vel som det ytste norske området med sterkest preg av tidleg innflytting frå norske område lenger ut mot kysten. I den indre delen av fjorden hadde den norske befolkninga større innslag av tidleg innvandring frå Salten og sorefter. Også somme av dei første forsamlingsmedlemene frå Svartnes i utkanten av det norske ytterområdet, hadde nære eller fjerne røter sørpå.<sup>312</sup> Det samiske innslaget i forsamlinga kom fremst frå blandingsområde og grenseområde, og der må talet langt på veg ha tilsvara andelen i befolkninga.

Det mest påfallande er likevel det store innslaget av kvenar og ikkje minst blandingsgrupper. Halvdelen av medlemene i forsamlinga hadde kvensk innslag på minst 25%, sjølv

---

grenser; Magelssen og Larssen 1925:s.185f. Om kyrkjegard M&L:s.180-183.

<sup>310</sup> Stikkprøver syner at kjennskap til norsk var utbreidd, også blant medlemer av annan etnisitet. Noko usikkert kan det vera vedkomande somme kvenske og samiske kvinner som var innflytta frå meir homogene språkmiljø.

<sup>311</sup> Bjørklund tok utgangspunkt i tilhøva i Kvænangen. Som m.a. Svebak har peika på, hadde læstadianismen også potensiale til å inkludera den norske gruppa der tilhøva låg til rette for det; Svebak 1983.

<sup>312</sup> Korkje det ytre eller det indre norske området var på noko vis reindyrka m.o.t. rekruttering. Her er det tale om hovudtendensar.

om ein del av dei var registrerte som norske i folketeljingane, og også i mi kategorisering. Med dei kriteria eg har nytta, reknar eg kvar fjerde medlem som kven eller norsk-kven, og ytterlegare ein av ti høyrde til ei anna blandingsgruppe med innslag av kven. Flest var det i alle høve i blandingsgruppene, og norsk-kvenane var klårt den største med 20% av forsamlingsmedlemene. Dei reine kvenane var i all hovudsak innvandrarar i første generasjon. Dei samisk-kvenske var i liten grad fornorska, og fleirtalet av dei levde i Nordkjosenområdet. Dette var eit reelt fleiretnisk område der dei ulike gruppene levde side om side, men der truleg kvensk språk og kultur etter kvart fekk ein meir framskoten plass. Dei andre kvenske blandingsgruppene var nok i større eller mindre grad fornorska. Inngifte med norske og til dels busetjing i norskdominerte område hadde medverka til det. Samstundes er det klåre indikasjonar på medvit om samansett etnisk opphav.<sup>313</sup> Også dei nordlege forsamlingane i Troms var etnisk samansette, to av dei med tydelege innslag av kvenar eller samisk-kvenske.

Eg har tidlegare hevdat at medvit om etnisk ulikskap og oppleving av å vera ei minoritet-gruppe kan vera der, og såleis også trøngen for ei sterkare integrering, sjølv om ikkje haldningar og handlingar i omgjevnadene er å sjå på som direkte stigmatiserande. Særleg for den kvenske minoriteten er det ikkje innlysande at dei kring midten av hundreåret hadde ein slik posisjon. For den samiske befolkninga var det utan tvil slik at dei var sterkt nedvurderte i høve til og av den norske befolkninga, av eliten og av breie lag.<sup>314</sup> Då Brun skildra dei etniske gruppene i Balsfjorden, var han ikkje berre positiv i omtalen av bufolket, nordmenn og kvenar, men det var tydeleg langt meir enn grad som skilde då han kom til "Finnerne". Han skreiv også direkte at dei vart sedde på "med en vis Ringeagt af Bufolket".<sup>315</sup> Frederik W. Hvoslef, då bestyrar ved Tromsø seminarium, slo i 1859 fast at samane med få unnatak kjende sin plass, noko som tydde "at erkjende den norske Almues Overlegenhed".<sup>316</sup>

Kvenane var lenge sedde på med positiv innstilling frå fysiokratisk innstilte embetsmenn m.a. av di dei introduserte og utvikla åkerbruk i nye område. Fleire tidleg innvandra kvenslekter i Balsfjorden ser også ut til å ha blanda seg med norske familiar ganske snøgt, og kvensk bakgrunn var openert ikkje til hinder for å ha t.d. lokale politiske verv. I siste del av 1800-talet vart

<sup>313</sup> Jmfr. Gjerde og Mosli 1985:s.36f. med døme på "latent" etnisitetsmedvit ved tilsynelatande assimilering. Bjørklund gjev døme på at kvenar med tileigna samisk etnisitet ved endra føresetnader framleis synte banda til kvensk identitet. Bjørklund 1983:s.161-169.

<sup>314</sup> I Balsfjord ser det ut til at dei få tilfella av inngifte med samar oftare fann stad blant norske innflyttarar sørfrå, gjerne i andre generasjon, enn blant norske fra regionen.

<sup>315</sup> I Magelssen og Larssen 1925:s.158f. Dette er rett nok skrive i 1867, men sjølv om fornorskingsklimaet då var skarpare, er det knapt nokre nyutvikla haldningar han skildrar.

<sup>316</sup> KUD-D pk.218 30.11.1859.

minoritetspolitikken andsynes kvenane sterkt endra, og dei vart utsette for eit hardt press for språkleg og kulturell assimilering, til skilnad frå samane også med utanrikspolitiske overtonar. Men denne endringa hadde ikkje slege gjennom på 1850-talet. Tilhøvet til kvenane som minoritet på den tida kan likevel ikkje seiast å ha vore heilt nøytralt. Dei hadde ord på seg for å vera steile og gjenstridige. Hvoslef klaga over at dei ikkje ville vedgå at nordmennene var dei overlegne, og såleis allereie av den grunn ikkje var innstilte på å ta over norsk språk. "Desuden kommer deres noksom bekjendte Paaholdenhed paa deres Eget og Stivsindethed overhovedet."<sup>317</sup> Metcalfe oppsummerte ei hending frå 1855 med ein usympatisk Balsfjordkven slik: [Nordmannen Peter] "beklaget kvenens fantestreker, og betrodde meg at mange kvener var slik."<sup>318</sup> Styresmaktene, også lokalt, gav elles kring midten av hundreåret uttrykk for uro for at auka kveninnvandring skulle leia til auka fattigdomsproblem.<sup>319</sup> Desse døma er i alle høve ein klår indikasjon på at haldninga til den kvenske folkegruppa har vore samansett.

Det store innslaget av kvenar og blandingsgrupper i friforsamlinga ser eg såleis som uttrykk for at det var etablert eit samhandlingsgrunnlag som femna alle dei etniske gruppene i Balsfjorden, eit grunnlag som primært var uttrykt som eit religiøst fellesskap. Deltaking i forsamlinga var i seg sjølv ein del av denne integreringsprosessen, og samstundes eit steg mot større grad av integrering i det øvrige samfunnet. Her varierte nok utgangspunkta for ulike grupper i forsamlinga. Ein del av medlemene, m.a. dei frå Nordkjosenområdet, levde etter alt å døma med ei rad fleiretniske relasjoner som ein del av kvardagen. Andre var meir fornorska, men kunne likevel bera på ein splitta identitet. For innflyttarane, anten dei kom frå Tornedalen eller det sørlege Norge i første eller andre generasjon, fekk også forsamlinga fungera integrerande. Eg vil her likevel leggja meir vekt på aspektet reintegrasjon enn deprivasjon, jmfr. tidlegare referansar til Knudsen og Nordby. Integrasjonen i forsamlinga vart ikkje berre eit reint åndeleg fellesskap. Den fekk heilt konkrete utslag som ei rad med blandingsekteskap, og stikkprøver tyder på at denne tendensen også heldt fram ut etter i hundreåret. Men også andre tilhøve gjev kan henda signal om trøngen for etnisk integrasjon. Då sjølveige vart meir vanleg i Balsfjorden, var det høvesvis mange ikkje-nordmenn i forsamlinga som var blant dei første. Kanskje var det viktigare for dei også formelt å knyta seg sterkare til norsk jord.<sup>320</sup>

Ein god del av medlemene i forsamlinga hadde heilt eller delvis samisk bakgrunn. Men dei

<sup>317</sup> KUD-D pk.218 30.11.1859

<sup>318</sup> Metcalfe 1855 attgjeven i Malangen og Balsfjord Historielag Årbok 1989:s.64.

<sup>319</sup> Hauglid 1991:s.83. KUD Fattigvesenet pk.nr.1037 1840 Tromsø by og Tromsø Landdistrict spm. A10g,F5ab, (kvenar vert nemnde, men mest generelt om tilflyttarar). Jmfr. Ytreberg 1946:s.458. Sentralt var det óg teikn på strammare haldningar kring 1850, også andsynes kvenane, jmfr. Eriksen og Niemi 1982:s.18f.

<sup>320</sup> Jmfr. Hauglid 1991:s.84.

samiske kjerneområda var så å seia ikkje representerte. Det kan tyda at det var ein høgre barriere for samane, men grunnen kan også vera at dei var mindre påverka av dei økonomiske og demografiske endringane. Dei var meir utprega fiskarbønder, og auka innsats i fiske og fangst kan ha vore faktoren som i ein utprega hushaldsøkonomi førebels gjorde det mogleg å halda på ei tradisjonell økonomisk tilpasning. Eit oversyn som syner korleis driftsmåtane var ulike for dei ulike etniske gruppene så seint som 1865, vert synt i tabellen nedanfor. Talmaterialet baserer seg på eit tilfeldig utval frå 1865 med kvart femte hushald med husdyr og/eller utsæd.

**Tabell 29: Etnisitet og jordbruk i 1865.**

Kombinasjon med fiske, husdyr i snitt, utsæd i snitt, hushaldsstorleik i snitt.

Etnisitet	Brukstype	Komb. fiske	Storfe	Småfe	Korn	Potet	Hush.s-st.	Tal bruk
Norsk	Store	25%	9,0	20,5	0,6	4,9	9,0	4
	Små S	22%	7,6	17,7	0,8	4,2	6,6	9
	Små B	38%	7,2	15,3	0,8	4,3	8,1	16
	SUM	31%	7,6	16,8	0,8	4,3	7,7	29
Samisk	Alle	45%	5,0	10,8	0,2	2,9	5,8	11
Kvensk	Alle	33%	7,7	13,3	0,3	3,2	5,3	3

Fiskarbondehushald i prosent av tal bruk, utsæd i tonn. Store bruk er på minst 1 speciedalar. S=sjølveige, B=bygsel.<sup>321</sup>

Dei samiske brukta skilde seg ut ved ein klårt høgare andel der nokon i hushaldet var registrert som fiskar. Hushalda var mindre enn dei norske, likeeins husdyrhald og utsæd, også om ein reknar pr. person i hushaldet. Dette tyder på ei meir tradisjonell og ekstensiv drift i tillegg til større vekt på fiske, fangst og utmarksnæringer.<sup>322</sup> Alt i alt indikerer det at samane var mindre prega av endringane i utviklinga. Om det var skilnad på samane inst i fjorden og dei i hovudområda lenger ute, har eg ikkje godt nok grunnlag i utvalet til å vurdera. Men i alle høve var det nok lettare å halda på tradisjonell levemåte i noko større miljø. Samane i blandingsområda var i alle høve under sterkare påverknad frå andre grupper, og deira trøng for eventuell integrasjon i eit større fellesskap ville ha eit heilt anna utgangspunkt. Så kan ein spørja kvifor læstadianismen fekk tilhengrar i

<sup>321</sup> Fire hushald med blanda etnisitet er fordelt på hovudkategoriane etter mannen sin etnisitet. To samisk-norske gardbrukarar dreg snittverdiane for samiske hushald betydeleg opp, spesielt for husdyrhald. Dei skulle elles ha vore 3,9 kyr og 7,9 småfe.

<sup>322</sup> Om fleksibiliteten i fiskarboneøkonomien og samisk tilpassing til primærnæringerane: Thorvaldsen 1995:s.143,154f.

Laksvatnområdet. For det aktuelle tidsrommet å jamføra med, er det faktisk eit ope spørsmål om det kan ha vore særleg mange. Eg reknar difor spørsmålet som litt for hypotetisk til å vera interessant i denne samanhengen.

**Integrasjon gjennom konfrontasjon.** I ein slik integrasjonsprosess ligg det også eit element av samhandling. Men medan samhandling då pregar den interne integrasjonen, kan konfrontasjon andsynes større eller mindre delar av samfunnet ikring verta eit vesentleg drag ved tilhøvet til omgjevnadene. Konfrontasjonen kan i neste omgang leia til at den gruppa av menneske det gjeld, før eller seinare finn ein tilfredsstillande måte å samleva med storsamfunnet på, også på eigne premissar. Dei har skapt seg eit rom, og dei har funne ein balanse med ein ideologi og eit - verdsbilete som gjev tryggleik til å møta eit samfunn i endring.<sup>323</sup>

Wåhlin skriv om endringar i sosioøkonomiske vilkår som "nödvendiggør nye sammenhængende fortolkningssystemer". Gjennom dette medverka dei folkelege rørslene til nedbrytinga av foydale samfunnsdrag og fungerte samstundes som kanalar for sosial kontroll.<sup>324</sup>

Konfrontasjonane var også fleirsidige og inneheoldt reaksjonar, motreaksjonar og i blant overreaksjonar - frå fleire hald. Vekkinga leia lett til åtak på autoritetspersonar, ikkje berre som ein del av individuelle relasjonar, men også som systemkritikk mot funksjonane. Hauglid peikar på kulturskilnaden mellom biskopen og det etnisk mangearta Balsfjord, som ei konfliktkjelde.<sup>325</sup> Den var der utan tvil, og slike relasjonar illustrerte og konkretiserte dei sosiale spenningane. Eg meiner difor at åtaka illustrerer meir enn frustrasjon i individuelle relasjonar, men også var ein systemkritikk. Det gjeld både det paternalistiske systemet, noko eg tidlegare har vore inne på, og det sosioøkonomiske. Styresmaktene oppfatta det langt på veg også slik, sjølv om det her kunne vera tale om ein overreaksjon, jmfr. merknaden over om Thrannerørsla. Dei som sat med makta, såg vekkingsrørslene som trugsmål, ikkje berre mot autoriteten, men i neste omgang kanskje nettopp mot systemet og makta.<sup>326</sup>

Drivenes og Jernsletten er i tvil om dissentarrørsla var uttrykk for ein medviten sosial protest. Samstundes gjev dei ein del døme på utmeldingsgrunnar som var svært sosialt og

<sup>323</sup> Denne prosessen var langt frå uproblematisk i friforsamlinga, korkje eksternt eller internt; jmfr. konflikt som delgrunn for emigrasjon og skildringa av utstøyting som middel for sosial kontroll.

<sup>324</sup> Wåhlin dels direkte attgjeven, dels referert i Clemmensen 1987:s.98f. Om sosialiseringfunksjonen til vekkingane: Sanders 1992:s.174,193; Zerlang 1976:s.149ff. Jmfr. også H. Perkin referert i Pryser 1982:s.171f.

<sup>325</sup> Hauglid 1991:s.184.

<sup>326</sup> Jmfr. Andresen 1994:s.214. Vaktsemda galtd ikkje berre i Nord-Norge; Pryser 1982:s.150,162,168f. Om vekkinga som eit omfattande samfunnsmessig problem - "Man oppfattede vækkelsen som en trussel mod systemet"; Sanders 1992:s.192f.

økonomisk relaterte. Dei har utan tvil rett i at soknepresten i Balsfjord ikkje var den tryggaste kjelda når det galdt å gje att utmeldingsgrunnar. Men Magelssen sjølv var ikkje i tvil om at her var "opsætsighed mod skole og kirke". Det er likevel her eit spørsmål om kva ein vil leggja i uttrykket bevisst sosial protest eller som det òg vert formulert: "et *bevisst* uttrykk for motstand mot den økonomiske og kulturelle integrasjonsprosessen en nå var midt oppe i".<sup>327</sup> Den siste formuleringa er i alle høve å leggja lista svært høgt m.o.t. krav til abstraksjonsdugleik. Folk tok ikkje standpunkt til abstraksjonar som prosessar, knapt nok strukturar. Folk tok standpunkt til verdiar, men også dei var konkret uttrykte. Folk sine standpunkt til det sosiale og økonomiske systemet tok utgangspunkt i relasjonar. Åtak på ein embetsmann kunne både ha aspekt av individkritikk og systemkritikk. Dissenterane sine kyrkjekritikk var ein systemkritikk som ikkje berre var religiøst fundert, men også uttrykk for ein ny individualisme. Prestekritikken var ikkje berre ein kritikk av einskildindivid, men systematiske åtak på presten sin **rett** til å vera autoritet.

Sokneprest Brun såg på den første dissenterorsla i Balsfjorden som uttrykk for meir enn religiøs usemje. I ein kommentar om presten Støp si første embedstid kopla han *dissenteriet* til vanskars Støp møtte "formedelst den Twivlens, Misfornøjelsens og Selvraadighedens Aand som smittede en Flerhed af Befolkningen og bidrog til, at han havde vanskeligt for at faa sine Indtægter. I de to sidste Aar af sin Embedstid lod han derfor Fogden opkræve de faste af disse."<sup>328</sup> Her fortel altså Brun om ein skatteprotest knytt dissenterane, men med langt større breidde, og så alvorleg at fogden måtte inn i biletet. Det let seg gjera å røkja etter kor alvorleg denne protesten var, eller om utsega meir var eit uttrykk for svartmåling av den mest vanskelege og konfliktfylte tida. Rettighetsboka som vart påbyrja i 1857, har oversyn over faste kyrkjelege avgifter knytte til eigedom og person.

Eg har her teke eit utval av dei avgiftspliktige frå heile Balsfjorden og undersøkt perioden 1857-1861. For å kunna jamføra med dissenterane som berre betalte i høve til jorda dei bygsla, ikkje personavgifta, har eg berre teke med gardbrukskarar.<sup>329</sup> Personar som grunna manglande betalingsevne fekk sleppa å betala, er sjølv sagt ikkje rekna som avgiftsnektaarar.

**Tabell 30: Vantande avgifter til presten i Balsfjord 1857-1861.** Betaling av jordbasert avgift - "Rettighed", tal personar og prosentandel i kvar gruppe dissenter/statskyrkjehushald.

<sup>327</sup> Drivenes og Jernsletten 1994:s.218.

<sup>328</sup> Balsfjord kallsbok 1863-, fol.25a. Brun hadde påbyrja ei Series pastorum og skreiv openbert også omtalen av B.C. Støp.

<sup>329</sup> Denne undersøkjinga fortel såleis ikkje om det var skilnad på gardbruksklassen og dei eigedomslause med omsyn til betalingsvilje. Personar som var avgiftspliktige i mindre enn 4 av dei 5 åra, er ikkje tekne med. Eg har ikkje teke omsyn til om dei betalte med ein gong eller mykje på etterskot, m.a. av di eg ikkje kan vita om det var evne eller vilje som vanta. Ein lakune gjer at dei fleste brukar frå Nordkjoselv til Kjoselv vantar.

Kategori	Betalt >	Alle år	Delvis	Vanta minst 2 år	Tal brukarar
Dissentar-hushald	Hovud-person=D	4 27%	5 33%	6 40%	15 100%
	Biperson=D	3 38%	3 38%	2 25%	8 101%
	Sum	7 30%	8 35%	8 35%	23 100%
Alle i statskyrkja		28 47%	23 38%	9 15%	60 100%
Alle hushald		35 42%	31 37%	17 20%	83 99%

Sjølv om det kan vera litt få hushald i kvar rubrikk for dissentarane, er likevel resultata så konsekvente at dei verkar statistisk truverdige også kvar for seg. Vi ser ein systematisk skilnad på dissentarhushald og statskyrkjehushald og også på undergruppene av dissentarar. Hushald der hovudpersonen var dissentar, hadde minst betalingsvilje, men også hushald med biperson(ar) som dissentarar låg klårt lågare enn hushald der alle var med i statskyrkja. Men også i dei siste var det stor grad av vantande betaling, knapt halvparten av statskyrkjehushalda betalte avgifta fullt ut alle fem åra. I tillegg var det slik at mange betalte opp til fleire år på etterskot, og då truleg først etter press. Det kan vel ha vore ein kombinasjon av vilje og evne for somme, men var det fremst evna som vanta, kunne det verta grunn for fritak. No er det uvisst korleis fritaket vart praktisert, og det kan vel vera at presset var stort for å få inn avgifta.

Det ser også til dels ut til å ha vore vanskelege tider, og det kan vel ha skjerpa klimaet når avgifta skulle inn. I alle hove hadde formannskapet i fleire år store problem med å få inn betalinga for naudforsyningane av mjøl som var fordele i 1854 og 1855 under forsyningekrisa grunna Krimkrigen. I tillegg slo fisket feil i 1858. Ekstrautlikningar i samband med kyrkjebygginga har nok også vore tyngande for ein del.<sup>330</sup> Både lensmann og fogd vart mobiliserte til å驱va inn avgifta, fogden rett nok berre i 1859 slik det ser ut av føringa, lensmannen i alle hove frå 1861. Presset for inndrivinga kan samstundes ha forsterka motviljen. Særleg sterkt ser den ut til å ha vore i Nordkjosenområdet, også blant statskyrkjemedlemer.

Eg meiner at denne skatteprotesten, der familiar med dissentarar heilt klårt tok del i størst grad, må verta sidd på som eit uttrykk for medvitens sosial protest. Om den fremst var retta mot presten eller presteembetet i ein situasjon der og då, eller var uttrykk for ein djupare kritikk, er

<sup>330</sup> Magelssen og Larssen 1925:s.175f,200ff.

vanskeleg å seia.<sup>331</sup> Men det er samstundes tydeleg at den negative haldninga ikkje var noko dissentarane var åleine om, slik også Brun oppfatta det berre få år seinare. Held vi dette saman med klåre indikasjonar på ei generell kritisk innstilling til dei paternalistiske draga i samfunnet, meiner eg at vi i det minste ser ein klår protest mot autoritetsstrukturane i det gamle samfunnet, og truleg også eit anslag til kritikk mot storkarsveldet.

### **Oppbrot som svar på eit samfunn i endring.**

Eg har skildra eit lokalsamfunn i overgangen mellom to samfunnsformasjonar, enno i ein tidleg fase av endringsprosessen. Dei strukturelle endringane hadde somme likskapar i alle lokalsamfunna der dissentarforsamlingar voks fram, sjølv om klåre skilnader også fanst. Det å vera oppland til ein by, eller ein byrjande tettstad, og dei sosioøkonomiske ringverknadene av det, var kanskje den viktigaste sams faktoren. For Balsfjorden var det også spesielle drag i utviklinga, demografisk og økonomisk, og folket var eit konglomerat av etniske grupper, blandingsgrupper og delkulturar.

Konjunkturane endra seg også. Kvardagane var vel sjeldan heilt problemfrie for dei fleste. No kom tider som gjorde sinna meir opne for nye tankar. Utviklinga var komen dit at mange må ha opplevd det som at livsvilkåra deira var endra på ein avgjerande måte. Dei måtte gjera individuelle val, som verdival og sosiale val. Dei fann også eit samhandlingsgrunnlag med andre, og gjekk inn i eit nytt fellesskap. Det var framleis tryggleik i somme av dei gamle banda, men dei var ikkje lenger avgjerande, i alle høve ikkje berre dei. Kjendest det viktig å velja noko anna, så var det mogleg. Avslå teneste, bryta med foreldra, tala presten midt i mot, gå ut av kyrkja, flytta ut av grenda og bygda, reisa frå landet.

I mykje av dette låg det protest. Protest mot paternalistiske autoritetsstrukturar, men i nokon grad også allment mot sosial og økonomisk ulikskap. Småkårsfolk og undertrykte har alltid hatt sine unnvikings- og overlevingsteknikkar i høve til makta og overmakta; saboteringa, etterlappringa, toagna.<sup>332</sup> På ulike vis gjenstridige.

Dei vakte kunne i teorien ha valt somme av desse måtane å leva med overmakta på, gjeve "keisaren det som keisarens var" og dyrka Gud på sitt vis - i stille religiøs protest. På eit vis framleis

<sup>331</sup> Ein samanheng med usemje kring kyrkjebygginga i Balsfjord kan også tenkjast. Fleire personar som seinare vart sentrale dissentarar, var involverte i førebuingssarbeidet, men braut ut av statskyrkja før kyrkja på Tennes var ferdig. Kanskje fekk nærbakta med styresmaktene under byggjeprosessen fram religiøse, kulturelle og/eller sosiale motsetnader som tidlegare hadde lege latente. Hauglid peikar på kulturskilnad så vel som på intern usemje i Balsfjorden. Det var heilt klårt ulike syn på utforminga av kyrkja og kostnadsnivået. Motsetnader mellom ulike sosiale og etniske grupper kan også ha vore medverkande og vorte forsterka av usemja kring bygginga. Hauglid 1991:s.182ff, Magelssen og Larssen 1925:s.198-201.

<sup>332</sup> Kystfolket sine forsvarsformer: "stumheten og oppramsinga/medløperiet"; Edvardsen 1992:s.100. Samane gjennom augo til embetsmannen: "De sige ja og synes som Alt er godt og vel, naar man taler med dem; men Ingen er mire uordholdende og ligegyldige end de." Sokneprest Brun 1867 i Magelssen og Larssen 1925:s.159.

gjenstridige. Dei valde ikkje slik - i det minste ikkje berre slik.

Det var tid for oppbrot. Kanskje oppbrotet for dei gjenstridige, dei misnøgde, dei oppsetsige, dei stridlynte og stivsinna.

Visseleg oppbrotet for dei tvilande og samstundes truande.

Visseleg oppbrotet for dei sjølvrådige.

### ***Epilog.***

*En af Tidens værste Brøst er den herskende Ulydighed og Selvraadighed hos Børn og Tjenere.*

*De vakte brød kirkens monopol på tolkning, forkynELSE og guddommelige handlinger og skabte selv egne alternativer.*

*.. Dissenteriet .. voldte ham adskillig Ubehagelighed .. formedeIst den Tvivlens, Misfornøjelsens og Selvraadighedens Aand som smittede en Flerhed af Befolkningen..<sup>333</sup>*

## **Utrykte kjelder.**

### **Riksarkivet, Oslo.**

---

<sup>333</sup> Sitat 1: Brun 1867 i Magelssen og Larssen:1925:s.162. Sitat 2: Sanders 1992:s.193. Sitat 3: Brun i Balsfjord kallsbok 1863 fol.25 (sitatet er innkorta).

**KUD A** Dissenterloven 1857-1932 Pk.nr. 305. (Skriv frå justisdepartementet, amtmannen i Tromsø, biskopen i Tromsø m.v.)

KUD A Fattigvesenet 1819-1950 pk.nr.1037. Svar på rundskriv av 18.4.1840, J.nr. 194/1841 Tromsø landsogn og J.nr. 195/1841 Tromsø by.

**KUD D** Skolekontoret, Nordlandske kirke- og skolefond 1851-1876 pk.218.

KUD D Skolekontoret, Lærebøker 1859-1887 pk.304.

Lensmannsberetning 5 år Karlsø 1856, mikrofilm MR 00001 rull nr.8.

**DNT: Det norske totalafholdsselskab** Privatarkiv 419 (RA) prot. 78 DNT Tromsø kreds. prot. 72 DNT Lagsfortegnelse 1896-1897.

#### **Statsarkivet, Tromsø.**

##### **Biskopen i Tromsø stift.**

470 Visitatsprotokoll 1837-1851.  
pk 228 Dissenterloven 1880-1908

##### **Tromsøysund sokneprestembete.**

Prot. 73 Journal og Copibog for Tromsø Missionskreds 1864-  
Prot. 33 Offer og rettighed 1844-1852 (heile Tromsø pgj.)

##### **Balsfjord sokneprestembete.**

Kallsbok 1863-  
Prot. 46 Mandtal-Protokol 1856-1897  
Prot. 17 Rettighedsbog (Offer og rettighed) 1857-  
Prot. 22 Dåp 1848-1855 (avskrift av Tromsø kb)

##### **Kyrkjebok for Balsfjord** nr.3:1856-1870.

##### **Kyrkjebok for Tromsøysund** 1856-1867.

##### **Kyrkjebok for Lyngen** 1837-1858

##### **Kyrkjebok for Karløy** 1823-1842

**Kyrkjebøker for Tromsø** 1806-1821, 1821-1828, 1829-1837, 1837-1847, 1848-1855, 1856-1865, Prot. 67 Dissentarprotokoll 1856-1882.

##### **Fylkesmannen - Amtmannen i Finmarken.**

Prot. 422 Register til copibogen 1850-1864.  
Prot. 76 Copibog nr.23 1855-58.  
Pk. 2896 Dissentersaker 1856-1865.

##### **Fylkesmannsarkivet - Amtmannen i Troms.**

Dissenterprot. for den friapostoliske forsamlinga i Balsfjorden 1856-1897 (K87)  
DP1 Dissenterprot. for den friapostoliske forsamlinga i Tromsø 1856-1892

Dissenterprot. for den friapostoliske forsamlinga i Lyngen 1858-1891 (K84)  
DP3 Dissenterprot. for baptistsamfunnet i Tromsø 1871-1893.  
Tromsø amt Dissentermenigheter 1866-1876 pk. 333/1982

**Tromsø sorenskriveriembete. (Senja og Tromsø)**  
prot. 543 Notarialvesenet 1855-1916 (påbyrja 1847).  
prot. 166 Skifteutlodn.prot. 1829-1837.  
prot. 167 Skifteprot. 1837-1844.

**Folketeljingar, manntal etc.**

1801 Militær rulle Tromsø og Helgøy tinglag, kopi  
1804 Militær rulle Tromsø og Helgøy tinglag, kopi  
1815 Sjeleregister Tromsø landsogn, k  
1825 Folketeljing Tromsø landsogn, k  
1835 Folketeljing Tromsø landsogn, A.boks 5 (original)  
1845 Folketeljing Tromsø landsogn A.boks 13 (original)  
1855 Folketeljing Tromsø landsogn A.boks 17 (original)

**Balsfjord bygdebokarkiv, Balsfjord kommune.**

(Bl.a. kopiar og utskrifter av ymse materiale.)

NEG - Norsk etnologisk gransking. Kopi av registreringsskjema, truleg frå 1950-åra, i Bygdebokarkivet, Balsfjord kommune.

Mappe: Utskiftningar.

Mappe: Utskrifter av ekstrarettspunkt 1841-45 m.v.

**Internett.**

Registreringssentral for historiske data og Digitalarkivet: Folketellinga 1865 Balsfjord.  
Registreringssentral for historiske data: Folketellinga 1875 Balsfjord.

Bygdebok for Karlsøy og Helgøy: Sjå litteraturliste på Bratrein.

## TRYKTE KJELDER OG LITTERATUR

- Ahrne m.fl.  
1995 Göran Ahrne, Hedvig Ekerwald, Håkon Leiulfsrud: *Klassamhällets förändring*. Lund 1995.
- Alapuro  
1987 Risto Alapuro: Nykterhetsrörelsen och arbetarklassens uppkomst. Bokmelding av Irma Sulkunen: Raittiis kansalaisuskontona; s.137-141 i *Historisk Tidskrift för Finland* årg. 72. Helsingfors 1987.
- Andresen  
1994 Astrid Andresen: *Handelsfolk og fiskerbønder 1794-1900*, bd 2 av TROMSØ gjennom 10000 år. Tromsø 1994.
- Aubert  
1969 Vilhelm Aubert: *Sosiologi*. (1. opplag 1964). Oslo-Bergen-Tromsø 1969.
- Benum  
1974 Edgeir Benum: *Begrepene "sentrum" og "periferi" som hjelpemiddel i studiet av nord-norsk historie*, s.1-12 i Stensilserie B - historie nr. 3: *Etniske grupper, læstadianisme, sentrum/periferi i nord-norsk historie*. Tromsø 1974.
- Bjørklund  
1978 Ivar Bjørklund: *Kvæn, same, norsk*. Magistergradsavhandling i sosialantropologi. Universitetet i Tromsø. Tromsø 1978.
- Bjørklund  
1981 Ivar Bjørklund: Bygdehistorie. Åge Lunde: Sør-Varangers historie, (bokmelding) s.599-603 i *Heimen* XVIII. Oslo 1981.
- Bjørklund  
1983 Ivar Bjørklund: Fra "Bøgdelap" til "qvæn", s.161-169 i *Heimen* XX årg. Oslo 1983.
- Bjørklund  
1985 Ivar Bjørklund: *Fjordfolket i Kvænangen. Fra samisk samfunn til norsk utkant 1550-1980*. Tromsø-Oslo-Bergen-Stavanger 1985.
- Bomsta  
1884 Johan A.J. Bomsta: [Redegjørelse, i Anledning af min Udtrædelse af Statskirken] i *Tromsø Stiftstidende* nr. 20-1884 9.3.1884. [Innlegget har ingen tittel; her er nytta ei formulering frå innleiinga.] Tromsø 1884.
- Boreman  
1953 Per Boreman: *Læstadianismen*. Stockholm 1953.
- Bratrein  
1988 Bratrein, Håvard Dahl: *"Nessekongene" i Nord-Troms 1870-1910* i Nils M. Knutsen (red.): *Nessekongene*, Oslo 1988.
- Bratrein  
1989-94 Håvard Dahl Bratrein: *Karlsøy og Helgøy Bygdebok*, nettutgåve. [Referansar syner til periode/kapittel/sidetal.] [Hansnes] 1989-94.

- Bratrein og Niemi 1994 Håvard Dahl Bratrein og Einar Niemi: *Inn i riket. Politisk og økonomisk integrasjon gjennom 1000 år*; s.146-209 i Drivenes et al. (red.): *Nordnorsk kulturhistorie* bd. 1. Oslo 1994.
- Burke 1992 Peter Burke: *History and social theory*. Cambridge 1992.
- Caulkins 1977 D. Douglas Caulkins: Talet på frivillige organisasjoner i nokre kommunar vest og nord i landet, i *Heimen* bd. XVII. Oslo 1977.
- Clemmensen 1987 Niels Clemmensen: *Associationer og foreningsdannelse i Danmark 1780-1880. Periodisering og forskningsoversikt*. Øvre Ervik 1987.
- Clemmensen 1988 Niels Clemmensen: The Development and Structure of Associations in Denmark, c. 1750-1880; s.355-370 i *Scandinavian Journal of History* vol 13. Stockholm 1988.
- Colbjørnsen m.fl. 1987 Tom Colbjørnsen, Gunn E. Birkelund, Gudmund Hernes og Knud Knudsen: *Klassesamfunnet på hell*. Oslo-B-S-T 1987.
- Diesen 1980 Ingulf Diesen: *Veiryddere*. [Nytgåve 1994 i samlebind med Veien videre.] Oslo 1980/1994.
- Drivenes 1985 Einar-Arne Drivenes: *Fiskarbonde og gruveslusk*. Oslo-B-S-T 1985.
- Drivenes et al. 1994 Einar-Arne Drivenes, Marit Anne Hauan og Helge A. Wold (red.): *Nordnorsk kulturhistorie. Det gjenstridige landet*, bd. 1. Oslo 1994.
- Drivenes og Jernsletten 1994 Einar-Arne Drivenes og Regnor Jernsletten: *Det gjenstridige Nord-Norge. Religiøs, politisk og etnisk mobilisering 1850-1990*; s.210-281 i Drivenes et al. (red.): *Nordnorsk kulturhistorie* bd. 1. Oslo 1994.
- Døssland 1977 Atle Døssland: Eit døme på gransking av organisasjoner i lokalsamfunn, s.405-414 i *Heimen* bd. XVII. Oslo 1977.
- Døssland 1986 Atle Døssland: *Dissentrarar i ei vestlandsbygd. Volda - eit unnatak frå ein historisk hovudregel*, s.173-188 i Aagedal (red.): *Bedehuset. Rørsla, bygda, folket*. Oslo 1986.
- Edvardsen 1992 Edmund Edvardsen: *Den gjenstridige allmue. Skole og levebrød i et nordnosrk kystsamfunn ca. 1850-1900*. Oslo 1992.
- Eidberg 1981 Peder A. Eidberg: *Baptistene i Norge*; s.52-70 i Øverland (red.): *Norske frikirker. Framvekst og konfesjonell egenart i brytning med statskirkelighet*. Trondheim 1981.

- Elstad  
2000  
Halvor J. Elstad: Geistlege reaksjonar på aukande religiøs pluralisme i 1840- og 50-åra i Noreg, s.457-470 i *Historisk Tidsskrift* bind 79. Oslo 2000.
- Elster  
1972  
Jon Elster: *Økonomi og historie. Fra Hammurabi til Keynes*. Oslo 1972.
- Elster et al.  
1978  
Jon Elster og Henning Poulsen (red.): *Studier i historisk metode XIII. Magt, normer og sanktioner*. Oslo-Bergen-Tromsø 1978.
- Eriksen  
1988  
Sidsel Eriksen: Vækkekelse og afholdsbevægelse. Et bidrag til studiet af den svenske og den danske folkekultur; s.251-308 i *Scandia* bd.54. Lund 1988.
- Eriksen og  
Niemi  
1981  
Knut Einar Eriksen og Einar Niemi: *Den finske fare. Sikkerhetsproblemer og minoritetspolitikk i nord 1860-1940*. Oslo-Bergen-Tromsø 1981.
- Eriksen og  
Niemi  
1982  
Kirka og minoritetspolitikken i nord - lojalitet overfor Gud eller keiser? s.17-28 i *Heimen* bd. XIX. Oslo 1982.
- Fulsås  
1987  
Narve Fulsås: Hushaldsøkonomi og kapitalistisk økonomi i Nordland, 1850-1950; s.28-52 i *Historisk tidsskrift* bd. 66. Oslo 1987.
- Fulsås m.fl.  
1994  
Narve Fulsås, Brynjulf Gjerdåker og Inge Strand: *Økonomi og næring i nord 1890-1990*. NF-rapport nr. 21-94. Bodø 1994.
- Furu  
2000  
Einar Ingebrigtsen Furu: *Med "Teisten i Trælen og Salen i Ørja": om økonomiske og sosiale forhold blant husmenn i det gamle Sand/Bjarkø: 1865-1900*. Hovedoppgave i historie, Universitetet i Tromsø. Tromsø 2000.
- Gjerde  
og Mosli  
1985  
Arild Gjerde og Jens H. Mosli: *Samiske næringers plass i samfunnsplanlegginga*, Diedut nr.5-1985, Guovdageaidnu 1985.
- Gjerdåker  
sjå Fulsås m.fl.
- Gjessing  
1973  
Gutorm Gjessing: *Norge i Sameland*. Oslo 1973.
- Hauglid  
1981  
Anders Ole Hauglid: *Balsfjorden og Malangens historie. Fram til 1830-åra. Fra veidesamfunn til jordbruksbygd*. Bd. I. Balsfjord 1981.
- Hauglid  
1991  
Havdal  
1977  
Anders Ole Hauglid: *Balsfjorden og Malangens historie 1830-1920. Fram mot økt sjølstyre*, bd. II. Balsfjord 1991.  
Olaf Havdal: *Læstadianerne. Fra Nordkalottens kirkehistorie*. Trondheim 1977.

- Helland  
1899a  
Amund Helland: *Norges land og folk. Topografisk-statistisk beskrevet. XIX Tromsø Amt, Første Del.* Kristiania 1899.
- Hobsbawm  
1972  
Eric Hobsbawm: *Revolusjon i Europa 1789-1848. Bind 1: Utvikling. (The Age of Revolution 1789-1848,* 1962) Oslo 1972.
- Hovland  
1977  
Edgar Hovland (red.): *Folket, bygda og historia.* Bergen-Oslo-Tromsø 1977.
- Hætta  
1994  
Odd Mathis Hætta: *Samene - historie kultur samfunn.* Oslo 1994.
- Jakobsen  
1981  
Odd Jakobsen: *Kirkeliv og vekkelse. Studier omkring framvoksteren av frimenigheter i Tromsø-Trondenesområdet fra midten av det 19. årh.* Hovedoppgave i kristendomskunnskap. Universitetet i Trondheim. Trondheim 1981.
- Jansson  
1982  
Torkel Jansson: *Samhällsförändring och sammanslutningsformer. Det frivilliga föreningväsendets uppkomst och spridning i Husby-Rekarne från omkring 1850 till 1930.* Studia Historica Upsaliensia, Uppsala 1982.
- Jansson  
1985  
Torkel Jansson: *Adertonhundratalets associationer. Forskning och problem kring ett sprängfullt tomrum eller sammanslutningsprinciper och föreningsformer mellan två samhällsformationer, c.a 1800-1870.* Studia Historica Upsaliensia 139. Uppsala 1985.
- Jansson  
1988  
Torkel Jansson: The Age of Associations; s.321-343 i *Scandinavian Journal of History* vol 13. Stockholm 1988.
- Jernsletten  
Sjå også Drivenes og Jernsletten.
- Jernsletten  
1986  
Regnor Jernsletten: *Samebevegelsen i Norge. Ide og strategi 1900-1940.* Hovedoppgåve i historie. Universitetet i Tromsø. Tromsø 1986.
- Johansen  
1991  
Tove Johansen: *Forholdet mellom politikk og religion i et sjøsamisk område fra 1920-1970.* Hovedfagsoppgave i historie. Universitetet i Tromsø. Tromsø 1991.
- Kalhama  
1982  
Maija-Liisa Kalhama (red.): *Suomalaiset Jäämeren rannoilla. Finnene ved Nordishavets strender.* Turku 1982.
- Karlsson  
1987  
Gunnar Karlsson (red.): *Nationale og etniske minoriteter i Norden i 1800- og 1900-tallet. Rapporter til den XX. nordiske historikerkongressen, II.* Reykjavík 1987.
- Kiil  
Alf Kiil: *Målselv bygdehistorie I.* [Moen/Målselv] 1981.

1981

Kjeldstadli  
1978

Knut Kjeldstadli: Standssamfunnets oppløsning; s.50-61 i *Kontrast* 77 nr.7-78. Oslo 1978.

Knudsen  
1986

Jon P. Knudsen: *Frikirkene - bedehus for byene*; s.155-172 i Aagedal (red.): *Bedehuset. Rørsla, bygda, folket*. Oslo 1986.

Knutsen  
1988

Nils M. Knutsen (red.): *Nessekongene*. Oslo 1988.

Langholm m.fl.  
1980

S. Langholm og F. Sejersted (red): *Vandringer. Festskrift til Ingrid Semmingsen*. Oslo 1980.

Larssen  
1976

Emil Larssen: *Lyngen bygdebok*. Tromsø 1976

Lorenz  
1991

Einhart Lorenz: *Samefolket i historien* (1.utg. 1981). Oslo 1991.

Lundby  
1980

Knut Lundby: *Vekkelser og konjunkturer. Forsøk på å forklare en samvariasjon i norsk historie 1800-1980*. Stensil. Universitetet i Trondheim. Trondheim 1980.

Lundkvist  
1977

Sven Lundkvist: *Folkrörelserna i det svenska samhället 1850-1920*. Studia Historica Upsaliensia 85. Uppsala 1977.

Magelssen  
og Larssen  
1925

N.S. Magelssen og Peter A. Larssen: *Balsfjords bygdebok. Optegnelser fra ældre og nyeste tid*. [Opptrykk] Tromsø 1925.

Metcalf  
1855/1989

Fredrick Metcalfe: På reise i Norge 1855, utdrag s.63-66 i *Årbok 1989 Malangen og Balsfjord Historielag*. [Balsfjord] 1989.

Mjeldheim  
1978

Leiv Mjeldheim: Sven Lundkvist: Folkrörelserna i det svenska samhället 1850-1920; bokmelding s.122-124 i *Historisk Tidsskrift* 57. Oslo 1978.

Mosli

Sjå Gjerde og Mosli.

Mykland  
1986-89

Knut Mykland (red.): *Norges historie* 15 bd. Oslo 1986-89.

Nerbøvik  
1986  
Niemi

Jostein Nerbøvik: *Norsk historie 1870-1905. Frå jordbruksoppstilling mot organisasjonssamfunn*. Oslo 1986.  
Sjå også ErikSEN og Niemi.

- Niemi  
Sjå også Bratrein og Niemi.
- Niemi  
1974  
*Læstadianismen - dens bakgrunn og betydning for de finske innvandrerne; (s.1-14) i Etniske grupper - læstadianisme - sentrum/periferi i nord-norsk historie.* Stensil. Universitetet i Tromsø. Tromsø 1974.
- Niemi  
1977  
Einar A. Niemi: *Oppbrudd og tilpassing. Den finske flyttingen til Vadsø 1845-1885.* Vadsø 1977.
- Niemi og  
Salvesen  
1987  
Einar Niemi og Helge Salvesen: *Samene og kvenene/finnene i minoritetspolitisk perspektiv;* i Karlsson (red.): *Nationale og etniske minoriteter i Norden i 1800- og 1900-tallet. Rapporter til den XX. nordiske historikerkongressen, II.* Reykjavík 1987.
- Nordby  
1978  
Lars-Erik Nordby: Fra enhet til pluralitet. Religiøs og sosial uro i Moss 1876-1890; s.552-564 i *Kirke og kultur*, årg. 83. Oslo 1978.
- NOS  
C.Nr.1  
NOS C.Nr.1 Ældre rekke: DEL: Summariske Opgaver over Folkemængdens Bevægelse m.v. i Aarene 1856-1865. Christiania.
- Oldervold  
1980  
Jan Oldervold: *Det store oppbruddet*, s.91-107 i S. Langholm og F. Sejersted (red): *Vandringer. Festskrift til Ingrid Semmingsen.* Oslo 1980.
- Olstad  
1980  
Finn Olstad: Standssamfunn, klasse samfunn og historisk forskning; s.406-413 i *Historisk tidsskrift* bd. 59. Oslo 1980.
- Otnes  
1970  
Per Otnes: *Den samiske nasjon.* Oslo 1970.
- Paine  
1965  
Robert Paine: Læstadianismen og samfunnet. En studie fra Nord Norge; s.60-73 i *Tidsskrift for samfunnsforskning.* Oslo 1965.
- Pedersen  
1988  
Steinar Pedersen: *Konflikten mellom Karasjokfolks laksefiske og det offisielle lov og regelverk ca. 1870-1910.* Diedut nr.1-1988. Kautokeino 1988.
- Pryser  
1977  
Tore Pryser: *Thraniterrørsla på Øvre Romerike* i Pryser (red.): *Thranerørsla i norske bygder.* Oslo 1977.
- Pryser  
1977b  
Tore Pryser: *Klassebevegelse eller folkebevegelse?* Oslo-B-Tø 1977.
- Pryser  
1982  
Pryser  
1985  
Tore Pryser: *Gesellar, rebellar og svermarar. Om "farlege folk" kring 1850.* I serien Vår nære fortid. Oslo 1982.  
Tore Pryser: *Norsk historie 1800-1870. Frå standssamfunn mot klasse samfunn.* Oslo 1985.

- Pryser  
1993  
Tore Pryser: The Thranite Movement i Norway 1849-1851; i *Scandinavian Journal of History* vol 18. Stockholm 1993.
- Raittila  
1982  
Pekka Raittila: *Læstadianismen - et nordkalottfenomen*; s.109-118 i Kallhama (red.): *Suomalaiset Jäämeren rannoilla. Finnene ved Nordishavets strender*. Turku 1982.
- Rygnestad  
1955  
Knut Rygnestad: *Dissentarspørsmålet i Noreg fra 1845 til 1891*. Oslo 1955.
- Salvesen  
Sjå også Niemi og Salvesen.
- Sanders  
1992  
Hanne Sanders: Om fanatiske sværmere og sande kristne. Den offentlige debat om den religiøse vækkelse i Danmark og Sverige 1800-1850, s.172-193 i *Historisk Tidskrift* 2/92 Stockholm 1992.
- Sandlund  
1976  
Tom Sandlund: *Social Classes, Ethnic Groups and Capitalist Development - an Outline of a Theory*. Åbo 1976.
- Seip J.A.  
1981  
Jens Arup Seip: *Utsikt over Norges historie. Bind 2. Tidsrommet ca 1850-1884*. Oslo 1981.
- Sejersted  
1986  
Francis Sejersted: *Den vanskelige frihet 1814-1851*. Bind 10 i Mykland (red.): *Norges historie*. Oslo 1986.
- Sejersted  
1991  
Francis Sejersted: *En teori om den økonomiske og teknologiske utviklinga i Norge i det 19. århundre*. Skrift nr. 37 i Arbeidsnotatserien, TMV-senteret, Universitetet i Oslo. Oslo 1991.
- Seland  
1988  
Bjørg Seland: *Fellesskap og foreningsvekst. En undersøkelse fra Nes sogn, Vest-Agder, ca. 1850-1900*. Øvre Ervik 1988.
- Sivertsen  
1955  
Dagmar Sivertsen: *Læstadianismen i Norge*. Oslo 1955.
- Slettan  
1986  
Bjørn Slettan: Religious Movements in Norway. Attitudes and Trends in Recent Research; s.345-361 i *Scandinavian Journal of History* vol 11. Stockholm 1986.
- Slettan  
1995  
Bjørn Slettan: 1800-tallets folkelige religiøse bevegelser i Norge. Forskning på vekkelser og fromhetsliv; status og oppgaver. I *Historisk tidsskrift* bd. 74, s.171-185. Oslo 1995.
- Sogner  
1990  
Sølvi Sogner: *Far sjøl i stua og familien hans: trekk fra norsk familiehistorie før og nå*. Oslo 1990.

- Solhaug  
1976 Trygve Solhaug: *De norske fiskeriers historie 1815-1880*. Bergen 1983, 1.utg. 1976.
- Steen  
1948 Sverre Steen: De frivillige sammenslutninger og det norske demokrati; i *Historisk tidsskrift* bd. 34. Oslo 1948.
- Stenius  
1979 Henrik Stenius: Folkrörelser och samhällsomvandling; bokmelding av Lundqvist: Folkrörelserna i det svenska samhället 1850-1920, s.175-181 i *Historisk Tidskrift för Finland* årg. 64 Helsingfors 1979.
- Stenius  
1987 Henrik Stenius: *Frivilligt jämlikt samfällt. Föreningsväsendets utveckling i Finland fram till 1900-talets början med speciell hänsyn till massorganisationsprincipens genombrott*. Helsingfors 1987.
- Stiansen  
1922 P[eder] Stiansen: *Baptisternes historie i Nord-Norge*. Tromsø 1922.
- Strand Sjå Fulsås m.fl.
- Strömberg  
1983 John Strömberg: Församlingsberättelsernas uppgifter om de religiösa rörelsernas utbredning i Finland ca 1860-1890; särtrykk av *Historisk Tidskrift för Finland* årg. 68. Helsingfors 1983.
- Sulkunen  
1983 Irma Sulkunen: Väckelserörelserna som ett skede i organiseringshistoria, s.1-14 i *Historisk Tidskrift för Finland* årg. 68. Helsingfors 1983.
- Sulkunen  
1987 Irma Sulkunen: Kvinnans rösträtt och medborgarorganiseringen; s.505-521 i *Historisk Tidskrift för Finland*, årg. 72. Helsingfors 1987.
- Suolinna  
1985 Kirsti Suolinna: *Laestadianismen som Nordkalottens väckelserörelse*, s. 166-178 i Gustavsson (red): *Religiösa väckelserörelser i Norden under 1800- och 1900-talen*. Lund 1985.
- Svalestuen  
1980 Andres A. Svalestuen: *Professor Ingrid Semmingsen - emigrasjonshistorikeren*, s.9-42 i S. Langholm og F. Sejersted (red): *Vandringer. Festschrift til Ingrid Semmingsen*. Oslo 1980.
- Svebak  
1977 Kåre Svebak: Lestadianismen på 1860-tallet, s.523-548 i *Håløygminne* 58. årg. Harstad 1977.
- Svebak  
1978 Kåre Svebak (red.): *Brever og sanger under vandringen. Documentaria til Lyngen-lestadianismen*. [Merknader ved Svebak.] Oslo 1978.
- Svebak  
1983 Kåre Svebak: *Religiøs etnisitet - forbrødring og etnisk mangfold i lestadianske tradisjoner*, s.259-276 i Jørn Sandnes et al. (red): *Folk og ressurser i nord*. Trondheim 1983.

- Svebak  
1986  
Kåre Svebak: *Lestadianerne - kirkens voktere? Var den lestadianske bevegelse en bremse på dissenteriets utbredelse i Nord-Norge?* Stensil. Finnmark distriktshøgskole. Alta 1986.
- Svendsen  
1997  
Thorleif Svendsen: *Amerikafeber i ishavbyen. Emigrasjon fra Tromsø til Amerika 1860-1925.* Hovedfagsoppgave i historie. Tromsø 1997.
- Sæter  
1926  
Ivar Sæter: *Maalselvdalen. Maalselv og Øverbygd herreder.* Oslo 1926.
- Thorkildsen  
1998  
Dag Thorkildsen: Vekkelse og modernisering i Norden på 1800-tallet, s.160-180 i *Historisk Tidsskrift* bind 77. Oslo 1998.
- Thorvaldsen  
1995  
Gunnar Thorvaldsen: *Migrasjon i Troms i annen halvdel av 1800-tallet.* Tromsø 1995.
- Torp  
1986  
Eivind Torp: Registrering av etnisitet i folketellinger, s.67-77 i *Heimen* XXIII. Oslo 1986.
- Try  
1977  
Hans Try: *Sosiale holdningsendringar i norske bygdesamfunn på 1800-talet;* s.39-52 i Hovland (red.): *Folket, bygda og historia.* Bergen-Oslo-Tromsø 1977.
- Try  
1985  
Hans Try: *Assosiasjonsånd og foreningsvekst i Norge. Forskningsoversyn og perspektiv.* Øvre Ervik 1985.
- Try  
1986  
Hans Try: *Lekmannsrørsle og "associationsaand" ca 1820-1880;* s.15-39 i Aagedal (red.): *Bedehuset. Rørsla, bygda, folket.* Oslo 1986.
- Try  
1986b  
Hans Try: *To kulturer en stat 1851-1884,* Bind 11 i Mykland (red.): *Norges historie.* Oslo 1986.
- Try  
1987  
Hans Try: Norsk historie. Tore Pryser: Norsk historie 1800-1870. Frå standssamfunn mot klassesamfunn. Bokmelding s.41-45 i *Heimen* XXIV. Oslo 1987.
- Tägil  
1987  
Sven Tägil: *Vad konstituerar en etnisk/nationell minoritet?* s.7-14 i Karlsson (red.): *Nationale og etniske minoriteter i Norden i 1800- og 1900-tallet. Rapporter til den XX. nordiske historikerkongressen, II.* Reykjavík 1987.
- Westeson  
1922  
Hjalmar Westeson: *Ödemarksprefetens lärjungar.* Stockholm 1922.
- Winberg  
1975  
Christer Winberg: *Folkökning och proletarisering. Kring den sociala strukturomvandlingen på Sveriges landsbygd under den agrara*

*revolutionen*. Göteborg 1975.

- Wåhlin  
1979  
Vagn Wåhlin: Omkring studiet at de folkelige bevægelser. Overvejelser vedr. folkrörelsесprojektet og *Sven Lundkvist*, Folkrörelserna i det svenska samhället 1850-1920, Uppsala 1977, og et forsøg til en kompletterende helhedsfortolkning; s.113-151 i *Historisk Tidskrift* vol. 42. Stockholm 1979.
- Wåhlin  
1984  
Vagn Wåhlin: Et essay om religiøsitet, mentalitet og bevidshetshistorie, tillegg til: *Kattegat-Skagerrak projektet. Meddelelser nr. 4, 1984*. Aalborg 1984.
- Wåhlin  
1985  
Vagn Wåhlin: *Religiøse vækkelsesbevægelser i Danmark. Bemærkninger omkring den nyeste forskning*; s.51-68 i Gustavsson (red.): *Religiösa väckelserörelser Norden under 1800- och 1900-talen*. Lund 1985.
- Wåhlin  
1986  
Vagn Wåhlin: Popular Revivalism in Denmark. Recent Research Trends and Results; s.363-387 i *Scandinavian Journal of History* vol 11. Stockholm 1986.
- Ytreberg  
1946  
N.A. Ytreberg: *Tromsø bys historie*, 1.bind. Oslo 1946.
- Zerlang  
1976  
Martin Zerlang: *Bøndernes klassekamp i Danmark - agrarsmåborger-skabets sociale og ideologiske udvikling fra landboreformernes tid til systemskiftet*. København 1976.
- Zorgdrager  
2000  
Nellejet Zorgdrager: *Læstadius og Kautokeino-opprøret*, i Øivind Norderval og Sigmund Nesset (red.): *Vekkelse og vitenskap. Lars Levi Læstadius 200 år*. Tromsø 2000.
- Öhngren  
1974  
Bo Öhngren: *Folk i rörelse: samhällsutveckling, flyttingsmönster och folkrörelser i Eskilstuna 1870-1900*. Uppsala 1974.
- Øverland  
1981  
Per Øverland (red.): *Norske frikirker. Framvekst og konfesjonell egenart i brytning med statskirkelighet*. Trondheim 1981.
- Åberg  
1978  
Ingrid Åberg: *Folkrörelse - mobilisering eller kontroll*; s.83-103 i Elster et al. (red.): *Studier i historisk metode XIII. Magt, normer og sanktioner*. Oslo-Bergen-Tromsø 1978.
- Aadnanes  
1986  
Per M. Aadnanes: *Læstadianismen i Nord-Noreg*. (Trondheim) 1986.
- Aagedal  
1986  
Olaf Aagedal (red.): *Bedehuset. Rørsla, bygda, folket*. I serien Vår nære fortid. Oslo 1986.
- Aarek  
Hans-Eirik Aarek: *A short history of the Troms Quakers and their emigration*.

1998	<i>tion to America.</i> Upublisert stensil, utkast. Stavanger 1998.
RHD ft1865	Registreringssentral for historiske data: <i>Folketellinga 1865 (Balsfjord).</i> Tromsø.
RHD ft1875	Registreringssentral for historiske data: <i>Folketellinga 1875 (Balsfjord).</i> Tromsø.
RHD kb1856-1883	Registreringssentral for historiske data: <i>Kirkebok. Dåpslister. (Balsfjord).</i> Tromsø.
RHD kb1856-1897	Registreringssentral for historiske data: <i>Kirkebok. Vielseslister (Balsfjord).</i> Tromsø.
RHD kb1856-1897	Registreringssentral for historiske data: <i>Kirkebok. Begravelseslister</i> <i>(Balsfjord).</i> Tromsø.

## **OVERSYN OVER TABELLAR**

- Tabell 1: Folketalsutvikling i Balsfjorden 1801-1865.
- Tabell 2: Folketalet i Balsfjorden 1801-1865 i ulike område.
- Tabell 3: Folketalet i Balsfjorden 1801, 1835, 1855 og 1865 i tre hovudområde.
- Tabell 4: Andel av samla folketal 1801-1835-1855-1865  
for områda grupperte etter etnisk dominans.
- Tabell 5: Folketeljinga 1845 - etnisitet og lokal fordeling.
- Tabell 6: Etnisk fordeling i Balsfjorden 1845-1865 i prosent og tal.
- Tabell 7: Geografisk fordeling av forsamlingsmedlemer 1856-60.
- Tabell 8: Pårekna etnisitet - fordeling av dissentarane.
- Tabell 9: Etnisitet ved folketeljinga 1865 - dissentarane.
- Tabell 10: Etnisitet ved folketeljinga 1875 - dissentarane.
- Tabell 11: Etnisitet hos forsamlingsmedlemer jamførd med folketeljingar.
- Tabell 12: Etnisitet i dei viktigaste rekrutteringsområda i 1845.
- Tabell 13: Brukarar med jordveg i Balsfjorden 1825-1865.
- Tabell 14: Eigedomslause i Balsfjorden 1825-1865.
- Tabell 15: Medlemer i den friapostoliske forsamlinga fordelt på statusgrupper.
- Tabell 16: Folkesetnaden i Balsfjorden 1855 fordelt på statusgrupper.
- Tabell 17: Statusgrupper i friforsamlinga jamførd med folkesetnaden i 1855.
- Tabell 18: Yrkesgrupper i friforsamlinga 1856-60.
- Tabell 19: Civil status og sosial status.
- Tabell 20: Aldersfordeling i friforsamlinga i Balsfjorden 1856-60.
- Tabell 21: Tilknyting til J.A. Bomstad og Nordkjosenområdet - alle medlemer.
- Tabell 22: Tilknyting til J.A. Bomstad og Nordkjosenområdet - stiftarar.
- Tabell 23: Familienettverk og etnisitet i friforsamlinga 1856-60.
- Tabell 24: Sosial mobilitet blant eigedomslause forsamlingsmedlemer 1856-1875.
- Tabell 25: Utflytting blant forsamlingsmedlemene i Balsfjorden 1856-75.
- Tabell 26: Utflyttarane i friforsamlinga i Balsfjorden.
- Tabell 27: Nokre friforsamlingar i Troms - sosiale karakteristika.
- Tabell 28: Flytting og folketalsutvikling i delar av Troms kring midten av 1800-talet.
- Tabell 29: Etnisitet og jordbruk i 1865.
- Tabell 30: Vantande avgifter til presten i Balsfjord 1857-1861.

Vedlegg 1:

## Organisering av persondatabase 1856-1860

### Medlemer av den frie forsamlinga i Balsfjord

Samordna opplysningar frå diverse kjelder. Dei koda opplysningane gjeld i all hovudsak stoda ved innmelding, t.d. sivil status, alder etc. Opplysningane byggjer i hovudsak på forsamlingsprotokollen (mp) (m.a. liste A over innmelde medlemer og liste F med årlege oversyn), kyrkjebøker (kb) og folketeljingar (ft). Andre kjelder m.a.: "Rettighedsbog" (kyrkjeskatt) (RB), Notarialbok frå sorenskrivaren i Tromsø (TS), Ft80=folketeljing i USA 1880.

#### Persondatabasen er organisert som følgjer:

Felt 1: Listenr.

Felt 2: Førenamn og etternamn (normalt patronymikon).

(Namnet så korrekt som mogleg, også alle førenamn, men elles skrive som i forsamlingsprotokollen=mp.

Namnevariantar i parentes.

Felt 3: Sosial og hierarkisk status:

"Borgarleg stilling", dvs. "leveveg", som formell status i tilhøve til jord eller privilegium.

Tre kodar + evt. merknader.

Dei tre kodane: status ved innmelding, ved ft65, ved ft75.

1. Gardbrukar. 1a=sjølveigar 1b=leiglending/paktar 1c=rydningsmann 1d=kårfolk 2. Gardbrukar sin fam. 3.

Husmann. 3a=husmann m/jord 3b=husmann u/jord 4. Husmann sin fam. 5. Innerst. 6. Innerst sin fam. 7. Tenar 8.

Andre. (T.d. "selvholder", strandsitjar.) 8f=familie 9/9x. Uviss. 9y. Emigrert. 9z. Død. (Ugjifte vert i originallista ofte førde som ungkarl/pige. Dei får kode 9 om ikkje annan høveleg kategori er kjend.) Hovudkjelda er forsamlingsprotokollen, i nokon mon supplert av andre kjelder.

Felt 4: Yrke. Tre kodar + evt. merknader.

Dei tre kodane: Yrke ved innmelding, ved ft65, ved ft75.

0. Ukjend, uviss. 1. Sjølvstendig jordbrukar (1a=sjølveigar 1b=leiglending/paktar 1c=rydningsmann) 2.

Sjølvstendig jordbrukar og fiskar (2a, 2b og 2c evt. som under 1.) 3. Avhengig jordbrukar (3a=husmann m/jord,

3b=uniform tilgang til matrikulert jord). 4. Avhengig jordbrukar og fiskar. 5. Fiskar/fangstmann (5b=sjølvhaldar,

5c=halvlottskar). 6. Bygdehandverkar. 7. Div. avhengig (arbeidar, daglønar etc.). 8. Tenestefolk. 9. Andre.

(9a=sjølvstendig primærnæring t.d. heimeverande familiemedlemer), 9b=avhengig primærnæring t.d. familie,

9c=sjølvst. sek/tert.næring, 9d=avhengig sek/tert.næring, 9df=9d sin familie, 9e=sjølvst. med fleire næringar,

9ef=9e sin familie, 9f=avhengig med fleire næringar, 9ff=9f sin familie, 9k=kårfolk, 9kf=9k sin familie,

9u=uproduktiv, 9x=ukjend, 9y=emigrert, 9z=død.

Forsamlingsprotokollen har ingen yrkesopplysningar anna enn dei svært upresise kategoriane som vert nytta i felt 3:

gardbrukar, husmann og innerst. Yrkesopplysningar lyt såleis supplerast frå andre kjelder og gjeld tida **kring**

innmeldinga.

Felt 5: Sivil status.

1. Ugift. 2. Gift. 3. Enke/enkemann. 4. Separert. 5. Fråskild. 9. Uvisst.

Felt 6: Bustad/oppaldsstad. Tre kodar + evt. merknader.

Dei tre kodane: bustad ved innmelding, ved ft65, ved ft75.

0. Utanfor Balsfjord sokn (unnatak i område 4). 1. Langstrand-Sletta, Stornes-Svartnes. 2. Laksvatn-Tomasjord. 3. Seljelvnes-Hamnes-Vollabakken. 4. Bomstad-Øvergård-Slettnes (Kila i Lyngen inkludert). 5. Lodbukt-Sagelv-Strupen. 6. Sagelvvatn-Storskogen-Storsteinnes-Holmenes. 7. Josefvatn-Skjæret-Tennes-Sandøra. 8. Hamran-Malangseidet-Kvitnes. 9. Uvisst. 9z. Død.

Andre og tredje kode, ved ft65 og ft75, har følgjande variantar for busett utanfor soknet: 01. Malangen, Tromsøysund. 02. Tromsø by. 03. Troms elles. 04. Nord-Norge elles. 05. Norge elles. 06. Utlandet. 09. Utanfor soknet, men uvisst kvar. Tilføydd z når død som busett utanfor Balsfjord.

Felt 7: Alder ved utgangen av innmeldingsåret.

Kode + fødselsår + evt. merknad.

0. 0-9. 1. 10-19. 2. 20-29. 3. 30-39. 4. 40-49. 5. 50-59. 6. 60-69. 7. 70-79. 8. 80-. 9. Uvisst. Om annan avvikande aldersoppgåve er kjend, vert dette teke med i merknad.

Felt 8: Kjønn.

1. Hankjønn. 2. Hokjønn. 9. Uvisst.

Felt 9: Fødestad. Kode + stad.

1. Balsfjord sokn. 2. Malangen, Tromsøysund, Tromsø by. 3. Troms elles. 4. Nord-Norge elles. 5. Norge elles. 6. Utlandet. 9. Uvisst.

Felt 10: Etnisitet. Tre kodar + evt. merknader.

Dei tre kodane: pårekna etnisitet, etn. ved ft65, etn. ved ft75.

01. Norsk. 02. Same. 03. Kven. 04. Svensk. 10. Blanda uspesifisert. 11. no/sa/kv. 12. no/sa. 13. no/kv. 14. sa/kv. 18. Død/utflytta v/ft. 19. Uvisst. (Ved blanda opphav med svensk som delinnslag, vert kategoriane 11-13 nytta, sv=no.)

Felt 11: Innmeldingsår. Eventuell nyinnmelding.

(Også evt. oppl. om utm. av statskyrkja

Felt 12: Avgang. Årstal + kode. Evt. fleire avgangar.

1. Ordinær eller uspesifisert utmelding. 2. Til anna friforsamling. 3. Til anna dissenterforsamling. 4. Til statskyrkja. 5. Flytting til Amerika ("i bekjendelsen") 6. Utelating/utestenging. 7. Død. 8. Andre grunnar. 9. Ukjend. Talet 0 framfor utm.kode tyder "innmeld att seinare". 00 framfor tyder ny avgang.

Felt 13: Eventuell stiftar.

Stiftar=ja, 0=nei.

Felt 14: Relasjonar til andre medlemer. (Tekst)

Felt 15: Ekteskap, barn. (Tekst)

Felt 16: Andre opplysningar. (Tekst)



Balsfjorden inndeling i område 1-8